

Mellom Blåbjøllbakken og Pompeij

– Stadnamn, minne og identitet i Tor Jonssons poesi



Astrid Sann Evensen
Hovudfagsoppgåve i litterær onomastikk
Nordisk språk og litteratur
Det humanistiske fakultet
Universitetet i Tromsø
Våren 2007

Forord 6

DEL I: Innleiing 7

1. Innleiing 7

- 1.1 Litt faghistorie – litterær onomastikk 7*
- 1.2 Bakgrunnen for å velje oppgåva 11*
- 1.3 Problemstillingar og mål for oppgåva 11*
- 1.4 Avklaring av omgrep 13*
- 1.5 Om språk og framstilling i oppgåva 14*

2. Teori og metode 14

- 2.1 Om teoretiske innfallsvinklar 14*
- 2.2 Metode 19*

DEL 2: Kva tyder eit stadnamn? 22

3. Stadnamn 22

- 3.1 Definisjonar av stadnamn 23*
- 3.2 Funksjonar stadnamna har i dagleglivet 25*
- 3.3 Språkhaldningar til namn, pene og mindre pene namn 26*

4. Stadnamn og diktning 28

- 4.1 Stadnamn i litteraturen 28*
- 4.2 Stadnamn i poesien 30*
- 4.3 Stadnamn i titlar 34*

5. Stadnamn og identitet 37

- 5.1 Kva er identitet? 37*
- 5.2 Stad og identitet 38*
- 5.3 Stadnamn og identitet 40*
- 5.4 Språk og identitet, grupper og etnisitet 41*
- 5.5 Borte, heime eller uavgjort? (Globalisering) 45*
- 5.6 Er stadnamn knytt til identiteten? 47*

6. Namngjeving 49

- 6.1 Namngjeving før og no 50*
- 6.2 Namngjeving i litteraturen 52*

7. Kva tyding har eit stadnamn? 54

- 7.1 Diskusjonen omkring tydinga til eit stadnamn 54*
- 7.2 Encyklopedisk tyding 59*
- 7.3 Språkteiknet hos Saussure og Peirce 61*
- 7.4 Forskjellige kontekstar 62*

8. Tydinga stadnamn har i dikting 63

8.1 Stadnamn som metonymi? 64

8.2 Funksjonar stadnamna kan ha i poesien 67

8.3 Lister over tydinga og forma til stadnamna i poesien 69

9. Stadnamn som poetisk verkemiddel og biletskapande ord 71

9.1 Lokalisering ein bestemt stad i verda 72

9.2 Konkretiserande, røyndomsskapande 73

9.3 Reise 73

9.4 Identitet 75

9.5 Hyllest 76

9.6 Minne 77

9.7 Kulturhistorie og historie 78

9.8 Intertekstualitet 79

9.9 Skildring av staden 80

9.10 Språk 81

9.11 Namn som formmessig verkemiddel 81

9.12 Oppsummering 82

DEL 3: Tor Jonsson og stadnamn 84

10. Om diktaren og ein biografisk lese måte 84

10.1 Kort biografi 84

10.2 Ein biografisk lese måte av diktarens liv og død 84

10.3 Tor Jonsson og stadnamn 88

10.4 Nasjonalromantikken 89

10.5 Biografisk lesing av stadnamna i dikta? 90

11. Tor Jonsson si dikting 92

11.1 Litterær tradisjon og inspirasjon 93

11.2 Naturen si rolle i diktinga 96

11.3 Grågrenda sin plass i diktinga 97

11.4 Reelle eller fiktive namn i dikta? 98

12. Mogning i mørkret (1943) 99

12.1 Vårsorg 99

12.2 Fagerhaug 105

12.3 Stuslegstugu 109

12.4 Nordved Sjong 111

12.5 Svart minne 114

12.6 Skrikarberg (Eit dikt om ein draum) 116

12.7 Ved Wergelandsgrava (Våren 1943) 118

12.8 Heimkjenning 120

13. Berg ved blått vatn (1946)	122
13.1 <i>Lengsla bygde katedralar</i>	122
13.2 <i>Gråekra</i>	123
13.3 <i>I Sorgli</i>	124
13.4 <i>Til Grågrenda</i>	128
13.5 <i>Under Kristusbiletet</i>	129
13.6 <i>Daudmannhaugen</i>	131
13.7 <i>Bygdabøygen</i>	133
13.8 <i>På heimveg</i>	134
13.9 <i>Syndflod og Sinai</i>	138
14 Lause dikt	139
14.1 <i>In memoriam</i>	139
14.2 <i>Pompeij</i>	140
15 Jarnnetter og Dagbok for mitt hjarte	143
15.1 <i>Jarnnetter</i>	143
15.2 <i>Dagbok for mitt hjarte</i>	144
16. Om bruken av stadnamn i dikta	146
17. Stadnamn og identitet hos Tor Jonsson	148
18. Konklusjon	150
19. Litteratur	157
20 Vedlegg	164
Vedlegg 1: Dikt av Tor Jonsson	165
Vedlegg 2: Teiknmodellar	177
Vedlegg 3: Kommunikasjonsmodell	179

Forord

Det er litt spesielt å vere blant dei aller siste som no leverar ei hovudfagsoppgåve og ikkje ei masteroppgåve. Det har heller ikkje vore noko sjølvsagt å bli ferdig til den endelege fristen, som da eg byrja på hovudfaget var uendeleg langt unna. Når ein får eit par ungar medan ein studerer, og både jobbar og studerer på same tid, går tida i eit eige tempo og bryr seg lite om fristar.

Eg vil takke alle som har gjort denne hovudfagsoppgåva mogleg:

Min sambuar Stian som har stilt opp for meg og ungane, ”holdt fortet” – og halde ut dette siste halve året. Mine foreldre Eva og Knut, som har passa barneborna kvar helg og hjelpt til på anna vis. Eg vil takke min rettleiar Aud-Kirsti Pedersen, for rettleiing og korrekturlesing i eit hektisk siste semester. Eg vil takke Universitetsbiblioteket i Tromsø for hjelp til å skaffe litteratur, og Benedicta Windt for litteraturtips om namn i litteraturen. Eg vil også takke alle andre som har stilt opp: Tusen, tusen takk!

Og sist, men ikkje minst, vil eg takke kjære ungane mine: Martin, Thomas og Hedda, for å muntre meg opp og hente meg tilbake til verda når eg forsvann for langt inn bokverda og datamaskinen. No skal de snart få Mamma tilbake igjen!

Tusen takk for all hjelp! Alt som står i avhandlinga står sjølvsagt einast for mi eiga rekning.

Astrid Sann Evensen, juni 2007

DEL I: Innleiing

1. Innleiing

Gløymd er Gråekra. Berre namnet
er enno att.
Eit einsleg ord fløyter minnet fram att
om dei som gjekk her ein heilag haustdag
og skar det fagraste foll og batt
(Jonsson 1956: 46)

Gråekra er eit av fleire stadnamn Tor Jonsson nyttar i diktinga si. Diktet "Gråekra" handlar om ein stad som er gløymt av dei fleste, men ved å seie namnet, eventuelt tenke namnet, bringar ein minnet om staden som eingong var, tilbake igjen. Denne avhandlinga skal handle om kva tyding og funksjon stadnamna kan ha i dikting, og da spesielt i Tor Jonsson sin lyrikk. Kva konnotasjonar kan stadnamna gje, og korleis endrar dei eventuelt lesinga av dikta? Har det i det heile tatt noko å seie om ein lyrikkar bruker stadnamn eller ikkje? Dette er spørsmål ein kan stille seg i møtet med teksten. Stadnamn kan gje ulike konnotasjonar hos ulike lesarar, så det er interessant å prøve å førestille seg kva lesarane faktisk oppfatter av meining i høve til kva forfattaren kan ha meint at dei skal symbolisere. Denne avhandlinga kan plasserast innanfor fagfeltet litterær namneforskning, eller litterær onomastikk, som det gjerne blir kalla.

1.1 Litt faghistorie – litterær onomastikk

Den litterære onomastikken er eit relativt ungt fagfelt. I mange land, mellom anna i Noreg, er det skriva berre nokre få større undersøkingar om namn i litteraturen. Det meste som tidlegare er skriva, er om personnamn i litteraturen, og stadnamn i poesien er det skriva lite om. Det er også personnamn i litteraturen det har vore forska mest på internasjonalt. I ein artikkel om litterær onomastikk i Nederland skriv Karina van Dalen-Oskam:

To be honest, the use of the phrase "Dutch Literary Onomastics" might be considered misleading, or at best very optimistic. There is not much "Past" and the "Present" is only slowly developing by focusing on a few aspects of literary names. [...] In many

other languages the scientific research of literary names is also just starting to develop, so when I speak of Dutch and the Netherlands and Belgium, you are invited to fill in other languages instead (van Dalen-Oskam 2005: 398).

Men i andre land er den litterære onomastikken meir etablert, mellom anna i USA, Italia, Tyskland og Storbritannia (Windt 2006: 209). Også i Russland har det vore skrive ein god del om namn i litteraturen (Gutschmidt 1978: 489). Dei seinaste åra har det vore ei aukande interesse for fagfeltet, og det viser seg mellom anna gjennom dei mange foredraga om namn i litteraturen som var på den internasjonale namnekongressen i Pisa i 2006. Der var ein heil bolk vigd til den litterære onomastikken, og den første artikkelsamlinga frå konferansen, som nylig er utgjeven, er nettopp om litterær onomastikk. Dei fleste bidraga her står rett nok italienarar for, men Norden er også representert med to bidrag.¹

Innanfor den litterære onomastikken er det som sagt skrive ein god del om personnamn og litteratur, men stadnamn og litteratur er det forska langt mindre på. At interessa for temaet førebels ikkje har vore så stor, har kanskje samanheng med at det tidlegare ikkje har vore så mykje fokus på *stad* i litteraturen. Så langt har det også vore mest fokus på namn i prosa, det er ikkje så mange som har forska på verken personnamn eller stadnamn i *poesien*. Som Gary Roberts skriv i innleiinga til si avhandling om personnamn og poesi *A Poetics of the Proper Name*:

As for poetry, Kaplan and Bernays have little to say about it except for an obligatory mention of T. S. Eliot's "Love Song of J. Alfred Prufrock." This overlooking of poetry is typical of the field. For its use of names, poetry is the least discussed of the three major literary forms [...]. (Roberts 2004: 8).

At *stadnamn og poesi* er eit svært lite utforska fagområde, oppdaga eg for alvor da eg byrja å leite etter litteratur om temaet. Da eg søkte i bibliotekdatabasen Bibsys med søkeorda "stedsnavn og poesi" fikk eg berre opp to obskure titlar: *Die Ortsnamen in der Altarabischen Poesie (Stedsnavn i den gammelarabiske poesien)* og *Prostransvo v russkoy poezii (Stedsnavn i russisk poesi)*. Den første tittelen er frå 1952, og er mest berre ein katalog over stadnamn i den gammelarabiske poesien. Den russiske avhandlinga er frå 1998, og verka litt meir lovande, men ho var ikkje relevant nok til å bruke mykje tid på å omsetje russisk faglitteratur. Etter kvart fann eg fram til litt meir

¹ Det er Per Vikstrands artikkel "On the use of women's names in Ian Fleming's James Bond novels", medan Benedicta Windt skriv om "Literary theory – an essential tool in the development of literary onomastics" (Helleland 2006: 85). Denne artikkelsamlinga er så ny at ho ikkje har vore mogleg å skaffe til denne avhandlinga.

relevant litteratur, men det har vore tidkrevjande å finne fram til denne litteraturen, og det har ikkje vore så mykje å finne. Ei viktig årsak til at det ikkje er så lett å finne fram til litteratur om temaet, er at det som er skrive om stadnamn og poesi ikkje utgjer heile bøker eller avhandlingar, men for det meste er artiklar i tidsskrift eller bokkapittel. Ofte utgjer også tolkingar av stadnamn i poesien berre ein liten del av artiklar og bøker, slik at det kan vere vanskeleg å finne fram til det som er skrive. Slike artiklar er heller ikkje så lett å få treff på når ein søker, spesielt eldre artiklar, som ikkje er lagt ut i fulltekstversjonar på nettet. Men den *viktigaste* årsaka til at ein ikkje finn litteratur om temaet, er at det er skrive så lite om temaet. I Noreg er det nesten ikkje skrive noko, utanlands kan ein finne litt meir, særleg om ein leiter i utanlandske søkebasar på Internett. Men større avhandlingar om temaet *stadnamn og poesi* har eg ikkje funne fram til.

Stadnamn er noko dei fleste tar for gitt i kvardagen, og av same årsak har nok stadnamna ofte blitt forbigådde i litteraturen og i poesien. Stadnamna er noko sjølvstøtt heilt til ein byrjar å stille spørsmål ved dei. Personnamn har vi nok lettare for å leggje merke til enn stadnamn, fordi det ofte blir lagt meir vekt på personar enn på stad i diktning. Tidlegare har det dessutan vore meir fokus på *narrativ tid* enn på *narrativ stad* i litteraturen, og det kan sjølvstøtt òg vere ei årsak til at stadnamna ikkje har fått så mykje merksemd. Laura L. Howes skriv om dette i "Narrative time and Literary Landscapes in Middle English Poetry", ein artikkel som rett nok handlar om landskap, og ikkje spesielt om stadnamn:

Studies of narrative time have a long history of scholarly attention, as the field of theoretical narratology attests. But narrative space is a relatively untrammled area of scholarly concern, at least in literary studies. What has seemed at times to be simply background material – historical and contextual information in a text, or a setting for a narrative scene – can often reveal, on closer inspection, deep patterns of cultural assumptions ranging from accepted political and social structures to aesthetic and literary traditions (Howes 2002: 192).

At det ikkje har vore så mykje fokus på stadnamn i poesien, kan illustrerast ved å peike på at det i boka *Lyrikkens liv*, ei innføringsbok i diktlesing frå 2003, finst verken *stedsnavn* eller *toponymi* som oppslagsform i registeret. Heller ikkje i samband med dikt som blir analyserte i boka som inneheld stadnamn, blir stadnamna kommenterte. Til dømes gjeld dette eit dikt av Bjørn Aamodt, som har med uttrykket "fra Vladivostok via Malaga" (Janss og Refsum 2003: 150). Dei to stadnamna er vel omtrent det einaste som ikkje blir kommentert i det korte diktet. Det kan verke som

stadnamna har vore usynlege, eller at stadnamna er så daglegdagse at dei ikkje blir kommenterte. Stadnamna har kanskje ofte blitt ein del av motiva i dikta, saman med andre referansar til stad, og dermed fått mindre merksemd. Men til forfattarane sitt forsvar må det nemnast at det finst fleire dikt i Noreg og i verda som *ikkje* har stadnamn enn dikt som *har* stadnamn, og spesielt i den modernistiske tradisjonen har eg inntrykk av at stadnamn ikkje er så ofte å finne.²

Men som sagt er det skrive noko om bruken av stadnamn i analysar av enkeltdikt eller som ein del av større avhandlingar. Henning Howlid Wærp har skrive eit kapittel om bruken av stadnamn hos Hans Børli i avhandlinga *Diktet natur*, og han nemner også bruken av stadnamn hos Rolf Jacobsen (Wærp 1997: 319, Wærp 2002: 245). Bruk av stadnamn i poesi blir òg nemnt i Maria Sibinskas *Marginalitet og myte i moderne nordnorsk lyrikk* (Sibinska 2002). Ein kunne kanskje finne fleire døme på at stadnamn blir kommenterte som ein del av større arbeid, viss ein tar seg tid til å leite gjennom fleire avhandlingar. Men noka stor merksemd har det førebels ikkje vore omkring temaet. Og fordi fagområdet *stadnamn og litteratur* i Noreg er så nytt og lite kjent, er det førebels kjøpt inn få bøker der ein finn stoff om temaet til biblioteka.

Det er mange spørsmål ein kan stille seg når ein forskar på stadnamn i litteraturen: Har det noko å seie kva for namn som blir valde i diktinga? Kva forskjellar er det mellom forfattarar i bruken av stadnamn? Er det noko som særpregar valet av stadnamn hos bestemte forfattarar? I 2003 kom det eit tre-bindt oppslagsverk over stader i engelskspråkleg litteratur, *Cyclopedia of Literary Places*. Dette er faktisk det første i sitt slag, medan det finst ei mengd liknande oversikter over personar i litteraturen (Rasmussen 2003). Eit slikt oppslagsverk kan vere eit flott utgangspunkt for å forske på stadnamn i litteraturen, sjølv om det sjølv sagt ikkje tar med alle namna som er i alle verka. Men heller ikkje i dette bokverket har poesien fått særleg stor plass, det er mest romanar og drama som er tatt med i leksikonet.

² Eg har ikkje hatt høve til å undersøke kor utbreidd stadnamna har vore i modernismen i detalj, men det er det inntykket eg har etter å ha bladd igjennom ein god del diktsamlingar.

1.2 Bakgrunnen for å velje oppgåva

Utgangspunktet mitt for å skrive denne oppgåva, er at eg sidan 2002 har arbeidd mykje med stadnamn i samband med namnesaker i jobbsamanheng, og som tema for avhandlinga valte eg da også først ”stadnamn og identitet”. Men i tillegg til stadnamn er eg også veldig glad i poesi og annan litteratur, og etter kvart som eg arbeidde med temaet stadnamn og identitet, så slo det meg kor ofte ein kan finne stadnamn i poesi og i andre tekstar, og ikkje minst i titlar. Desse to temaområda, *stadnamn og identitet* og *stadnamn og poesi*, såg ut til å vere knytte saman på eit vis. Sjølv sagt vil eg ikkje påstå at stadnamn i diktinga berre blir brukte for å signalisere eller symbolisere identitet i høve til staden, det er meir komplekst enn som så. Men ein av dei funksjonane stadnamn kan ha i dikt, meiner eg er ein identitetsskapande funksjon, og dette vil eg komme nærmare inn på i avhandlinga.

Forsking på identitet i ulike samanhenger er noko som har komme innan mange fagfelt dei seinaste åra, etter at psykologien har komme med nye innsikter om identiteten til mennesket, både den personlege identiteten og gruppeidentiteten. Temaet stadnamn og identitet er òg eit relativt nytt forskingsfelt, men det har likevel lenge vore ei oppfatning blant namnegranskarar at det *er* eit samband mellom identiteten til mennesket og stadnamn, eller at tilknytning til stad impliserar tilknytning til stadnamn.

Da eg hadde bestemt meg for å skrive om temaet stadnamn og poesi, var det litt tilfeldig at det blei nettopp diktaren Tor Jonssons dikt eg valte som tema for oppgåva. Han var blant dei første diktarane eg fann fram til som brukte fleire stadnamn i diktinga si, sidan eg hadde hans *Dikt i samling* heime i stua. Ved første augekast verka det ikkje som noko stor utfordring å tolke dei stadnamna han bruker i dikta sine. Men med tanke på at han er kjent for å framstille heimstaden sin negativt, verka det interessant at han nyttar så mange stadnamn i diktinga si.

1.3 Problemstillingar og mål for oppgåva

I denne avhandlinga vil eg diskutere kva tyding og funksjon stadnamn kan ha i diktinga i høve til i dagleglivet. Kvifor blir stadnamn nytta i poesien? Og kvifor bruker Tor Jonsson stadnamn i diktinga si? Første del av oppgåva er ein teoretisk del,

der eg diskuterer sambandet mellom tydinga og bruken av stadnamn i dagleglivet med bruken av stadnamn i poesien. Denne teorien bruker eg i praksis i andre delen av oppgåva, der eg tolkar tydinga og funksjonen til stadnamna i fleire av dikta til Tor Jonsson.

Hovudoppgåva har tre problemstillingar:

1. Kva tyding og funksjon har stadnamna i poesien i høve til i dagleglivet?
2. Kva tyding har stadnamna i Tor Jonssons poesi? Eller med andre ord: Kva symboliserer og kva slags konnotasjonar gjev stadnamna i dikta?
3. Er det eit samband mellom bruken av stadnamn i diktinga og identitet?

Den første problemstillinga er ei generell problemstilling, og det er ei teoretisk problemstilling. Eg vil sjå på om det er forskjellar mellom bruken av og tydinga til stadnamna i poesien og i dagleg språkbruk. Sidan det er skriva så lite om temaet frå før, er ikkje dette eit spørsmål som tidlegare er blitt behandla i litteraturen, så vidt eg kjenner til. Det er skriva noko om dette i høve til personnamn, men da i samband med litteratur generelt. Avhandlinga blir på mange måtar todelt: Først vil eg finne fram til ein *teori* for kva rolle stadnamna kan spele i poesien, kva dei tyder og kva funksjonar dei har. Deretter kjem det ein *praktisk del*, der eg bruker denne teorien i arbeidet med å tolke stadnamna i Tor Jonsson si dikting. Det er den andre problemstillinga i avhandlinga: *Kva tyding har stadnamna i Tor Jonssons poesi?*

Den tredje problemstillinga handlar om kva samband det kan vere mellom bruken av *stadnamn i poesien* og *identitet*. Denne problemstillinga er knytt til begge dei to andre problemstillingane, sidan det både er eit teoretisk spørsmål om bruk av stadnamn i poesien kan ha samband med identitet, og eit meir konkret spørsmål i høve til tolkinga av dikta til Tor Jonsson. Kan ein knyte bruken av stadnamn til forfattarens identitet, eller skal ein kanskje heller skal sjå på det som eit uttrykk for dikt-egets identitet, eller begge delar? Denne problemstillinga inneber òg ei problematisering av ein biografisk lese måte, som det er nærliggande å bruke i tolkinga av stadnamn i diktinga. Ein biografisk lese måte er også ei av dei vinklingane eg har på lesinga av stadnamna i dikta.

1.4 Avklaring av omgrep

Tyding/meining: Når eg snakkar om kva tyding eller meining stadnamna har i poesien, meiner eg meining i *vid forstand*, og eg skil ikkje mellom omgrepa tyding og meining i denne avhandlinga. Tydingsomgrepet mitt er altså ikkje det same som i semantikken, der ein gjerne vil rekne denotasjonen til eit ord som tydinga til ordet, og ikkje ta med konnotasjonar og meir personlege assosiasjonar. Med til tydinga til stadnamna reknar eg òg med konnotasjonane til namna, og kunnskap om staden som er knytt til stadnamnet.

Utgangspunktet mitt for å nytte eit slikt vidt tydingsomgrep i høve til stadnamna, er at avhandlinga handlar om kva tyding namna får i poesien. I poesien vil stadnamn kunne få fleire tydingslag enn dei normalt har i dagleg bruk, og i tillegg vil namna gjerne bli farga av omgjevningane i diktet. I ein slik samanheng vil lesaren leggje både kulturelle konnotasjonar og meir personlege assosiasjonar inn i lesinga av namna i større grad enn elles. Men her føregrip eg diskusjonen om tydinga til stadnamna som kjem seinare i oppgåva, og resten av diskusjonen omkring tydinga til stadnamna får vente til seinare i oppgåva.

Denotasjon/konnotasjon: Denotasjonen er hovudtydinga til eit ord, medan konnotasjonar er tilleggsmeiningar. Mest nyttar eg omgrepet konnotasjon i oppgåva, sidan stadnamn i liten grad kan seiast å ha ein klar og eintydig denotasjon. Desse to omgrepa nyttar eg slik dei er forklart i *Litteraturvitenskapelig leksikon* (Lothe 1997), som sitert under:

Denotasjon/konnotasjon:

av lat. denotare, ”betegne”, senere ”bety”, connotare, ”medbetegne”), begrepspar for to ulike former for språklig referanse. Denotasjon betegner et ords primære mening slik det vanligvis defineres i et leksikon. Konnotasjon betegner et ords sekundære mening eller tilleggs mening. Ordet ”hjem” denoterer f.eks. huset eller leiligheten der man bor, men konnoterer det private, trygge, stabile. Denotasjon er mer avgrenset (leksikalsk) enn konnotasjon, som åpner et større assosiasjonsfelt. Skillet mellom konnotasjon og denotasjon ble utviklet innenfor lingvistikken (særlig av L. Bloomfield og L. Hjelmslev), og også den litteraturvitenskapelige bruken av begrepene viser innflytelse fra lingvistikken. I særlig grad gjelder det semiologien, som brukar distinksjonen denotasjon/konnotasjon ikke bare om ord, men også om andre meddelelsesmidler. En assosiasjon kan være både privat og kulturelt betinget; konnotasjon forutsetter i høyere grad å være kulturelt betinget. Som Roland Barthes påpeker i *S/Z* (1970), kan overgangen mellom denotasjon og konnotasjon være uklar: Et ord som for én lesar har en entydig mening, kan konnotere flere meninger for en annen lesar (Lothe 1997: 43).

Denotatum: Når omgrepet er nytta i denne oppgåva, er det det som namnet peiker på, namneberaren.

Funksjon: Stadnamna kan ha forskjellige funksjonar, både i dagleglivet i og litteraturen. Med funksjon meinast kva rolle stadnamna spelar, og kva stadnamna blir brukt til, medveten eller umedveten. Kva funksjon stadnamna har er òg knytt til kva tyding stadnamna får.

1.5 Om språk og framstilling i oppgåva

Det finst varierende konvensjonar for korleis vitenskaplege tekstar bør utformast, og ikkje minst er det ein del variasjon mellom språkvitenskaplege og litteraturvitenskaplege tekstar. Sidan denne avhandlinga er tverrfagleg, og har med teoristoff frå fleire fag, spesielt frå litteraturvitenskap og namnegransking, har det vore eit spørsmål om kva framstillingsform eg skulle velje for avhandlinga. Eg har måtta gjere nokre val som kan gå på tvers av fagtradisjonane innanfor desse to vitenskapane, og den framstillingsmåten eg har valt, har eg prøvd å bruke systematisk gjennom heile oppgåva. Nokre forskjellar i framstillingsmåte vil det rett nok kunne vere mellom kapittel som handlar mest om språk, i forhold til kapittel som handlar mest om litteratur.

Sidan vi ikkje har noko kjønnsnøytralt ord for 3. person eintal i norsk, har eg veksla mellom å bruke han og ho i oppgåva, i staden for å måtte skrive han/ho, ho/han eller ho eller han heile vegen.

2. Teori og metode

2.1 Om teoretiske innfallsvinklar

Kva fag høyrer ein til når ein skriv ei oppgåve innanfor litterær onomastikk, namneforskning eller litteratur? Eg vil velje å kalle denne oppgåva både litteraturvitenskapleg og namnefagleg, det er med andre ord ei tverrfagleg oppgåve. Stadnamnforskinga kan ofte vere tverrvitenskaplig, og når det handlar om namn i

litteraturen, vil ein kunne trekkje inn fleire ulike fag, avhengig av kva vinkling ein har på forskinga. Det tverrvitskaplege ved denne avhandlinga, og dei ulike teoretiske vinklingane i arbeidet, er det dette avsnittet skal handle om.

Tidlegare har det innanfor den litterære onomastikken i Noreg, men da i undersøkingar om personnamn, vore mest fokus på å tolke einskilde namn, utan å nødvendigvis sjå dei i lys av den litterære samanhengen dei står i:

Det meste av forskningen har gått ut på å vurdere navnematerialet historisk-empirisk i tråd med det som er vanlig innenfor navnegranskningen som fag. Man sammenligner da navnene i de litterære verkene med den reelle navnebruken i den epoken handlingen er lagt til. Noen av oppgavene har også vært konsentrert om forholdet mellom navn, kjønn og sosial klasse og blir dermed sosio-onomastiske studier med materiale hentet fra litteraturen. I slike oppgaver berøres ikke navnenes betydning eller deres tematiske funksjon i verkene (Windt 1998: 3).

Også Michel Grimaud (1989: 23) kritiserer at litterære onomastikere i all hovudsak bruker "the treasure-digging principle" i studiet av namn i litteraturen, og han etterlyser eit vidare perspektiv. Med "the treasure-digging principle" meiner han at det har vore for mykje fokus berre på symbolikken til namna, og han presenterer i artikkelen ei lang liste over emne og teoretiske vinklingar ein kan ha i den litterære namneforskninga (ibid.: 29).

Det er mange spennande vinklingar han kjem med, men at fokuset i den litterære onomastikken mest har vore på tolkinga av symbolikken til namna, er ikkje så overraskande, sidan det er det ein gjerne først vil leggje merke til ved eit namn, og spesielt viss symbolikken er tydeleg. Ei anna sak er at dette er eit ganske nytt fagfelt, og innanfor eit nytt fagfelt kan ein ikkje rekne med at alle vinklingar vil bli dekte med ein gong. Men sjølvstundt har Grimaud rett i at det er mykje *meir* ein kan seie om namn i litteraturen enn kva symbolikk namna har, og det er mykje forskning som gjenstår innanfor den litterære onomastikken. Spesielt er det viktig at namna blir lesne *meir* i lys av den konteksten dei står i teksten. Men trass i at Grimaud etterlyser eit mykje vidare perspektiv på forskinga av namn og litteratur, har han framleis sjølv hovudfokus på studiet av personnamn i litteraturen, truleg fordi det er det han sjølv har undersøkt.

I mi oppgåve har eg valt å ha fleire vinklingar på stadnamna i dikta: Eg ser på bruken av stadnamna i høve til tematikken og innhaldet i resten av diktet, men eg ser òg på bruken av namna i høve til namn i andre dikt. Eg vurderar kvifor forfattaren har

valt dei namna han har, noko ein sjølv sagt ikkje kan få fullstendig kunnskap om. Eg vurderar òg om ulike lesarar kan tenkast å lese stadnamna i dikta på forskjellig måte.

Dei fagområda eg trekker inn i diskusjonen omkring kva eit stadnamn er som sagt fleire. Valet om å trekke inn fleire fagområde var eit for meg naudsynt val, som eg gjorde tidleg i arbeidet med avhandlinga, lenge før eg las artikkelen til Grimaud. Innanfor stadnamnforskinga er det ein tradisjon for å vere tverrfagleg, og når ein tolkar stadnamn må ein gjerne trekke inn fleire forhold enn dei reint språklege. Alle som driv med stadnamnforsking veit at det er vanskeleg å berre halde seg innanfor språkvitskapen, spesielt om ein skal tolke stadnamn. Da må ein helst kunne noko om den konteksten stadnamna har blitt til under, altså historie og kulturelle forhold. Stadnamn kan ofte fortelje noko om historia til eit land, og om lokal kultur og historie. Dei fleste namneforskarar i Noreg har eit festepunkt innanfor språkvitskapen, men ein finn òg døme på historikarar som også er eller har vore namnegranskarar. Til dømes var Olaf Rygh, ein av grunnleggjarane av norsk namnegransking, historikar, arkeolog og filolog.³

Det har hittil vore mest fokus på den språklege eller den kulturhistoriske sida ved stadnamna, men andre fag som kan trekkast inn i namnegranskinga er geografi, folkloristikk og antropologi. I den litterære onomastikken må ein kanskje trekke inn enda fleire fag enn innanfor tradisjonell stadnamnforsking. Benedicta Windt (2006: 209) har peikt på fleire fag ein kan trekke inn: ”Faglig sett befinner litterær onomastikk seg i et skjæringspunkt mellom språk og litteratur. Det er et tverrfaglig forskningsfelt med elementer fra bl.a. etymologi, historie, semantikk, stilistikk, psykologi og sosiologi” .

Sidan temaet *stadnamn i poesien* ikkje har vore skrive særskilt mykje om frå før, og spesielt ikkje i ein norsk samanheng, har eg valt å bruke ei stor del av oppgåva på å diskutere kva tyding stadnamna kan ha, både i dagleglivet og i poesien.⁴ Del 2 av oppgåva, ”Kva tyder eit stadnamn”, har såleis mykje teori, og eg trekker vekslar på teori og litteratur frå ulike fag, for å diskutere meg fram til ein teori om kva tyding stadnamn kan ha i poesien. Denne utgreinga og diskusjonen i den andre delen av avhandlinga, om *kva eit stadnamn er*, og *kan vere*, blir den teoretiske bakgrunnen for

³ Han la, saman med medarbeidarane sine, ein viktig grunnstein i den norske stadnamnforskinga med referanseverket *Norske gaardnamne*. Verket blei utgjeve frå 1897-1924. Etter at Rygh døde i 1899, blei verket ferdigstilt av andre, mellom anna av broren Karl Rygh, etter Oluf Ryghs manuskript.

⁴ Når eg i oppgåva talar om stadnamn i dagleglivet, er kunnskapen om dette basert på forskning innanfor stadnamnegranskinga.

del 3 av oppgåva, ”Tor Jonsson og stadnamn”. Den tredje delen av oppgåva blir den meir praktiske delen av hovudoppgåva, der eg tolkar og diskuterar kva tyding stadnamna kan ha i Tor Jonsson si dikting.

Det er altså i del 2 at det er mest teoretiske diskusjonar. Det handlar mykje om kva stadnamn kan tyde i ulike samanhenger. Eg har her tatt med ein god del teori frå stadnamnforskinga. Men diskusjonen om tydinga til namn er ein gamal diskusjon, og det har òg vore diskutert av andre enn namneforskarar, mellom anna språkfilosofar.

I diskusjonen omkring kva tyding stadnamn har, freistar eg òg å tillempe teiknomgrepa til Ferdinand de Saussure og C.S. Peirce på stadnamn. Kommunikasjonsmodellar kan òg vere nyttige for å illustrere sambandet mellom tyding og kontekst, og ulike tolkingar.⁵ Stadnamn har vore karakterisert som ein *komprimert tekst*, og dette omgrepet meiner eg har mykje for seg i mange samanhenger (Andersson 1994: 8). Denotasjon og konnotasjon er òg to omgrep eg nyttar i diskusjonen av tydinga til stadnamn (sjå kap. 1.4). Bakgrunnen for å ha med ein slik diskusjon om tydinga til stadnamn, er at tydinga stadnamn kan ha, blir svært viktig i tolkinga av stadnamna i dikta, og her blir omgrepet konnotasjon spesielt viktig.

Eg nyttar også noko teori ifrå den litterære onomastikken i avhandlinga, mellom anna om kva funksjonar namn kan ha i litteraturen. Innanfor den litterære onomastikken er det førebels skrive mest om personnamn, og tydinga til namn i einskilde verk. Derfor tar eg utgangspunkt i både teoriar om kva funksjonar namn kan ha i litteraturen, og teoriar om kva funksjonar stadnamna kan ha i dagleglivet, for å lage ei eiga liste over kva funksjonar stadnamna kan ha i poesien. To viktige funksjonar i denne lista er den identitetsskapande funksjonen og minnefunksjonen.

I samband med at eg diskuterar ulike funksjonar stadnamna kan ha, og da spesielt den identitetsskapande funksjonen, kjem eg òg inn på forholdet mellom stadnamn og identitet. Ettersom eg meiner dette temaet har relevans for tolkinga av stadnamn i poesien, og sidan det førebels ikkje har vore skrive så mykje om det i Norden, har temaet *stadnamn og identitet* fått eit eige kapittel i oppgåva. Innanfor fagområda antropologi og sosiolingvistik er det allereie skrive mykje om respektivt stad og identitet, og språk og identitet. I kapitlet om stadnamn og identitet låner eg derfor teoriar og døme frå desse to fagområda, i tillegg til frå sosialpsykologien om

⁵ Sjå Gerbners kommunikasjonsmodell i vedlegg 3. Dette er ein kompleks kommunikasjonsmodell som òg visar at kontekst og kunnskap har noko å seie for korleis ein les eller oppfattar ein bodskap.

identitetsomgrepet (som både antropologi og sosiolingvistik har lånt teori frå). Også i stadnamnforskinga finn ein forskning som kan kaste lys over forholdet mellom stad og identitet.

Mi lesing av dikta er sprungen ut av den erkjenninga moderne litteraturteori har gjeve om teksten, at litterære tekstar og annan tekst, ikkje kan tolkast ein gong for alle. Eg er såleis influert av dekonstruksjonen, men eg nyttar ikkje dekonstruksjonen praktisk i lesinga av stadnamna i dikta. Resepsjonestetikken, eller resepsjonsteorien, påverkar dessutan mitt syn på at ein tekst alltid har ein lesar, og forskjellige lesarar som kan lese eit dikt på forskjellig vis. Meininga til teksten kan endrast i møte med nye tider og nye lesarar, som bringar med seg nye konnotasjonar til orda. I kva grad lesaren oppfattar intertekstualiteten i teksten påverkar òg kva mening lesaren les ut av teksten (Barthes 1991: 70). Dette er òg eit viktig poeng i høve til stadnamn som komprimerte tekstar, både i dagleglivet og i litteraturen, der ulike lesarar og brukarar kan ha forskjellige konnotasjonar til namna.

Eg har freista å ta med dei teoretiske synspunkta eg har meint har vore viktige for dei tre problemstillingane i oppgåva. Det er nok både meir stadnamnteori og litteraturteori som *kunne* ha vore tatt med. Det kunne til dømes ha vore interessant å ha meir om det som tidlegare er skrive om landskapsdiktning. Men sidan denne oppgåva er såpass tverrfagleg, har eg måtta ta nokre val. Ei hovudfagsoppgåva avgrensar kva ein får plass til å ta med, og når ein skal trekke inn teoretiske innfallsvinklar frå så mange ulike fagdisiplinar i ei oppgåve, kan ein heller ikkje få plass til alle dei forskjellige vinklingane som finst innanfor kvart enkelt fag. Det kan også vere eit problem at fagdisiplinar kan ha ulike syn på ting, til dømes at i språkvitskapen og i litteraturvitskapen vil ein forholde seg til tydinga i språket på forskjellig måte. Det kan også vere ulike uttrykksmåtar, og ulike tradisjonar for presentasjonen av forkinga (til dømes vitskapleg skrivning), kan òg vere ei utfordring når ein skal vere tverrfagleg. Å vere renessansemenneske i vår tid er slett ikkje nokon lett oppgåve, når alle fag har blitt så omfattande, og er ei heil verd i seg sjølve.

2.2 Metode

Etter at eg hadde bestemt meg for temaet stadnamn og litteratur, oppdaga eg at dette var eit lita utforska felt i Noreg.⁶ Eg fann derfor fram til fleire diktsamlingar, som eg bladde gjennom for å få eit oversyn over kva grad stadnamn faktisk er nytta i poesien, og da med fokus på den norske poesien. Frå før kjende eg til at Henning Howlid Wærp (1997) har skrive om stadnamna hos Hans Børli. Men ei fullstendig oversikt over stadnamna i norsk poesi er det sjølvsagt ikkje mogleg å få innanfor omfanget til ein hovudfags- eller masteroppgåve, og eg har derfor valt å undersøke diktsamlingane til nokre av dei mest kjende norske diktarane, og nokre antologiar, mellom anna dei tematiske antologiane *Norge rundt på verseføtter*, *Glødetråder*, *poesiantologi 1970-1978*, *De 100 beste dikt* og *Norsk arbeiderlyrikk*.⁷ I tillegg har eg bladd igjennom antologien *Dikt frå antikken til vår tid*, for å få eit vidare perspektiv, og for å få ein viss peikepinn om kor mykje stadnamn er brukt i verdslitteraturen gjennom tidene.⁸ Eg har også sett på nokre diktsamlingar frå samtidige lyrikarar.⁹

Det å ha fått eit oversyn over bruken av stadnamn i norsk poesi er nyttig på fleire måtar: Det gjev meg ei visse om at det å bruke stadnamn i poesi ikkje er uvanleg. Det er rett nok ikkje alle diktarar som bruker stadnamn i like stor grad, men det må likevel seiast å vere ganske utbreidd. Det eg oppdaga, var at det kunne vere stor skilnad på i kor stor grad diktarane nytta stadnamn, men dei aller fleste hadde med stadnamn i alle fall i nokre få dikt. I grunnen fann eg at stadnamn var brukt langt oftare enn eg hadde venta. Vidare gjev dette oversynet meg døme på at stadnamn blir brukte i fleire forskjellige samanhengar, og i dikt med ulike tema. Denne gjennomlesinga mi av fleire diktsamlingar, med auge for stadnamn, har også vore utgangspunktet for å kunne lage ei liste over dei ulike funksjonane stadnamn kan ha i dikting, og å skrive meir generelt om bruk av stadnamn i poesien. Det har også vore eit samanlikningsgrunnlag for lesinga av stadnamna i poesien til Tor Jonsson, som er fokus for del 3 i oppgåva.

⁶ Jf. det eg skriv om fagfeltet litterær onomastikk i kap. 1.1.

⁷ Waage, Gry 1993, Helseth, Sigurd og Terje Johannesen 1979, Magnus, Peter 1950, Holmås, Stig 1975.

⁸ Haarberg, Jon og Hans H. Skei 2002.

⁹ Om fleire diktsamlingar hadde vore å finne digitalt, og i tillegg hadde vore elektronisk merka (tagga) som proprium, altså eigennamn, så hadde det sjølvsagt vore enda enklare å få oversikt. Men da kunne ein byrja å stille spørsmål ved om den som merka teksten digitalt klarte å få med seg alle stadnamna, spesielt i den eldre litteraturen, der dei skriv på dansk, og der alle substantiv har stor forbokstav. Men ikkje minst i modernistisk litteratur, der stadnamna ikkje alltid får stor forbokstav.

Sidan det er skrive så lite om dette temaet frå før, både i Noreg og internasjonalt, bruker eg som tidlegare nemnt del 2 av oppgåva til å diskutere kva eit stadnamn er og kva stadnamn kan tyde i poesien, før eg startar på sjølve analysen av stadnamna av dikta.

Blant dei diktarane eg fann fram til som nytta stadnamn fleire gonger i diktinga si, valte eg meg ein diktar, Tor Jonsson, som eg ville undersøke bruken av stadnamna nærmare til. Tor Jonsson bruker ei rekke stadnamn i dikta sine, og spesielt i dei to første diktsamlingane, medan det i dei seinare diktsamlingane blir langt færre stadnamn. Kvifor han etter kvart bruker færre stadnamn, er òg eit interessant spørsmål. Men det er dei to første diktsamlingane, *Mogning i mørkret* (1943) og *Berg ved blått vatn* (1946), som står i fokus i denne oppgåva. Eg omtalar dei aller fleste dikta som har stadnamn i desse to diktsamlingane, og eg har òg tatt med eit par av dei lause dikta, som ikkje står i nokre av dei opphavlege diktsamlingane.

Analysemetoden av stadnamna i dikta eg nyttar er *nærlesinga*, som nykritikken i si tid skapte ein stor tradisjon for. Fokuset er på teksten og på dikta, og spesielt på dei strofene og den samanhengen stadnamna står i. Men eg har ikkje plass til å ha nokon utfyllande og komplett analyse av alle dikta med stadnamn i oppgåva, og intensjonen er da også å ha fokus på stadnamna i dikta. ”Vårsorg” er det diktet der eg i størst grad trekker inn heile diktet i lesinga, elles varierar det mellom dei ulike dikta i kva omfang eg trekker inn fleire element frå dikta. I alle dikta bruker eg mest plass på sjå på kva rolle stadnamna spelar, og tolke dei i høve til den samanhengen dei står i dikta. Eg ser mellom anna etter kva funksjon stadnamna har i dikta, og på kva dei kan gje av konnotasjonar og assosiasjonar. Eg legg derfor ikkje vekt på å få fram formelle verkemiddel, og heller ikkje tolkinga av alle element i dikta, der desse ikkje har noko å seie for tolkinga av stadnamna i dikta. Men eg seier likevel noko om *tema* for dei fleste av dikta eg skriv om, og eg freistar å få fram kva dikta handlar om, fordi det oftast vil vere relevant for tolkinga av stadnamna.

Eg samanliknar også bruken av stadnamn i nokre av dikta, og eg peiker på fellestrekk i namnebruken og namn som går igjen. Stadnamnbruken blir altså til dels sett i samband med heilskapen i diktsamlingane. Eg kjem så vidt inn på spørsmålet om kvifor han etter kvart bruker mindre stadnamn, slik at det nesten ikkje er stadnamn i dei to siste diktsamlingane, og spesielt i den siste. Men dette er sjølvsagt ikkje noko ein kan vite noko sikkert om, og fokuset i oppgåva ligg som sagt på stadnamna i dei to første diktsamlingane, sidan det er dei som har flest stadnamn.

Men eg har også med både eit *forfattarperspektiv* og eit *lesarperspektiv* i diktlesingane. Nokre gonger ser eg vidare enn sjølvve teksten, både til forfattaren si samtid og forfattaren sjølv. Dessutan vurderar eg òg i nokre tilfelle om teksten kan bli lesen annleis av lesarar i dag, og om ulike lesarar kan lese stadnamna forskjellig. Moderne litteraturteori har vist at tydinga til ein tekst ikkje er noko ein kan fastslå ein gong for alle, men at lesinga av teksten vil endre seg etter kvart som tida går, og vil vere avhengig av kva kunnskap og forståingshorisont lesaren har. Likevel vil mykje av tydinga liggje fast i sjølvve diktet, og diktet vil òg henge saman med ein litterær tradisjon som har gått forut for at diktet blei skrive, slik at diktet vel så mykje er skrive i høve til annan tekst som til ei ytre røynd. Men tydinga til stadnamn, konnotasjonane til stadnamna, er kanskje noko som endrar seg raskare enn mange andre ord i språket, og som kan variere mellom ulike lesarar.

Når eg tolkar stadnamna i diktinga til Tor Jonsson, har eg som sagt nokre gonger med ei biografisk vinkling. Men den biografiske lesinga av dikta blir berre ein av fleire vinklingar, for først og fremst vil eg ha fokus på korleis stadnamna fungerer i dikta. Tidlegare har dikta til Tor Jonsson kanskje i litt for stor grad vore tolka biografisk, sidan han skreiv mange dikt som passar med hans eige liv og hans eigen lagnad. Til ein viss grad skreiv han sjølvbiografisk, slik mange forfattarar gjer. Det er også nettopp fordi dikta tidlegare har vore tolka så nært opp til forfattaren, at det blir vanskeleg å sjå heilt bort frå den ”verkelege” Tor Jonsson i tolkinga av dikta. Den delen av biografien til Tor Jonsson eg er særleg opptatt av, er forholdet hans til heimstaden, i kva grad han var knytt til stader og kjennskapen hans til stadnamn. Spesielt har bruken og kjennskapen til stadnamn endra seg frå dikteren si tid fram til i dag. Dette kan også ha noko å seie i forhold til å tolke stadnamna i Tor Jonsson sine dikt.

DEL 2: Kva tyder eit stadnamn?

3. Stadnamn

Eit stadnamn er som omgrepet seier *namn på ein stad*. Det kan vere namn på ein liten stad eller ein større stad, ei lita tue, ein bakke, eller namn på ein heil by. Det kan vere namn som *Lom*, *Noreg* eller *Daudmannhaugen*, for å ta nokre aktuelle døme. Nokre namn kan ein enkelt plassere på eit kart, sidan dei finst på eit punkt i terrenget. Andre namn dekkjer eit større område, til dømes eit områdenamn innanfor ein by, ein kommune, eit fylke eller eit land. Om grensene for området er fastsette, kan ein merke av desse på eit kart, men mange områdenamn har ingen fastsette grenser, eller det finst ulike oppfatningar om kor grensene går. Eit namn som *Grågrenda* finst ikkje på noko kart, men eg reknar det likevel som eit stadnamn, sidan det er meint å vere eit stadnamn i diktverda til Tor Jonsson. Namnet referer også til ein stad, til den fiktive bygda *Grågrenda*, som mange lesarar har omsett til å tyde *Lom*.

Ein stad kan ha fleire namn, som blir brukte av forskjellige grupper eller menneske. Det kan vere namn på ulike språk, slik det er med mange stader i Nord-Noreg. Mange hovudstader og større stader i Europa har også fått namn på ulike språk, men dette kjem av eit anna fenomen, at særleg kjende stader og namn på land kan få ulike namn på forskjellige språk. Namn kan også finnast med ei kortform og ei langform, ei uformell og ei formell form. Lange stadnamn kan ofte bli forkorta av lokale brukarar, truleg av praktiske grunnar, fordi dei bruker namna ofte.

Tromsdalstinden blir til dømes ofte berre kalla for *Tinden* lokalt i Tromsø.

Nokre av stadnamna våre høyrer til det eldste språkmaterialet som er munnleg og skriftleg nedarva. Ein del namn er uforståelege i dag, eller tolkinga av dei er usikker. Likevel fungerer dei like godt som stadnamn som andre, meir gjennomsiktige namn. Kanskje gjev det også ein ekstra historisk dimensjon at dei har vore i bruk i fleire hundre år, og at noko ikkje endrar seg i tilveret. Men mange stadnamn, og bruken av dei, kan endre seg gjennom tida. Det har alltid vore slik at nokre namn går ut av bruk, medan nye kjem til, ettersom nye menneske kjem til. Særleg namn på mindre lokalitetar har ofte kunna endre seg, medan namn på større lokalitetar, som mange kjenner til, har hatt det same namnet gjennom generasjonar. Fordi livsvilkåra

for folk, og særleg måten ein driv primærnæringsane på, har endra seg så drastisk i det førre hundreåret, er det særleg mange stadnamn som har blitt gløymde eller er i ferd med å gløymast i desse dagar. Alle desse smånamna i innmark og utmark, på innlandet og langs kysten, fortel både om naturtilhøva og om lokal historie. Det er ei trist historie at svært mange namn ikkje blir tatt vare på før dei blir gløymde. Fråflytta stader blir da dobbelt fråflytta: det er verken menneske eller stadnamn att som fortel om tidlegare tiders menneskeliv. Tor Jonsson voks opp i det gamle bondesamfunnet, den gongen "alle" dyrka si eiga jord, og der alle stader – store som små, hadde sitt namn.

3.1 Definisjonar av stadnamn

Det finst mange definisjonar av kva eit stadnamn er. *Lov om stadnamn* har denne kortfatta definisjonen: "stadnamn, namn på geografiske punkt, liner og område som kan kartfestast"¹⁰. Men denne definisjonen seier lite om menneska som har gjeve stadene namn, og heller ikkje så mykje om kva som særpregar stadnamna språkleg. Peter Hallaråker har funne fram til 12 ulike definisjonar, og her er nokre av dei:

Et stedsnavn er et ord eller ordkompleks som innenfor et større eller mindre samfund av en viss stabilitet momentant – ved berøringsassosiasjon – utløser foretellingen om et bestemt sted (Olsen 1978: 41 = [1.utg. 1926:41]).

Stadnamn er eit ord eller ordkompleks som utløyser ei førestelling om staden namnet gjeld, hjå ei større eller mindre gruppe personar (Helleland 1975:16).

Eit stadnamn er eit proprium som inneheld eitt eller fleire morfem og med ein terreng-lokalisierende funksjon (Stemshaug 1985:11).

Med stadnamn meiner vi namn på geografiske lokalitetar av alle slag (*Norsk stadnamnleksikon* 1990:32)
(Hallaråker 1997: 191).¹¹

Helleland sin definisjonen er ei vidareutvikling av Magnus Olsen sin definisjon, men er meir kortfatta. Desse to definisjonane er dei som best tar opp i seg at stadnamna òg har ei menneskeleg side, og desse definisjonane fungerer best i høve til litterære stadnamn. Her blir det tydelig at stadnamnet skaper eit mentalt bilete av staden, ved å bruke ordet *førestilling*, det er altså ikkje noko éin til éin forhold mellom

¹⁰ Lov om stadnamn 1990, rev. 01.08. 2006.

¹¹ Alle litteraturreferansar i sitatet er etter Hallaråker 1997.

ein stad og eit namn. Kva ein legg i eit namn, og korleis namnet blir oppfatta, avheng av kven som bruker det. Desse to definisjonane nemner også at det kan vere ei større eller ei mindre gruppe som bruker eit stadnamn, og her kjem også det sosiale aspektet ved stadnamn inn.¹²

I litteraturen stiller det seg litt annleis enn i dagleglivet, for stadnamna der treng ikkje vise til reelle stader, men viser berre til ein fiktiv stad i romanen, novella eller i diktet (som kanskje er samanfallande med ein reell stad). Ein definisjon av stadnamn som ikkje treng å gå ut ifrå at ein kjenner staden som blir omtala, vil derfor passe best i forhold til stadnamn i litteraturen. Kanskje har ein ei førestilling, ei oppfatning av stader ut ifrå kva andre har fortalt, eller frå media, litteratur eller filmar. Ein kan også få ei førestilling om staden ut ifrå kva for ord stadnamnet består av.

Terhi Ainiala omtalar i artikkelen “On defining the proper name and the place name” korleis ein kan definere eit stadnamn:

In trying to decide if a particular expression is a place name in a certain situation, we need first to consider contextual information. A proper name never occurs in isolation. On the contrary it always occurs in a certain situation and in a certain context. It is in fact only the context that lets us know whether or not an expression is a proper name. Both the speaker and the listener must know that the name is being used for a single denotatum. The listener must know what the denotatum is. The speaker must ensure the listener knows what the denotatum is. The con-textuality of a proper name has been investigated by Hartwig Kalverkämper. He maintains that an expression is a proper name if it was meant to be one (a speaker-perspective) and with the help of contextual signals also understood as one (a listener-perspective) (Ainiala 1998: 47).

Men no treng dei som talar om eit stadnamn eigentleg ikkje vite i detalj kva og kor denotatumet er, jamfør utsegnet at ”The listener must know what the denotatum is”. Det er nok at dei veit at dei talar om eit stadnamn. Om det er viktig for samtalen vil kanskje tilhøyraren spørje kva stad det er snakk om, viss han ikkje kjenner det, eller han kan late som han kjenner det. I litteratur og i dikt gjeld sjølvsagt ikkje at lesaren må vite kva denotatum stadnamnet peiker på i røynda (om det er eit reelt namn). Men lesaren må skjønne at stadnamnet peiker på eit denotatum i teksten, at det er eit stadnamn. I nokre tilfelle vil kanskje lesaren få meir ut av teksten viss han veit noko meir om stadnamnet, og har assosiasjonar til og kunnskap om stadnamnet og staden. Men oftast er det ikkje naudsynt at lesaren oppfattar noko meir enn at det er eit stadnamn. At både diktar og lesar oppfattar det som eit stadnamn er sjølvsagt viktig, og her vil ofte stor forbokstav vere eit sikkert teikn på at det er snakk om eit

¹² Dette skal eg komme nærmare inn på i kapitlet ”Stadnamn og dikting”, kap. 5.

stadnamn. Andre hint kan ein også få: At det liknar på eit stadnamn, og at det inngår i samanhenger der ein kan forvente stadnamn, til dømes at namnet står i samband med preposisjonar, eller kjem etter uttrykk som: ”gå til ...” og ”vere i eller på ...” i teksten. Terhi Ainiala held fram med å definere stadnamn på denne måten:

In sum, how should we define the toponym? I doubt that it will ever be possible to present a completely unambiguous definition. At the moment my own suggestion is as follows: a toponym is an identifying expression which has been formed under the rules which govern name formation in a language, intended as a toponym by the speaker and understood as one by the listener (Ainiala 1998: 47).

I denne definisjonen ser ein at det òg er med eit avsendar/lesar-perspektiv, altså at det ligg ei forståing av ein kommunikasjonsmodell i botnen for definisjonen.¹³ Viss ikkje forfattaren merker stadnamnet med stor forbokstav, kan det hende at lesaren ikkje les stadnamnet som eit stadnamn. Men om det er eldre litteratur, der alle substantiv har stor forbokstav, må ein sjølv sagt sjå etter andre teikn på at det er snakk om stadnamn.

3.2 Funksjonar stadnamna har i dagleglivet

Stadnamnforskarar har tala om at stadnamna har fleire ulike funksjonar, og Hallaråker (1997: 162) reknar med at stadnamna har seks forskjellige funksjonar:

Adressefunksjonen

Den språklege funksjonen

Den topografiske funksjonen

Den kulturhistoriske funksjonen

Den sosiale og psykologiske funksjonen

Fantasifunksjonen

Det Hallaråker kallar for den sosiale og psykologiske funksjonen, vil eg heller velje å kalle identitetsfunksjonen, sidan ein like gjerne kan la både den personlege identiteten og gruppeidentiteten inngå i same funksjonen. Uttrykket identitetsfunksjon nyttar også Hallaråker når han freistar å samanfatte desse seks funksjonane til to hovudfunksjonar: ein praktisk kommunikasjonsfunksjon og ein identitetsfunksjon.

”Varför bildas ortnamn? Vilken funktion eller vilka funktioner har ortnamn?” spør Thorsten Andersson i artikkelen ”Ortnamnens existensiella villkor” (Andersson

¹³ Sjå vedlegg 3.

1994: 8). Andersson (1994: 8) meiner at stadnamna har fire funksjonar, funksjonar som ein også finn i anna språkbruk. Stadnamna har funksjon som:

- Kognitivt kommunikasjonsmedel
- Emotivt kommunikasjonsmedel
- Ideologisk kommunikasjonsmedel
- Skapare av sosial samhörighet

Hovudfunksjonen til stadnamna er å ”identifisera och individualisera lokaliteter som vi behöver som referenspunkter för vår orientering och kommunikation” (Andersson 1994: 8). Men stadene kan også få namn fordi dei utpeiker seg, ved å ha ein spesiell formasjon, eller fordi det skjer noko spesielt på staden. Til dømes kan eit fjell få nytt namn etter at nokon har mist livet på eller ved dette fjellet. Andersson skriv om at stadnamna kan vere *komprimerte tekstar*, dei skildrar stadene på det tidspunktet dei får namn. Det kan også ligge ei positiv eller negativ kjensleladning i namna, det Andersson kallar den emotive funksjonen. Det er namn som *Solbakken* eller *Gullkroken*.

Andre namn kan vere meir ideologiske, til dømes at det blei innført ei rekke kommunistiske namn i Russland i sovjettida. Desse namna har ein etter Sovjetunionens fall gjerne bytt ut med andre namn, eller gått tilbake til dei namna ein hadde før. Eit kjent døme er at St. Petersburg heitte Leningrad under sovjettida, men da ikkje Sovjet eksisterte lenger, bytte dei tilbake til St. Petersburg. Dette namnet har forresten kortforma Peter, eller uttala ”piter”. I det siste dømet med kortforma *Peter* ser ein funksjonen for ”sosial samhörighet”, eller identitetsfunksjonen komme til uttrykk. Dei som bruker denne kortforma av namna, gjev uttrykk for at dei kjenner staden, når dei bruker kortforma og ikkje det offisielle namnet. Grupper og lokale småsamfunn kan utvikle eigne stadnamn, eller ein eigen bruk av stadnamn, som skapar tilhør innan gruppa.

3.3 Språkhaldningar til namn, pene og mindre pene namn

Av ein eller annan ikkje heilt forståeleg grunn synest folk flest å ha klare meiningar om kva som er vakre namn eller stygge namn og reagerer derfor negativt mot bruk av stadnamn dei meiner er stygge. Dette må ha samanheng med at stadnamna er ein viktig del av språket

vårt og vårt personlege ordforråd, og dermed også av vår person, som Peter Slotte (1994:65) presiserer. Dei skapar sosialt samhald (Hallaråker 1997: 167).

Hallaråker knyter her haldningar til om namn er pene eller stygge til det han kallar ”den sosiale og psykologiske funksjonen”, altså identitetsfunksjonen. Også i det populære tv-programmet ”Godt norsk” blei stadnamn tatt opp som tema, og da i form av ei avstemming om kva for namn i Noreg som er dei styggaste. Ei slik avstemming nemner òg Hallaråker i si bok, og det er nok ikkje uvanleg at nokre namn vekker oppsikt fordi dei skil seg ut ved å likne på eller vere identisk med kjende ord. Spesielt om ein koplar namna med negativt ladde ord, kan utanforståande reagere på namna.

Folk vil gjerne bu på ein plass som har eit fint namn, og om det blir føreslått eit namn dei tykkjer er negativt ladd, blir det gjerne protestar. I Tromsø blei det til dømes protestar da ei gate i eit av dei dyraste stroka skulle få namnet *Nøkken*, sidan namnet også er eit kondommerke, og nokre likte ikkje denne assosiasjonen. I dette tilfellet blei ikkje protestane tatt til følgje av kommunen.

Mange har òg ei oppfatning om at bustadnamn i ubunden form er penare enn namn i bunden form, sjølv om den bundne forma tradisjonelt er den mest vanlege i stadnamn i Noreg. Dette har nok samanheng med at det har vore ein skriftspråk-tradisjon å skrive stadnamn (og da spesielt bustadnamn) i ubunden form. I dansketida blei dei fleste namna, og spesielt gardsnamna, skrivne i ubunden form på offentlege dokument. Dei eldste stadnamna i Noreg har òg ubunden form, og det kan òg ha vore med på å gjeve namn i ubunden form større status i nokre samanhenger.¹⁴

¹⁴ Kristin Bakken (2002) hevdar i artikkelen ”Navnstatus og bestemthetskategorien”, at stadnamn i ubunden form for mange framstår som namn med høgare propriumsgrad, namna kan altså ha ein høgare navnstatus i ubunden form. Mykje tyder òg på at det spesielt er når bustadnamna skal *skrivast*, at folk gjerne vil ha dei i ubunden form. Når namna blir uttalt lokalt vil dei nemleg i mange tilfelle kunne få bunden form, trass i at dei har ubunden form på papiret. Dilemmaet er at namna på sikt også får ein uttale med ubunden form, sidan samfunnet i dag er så skriftbasert. Når ein skal fastsette skrivemåten for bustadnamn blir det derfor ofte ei avveing mellom kva skrivemåte folk ønskjer (mange gonger ubunden form), eller om ein skal ta vare på den tradisjonelle nedarva uttalen (ofte bunden form).

4. Stadnamn og dikting

4.1 Stadnamn i litteraturen

Så lenge menneska har hatt eit språk, har vi òg hatt stadnamn. Det er derfor ikkje overraskande at ein finn stadnamn brukt i litteratur som blei skriven for mange tusen år sidan. Til dømes bruker den romerske diktaren Horats som levde mellom år 64 og 8 f.Kr. stadnamn i diktinga si: som i første linje av Horats Ode 1.9: ”*No skin Soractes fjell av den kvite snø*” (Haarberg og Skei 2002: 53). Ein finn òg stadnamn hos Dante, som i Paradiso Song 11: ”*Mellom Tupino og vatnet som flyt nedåt [...] derfrå Perugia kjenner kulde og varme/ ved Porta Sole, og bakanfor den klagar/ på tungsamant åk Nocera og Gualdo*” (Dante 2005: 506). I Homers *Odysseen* finn ein ei rekke stadnamn, og desse har vore populære å bruke i diktinga seinare for å påkalle heile dette universet. Særleg i modernistisk dikting har det vore populært å bruke namn frå *Odysseen*, *Illiaden* og antikken generelt. Eit døme er Paal Brekke si diktsamling *Roerne fra Itaka*. I Noreg blei stadnamn ofte nytta i mellomalderballadar og segn, og bruken av stadnamn her kan ha påverka bruken av stadnamn i seinare norsk litteratur og poesi.

Bibelen har òg ei rekkje stadnamn, og desse har blitt grundig tolka av bibelforskarar. Det finst fleire bøker som tar for seg tydinga til både personnamn og stadnamn i Bibelen. I boka *Navn i Bibelen* står det ganske kortfatta om kvart namn, under fleire av namna står det berre kva det er namn på, til dømes elv, fjell, by eller ein liten by, og det står i kva område staden er å finne. Til dømes: ”Adam: by i Jordan-dalen, på østsiden av elven, nær Jabbok-elven”, ”Adama: befestet by i Naftali” (Johnstad 1983: 143). Det siste dømet har òg med ordet ”befestet”, som gjev oss litt meir opplysningar om staden. Mange av namna har òg fått fleire opplysningar enn lokalitet og område, for fleire namn er det oppgjeve historiske opplysningar:

Efesos: Lilleasias største handelsby på vestkysten, hovedstad i den romerske provinsen Asia; templet i E. for fruktbarhetsgudinnen Artemis var berømt for sin skjønnhet og ble i antikken regnet blant verdens sju underverker; Paulus underviste minst to år i E.

[...]

Hamat: arameerrike ved elven Orontes i det nordlige Syria; også navn på hovedstaden i riket; David sluttet en vennskapspakt med kongen i H.; sammen med Arpad ble H. ødelagt av assyrerkongen Sankerib, og under Sargon II ble innbyggerne deportert til Samaria og H.

gjort til assyrisk provins; etter Jerusalems fall ble en del av innbyggerne i Jerusalem ført bort til H., sml. *Jes 11,11* (Johnstad 1983: 159, 170).

Alle namna har dessutan med bibelstad, altså kor i bibelen namnet er å finne. Slike oppslagsverk over namna i Bibelen er det laga mange av. At slike forklaringar av kva stadnamna tyder er naudsynte å lage, illustrerar òg at tydinga og konnotasjonane som er knytt til stadnamna, ikkje vil vere til stades hos alle lesarar og til alle tider. Etter kvart som tida går vil tydinga til namn kunne endre seg, eller bli borte. Som Nicholas Horsfall skriv i "The Poetics of Toponymy":

Let me start from an extreme case, Psalm 60:6ff.: I will rejoice and divide Sichem and mete out the valley of Succoth. Gilead is mine and Manasses is mine: Ephraim also is the strength of my head ; Judah is my lawgiver; Moab is my wash-pot", and so on in the same vein for another couple of verses. Even the inexperienced reader can see that this is poetry, but the imagery is lost except to Hebrew scholars, and you clearly need a pile of first-rate Bible commentaries to unravel the associations of the names and to pass from obscure onomastic magic to cool learned awareness of the relevant facts (Horsfall 2002: 311).

Bibelske namn kan ein òg finne i seinare litteratur og poesi, og da er det gjerne hendingar i Bibelen forfattaren alluderar til. Det blir gjerne brukt spesielt kjende namn som *Jerusalem*, *Betlehem* og *Sinai*, namn som ber med seg mange konnotasjonar til bibelhistoria.

I reiselitteraturen spelar stadnamna ei viktig rolle, for ein må sjølvsagt bruke namna for å fortelje kor ein har vore. Stadnamna markerar òg det eksotiske ved reisemålet, ved at dei lyder framandarta. Ofte kan ein i reiselitteraturen få vite kva stadnamna tyder (etymologien til orda i namnet), og ein kan få høyre om historiske hendingar på staden. Stadnamna kan vere namn på "sjåverdigheter", på kjende byar og stader, eller namn på mindre ukjende stader som forfattaren vil gjere lesaren merksam på. I tillegg kan ein få vite namn på gode hotell og restaurantar, viss det er ein reiseguide. Tove Nilsen har med ein del lokale stadnamn i si bok om Kreta, *Kretadøgn*, som er ei personleg reisebok:

I den ene retningen ser vi Lefka Ori, det nesten 2500 meter høye fjellet. I den andre retningen ser vi øya Theodorou som under antikken ble kalt Akoitos. Senere ble den tilegnet Ajos Theodoros, som venezianerne både kalte San Theodoro og San Todaro (Nilsen 2003: 35).

Og eit anna døme: "Jeg teller ikke sauer, men øyer: Sardinia, Sicilia, Capri, Cuba, Malta Madeira, Thassos, Thira, Lesbos, Limnos, Andros, Amorgos, Kypros, Karpathos (Nilsen 2003: 45)."

Andre romanar bruker heilt gjennomført norske heimlege stadnamn for å skape ei kjensle av røyndom, og kanskje òg for å skape ei kjensle av identitet til staden, at karakterane i boka høyrer til på ein stad. Eit døme på at stadnamna får ein identitetsskapande funksjon kan ein finne i Frode Grytten si bok *Flytande Bjørn*, der eg-personen har vakse opp i Odda, staden der romanen går føre seg:

Martinsen bad meg kjøre rundt. Han ville sjå om det fanst motiv han ikkje hadde fått med seg. Vi rulla over Eidesmoen, ned Tjoadalen, forbi Sing Sing, gjennom Bygda. I sniglefart passerte vi politistasjonen, Murboligen og barneskulen. Eg blinka meg inn igjen på hovudvegen. I Eitrheimsvegen måtte eg bremse ned. Ei eldre dame kom skjenande ut i vegbanen (Grytten 2005: 18).

Eit anna døme på at stadnamn er knytt til identitet, men òg til *minne*, finn ein i romanen *Dalen Portland*, av Kjartan Fløgstad:

Dessutan har det alltid vore Sauda med meg, og ikkje Odda for eksempel, og for ikkje å snakke om Ålvik. Det var liksom noko spesielt med Sauda. [...] Eller så kan du berre ta naturen. Det er ikkje eit slikt svart hol nedi ein fjord som Odda eller Ålvik, men ei vakker og open bygd. Når eg lukkar augo, er det framleis fjorden ved Ramsnes eg ser, med Birkelandsheia bak, med Napen og Reinsnuten, og på den andre sida Nordstøldalen over til Etne, med Kvamen og Rustølsnuten opp frå den grønne og frodige dalen, som er gjødsla av manganstøvet frå dei gamle opne omnane (Fløgstad 1977: 53, 56).

4.2 Stadnamn i poesien

Om det er vanleg eller ikkje med stadnamn i poesien, vil vere forskjellig i ulike tradisjonar, og mellom ulike diktarar. Nokre diktarar har ofte med stadnamn, medan andre nesten ikkje har med stadnamn i det heile. I den modernistiske tradisjonen, ein tradisjon som har vore rådande innanfor lyrikken i mange år, har eg inntrykk av det har vore nytta relativt lite stadnamn. Men nokon absolutt regel er det ikkje. Rolf Jacobsen, som ofte blir trekt fram som ein tidleg modernistisk diktar i norsk samanheng, har brukt ein god del stadnamn i diktinga si (Wærp 2003: 246). Og som sitatet over peiker på, brukte T.S Eliot mange stadnamn i ”The Waste Land”, som kanskje er eit av dei mest kjende modernistiske dikta. Eliot forklarte til og med kva stadnamna var namn på, og kor dei fanst, i notane til namna. Her er eit døme på eit par passasjar frå diktet:

”This music crept by me upon the waters”
And along the Strand, up Queen Victoria Street.
O City, City, I can sometimes hear
Beside a public bar in Lower Thames Street

The pleasant whining of a mandoline
[...]
"My feet are at Moorgate, and my heart
Under my feet. After the event
He wept. He promised a new start.'
I made no comment. What should I resent?"
"On Margate Sands.
I can connect
Nothing with nothing.
Eliot 2001: 14, 15.

Eit dikt treng ikkje vere verken dårlegare eller betre om det har stadnamn. Om stadnamna gjer diktet betre eller ikkje, vil avhenge av korleis stadnamna passar inn i konteksten. Og i mange tilfelle kan stadnamn endre uttrykket og tolkinga av eit dikt, i større eller mindre grad. Ofte legg ein merke til at stadnamn blir brukte i bestemte typar dikt, eller dikt med ein bestemt tematikk: Dikt som er ein *hyllest* til ein bestemt stad, dikt som handlar om *minne* knytt til ein bestemt stad og dikt som handlar om å *reise*. Men bruken av stadnamn er sjølvstund ikkje avgrensa til desse tema. Seinare i avhandlinga skal eg sjå nærmare på dei ulike funksjonane stadnamna kan ha i eit dikt, og på dei ulike konnotasjonane stadnamn kan gje, i høve til resten av konteksten i diktet.

Å nytte stadnamn i poesien er kanskje ikkje noko poetar gjer dagleg, for fleirtalet av dikt er utan stadnamn. Saka er at i dei fleste dikt er det ikkje *naudsynt* å nytte stadnamn, for dikteren vil ofte skildre ein allmenn stad, og det er da ikkje *naudsynt* å vise til ein bestemt stad. Likevel er det heller ikkje uvanleg å treffe på stadnamn i poesien, sjølv om dei ikkje er like vanlege i poesien som i prosaen. Det varierar mykje i kva grad den einskilde diktar og diktsamling nyttar stadnamn. Om diktarar nyttar stadnamn medvite eller umedvite, enten dei nyttar mange eller få stadnamn, er kanskje ikkje alltid så lett å seie. Det kunne vore interessant å spørje nokre diktarar om i kva grad dei var medvitne bruken av stadnamn.

Nicholas Horsfall (2002) har skriva mykje om stadnamn i gresk og latinsk dikting. Horsfall har mellom anna kartlagt kva stadnamn Horats brukte i si dikting:

The poet's toponymy cannot be dissociated from the poetic (and other) magic of the name in other spheres. For a poet, the place-name distills and re-evokes everything that has happened in a place, the full range of its beauties, natural and man-made, all that its inhabitants have achieved, and all that has been written about that place in prose and verse, at least as much as the poet's readers might reasonably be expected to know, though today's merely academic readers (who may be less richly blessed with miscellaneous learning in theology, geography, history, architecture and archaeology, genealogy and biography ...) will be hard pressed to conjure up the full dimensions and wider parameters

of all this accumulation of allusion and information, the growing weight and ever-expanding definition of the associative charge carried by the majority of the toponyms they encounter (Horsfall 2002: 306).

No har det vel aldri vore forventa av noko menneske, eller av nokon lesar, at ho skal kjenne til alle dei moglege assosiasjonane og konnotasjonane som er knytt til eit stadnamn. Men Horsfall gjev eit viktig poeng, og han freistar å gjere det på ein spøkefull måte (artikkelen var opphavleg skriven som eit foredrag). Poenget er sjølvstundt at eitkvart stadnamn, og spesielt dei mest kjende stadnamna, har fleire lag av meining knytt til seg. Her er vi tilbake igjen til temaet om kva meining eit stadnamn kan ha. Men det vil ikkje alltid vere like lett for ein diktar å vite kva lesaren kan kjenne til. Ofte vil nok dikteren gå ut ifrå at lesaren har mange av dei same konnotasjonane og assosiasjonane som ho sjølv, eller skriven ut ifrå ideen om ein ”educated reader”. Eller i mange tilfelle vil truleg ikkje dikteren reflektere noko vidare over kva tyding ho har lagt i stadnamna.

Ettersom tida går, og nye generasjonar kjem til, så vil i alle høve assosiasjonane til eit namn høgst sannsynleg endre seg, og stadnamn kan bli mindre kjende enn dei har vore tidlegare. Der diktarar i dag kanskje går ut ifrå at lesaren kjenner til populære media som film, tv og musikk, gjekk dikteren i tidlegare tider ut ifrå at lesaren skulle kjenne til bibelnamn og mytologiske namn.

Å nytte stadnamn i poesien kan derfor vere både givande og risikabelt. For forfattaren risikerer at lesaren ikkje vil oppfatte meininga dikteren har intendert om lesaren ikkje har nokon kjennskap til namnet. Men det blir som med andre allusjonar i litteraturen, dei lesarane som skjønner kva det er snakk om, får dobbelt utbytte av teksten. Det blir derfor viktig at ikkje heile meininga til diktet avheng av ein konnotasjon til eit namn, som kanskje ikkje alle kjenner til. Eventuelt kan dikteren velje å ta med ei forklaring til namnet, for å sikre seg at stadnamnet blir forstått på *rette* måten. No vil sjølvstundt ulike lesarar ha forskjellige private assosiasjonar til mange ord, men akkurat assosiasjonane til stadnamna er det litt annleis med. Assosiasjonane til nokre stadnamn kan bere preg av å vere konnotasjonar som er felles for mange, og det kan vere heile historier som er knytt til namnet. Personlege assosiasjonar til namn vil det sjølvstundt òg vere, men om ein diktar bruker eit stadnamn i eit dikt, vil det i mange tilfelle vere dei meir allment kjende konnotasjonane han vil tenke på. Viss han tenker på minne knytt til stadnamnet, og først og fremst ønskjer å formidle sitt bilete av staden, kjem det som regel samstundes fram på anna vis i diktet.

Seinare vil eit dikt om reelle stader i verda vere med i forteljinga omkring *staden*, for dei som har lese diktet og hugsar det. Døme på det kan vere eit dikt om *Christiania* eller ein songtekst om *Oslo*. Uttrykt med terminologi frå dokumentasjonsvitskapen, så vil det knyte seg ei rekke *dokument* til namnet, ulike ”tekstar”, som alle vil spele inn og gje namnet eit tydingsinnhald.¹⁵

Stadnamn blir brukte i poesien også i dag, det er ikkje noko fenomen ein berre finn i eldre dikting. To spanske diktarar har skrive om byen Cordoba, men dei to dikta har eit nokså forskjellig uttrykk. Luis de Góngora har skrive (i engelsk omsetjing): *Oh lofty wall, oh towers crowned with honour, majesty, and gallantry*, medan Federico García Lorca har skrive linene: *Over the plain, through the wind, small black horse, red moon./Death is staring at me from the towers of Cordoba* (Cohen 1965: 212, 382).¹⁶ Hans Børli har nærmare 200 stadnamn i si dikting, og fleire andre norske diktarar har nytta stadnamn i diktinga si i større eller mindre grad.¹⁷ Rolf Jacobsen har fleire stadnamn, og ein kan finne fleire dikt med stadnamn hos Henrik Wergeland, Olaf Bull, Olav Aukrust og Arvid Hanssen, for å nemne nokre få døme. Stadnamn har også vore mykje nytta i arbeiderlitteratur, og i den radikale og samfunnsengasjerte diktinga frå 1970-talet i Noreg. Stadnamn har dessutan sin sjølvsegte plass i dikt som er skrive som ein hyllest til ein stad. Ein kan også finne ei rekke døme på bruk av stadnamn hos yngre og samtidige diktarar, som Lars Saabye Christensen, Finn Øglænd, Cecilie Løveid og Nils-Øivind Haagenen.¹⁸

Det kunne kanskje ha vore interessant å finne ut kva for og korleis stadnamn blir brukte i diktinga i dag i høve til tidlegare tider. I Morgenbladet sto det nyleg ei bokmelding av diktsamlinga *Fjordarbeid* av Arild Vange frå 2007.¹⁹ Meldinga er skriven av Kjetil Røed, og her finn ein nokre ord om stadnamna i diktsamlinga:

Likevel ligger det utvilsomt en geografi nedfelt i boka – diktene er portretter, gjennomkryssninger, eller kanskje alternative festepunkter for stedene som nevnes i dem eller benevner dem (som titler): Leistadkrysset, Strindfjorden, Bergen, München, Nürnberg. Det språklige montasjearbeidet ligger jo også i å kna disse stedsnavnene, lage nye figurer av dem. Stedskollasjer (Røed 2007: 38).

¹⁵ Med dokument meiner ein da både munnlege forteljingar og skriftlege dokument, som eit dikt, ein film, ei reisehandbok, ein roman, eller ein song som blir spela på radioen.

¹⁶ Góngora: *Oh excelso muro, oh torres coronadas/ de honor, de majestad/ de gallardia!*
García Lorca: *Córdoba./ Lejana y sola./ Jaca negra/ luna grande/ y aceitunas en mi alforja.*

¹⁷ Dette talet er henta frå Henning Howlid Wærps avhandling *Diktet Natur* (1997).

¹⁸ Eg har mellom anna funne fleire stadnamn i diktsamlingane *Falleferdig himmel* av Lars Saabye Christensen, *Poesi er for Desperados* av Finn Øglænd, *Mykt glass* av Cecilie Løveid og *Nils-Øivind Haagenen skriver*.

¹⁹ Morgenbladet frå 20.-26.04. 2007.

Namna som blir brukte i titlane til hovudbolkane i samlinga er: "Is: Paradis", "Blodbøk: Bergen", "Strindfjorden: Installasjon", "Trondheim: München" og "Travelling mit der deutschen Bundesbahn". Denne diktsamlinga nyttar stadnamn til heile organiseringa av boka. Tittelen på nesten kvar bolk eller del av boka har eit stadnamn i seg, og stadnamn finn ein også fleire av i sjølve teksten.

4.3 Stadnamn i titlar

Stadnamn blir ofte nytta i titlane til dikt. Nokre døme på dikttitlar med stadnamn er:

Halldis Moren Vesaas: Bryllupet på Mo.
Helge Stangnes: Lemmingsværvalsen, I Yttervågen.
Arvid Hanssen: Ho Vanna i Vågen, I Nonsvasslia, Orgle i Ainnfjorn.
Kjartan Fløgstad: Kopargruvene i Chuquicamata, Port Said.
Tor Obrestad: Odda, tidlig mars 1970, Hovedstaden i Hardanger.
Cecilie Løveid: Mandal ettermiddag, Chiles strender.

I dikt blir stadnamn nytta både i tittelen og i sjølve diktet, nokre gonger er stadnamnet med både i tittelen og i teksten, andre gonger berre i teksten. Men stadnamn kan ofte bli nytta i dikttitlar når det ikkje er stadnamn i sjølve diktet, slik at stadnamnet i tittelen på eit vis plasserar diktet på ein stad, og gjev diktet ei setting. Ein godt døme på dette er diktet "In a Station of the Metro" av Ezra Pound, der tittelen utgjer ein viktig del av meininga til og opplevinga av diktet.

In a Station of the Metro

The apparition of these faces in the crowd;
Petals on a wet, black bough.²⁰

Her er det rett nok ikkje eit bestemt stadnamn i tittelen, men det er ei konkret stadplassering, som dei fleste kan sjå for seg. Både *Station* og *Metro* kan dessutan bli brukte som stadnamn i dagleglivet, viss det ikkje er naudsynt å spesifisere akkurat kva stasjon det er snakk om. Tittelen, som er ei opplysning om stad, er samstundes både konkret og generell. Det kunne ha vore ein kva stasjon som helst, men vi les det som ein bestemt metrostasjon, den metrostasjonen der dikt-eget er.

Akkurat når det gjeld dette dømet, meiner Erling Aadland (2006) at tittelen er ein integrert del av heilskapen til diktet. Men andre titlar, mellom anna titlar med

²⁰ Henta frå *Dikt fra antikken til vår tid* (Haarberg 2002: 245).

stadnamn, er han ikkje så sikker på har noko vesentleg å seie for tydinga til litterære verk. Han meiner tittelen står mellom tekst og utomtekst, og at dei fleste titlar godt kan bli bytt ut (Aaland 2006: 101). Denne påstanden er eg ikkje einig i, og spesielt når det gjeld poesien. Eg meiner dei fleste titlar vil kunne påverke korleis ein les diktet, og viss ein byter ut tittelen vil det sjølvsagt kunne endre meininga til diktet i større eller mindre grad, ettersom tittelen lagar ein kontekst som lesaren tolkar diktet i lys av. Ikkje minst ser ein dette når det er stadnamn i tittelen. Og i dei tilfella der stadnamnet er fiktivt er det ikkje nødvendigvis så mykje meir utomtekstleg enn sjølve diktet.

Det finst òg døme på at stadnamn blir brukte i titlane til kunstverk. Ein samtidskunstnar frå Sverige, Kira Wager, har laga kunst ut ifrå fotografi på store lerret. Ho nyttar ofte stadnamn som titlar på bileta sine, namn som "Dåvits", "Mannerheimvegen", "Gårdsgränden 1.1", "Idungatan 1.1" og "Manhattan". I "Gårdsgränden 1.1" er det bilete av to barn, og temaet her er barndom. Meldaren i avisa *Klassekampen*, Tore Næss, meinte at det var nettopp bileta som var knytt til barndom var dei beste i kunstutstillinga. Korleis stadnamna eventuelt var med å skape ei kjensle av barndomsminne skreiv ikkje meldaren noko om, men her kan ein tenke seg at det er ein samanheng, og at bileta kunne ha blitt lesne annleis utan stadnamnet i tittelen.²¹

Ein kan finne mange døme på at stadnamn blir nytta i titlane til bøker, filmar, tv-seriar og songtekstar. Nokre døme på boktitlar med stadnamn er: *Alle vi barna fra Bakkebygrenda*, *Emil fra Lønneberget*, *Harry Potter and the Prisoner from Azkaban*, *Mansfield Park*, *Narnia*, *Fear and Loathing in Las Vegas* og *Dalen Portland* (dei fleste av desse titlane er dessutan filmatisert).

Tv-seriar med stadnamn i tittelen er til dømes: *Deadwood*, *Rome*, *Twin Peaks*, *Falcon Crest*, *Hotell Cæsar*, *Babylon 5*, *Star Trek: Deep Space 9*, *Lov og rett i L.A.*, *Earthsea* (basert på romanar), *Melrose Place*, *Beverly Hills, 90210* og *21 Jump Street*. Filmtitlar med stadnamn finst det spesielt mange av, og nokre døme er:

Cold Mountain, Brokeback Mountain (basert på ei novelle), Chinatown, Troy, Chicago (basert på musikal med samme namn), Flåklypa Grand Prix, 101 Reykavik, Hawaii, Oslo, Gangs of New York, Philadelphia, Miller's Crossing, Manhattan, New York Stories, Brazil, Sunset Boulevard, Paris, Texas, Der Himmel über Berlin, Mr. Smith Goes to Washington, Dogville, I Kina spiser de hund, Les Triplettes de Belleville, Beverly Hills

²¹ Kilde: Klassekampen 9. mai 2007.

Cops, Beijing Bicycle, El Dorado, Rio Bravo, Dodge City, Tombstone, 3:10 to Yuma, Casablanca.

Songtekstar er ei form for lyrikk som kanskje enda oftare enn annan lyrikk nyttar stadnamn.²² Lyrikk kjem av det greske ordet *lyra*, musikkinstrumentet lyre, og har dermed opphavleg og framleis samanheng med den musikalske sida av diktinga.²³ Ein finn også mange døme på at dikt har blitt tonesette, som ikkje eigentleg har vore skrivne som songtekstar. Døme på songtekstar med stadnamn tittelen finn ein mellom anna hos Alf Prøysen, med songen ”Så seile vi på Mjøsa”, og gruppa deLillos har fleire songer med Oslo-stadnamn, mellom anna ”Frognerbadet” og ”Stakkars Oslo”. Den amerikanske artisten Tom Waits har songar med stadnamn i tittelen i nesten kvart einaste av albuma sine. Nokre døme på titlar er: ”Virginia Avenue”, ”San Diego Serenade”, ”Jersey Girl” og ”Big in Japan”.

Ein kunne ha funne mange fleire døme både på dikt, songtekstar, bøker og tv-seriar med stadnamn. Mange bøker og filmar har òg personnamn i tittelen, men det har eg ikkje tatt med døme på her, sidan det er utanfor temaet for denne oppgåva. Poenget med denne digresjonen er å demonstrere at stadnamn blir nytta i særleg stor grad i titlar. For det må vel vere ei årsak til at stadnamn er populære i titlar? Å nemne desse døma kan illustrere kva slags referansar dagens lesarar og dagens poetar har med seg til teksten. Kjennskapen til utanlandske namn og språk har sjølvsagt aukt med dei nye media, og dei ulike media påverkar òg kvarandre.

Stadnamna har som tidlegare nemnt ofte mange konnotasjonar knytt til seg, og kanskje er det fordi stadnamna kan bere med seg så mykje tyding at dei er populære å bruke som namn på tekstar og filmar? Viss ein skal analysere nærmare kvifor stadnamn er så populære å bruke i til dømes filmtitlar, kan ein sikkert peike på nokre av dei funksjonane stadnamna har, som eg peiker på seinare i oppgåva. I dei fleste tilfella vil nok namnet som er valt, vere motivert ut ifrå kor handlinga i filmen finn stad, andre gonger vil stadnamnet ha lite med sjølve filmen å gjere. Filmen *I Kina spiser de hund* går ikkje føre seg i Kina, men uttrykket spelar ein rolle i filmen. Filmen *Brazil* skjønner ein overhovudet kva har med landet Brasil å gjere. Typisk er det kjende stadnamn som blir brukte i titlane, men det kan òg vere stadnamn som ein først skjønner kva er namn på etter å ha sett filmen eller lese boka.

²² I alle høve er det mitt inntrykk, etter å ha arbeidd med dette temaet ei stund, og lagt merke til bruken av stadnamn i songtekstar og i dikt.

²³ Eg har òg funne den meir spesifikke forklaringa at lyrikk opphavleg tyder songbar dikting til lyreakkompagnement (mellom anna her: <http://www.vinduet.no/tekst.asp?id=164>).

Ein annan grunn til at stadnamn er mykje brukt er at titlar gjerne skal vere korte og slåande, og når det gjeld filmtitlar og bøker skal dei òg vere med på å selje filmen eller boka. Stadnamn er gjerne korte, og kan fortelje mykje om ein kjenner til dei frå før. Stadnamna gjer kanskje filmtitlar lettare å hugse? Og når det gjeld titlar vil stadnamna kunne ha fleire funksjonar, eller gje ulike konnotasjonar. Dei kan signalisere at boka, filmen eller diktet er knytt til ein bestemt stad, og at handlinga går føre seg i tilknytning til ein stad.

At stadnamn blir brukte såpass mykje i titlar, kan kanskje vere eit argument for at det er mykje meir meining knytt til stadnamna, enn berre å referere til ein stad. Stadnamna fungerer som komprimerte tekstar. Dei er både komprimerte tekstar i den forstand at dei kan fortelje noko om staden gjennom sjølve stadnamnet, men òg fordi meining og fleire historier kan vere knytt til eit stadnamn. Slike titlar med stadnamn, blir på eit vis doble namn: dei er både namn på filmen, boka, teikneseriane, tv-serien, diktet o.a. og viser samstundes til staden. Desse filmene, bøkene, tv-seriane osv., er seinare med på gje stadnamnet enda fleire konnotasjonar, og det kan òg skje med stadnamn som er brukte i bøker og dikt, utan at dei er med i sjølve tittelen. Stadnamna er da med på å skape intertekstualitet mellom tekstar, noko eg skal komme tilbake til seinare i oppgåva.

5. Stadnamn og identitet

5.1 Kva er identitet?

Kva er identitet, og har identitet noko med stadnamn å gjere? Identitet handlar om kven vi er, og om kva som tyder noko for oss. Omgrepet identitet heng saman med det latinske ordet *idem*, som tyder ”den same”. Identitet kan tyde både identisk med ein sjølv og identisk med andre:

På en side har vi det som angår et individs ”sammehet” med seg selv – til forskjell fra andre individer, altså en form for enhet og sammenheng hos den enkelte. Og på den andre siden har vi individets ”sammehet” med andre, det vil si likheten og fellesskapet med andre individer av samme type, klasse, kategori som en selv (Mæhlum 2004: 107).

Denne dualismen i identiteten vår kjem til uttrykk gjennom den personlege identiteten og den sosiale identiteten, eller gruppeidentiteten. Ein kan kanskje sjå på desse som to

motsetnader, men samstundes er det ikkje så enkelt, dei to sidene ved identiteten heng sjølvstamt saman.

Tidlegare var den rådande identitetsoppfatninga *essensialistisk*: Det var ei brei oppfatning om at identitet var noko fast, at vi alle har ein fast identitet, ei kjerne. Ei slik oppfatning kan ein ofte treffe på i dag òg (Mæhlum 2004: 108, Joseph 2004: 83). I dag er det mange som meiner at identiteten er noko som stadig endrar seg, at ein kan ha fleire forskjellige gruppeidentitetar, og at ein stadig vil kunne leggje noko til identiteten. Det siste blir kalla ei konstruktivistisk identitetsoppfatning. Men det er ein tredje moglegheit: At sanninga om kva identiteten må ligge ein stad mellom dei to ytterpunkta. Mæhlum (2004) spør retorisk om ein må velje den eine modellen framfor den andre, og svaret er at ein ikkje treng å velje bort den eine framfor den andre - og den beste forklaringa av kva identitet er får ein viss ein kombinerar dei to oppfatningane. Ei syntese mellom dei to teoriane vil best få fram alle sider ved identiteten til menneska.

Identiteten kan endre seg i løpet av livet – men nokre forhold ved identiteten er det likevel vanskelegare å endre på enn andre. Etnisitet og kjønn er to gruppeidentitetar det er vanskeleg å endre på. Men i forskjellige samfunn vil det vere dårlegare eller betre høve til å velje korleis etnisk identitet og kjønnsidentiteten skal komme til uttrykk. Språklege konstruksjonar og tilhøve i samfunnet avgrensar for ein stor del i kva grad identiteten kan endre seg.

5.2 Stad og identitet

Stad og identitet har det vore forska mykje på innan fleire fag dei siste åra, mellom anna innanfor antropologi. Tidlegare var *stad* noko ein ikkje stilte så mykje spørsmål ved, det var mest eit bakgrunnsteppe for hendingar og levd liv. Det er særleg frå 1980-talet at forskinga på stad og identitet har skote fart.

The 1980s witnessed widespread growth in scholarship addressing identity and the environment, not only in sociology but also in such related fields as environmental psychology, phenomenological geography, cultural history, and the design professions. [...] This disparate research has contributed much to our understanding of place identification. It has challenged both popular and social-scientific images of the placelessness of the contemporary landscape and the self (Cuba 1993: 111).

Frå og med 1990-talet blei interessa for stad og identitet stor innanfor antropologien, og også her i Nord-Noreg og i Tromsø har det vore forska mykje på sambandet mellom stad og identitet.

Det unike stedet er en sentral ingrediens i enkeltindividets opplevelse av selvet som en konstant. Denne stedstilhørigheten er noe en "har", gitt en barndom eller en serie opplevelser med tilknytning til et bestemt sted som kan danne grunnlag for stedlige erindringbilder. Stedet i denne forstand er en type mnemisk hjelpemiddel, det kan fremkalles som erindringsbilde av en tid som var, gjerne uavhengig av å besøke stedet. [...] Det unike stedet er uberørt av de fysiske endringene som det faktiske stedet har gjennomgått [...] (Thuen 2002: 62).

Den lokale staden, eller kanskje heller fleire stader, er viktig for dei fleste av oss. Ofte er det knytt historier og minne til stadene og stadnamna. Antropologar meiner at narrativ er viktige for stad-identiteten:

Furthermore, the relationship between people and their surroundings encompasses more than attaching meaning to space. It involves the recognition and cultural elaboration of perceived properties of environments in mutually constituting ways through narratives and praxis. [...] The use of narrative to inform the anthropological understanding of place focuses on details of how local populations construct perceptions and experience place (Low og Lawrence-Zuniga 2001: 14, 16).

Dette heng igjen saman med at psykologien dei seinaste åra har komme fram til at forteljingar, narrativ er viktige for identiteten vår (Sunwolf og Frey 2001: 119). Våre forteljingar om kven vi er, og kva vi har gjort, er viktig for opplevinga av å vere eit unikt eg. "Det er berre eg som har opplevd akkurat det." Eller: "Eg gjer som alle andre ...". Det er ikkje utan grunn at samtalen er så viktig når ein går til ein psykolog, anten metoden er psykoanalyse eller berre å få høve til å snakke om det som plager ein.

Både personlege historier, og gruppa og lokalsamfunnet sine historier og minne blir knytte til staden, og er med på å skape ei kjensle av tilhør til stader.

People continually experience life through story structure, as narrative offers both a way of knowing and remembering experiences, as well as providing a powerful structure for binding together in a meaningful way seemingly isolated events. Human beings think, perceive, imagine, and make moral choices according to narrative structures (Sarbin, 1986) (Sunwolf og Frey 2001: 119).

I boka *The Language of Belonging* (Meinhof og Galasinski 2005) fortel forfattarane at dei viste fleire fotografi av lokale stader til informantane i eit forskingsprosjekt, for å

få dei til å fortelje om fortidige hendingar, utan at dei verbalt påverka utsegnene og talemåtene til informantane (ibid.: 112).

The view that photographs are indexical of time and space – a view that is socially and institutionally supported – is not as straightforward as it seems if we study the responses of our informants to the pictures presented. They also make Tagg's (1988) view that photographs are historical, rather than "evidence", problematic. The ways in which our informants recognized, refused or mis-recognized some of the pictures, how they accepted, rejected or expanded on the pictorial representations does not automatically relate to any objective form of seeing or remembering, but is fractured through our informant's subjectivities (Meinhof og Galanski 2005: 134).

Korleis informantane las inn forskjellige minne og oppfatningar om stadene blir forståeleg, når ein ser deira reaksjonar på bilda i lys av forskinga på stad og identitet. Ulike menneske vil ha ulike oppfatningar om stadene, og forskjellige minne knytt til stadene, som dei òg vil gjeve uttrykk for når dei blir presenterte for fotografi av stader dei har eit personleg forhold til.

5.3 Stadnamn og identitet

Men korleis er forholdet mellom stadnamn og identitet? Har det noko å seie kva namnet lyder, eller er det likegyldig? Nokre stadnamnforskarar har skrive at stadnamn er knytt til identiteten, og at stadnamna kan vere viktige for tilknytning til stad.

Hallaråker (1997: 162) seier at:

Stadnamna våre har fleire funksjonar. Dei er for det første eit reint praktisk kommunikasjonsmiddel. Dei er adresser ute i terrenget eller til stader der folk bur, men dei fortel samstundes om norsk språk, norsk natur, norsk typografi, og er såleis uttrykk for sosial fellesskap og identitet. Dei mange klagesaker og protestskriva i samband med namnesaker viser klart at stadnamna har ein langt vidare sosial funksjon enn berre å vere eit reint praktisk hjelpemiddel for å kunne finne fram til ein stad og kunne omtale ein stad. Dei er ein viktig berar av miljøidentitet og personleg identitet.

Botolv Helleland (2006: 42) har òg skrive om stadnamn og identitet, og han seier at: "Stadnamna er dei knaggane som held omgjevnaden oppe, og som på ulike måtar representerer landskapsidentiteten vår. Slik vert stadnamna det språklege og identitetsberande uttrykket for dei stadene ein er knytt til".

Eit døme på at stadnamn har noko med tilhør å gjere, er at det er svært vanleg, og nærmast obligatorisk, å presentere seg med stad ovanfor nye menneske ein møtar.

Rett etter at ein har sagt kva ein heiter, skal ein såleis seie kva stad ein kjem ifrå. Mange har dessutan stadnamn eller gardsnamn som etternamn i Noreg. Eit anna døme er at det ofte er stor lokal interesse for stadnamn, for tydinga av stadnamn og for den historiske bakgrunnen for stadnamn. Forklaringar av kva stadnamn tyder har ofte sin sjølvsegte plass i bygdebøker. Notisar og artiklar om lokale namn kan ein også finne i lokalpressa, medan landsdekkande aviser skriv lite eller ingenting om stadnamn. Stadnamn har likevel ein plass også i dei store avisene ved at det står kva *stad* ei nyhende er henta frå. Slik får ein kjennskap til namn også gjennom avisene. Kanskje kan ønskjet om innsamling av stadnamn, som finst i mange lokalsamfunn, òg sjåast på som eit uttrykk for å verne om lokal identitet?

Personnamn inngår òg ofte i sjølve stadnamna, og personar som bur på, eller bruker staden, blir knytte til staden gjennom namnet. Det at personnamn blir brukte i stadnamn, kan ein kanskje òg sjå på som eit teikn på at det er eit nært samband mellom personar og stader, og at stadnamna og stadene er knytte til identiteten. Aud-Kirsti Pedersen (2001) skriv om forskjellane mellom bruken av *kvinnenamn* og *mannsnamn* i stadnamna i Nord-Noreg. Men gjennom bruken av personnamn i stadnamn blir sjølvsegte òg maktforhold og eigarforhold spegla, og spesielt i namn på eigedomar. Antropologar har òg forska på kjønnskilnader i høve til bruk og tilhør til stad (Low and Lawrence-Zuniga 2001).

Kanskje kan ein seie det slik at stadnamna må vere viktige for identiteten vår når stadene er det, sidan stadnamna trass alt er det språklege uttrykket, teiknet, for stadene. Men det er likevel eit poeng å diskutere dette nærmare, og seie noko meir om korleis stadnamna kan ha tyding for vårt tilhør til stad. Ein kan mellom anna trekke inn nokre av dei innsiktane sosiolingvisikken har gjeve oss om tilhøve mellom språk og identitet.

5.4 Språk og identitet, grupper og etnisitet

Stadnamna er ein del av språket, og det finst mange sosiolingvistiske undersøkingar om at språket og identiteten til folk er storleiker som verkar inn på kvarandre. Det er derfor ikkje urimeleg at også dei elementa av språket som stadnamna utgjer, er ein del av det som er med på prege identiteten til eit menneske.

Social categorization is a core cognitive process by which is meant the segmentation and organization of the social world into social categories or groups. It serves several important functions: reducing the complexity of incoming information, facilitating rapid identification of stimuli; and predicting and guiding behaviour (Hewstone og Giles 1997: 271).

Identitetsomgrepet innan sosiolingvistikken er først og fremst henta frå sosialpsykologien. Ein teori om sosial identitet som har vore brukt, blei utvikla av Henri Tajfel og John Turner i 1979. Denne teorien har tre sentrale idear: *Kategorisering, identifisering og samanlikning*. For å få oversikt over ei kaotisk verd har mennesket ei medfødd evne til å *kategorisere* gjenstandar og menneske rundt seg. Ved at ting og menneske blir sette i "bås", slepp ein å bruke så mykje tid og krefter på å undersøke alt i detalj, og verda får meir orden. Dette er òg årsaka til at vi har sosiale stereotypiar. Menneska blir plasserte i grupper ut frå utsjåande (t.d. hudfarge, hårtype), klesstil, pynt, utdanning, yrke og ikkje minst språk. Desse gruppene får kanskje bestemte eigenskapar i vår oppfatning. Viss det er grupper vi sjølve ikkje høyrer til, *utgrupper*, kan eigenskapene vere negative (men det treng dei ikkje alltid å vere).

Grappa vi sjølve høyrer til, *inngruppa*, får som regel meir positive eigenskapar. Viss ein skal knyte desse gruppene til stader og stadnamn, kan ein til dømes tenke på ei urban gruppe (*Byen*) vs. landet (*Bygda*). Om ein kjenner tilknytning til byen, vil kanskje namna til bygdene i nær omkrins til byen gje meir negative assosiasjonar. I alle høve hugsar eg godt at det var slik da eg gjekk på ungdomsskulen, da var einskilde stader meir "bonate", meir frå bondelandet enn andre.²⁴ Tilhør til ein bestemt by kan òg liggje under den meir eller mindre vennskaplege kjeklinga mellom nabobyar. Er ein til dømes tromsøværing, meiner ein kanskje at det å vere harstadværing ikkje er like bra, og dette er noko det blir vitsa med. Likeins er slike generaliseringar knytte til sosiale grupper årsaka til populariteten til svenskevitsar på norsk side av grensa. Men desse oppfatningane, og ei slik vitsing med gruppetilhør mellom naboar, er oftast ikkje så alvorlege. Dei fleste har vel samstundes eit meir nyansert syn på saka (svenskane er eigentleg ikkje så ille, og det er fint å feriere i Sverige). Meir alvorleg kan det vere når stadene er knytte til ulike etniske grupper, og spesielt om det er konflikhtar mellom gruppene. Til dømes i Israel/Palestina har det svært mykje å seie om ein nyttar israelske eller palestinske stadnamn, ein talar da om vidt ulike land avhengig av kva stadnamn ein bruker, med vidt forskjellige historier.

²⁴ Bonat er eit adjektiv, avleidd av bone, *bonde*. Dette uttrykket har som regel negativ valør, og det tyder i utgangspunktet at noko er frå (bonde)landet.

Avhengig av kva namn ein bruker tar ein parti i ein konflikt. Nadia Gail Yaqub har skrive om bruken av stadnamn i palestinsk songtradisjon, "the oral Palestinian poetry duel":

However, listing of Palestinian villages and families in more than just a way of mentioning Palestinian proper names. Naming is a complex and important act. To give a name to a person, object or place is to lay claim to it, to assert one's right to it. [...] A name, like any other word, develops associations and connotations with use. In the case of place names, their continued use over time can give rise to historical associations imbedded with special meaning for those who use them. [...] To utter the Palestinian names of Palestinian villages in the course of a *sahrah*, then, is to assert Palestinian presence in the areas in which wedding participants live and to lay claim to their right to reside there and make their mark on the landscape (Gail Yaqub 1999: 200).

Når det finst stadnamn på ulike språk, som er knytt til ulike etniske grupper, er det kanskje lettare å sjå eit samband mellom stadnamn og identitet enn i andre samanhengar. Det er også i første rekke etnisk identitet og stadnamn Tuula Eskeland (2001) bruker som døme i artikkelen "Stedsnavn og identitet". Her skriv ho om dei finske stadnamna på *Finnskogene* i samband med lokal identitet. Om ein samanliknar bruken av kvenske, samiske og norske stadnamn i Nord-Noreg, blir ein òg langt meir medveten forholdet mellom stadnamn og identitet, enn om ein talar om stadnamn i reint norskspråklege område. Det er ikkje tilfeldig at dei fleste samar i dag er langt meir merksame på kva tyding stadnamna har for identiteten deira, enn dei fleste nordmenn. Men merksemda for kva tyding norske stadnamn hadde for ein norsk identitet var langt større i byrjinga av førre hundreåret og på 1800-talet, da *nasjonsbygginga* var eit stort nasjonalt prosjekt. Namnegranskaren Gustav Indrebø skriv i *Norsk namneverk*:

Det er den fyrste uroi kring maalspursmaalet som soleis melder seg. I det heile: interessa for den gamle nasjonale historia og det gamle nasjonale maalet vert sterkare i denne tid. Sume fer til aa interessera seg for norsk talemaal i notidi med. Trongi til kulturell sjølvhævding kjem kraftigare fram. Denne aandelege og nasjonale vakningi er det som er bakgrunnen for det nasjonale kravet um at dei skulde venda attende til eit norsk grunnlag i namneverket ogso (Indrebø 1927: 23).

Den økonomiske satsinga på innsamlinga av norske stadnamn var òg langt større tidlegare, da innsamlinga av namna var ein del av nasjonsbyggingsprosjektet, sjølv om behovet for å samle inn namn i dag er like stort. Rett nok var det ikkje noko fokus på å ta vare på dei samiske stadnamna i store delar av førre hundreåret, for den samiske kulturen var ikkje noko fleirtalet meinte hadde noka verd, og det var knytt

negative oppfatningar til samisk språk og kultur. Slike negative oppfatningar om det samiske finn ein framleis i dag, og eit døme på det er at det tospråklege skiltet til Kåfjord kommune blei skote på, da det først blei sett opp. Det var ikkje heile skiltet som fekk unngjelde, men berre det samiske stadnamnet på skiltet som blei skote sund. Ikkje alle likte at kommunen offisielt fekk både samisk og norsk namn, eller ville identifisere seg med eit samisk namn på kommunen.

Men det er ikkje nødvendigvis slik at ein berre kan ha tilhør til ei gruppe. Ein kan vere både same og norsk, og ein kan kjenne seg heime fleire stader i verda. Kva ”grupper” ein identifiserer seg med kan òg endre seg i løpet av eit livsløp.

Joining a group is in itself a very complex process involving factors linked with the subjects' most subjective and intimate history, their situation and status in society, etc. Hence identity is rather a network of identities, reflecting the many commitments, allegiances, loyalties, passions, and hatreds everyone tries to handle in ever-varying strategies. These imply language use to mark group affiliation, to reveal permitted or forbidden boundaries, to exclude or include, etc (Tabouret-Keller 1997: 321).

Akkomodasjonsteorien går ut på at ein vil prøve å tilpasse seg samtalepartnaren språkleg. Når det gjeld stadnamn, vil det komme til uttrykk ved at ein vil prøve å uttale namna slik dei blir uttala på ein stad, om ein vil signalisere lokalt tilhør, eller gruppetilhør. Ein lokal informant kan òg uttale namna mindre lokalt, og meir standardisert i møtet med innsamlarar, noko som er kjent for dei fleste som har drive med namneinnsamling. Boka *Landscape narratives* gjev uttrykk for noko av det same: ”Because certain symbols and references are context specific, familiar only to certain groups, their use can either include or exclude people from reading the landscape” (Potteiger and Purinton 1998: 17). Stadnamna kan vere slike symbol, som ikkje alle er like fortrulige med. Namneforskarer Huldén snakkar òg om at namn er eit sosialt ”signal for samhörighet”:

Namn og plats hör ihop, oberoande av hur namnen etymologiskt sett er bildade. Namnet är en nyckel til minnen och upplevda intryck. Att känna samma namn er detsamma som att veta lite om varandra. Namnen är en social signal for samhörighet. Ju fler namn man delar med någon, dess större är samhörigheten (Huldén 1994: 33).

Dei som er i same gruppe, vil kanskje dele mange av dei same stadnamna, noko Akselberg (2005) er inne på i sin artikkel om *det mentale onomastikon*:

In the same way that we can talk about a dialect in a geographic area, even if all the inhabitants in the region do not share an identical lexicon, identical morphology and identical phonology, Nyström claims that it is reasonable to talk about a *local-regional*

onomasticon even if the inhabitants do not share all the names (in the region) (Nyström 1996:142). My claim is that there does not only exist a local-regional *onomasticon*, but even a *national mental onomasticon*, a *social mental onomasticon* and an *idiomatic mental onomasticon* (Akselberg 2005: 69).

Det nasjonale onomastikon er da summen av namna innbyggjarane assosierar med ein nasjon, det regionale onomastikon er alle namna menneska i ein geografisk region koplar med regionen, og vidare er det lokale onomastikonet namna folk i eit lokalområde koplar med lokalområdet (til dømes ei bygd). Det sosiale onomastikonet er summen av stadnamna som medlemmene av ei sosial gruppe koplar med gruppa (ibid.: 69). Dette kan ein sjølvsagt problematisere, og spørje korleis ein skal velje ut namna som skal inngå i onomastikonet. Får til dømes alle namn som alle i Noreg koplar til nasjonen, vere med i det nasjonale onomastikonet. Eller må det vere fleire som assosierar namna til dette feltet? Uansett kan ein setje denne teorien i samband med at stadnamna har ein identitetsfunksjon. Dette er på mange eit vis ei vidareføring av den gamle inndelinga til Magnus Olsen i ”gårdens navn, bygdens navn og veiens navn” (Olsen 1939: 9).

5.5 Borte, heime eller uavgjort? (Globalisering)

Globaliseringsteoretikarar har snakka om at vi no på eit vis høyrer til i heile verda, og at vi ikkje lenger har tilhør til den eine staden i same grad som tidlegare. Per Thomas Andersen (2006) refererar i boka *Identitetens geografi* mellom anna til Anthony Giddens og Ulrich Beck, to som har skrive mykje om globalisering. I boka skriv Andersen om stader i litteraturen, og talar om at vi i dag er *plasspolygame*, mot at folk før var *plassmonogame*, med ein teori av sosiologen Ulrich Beck.²⁵ Det er heilt sikkert fleire som er mobile og som kan reise rundt i verda i dag enn tidlegare, så desse teoriane har nok noko for seg. Samstundes bør ein ikkje framstille det for svartkvitt korleis det var før i forhold til no.

Dei siste tiåra har som sagt antropologar og andre forskarar komme fram til at den lokale staden framleis er viktig for dei fleste av oss. Fleire folk reiser kanskje til andre land i dag, men dei fleste reiser ikkje jorda rundt heile året. Folk flyttar kanskje oftare enn før, men dei fleste bur på ein stad. Og som globaliseringsteoretikarane og

²⁵ Andersen (2006) nemnar stadnamn nokre gonger, men stadnamn er ikkje noko stort tema i boka. Mellom anna nemner han nokre stadnamn i Cora Sandels *Alberte-triologi*, og i Aksel Sandemoses *En flyktning krysser sitt spor*.

Andersen også påpeiker, er det berre eit lite mindretal i verda som har midler til å reise verda rundt. I Noreg har det blitt ganske vanleg å dra på ferie til fjerne stork, og dei fleste har råd til ein sydentur ein gong i blant. Men dei fleste vil ha ein bestemt plass å komme heim til. Vår kjennskap om verda er sjølvsagt mykje større i dag, fordi vi får bilete gjennom tv, filmar og internett. Samstundes er det ei grense for kor mykje nordmenn kan og vil engasjere seg for det som hender ute i verda, og utanriksstoff er det til dømes lite av i tabloidavisane.

Trond Thuen (2002) skriv om at folk godt kan kombinere tilhør til fleire stader, og å ha tilknytning til fleire stader:

Globaliserte samhandlingsfelt lar seg kombinere med lokaliserte identiteter, og for mange synes det ene å forutsette det andre. Dels kan vi se dette manifestert gjennom rekonstruksjoner av "hjemstedet" i form av erindringsbilder eller seremonielle former for tilbakevending [...] (Thuen 2002: 62).

Eit anna poeng er det dessutan at folk ikkje nødvendigvis var så plassmonogame før heller, det var mange som reiste i tidlegare tider òg. I Nord-Noreg reiste til dømes fiskarane mykje i samband med jobben, både til Lofoten, til Finnmarksfisket og til Bergen. Interessant er det at ei bok frå 1941, *Norge i tusen tunger*, seier følgjande om det norske folk:

Slik som Norge ligger til oppunder Polarsirkelen, som en barsk og karrig hjemstavn for et fattig, men sterkt og sunt folk, har store deler av befolkningen til alle tider søkt utenlands, som vikinger og landnåmsmenn i norrøn tid, senere som sjømenn, fangsmenn og utvandrere. Det er kampen for livsutkommet som har tvunget mange ut, men lysten til å besøke varmere og rikere land og oppleve den store verden har nok lokket de fleste. Men i det fremmede plager også hjemløsheten, og lengselen etter hjemlandet våkner og fører ikke så få før eller senere tilbake igjen. De fleste av våre diktere har også reist og flyttet ut for kortere eller lengre tid, og i all vår diktning bølger det en rytme av utfartstrang og hjemlengsel, som spennes til en motsetning mellom landstrykere (som Hamsun kaller dem i sin roman fra 1927) og bumenn (Smith 1941: 55).

Men sjølv om det blir sagt at stadnamn er knytt til identiteten til menneska, så har det ikkje vore gjort større undersøkingar om temaet i Noreg eller i Norden. Korleis kan ein eigentleg bevise, eller få folk til å uttale at namn er viktige for dei? Svært ofte er ikkje folk spesielt medvetne om stadene og stadnamna som omgjev dei i dagleglivet. Kanskje blir ein først verkeleg medveten om kva stadene og stadnamna tyder når ein flyttar frå heimstaden sin? Nokre kan lengte tilbake, andre hugsar tilbake på heimstaden med negative kjensler, medan det hos andre kan vere meir ambivalent. Nokre reiser frå barndomsstaden og tar samstundes avstand frå staden, kanskje fordi

dei har mange negative minne knytt til staden. Slik kan ein knyte negative minne til ein stad i staden for til seg sjølv, og såleis bokstavig tala i overført tyding reise vidare. Andre reiser frå barndomsheimen, men barndomsstaden held fram med å vere heim, ein stad ein har mange positive minne knytt til. Etter kvart vil staden ein ser for seg i minnet, kanskje vere svært ulik den verkelege staden. For stader er jo sjølv sagt stadig i endring. På same vis vil truleg Tromsø for gamle menneske vere svært forskjellig frå det Tromsø yngre folk ser for seg, sjølv om dei framleis bur i byen og på sett og vis har tatt del i endringane. Dei gamle vil jo heile tida kunne sjå for seg stadene slik dei var for lenge sidan, og dei vil kanskje kjenne til stadnamn som ikkje dei yngre kjenner (og omvendt).

Det finst òg menneske som har identitet knytt til stader dei aldri har budd på, viss foreldra deira kjem frå eit anna land, og dei sjølve er vaksne opp i Noreg. Eller viss dei er adopterte frå andre land.

Folk som lever i diaspora, har et forhold til hjemstedet som det stedet der de hører til uten å ha vært der. Det er det tapte stedet som de strever etter å komme til. På den andre side kan mange ha en oppfatning av hjemstedet som det stedet en vil bort fra, eller – dersom en har lyktes i å komme seg bort – som stedet en for all del ikke vil tilbake til (Thuen 2002: 62).

5.6 Er stadnamn knytt til identiteten?

Det vil heilt sikkert variere i kva grad stadnamna og stader tyder noko for folk. Kanskje kan det vere skilnader mellom menn og kvinner, yngre og eldre, folk i byen og på landet, bufaste og innflyttarar? Kurt Zilliakus (2002: 71) fann i alle høve at det var forskjell på kor mange stadnamn kvinner og menn, og eldre og yngre, kunne i tre finlands-svenske bygdesamfunn.

Viss ein skal kunne kaste lys over ein hypotese om at stadnamna tyder noko for identiteten til folk, må ein truleg bruke lang tid på kvalitative intervju. Ein måtte brukt mykje tid på å tale om dei namna folk kjenner til, om dei forteljingane og stadene dei er knytte til. Og kunne ein ha fått folk til å fortelje om dei brukte ulike namn i ulike samanhenger, når dei tala med forskjellige folk, utan at spørsmåla blei for leiande? Kanskje skulle ein helst ha fått laga opptak som viste korleis folk nytta stadnamn i dagleglivet, i samtale med andre. Men også det personelege planet er viktig å få med, i kva grad er forteljingar om eige liv knytte til stadene der hendingane gjekk føre seg? Dette siste punktet har sosialantropologane skrivne ein god del om dei siste par tiåra. Men deira fokus har sjeldan vore på stadnamna, viss ein ser bort ifrå antropologen

Keith H. Basso (1996) sine undersøkingar av stadnamn og tilhør til stad hos Apache-indianare, som er eit mykje sitert døme på tilhør mellom stadnamn og identitet.

Men er det kanskje òg mogleg å trekke ein konklusjon om at stadnamn tyder noko for folk sin identitet utan å gjere ei slik undersøking? Når sosialantropologien har komme fram til at stad og identitet er knytte saman, og sosiolingvistikken har funne eit samband mellom språk og identitet, må ein vel også kunne seie at det er ein samanheng mellom stadnamn og identitet?

Dialekten er knytt til både stad og identitet, og spesielt her i Noreg har vi ein sterk tradisjon for å knyte dialekten til ein stad-identitet. ”Dialekten blir slik sett å betrakte som et uttrykk, et symbol, for vedkommende persons stedlige tilhørighet; hennes eller hans tilknytning og identifisering til en mer eller mindre avgrenset geografisk lokalitet”, skriv språkforskaren Brit Mæhlum (1999: 15). På same vis kan ein også tenke seg at stadnamn er knytt til identiteten: Vi presenterar oss ofte med stadnamn, rett etter personnamnet vårt, når vi møter nye menneske. Og med dei som er frå same stad som oss sjølve, kan vi nytte felles stadnamn, og slik ha ein felles kode. Sidan vi kjenner mange av dei same stadnamna, vil vi òg ha mange felles referansar knytte til namna. For folk som bur på same staden kan stadnamna kanskje til dels ha same tyding. I ein by med mange innflyttarar, der det kan vere stor variasjon i korleis menneska talar, vil den felles kjennskapen til stadnamna vere noko som bind folk saman. Vi som bur på ein stad har noko til felles: vi ferdast på dei same plassane, vi ser dei same stadene i vårt daglege liv, vi kjenner truleg til mange av dei same stadnamna. Tidlegare var det truleg langt oftare enn no slik at felles historie i bygda var knytt til stadnamna, slik at stadnamna òg gjorde lokale historier lettare å hugse, og omvendt stadnamna lettare å hugse.²⁶

Den som slik ble lurt til å ta hodeplagget av, hadde hilst på Kjerringa, Oksen eller andre lokaliteter, og måtte by hver og en av mennesket på en dram. En ganske effektiv måte å lære leia å kjenne. [...] Ofte var det knyttet fortellinger til navnene som ble brukt på kjennemerker langs kysten. Om Møyaskrevet, som er det lite skjær i Herøy, ble det fortalt at en gang ble det satt en prinsesse i land der [...] (Skjelbred 2003: 27).

Bruken av stadnamn kan vere identitetsmarkørar for andre (kva namn du bruker og kjenner til), og dei stadnamna ein kjenner til, kan tyde mykje for den einskilde. Til

²⁶ Men dette er det førebels ikkje forska så mykje på. Det er i alle høve inntrykket mitt at folk i bygdene, spesielt før, kjende til historier knytte til namna, og ofte visste kvifor namna heitte det dei heitte. Kanskje er det ikkje så stor forskjell mellom by og land i dag. Her gjenstår det mykje forskning.

dømmes kan det vere viktig å ha lokal kjennskap om stadnamn i samtalar med andre. Sosiolingvisten Barbara Johnson (1990) skriv litt om slik geografisk ”smalltalk” i boka *Stories, Community and Place*:

Now that I no longer live in Fort Wayne, I find that telephone conversations with friends there often include this sort of talk, which is a way for me to demonstrate that I still have the sort of detailed knowledge of Fort Wayne Places that show my rootedness there. White residents of Washington, D. C., most of whom are not native to the city, use talk of this kind in a competitive way, as a method for establishing who has the greater right to call him- or herself a local (Johnson 1990: 121).

Ofte blir det, i samband med spørsmålet om stadnamn og identitet, peikt på at det kan oppstå sterke kjensler i namnesaker, spesielt når det gjeld bruksnamn. Skrivemåten for nedervde bruksnamn blir vedtekne av Statens kartverk, og mange bruksnamn har tidlegare hatt ein skrivemåte som har vore fjernt frå dagens rettskriving og frå den nedervde uttalen. Statens namnekonsulentar har derfor gjerne tilrådd ein annan skrivemåte enn den som eit stadnamn har hatt tidlegare. I mange av dei namnesakene der det har vore klaga mest, har folk ønskt at eit bruksnamn skal skrivast på same måten som slektsnamnet, til dømes Voie eller Woie for Våge. Og i desse tilfella er det kanskje i første rekke det at folk er knytte til slektsnamnet sitt som kjem til uttrykk? Men sakene har vel òg samanheng med at mange helst vil ha den skrivemåten av gardsnamnet dei er vane med, og er knytte til. Det er ikkje alltid like enkelt å endre eit stadnamn og overføre den tydinga ein har knytt til ein bestemt skrivemåte, til ein annan skrivemåte eller eit anna stadnamn. Det vil nok vere vanskelegare for eldre folk enn for yngre folk å endre skrivemåten på ein namn ein har tilknytning til, sidan ein med tida får fleire minne knytt til namna.

At stadnamn har samband med identitet, og lokal identitet, bør ein også vere merksam på når det gjeld å ta vare på stadnamna som kulturminne. Dei seinaste åra har det vore meir merksemd om å ta vare på dei samiske namna som kulturminne, enn å ta vare på lokale norske namn.²⁷

6. Namngjeving

²⁷ Dette skriv Gørill Nilsen om i artikkelen ”Fortidens spor i landskapet -veier til stedets identitet” (Nilsen 2003: 120).

I prosessene med å erobre sitt territorium navnelegger de området. Bjørndalen får sitt navn fordi et fangstlag her felt sin første bjørn, Stordalen er stor, på Daumannsodden er det mange graver fra hvalfangsttida, Kapp Olafsson får sitt navn etter lederen i ei fangstgruppe. I tillegg omskaper fangstmennee en del av stedsnavnene som eksisterte før deres tid. Safe Harbour kalles Sauehamna og Whales Point blir kalt Vallespynten, for eksempel. [...] I sin erobring og sitt virke omgjorde de landskapet til sted ved sin oppbygging av fysiske objekter og navnelegging. I en mektig geografi var stedene fysisk sett små, men likevel mettede kulturelle rom (Hauan 1999: 79).

6.1 Namngjeving før og no

”Alle de faktorer som på tal om namngivningen konstaterades ha inverkad vid namnens oppkomst har varit knutna til de namngivande personerna,” skriv Kurt Zilliacus (2002: 179). Poenget er at ein skal ta utgangspunkt i namngjevaren sitt synspunkt når ein tolkar stadnamna. Det er utgangspunktet for tolkinga av stadnamn, anten det gjeld gjennomslitige stadnamn, eller stadnamn som er meir vanskelege å tolke. Ein går ut ifrå at den som har gjeve ein stad namn, har freista å skildre staden gjennom namnet, og at namnet kan fortelje noko om staden. Mange stadnamn har eit appellativ, slik som elv, fjell, berg, hole, vik, og når det gjeld naturnamn, går ein ut ifrå at dette appellativet stemmer med terrenget på staden, eller i alle høve har gjort det ein gong. Gardsnamn og andre bustadnamn som har slike terrenglokaliserande appellativ, går ein ut ifrå har fått overta namnet til eit eldre naturnamn, og at det har gått føre seg ei denotasjonsending. Namnegranskarar poengterar derfor at ein bør kjenne topografien på staden før ein skal tolke eit stadnamn, og kart er gode hjelpemiddel. Men så må ein også hugse på at namngjevaren ikkje har hatt slike kart, og har halde seg nede på marka, eller kanskje iblant oppe i høgda (Stemshaug 1985: 44).

Stadnamn som er gjennomslitige, dvs. forstålege for oss i dag, viser at stadnamna svært ofte fortel noko om staden dei er namn på. Heiter staden Storelva, er det som regel snakk om ei stor elv, altså sett i forhold til storleiken til dei andre elvane i nærleiken. Eit slikt namn er svært vanleg, og det kan ein finne dei fleste stader. Eller det kan vere ein annan lokalitet som har fått namn etter elva, slik som områdenamnet *Storelva* i Tromsø. Heiter eit fjell *Svartberget*, så er det stor sjanse for at fjellet ser svart eller mørkt ut, eller har gjort det tidlegare. Men stadnamna kan òg fortelje om menneske som har brukt staden, eller kva arbeid som har vore utført på ein stad, eller kva naturressursar ein har kunne hente der. Det finst mange namn som *Tytebærhaugen*, *Geitneset*, *Kvanndalen*. Personnamn kan mange gonger òg inngå i

stadnamn, og da kan det både vere snakk om eit eigeforhold, om bruk av ein stad og spesielle tragiske hendingar som er knytt til ein stad. Det er ikkje her høve til å komme inn på alle dei ulike motiva som ligg til grunn for namngjeving av stader.

Tidlegare gjekk ein gjerne ut ifrå at alle stadnamn var gjevne individuelt som karakteriserande namn ut frå særpreg ved den einskilde plassen. No meiner mange at analogisk namngjeving har spela ei mykje større rolle enn ein har trudd i namngjevinga, og at folk kanskje ikkje har vore fullt så originale som ein tidlegare har gått ut ifrå.

Tidigare hade ortnamnen i huvudsak tolkats som individuella beskrivningar av platser, men nu framstod analogi som en förklaring till många participnamns uppkomst. Det visade sig at nästen hälften av namnen hade kommit till med existerande namn av samma typ og med samma stam som modell (Ainiala og Pitkänen 2003: 9).

Folk har hatt eit namnereportoar, eit namneforråd, som dei har henta namnekandidatar frå når dei har gjeve stader namn.

Analogin har dock inte fungerat så, at namngivare har känt till ett på ljudet av vatten baserat namn *Toriseva* skulle ha gett vilka nya platser som helst namnet *Toriseva*. Det har funnits en namngivningsgrund också i fråga om de analoga namnen, så att endast platser för vilka ljudet av vatten varit utmärkande har fått namnet *Toriseva*. [...] Undersökningen ledde också till den nya insikten att ett ortnamnsförråd är en systemhelhet, som väsentligen kompletteras internt ock som måste studeras som ett system ock inte som en mängd enskilda namn (loc.cit.).

Det er derfor ein ofte kan finne igjen same type namn mange stader, og derfor snakkar ein om at ein har motenamn, til dømes at stadnamn med namneledda *-vin*, *-by* og *-stad* har vore brukt innanfor bestemte område og tidsrom (Andersson 1994: 12). I Stemshaug (1985: 92) kan ein sjå kartoversikt over korleis til dømes *-vin*-namn har vore utbreidde i bestemte område.

Thorsten Andersson uttrykker det slik:

Egennamn ges på två principiellt olika sätt, dels genom att nya namn bildas med hjälp av de ordbildningsmedel som vid varje tid står till förfogande, dels genom att namn väljs ur ett redan givet förråd av namn. Vi kan för att skilja på dessa slag av namngivning tala om namnbildning resp. namnval (Andersson 1994: 11).

Namn har tradisjonelt vore prega av mykje endring, namn på små stader har kunne endre seg frå generasjon til generasjon, medan namn på større stader og lokalitetar har heldt seg meir stabile. Nye folkegrupper som har komme til ein stad har gjeve stadene nye namn, kanskje namn dei har brukt på stadene dei har komme frå,

eller dei har overtatt nokre av dei eksisterande namna. Men i dag er ikkje dei fleste van med å gje små stader namn, slik folk på bygda var van med før. Og stadnamna blir meir fastlagde i dag når dei kjem på kart og skilt, viss dei da ikkje forsvinn fordi staden ikkje er i bruk lenger. Ofte er det nokon i kommunen som i dag bestemmer kva dei nye namna skal vere, det er som regel snakk om nye gatenamn og andre adressenamn vi skal ha. Men det hendar også at det blir lyst ut namnekonkurransar, slik at fleire får vere med å komme med forslag til namn. Utbyggjarar av større bustadprosjekt er dessutan med på å forme kva adressenamn som blir brukt, og dette er ofte namn som skal vere så positive som moglege, for å selje leiligheiter til flest mogleg. Da går det fort inflasjon i strand og sol, sjølv om det truleg ikkje er nokon strand på staden.²⁸

6.2 Namngjeving i litteraturen

I litteraturen kan forfattaren velje å nytte eksisterande stadnamn eller finne på heilt nye namn, ho kan bruke reelle namn eller fiktive namn. Men forholdet er ikkje så enkelt, for dei reelle namna kan bli brukt om andre stader enn dei denoterar i røynda. Til dømes nyttar Karen Blixen namnet *Berlevåg* i *Babettes gjestebud*, og namnet tyder ikkje den staden vi i Noreg kjennar i hennar roman. Lokalkjende vil ha vanskar med å kjenne seg igjen.

Og om forfattaren bruker fiktive namn om ein stad, vil kanskje lesarar lese inn reelle stader i det fiktive namnet. Til og med om forfattaren let vere å nytte stadnamn, slik som Cora Sandel i *Alberte og Jacob*, kan lesarar og litteraturvitarar likevel lese inn eit stadnamn, i dette tilfellet Tromsø. I slike tilfelle er det biografien til forfattaren, og at ein litterær stad liknar på ein ”verkeleg” stad som gjer at ein likevel les inn stadnamn i teksten.

Ein forfattar som skal velje namn vil òg, slik andre namngjevarar, ta utgangspunkt i eit onomastisk ordforråd når ho skal velje namn. Så sjølv om namnet eller liknande namn finst andre stader, treng det ikkje vere snakk om ein bestemt stad som finst på kartet.

Uansett om namna som blir brukt er fiktive eller ikkje må ein sjølv sagt skilje mellom den litterære verda og ”røyndommen”, det er sjeldan ein kan seie om ein

²⁸ To døme frå Tromsø frå dei siste fem åra er boligprosjekta Strandkanten og Strandlandet.

litterær tekst at han er heilt og fullt sjølvbiografisk. Sjølv ikkje sjølvbiografiar kan ein vere sikker på stemmer i alt og eit. Dette er det gamle spørsmålet om mimesis, eit tema eg ikkje skal gå så nøye inn på i denne oppgåva.²⁹ Mimesis var, og er framleis for mange eit ideal for diktinga, sjølv om medvitet om litteraturen ikkje kan spegle røynda er større i dag. I realistiske romanar freistar ein meir å oppnå ei likskap med røynda enn i andre sjangrar, og å nytte stadnamn er ein måte å oppnå ei kjensle av at det er røynda som blir skildra i ei bok. Men ei bok kan sjølv sagt aldri vere heilt lik røynda, og staden som blir skildra i ei bok vil ikkje nødvendigvis vere lik den verkelege staden i alt og eitt.

Men noko vatntett skilje mellom litterære stader og ”verkelege” stader finst sjølv sagt ikkje. Om nokon har lese ei bok som går føre seg i London, vil denne boka kunne påverke lesaren sitt mentale bilete av London. Omfattande lesing av russiske klassikarar kan likeins påverke biletet ein lesar har av Russland: Om det einaste ein lesar veit om Russland har sitt opphav i lesing av *Anna Karenina* av Lev Tolstoj, er det eit godt døme på at lesing av litteratur, eller andre kunstformer, kan påverke oppfatninga av stad. I Dublin sel dei tildømes temaomvisningar til turistar, der ein skal gå i fotspora til Bloom/Joyce i *Ulysses*. Litterære tekstar er sjølv sagt ein del av den røynda vi opplever, og kan forme oppfatninga til menneska på mange område.

I fantasy- og science fiction vil forfattaren overvegande nytte fiktive namn, som gjerne lyder framandarta. Namna skaper stemning, og dei markerer at det ikkje er *vår* verd. Men i fantasy litteraturen kan det gjerne vere stadnamn, som minner om vår eiga verd. Her er det er nettopp eit poeng å skape ei truverdig verd, og stadnamna spelar her ein viktig rolle, ved at dei indirekte fortel at verda har ei historie. Å ha med kart med stadnamna er svært vanleg i fantasybøker, heilt sikkert delvis influert av *Ringdrotten* av J.R.R. Tolkien. Science fiction-litteraturen har gjerne ikkje med like mange stadnamn som fantasy-litteraturen. Der ein i fantasyromanar går til fots, rir eller køyrer båt, køyrer ein romskip i science fiction-romanane, og får derfor ikkje med seg alle smånamna i skog og hei. Det mest vanlege i fantasy og science fiction er som sagt at namna er fiktive, men nokre gonger kan det vere brukt namn frå vår eiga verd, som får eit nytt innhald. Slik blir det skapt ei verd parallell til vår eigen, der namna har ei anna historie. Det siste er det eit døme på i *Den mørke materien*-

²⁹ Mimesis sette Aristoteles fram som eit ideal for diktinga. Mimesis tyder at diktinga skal spegle røynda.

trilogien til Philip Pullmann, der noko av handlinga går føre seg i eit parallelt og alternativt *Oxford*.

7. Kva tyding har eit stadnamn?

Han spring framleis, nedover, over Barlønnskåra, Sirikleiv, Skarsli, Øvste Stien, fram på Forekammen, gjennom dei presise namna på stadia i ein produksjonsprosess som bryt saman og gror til og blir borte i stilla etter dei lange stega hans. [...] [S]pring over surklande myrar som ikkje lenger er slått, gjennom skogkrullar som ikkje lenger er ved, under furuskog som ikkje lenger er tømmer, tar seg i askerenningar der borken ikkje lenger er skav, glir i bratte legder som ikkje lenger er beite, veit kor han er med namn som ikkje lenger nemner levebrødet hans, som snart skal misse all tyding, bli gløymd og erstatta med: Lillaberget, Storaberget, Lillefjellet, Knatten, Knausen, Den store steinen, Åsen, Høyden bak fabrikk, Tjernet, Utsikten (Fløgstad 1977: 26).

7.1 Diskusjonen omkring tydinga til eit stadnamn

I stadnamnforskinga har det lenge vore ein diskusjon omkring kva tyding stadnamna har, og om stadnamn i det heile tatt har ei tyding utover å peike på staden. Denne diskusjonen har heller ikkje gått føre seg berre mellom stadnamnforskarar, men kva tyding eigennamn kan ha, har og vore diskutert av filosofar og språkfilosofar i lang tid. Når det gjeld alle typer eigennamn, har det vore diskutert om namna har meining utover å peike på namneberaren. Men når det gjeld stadnamn får diskusjonen ein ekstra dimensjon, i òg med at namna har hatt ei tyding i alle fall da namna fekk namn: Dei fleste stadnamn er gjevne for å fortelje noko om staden og for lettare å hugse kva stad namnet peiker på. Men mange stadnamnforskarar meiner at denne tydinga til stadnamna, som er nedfelt i sjølve namnet, etter kvart blir viska ut.

Proprium, det vil seie namn, er monoreferensielle, i motsetning til appellativ, som peiker på ei heil klasse av substantiv. Eit stadnamn, til dømes *Nordgården*, peiker berre på òg ein stad, trass i at det kan vere fleire stader som heiter det same. Men ein talar ikkje om ei eigen klasse *Nordgården*, som alle tyder det same. Stadene har ikkje nødvendigvis så mykje til felles sjølv om dei har same namnet, anna enn at ein kanskje kan tolke inn i namnet at alle stadene eller gardane finst nord i bygda. Men det treng ikkje vere tilfellet i dag, sjølv om det moglegvis ein gang har vore tilfellet. *Nordgården* kan dessutan godt vere namn på noko anna enn ein gard.

Men kva tyder namna utover å peike på ein bestemt stad? I stadnamnmiljøet er det førebels ikkje blitt semje om kva som er rett: Har stadnamn meining utover å referere til staden, eller ikkje? Dei som argumenterar for at stadnamna ikkje har tyding, meiner at folk i daglegtalet ikkje legg vekt på tydinga til dei orda stadnamna er sett saman av. Vibeke Dalberg er blant dei som meiner at stadnamna ikkje har noko tyding:

There is no doubt that proper names from an etymological point of view can have been created as descriptive formations but from the moment that a linguistic entity acquires the function of a proper name [...] the appellative semantic features which may have been present before the stage at which it became a name are suspended (Dalberg 2002: 11).

Kurt Zilliakus meiner også bestemt at stadnamna ikkje har noka tyding utover å peike mot staden dei er namn på (Zilliakus 2002: 157). Zilliakus bruker eit stadnamn, *Bjørnvik*, som døme, og spør lesaren om han eller ho koplar dette namnet med bjørnar? (Zilliakus 2002: 158) Her vil eg innvende at om ein kjenner til det leksikalske innhaldet i orda *bjørn* og *vik*, så vil ein også lett få assosiasjonar til desse når ein høyrer stadnamnet. Det er nok rett at ein neppe vil tru det bur bjørnar der, men kanskje tenkjer ein at det har vore ein bjørn der ein gong? Bjørnvik, eller eventuelt Bjørnvika, vil ein dessutan truleg oppfatte som eit meir positivt ladd namn enn til dømes Sauevika, fordi *bjørn* er eit ord vi har positive konnotasjonar til i vår kulturkrets (viss ein ikkje er sauebonde). Så er da også "bjørn" langt vanlegare å bruke i stadnamn enn "sau". Som nordmann les ein Bjørnvik som eit svensk namn, men samstundes er namnet fullt forståeleg, fordi ordet for *bjørn* er det same på norsk, men med ein annan ortografi. Namnet fortel dermed både om likskapen og forskjellen mellom norsk og svensk.

I andre samanhenger skriv Zilliakus òg mykje om den kulturhistoriske tydinga, og tolking av tydinga til stadnamn. Det verkar motsetningsfullt at ein slik talar om at stadnamna er tydingslause, ut over å peike mot staden, i ein generell samanheng, medan stadnamna ber på mykje tyding når ein tolkar dei enkelte namneelementa. Det verkar heller ikkje sannsynleg at namna skal miste den tydinga dei nettopp har fått, i det same dei blir laga som stadnamn, slik Dalberg uttrykker det i sitatet over. Ein får kanskje gå ut ifrå at det er sett litt på spissen i dette sitatet.

Mange stadnamnforskarar er da heller ikkje einig i dette synet, og nokre held fram at begge syn har noko for seg, og at sanninga truleg er eit stad imellom desse. Eg

er heller ikkje ueinig i at tydinga til orda stadnamna er laga av, trer i bakgrunnen i dagleg bruk, fordi vi ser for oss *staden* direkte i staden for å tolke namneledda. Vi er også vane med at stader kan ha merkelege uforståelege namn, og slike namn fungerer som nemnt like godt som meir gjennomsiktige namn. At nokre namn ikkje har ei tilgjengeleg tyding er likevel ikkje noko godt argument for at namn generelt ikkje har tyding.

Vanlege folk, altså andre enn forskarar, interesserar seg òg for tydinga til namn, sjølv om ein sjølv sagt ikkje tenker over tydinga til eit namn kvar gong ein bruker det. Men i dei tilfella der stadnamnet faktisk skildrar staden godt, trur eg ein blir meir merksam på tydinga, til dømes når eit rundt vatn heiter *Rundvatnet*. Det blir som når folk legg spesielt godt merke til det når nokon som jobbar med fiskeoppdrett heiter *Fiskvik*, eller ein oljearbeidar heiter Borvik. Vibeke Dalberg nemner òg to slike døme: ein fisker som heiter Fisker og ein lege som heiter Rask (Dalberg 2002 : 13). Slike døme kan ein finne mange av, og slike døme er òg avisene glade i å kommentere. Thorsten Andersson skriv om den etymologiske tydinga til namn:

I ortnamn träder visserligen den etymologiske betydelsen mer ock mer i bakgrunden, helt naturligt för monoreferentiella ord, men i etymologisk genomskinliga namn kan den leva kvar, och särskilt är detta fallet i namn som Kyrkan med direkt motsvarighet i ett likalydande appellativ (Andersson 1994: 12).

I stadnamnforskinga blir det ofte poengtert at ein må tolke namna ut ifrå namngjevaren sitt synspunkt (jf. kapitlet om namngjeving), der stadnamnet blir som ei utsegn, eller ein bodskap, som vi må tolke ut ifrå avsendaren si tid og sin kontekst (så langt det er mogleg å kjenne den). Her har eg lånt omgrep frå kommunikasjonsteorien, for å poengtere at det ikkje var tilfeldig at namna fekk dei namna dei fekk, at dei var meint å skulle kommunisere noko utover å vere namn på staden. Stadnamna skulle gjerne fortelje noko om plassen dei var namn på, og gjere det enklare å hugse og kople namnet med staden. Stadnamna var altså ikkje opphavleg arbitrære, slik som andre språkteikn, da dei blei gjeve av namngjevaren. I alle høve må ein gå ut ifrå at namngjevaren i dei aller fleste tilfella ønskte å kommunisere noko om tilhøva på staden, kanskje først og fremst for å lettare hugse kva namn som hørde til kor i terrenget. Sjølv om det har vore nytta analogi i mange tilfelle, og namngjevarane har kunne ta utgangspunkt i andre namn og måtar å danne namn på, så blei nok dei fleste namna gjeve fordi namngjevarane meinte dei passa inn på staden.

Når ein samanliknar tydinga til stadnamn med staden, ser ein ofte at namna passar med landskapet. Og kjenner ein litt til stadnamntolking og namnegjeving, kan ein nok lese meir tyding ut av namnet enn ein elles vil kunne gjere. Stadnamn kan sjåast på som ein komprimert tekst, som gjennom namnet fortel noko om staden (Andersson 1994: 8). Stadnamnforskinga har vore mest opptatt av å finne denne meininga ved stadene og stadnamna – som namngjevarane eingong la i namna. Det er altså namngjevarane sine historier og konnotasjonar til staden ein har vore mest opptatt av å finne fram til. Men folk som bruker namna i dag vil òg ha sine konnotasjonar til stadnamna, til dømes staden der tante mi bur, eller der familien bruker dra på skitur.³⁰

Det er også mange stadnamnforskarar som meiner at stadnamn *har* ei tyding utover å vise til staden dei er namn på. Mellom anna skriv Terhi Ainiala i artikkelen ”On change in place-names”:

Changes in names and variation between different forms reveal something of the essence of the place-names themselves. Variation between forms is an essential feature of most place-names. The shape and the form of a name may vary according to the people and the situations involved. Such variation is a clear indication that an identifying or appellative meaning exists (Ainiala 1997: 91).

Og det er òg mange som meiner det må vere eit både og. Ein kan finne argument for begge synspunkt. Eit argument for at stadnamna ikkje har anna tydinga enn å peike på staden, er som nemnt at mange namn er uforståelege leksikalsk sett, men dei fungerer likevel som stadnamn. Mange stadnamn er uforståelege, fordi dei er så gamle, og består av ord som har gått ut av språket elles. Nokre namn kan vere nesten umoglege å tolke, også for fagfolk. Vi treng altså ikkje skjøne ordet eller orda i stadnamna for at dei skal kunne fungere som eit stadnamn. Men samstundes er det svært mange stadnamn, spesielt på mindre lokalitetar, som er forståelege for oss, og som fortel noko om tilhøva på staden (eller i alle fall fortel noko om tilhøva på staden tidlegare). Stadnamnforskinga har vist at namn på slike mindre lokalitetar ofte kan endre seg,

³⁰ Viss ein verkeleg skal ta vare på stadnamna som kulturhistorie, bør ein derfor også samle inn dei historiene folk kan fortelje om stadene. Slike felles historier knytt til namna, som godt kan vere nedarva (og som det var mykje av i dei gamle bonde- og fiskarsamfunna) trur eg er i ferd med å bli mindre vanlege enn før. Dei yngre lærer no langt færre namn i nærmiljøet, og i dag baserar ein seg kanskje meir på å lese om gamle namn og lokal kulturhistorie i bøker (eller på internett). Men folk vil sjølv sagt framleis ha historier knytt til namna, ikkje minst personlege historier, som nemnt i kapitlet om stadnamn og identitet.

stadene kan få nye namn når nye menneske kjem dit, av nye generasjonar eller av tilflyttarar (Ainiala 2000: 34).

Fleirspråklege område gjev også døme på begge delar. Når norsktalande busette seg i samisktalande område i Nord-Noreg er det døme på at dei overtok dei lokale samiske namna på ulike vis. Namna kunne bli overtatt i ei lydleg tilpassa form (som var lettare å uttale for norsktalande), dei kunne bli omsett til norsk, eller ein heldt fram med å bruke dei samiske namna. Viss dei norsktalande også forsto samisk ville tydinga til namna uansett vere forståelege, men for mange nordmenn i dag er dei samiske namna for ein stor grad uforståelege. Men sjølv om ein ikkje kjenner den leksikalske tydinga, så vil samiske stadnamn likevel vere knytt til ein samisk identitet. For mange er dette positivt, medan for andre kan dette framleis oppfattast som noko negativt, sidan det samiske så lenge blei nedvurdert. Lydleg tilpassa namn, eller ei blanding; der første namneledd er tilpassa, medan andre ledd er oversett, kan vere så innarbeida at dei ikkje nødvendigvis blir knytt til noko samisk. Eit døme på det kan vere *Kåffjord*.

Språkfilosofen John R. Searle diskuterar kva tyding eigennamn har i eit kapittel boka *Speech Acts – An essay in the philosophy of language*. Han skriv ikkje her om stadnamn spesielt, men om eigennamn generelt. Han argumenterer for at eigennamn si tyding ikkje einast er refererande, og for eit standpunkt som finst mellom to kjende motpolar i denne debatten, John Stuart Mills og Gottlob Freges syn på saka:

What I have said is a sort of compromise between Mill and Frege. Mill was right in thinking that proper names do not entail any particular description, that they do not have definitions, but Frege was correct in assuming that any singular term must have a mode of presentation and hence, in a way, a sense (Searle 1969: 170).

Mange meiner at stadnamn berre har tydinga å peike mot staden. Men kva er staden? Kva skiljar staden frå andre stader? Er det ikkje nettopp denne tydinga vi legg i eit stadnamn, at vi knyter stadnamnet til staden det er namn på. Ein stad er ein ganske kompleks storleik, som kan ha mykje tyding, spesielt for dei som kjenner staden, som vi såg i kapitlet om stadnamn og identitet.

Searle refererer kva Frege har skrive om namn som menneska kan ha vidt forskjellig oppfatning om tydinga til: “Thus according to Frege, unless our descriptive backing for the name is the same, we are not even speaking the same language” (Searle 1969: 169). Viss vi ikkje har den same oppfatninga av staden, så kan ein argumentere for at ein ikkje talar om den same staden, sjølv om ein nyttar same

stadnamnet. Dette synet kan ein gjerne knyte til Margaret Rodmans term *multilocality*, som tyder at menneska oppfatar stader ulikt (Rodman 1992: 646). Men så lenge ein trur at ein snakkar om den same staden kan ein likevel bruke stadnamnet meiningsfullt. Likevel kan det vere viktig å ha rett uttale av stadnamnet, for om ein uttalar det feil kan det bli oppfatta slik at ein ikkje veit kva ein snakkar om. Mange stadnamn kan ha ein lokal uttale som er annleis enn leseuttalen av namnet, til dømes leseuttalen Andenes kontra den lokale uttalen ”annjnes”. Viss ein uttalar namnet feil vil ein bli oppfatta som ein som kjem utanfrå, som ikkje veit kva ho snakkar om. Kva form stadnamnet har er altså ikkje likegyldig. Searle konkluderar diskusjonen slik:

My answer then, to the question, ”Do proper names have senses?” – if this asks whether or not proper names are used to describe or specify characteristics of objects – is “No”. But if it asks whether or not proper names are logically connected with characteristics of the object to which they refer, the answer is “Yes, in a loose sort of way” (Searle 1969: 170).

Men her er det viktig å vere obs på at han ikkje skriv om stadnamn spesielt, og han er heller ingen onomastikar. At stadnamn, og da spesielt naturnamn, ofte kan skildre staden, er eit spørsmål han ikkje diskuterar i boka. Han diskuterar tydinga til eigennamn generelt, om namn kan seiast å ha ei meining, eller ”sense” som han skriv, utover å referere til eit objekt. Dette uttrykket han bruker: ”in a loose sort of way”, vil eg velje å kalle konnotasjonane til stadnamna.³¹ Språkforskaren Otto Jespersen har òg argumentert for at namn kan få mange konnotasjonar knytt til seg:

In Mill’s terminology, but in absolute contrast to his view, I should venture to say that proper names (as actually used) ”connote” the greatest number of attributes. The first time you hear of a person or read his name in the newspaper, he is ” a mere name” to you, but the more you hear and see of him the more will the name mean to you. Observe also the way in which your familiarity with a person in a novel grows the further you read (Jespersen 1924: 66).

7.2 Encyklopedisk tyding

John M. Anderson bruker òg mykje plass på å diskutere spørsmålet om tydinga til namn, og ulike syn på saka i boka *The Grammar of Names* (2007). Tidlegare har det vore skrive lite om namn i grammatikkar, vanlegvis har namn berre vore nemnt som ein underkategori under substantiv (Anderson 2007: 74). Han tar i boka si som

³¹ Min måte å bruke ordet konnotasjon svarar til måten konnotasjon blir definert i *Litteraturvitenskapeleg leksikon*, som nemnd i innleiingskapitlet.

utgangspunkt mykje som har vore skrive om namn og tydinga til namn frå før, mellom anna i onomastikken.

In particular, along with other culturally informed studies, it may serve as a corrective to some limitations of other traditions, such as the neglect (in some philosophical work, for instance) of social, including ritual and magic (onomastic), conditions on naming and the use of names (see e.g. Lyons (1977: §7.5)), and the failure to recognize the variety of name types and name structures, and their functions in language use (Anderson 2007: 76).

Og han held fram med å seie, i den innleiande delen av boka:

Each of these "great traditions" leads us through primary occupations aspects of the meaning and communicative function of names to where we can attempt to assess how these relate, if at all, to the morphosyntax of names, our focus of attention (ibid.: 76).

Anderson freistar i boka å sjå på tydinga til namn i samband med namna sin syntaks og morfologi, det vil seie namna sin grammatikk (som er namnet på boka). Han meiner at namn har *sense*, men i utgangspunktet ei *minimal sense*, som til dømes at Joan er menneske, hokjønn (ibid.: 118). Han uttrykker det slik:

"Names, in (largely) lacking sense, do not denote (though they are associated with more or less encyclopaedic information)[...]" (ibid.: 81). "Encyclopaedic knowledge" har Anderson tidlegare i boka definert ut av det han kallar *sense*. Han skildrar "encyclopaedic knowledge", i den samanhengen han bruker ordet, som: "beliefs about the "real" and other (fictitious) words that attaches to particular denotata or referents (ibid.: 79).

Making a differentiation between lexical and encyclopaedic knowledge does not necessary imply that there is a sharp distinction between the two. Indeed, all lexical knowledge that is not totally desemantized is encyclopaedic, "sense relations" reflect knowledge of the world. However, all of what I shall refer to as "encyclopaedic" knowledge is not embodied in individual lexical items of the language and the sense relations they enter into; but a particular item can be a mental address for information relating to the denotata or the reference (in the case of names) of the item; and this information may be more or less difficult to describe "periphrastically" (Anderson 2007: 79).

Anderson refererar ein annan plass til at Otto Jespersen bruker ordet konnotasjon i samband med tydinga til namn, men han er ikkje heilt overtydd over dette synet, og meiner at det botnar i "Jespersen's acknowledgment of the fact that in the case of many names we have extensive encyclopaedic knowledge of one or more of the referents of the name" (Anderson 2007: 166). Men å definere *ut* noko av tydinga til stadnamna fungerer sjølvstøtt dårleg i ei oppgåve der ein skal tolke kva stadnamna tyder i ein litterær tekst. Her vil all tyding stadnamna ber på, vere relevant, anten

denne tydinga er ein del av stadnamnet sjølv, eller namnet berre er ein ”mental adresse” for denne tydinga.

7.3 Språkteiknet hos Saussure og Peirce

Det kan i denne samanhengen også vere nyttig å vise til lingvisten Ferdinand de Saussures og Charles Sanders Peirces teiknomgrep. Språkteiknet til Saussure er todelt, det har ei uttrykkside; signifikanten (signifiant) og ei innhaldsside; signifikatet (signifié) (Chandler 2002: 18, 32, Lothe 1997: 229).³² Hos Saussure er *signifikanten* vår førestilling om teiknets uttrykksstruktur, og *signifikatet*, altså innhaldet til teiknet, er den førestillinga vi har om tingen. I ettertid har mange brukt omgrepet om den konkrete tingen i verda, men eigentleg peiker det mot *førestillinga* om teiknet, ikkje om tingen sjølv.

Peirce sitt teiknomgrep er tredelt, og her er det og laga ein plass til sjølve tingen.³³ Hos Peirce er teiknet sett saman av representamen (forma til teiknet), interpretant (førestillinga om tingen), object (det som teiknet refererar til). Ein kjent semiotisk triangel, er trekanten til Ogden og Richards. Her blir i staden desse omgrepa brukt: symbol, thought or reference og referent (Chandler 2002: 32). Sjølv om ”tingen” har fått ein plass i denne modellen, meinte ikkje Peirce at vi kan oppfatte tinga rundt oss direkte, utan at dei er ”mediert” gjennom teikn.

Førestillinga om tingen treng ikkje å vere noko ein har felles med alle andre, og denne førestillinga kan endre seg over tid. Stadnamnet peiker heller ikkje direkte til staden, men til førestillinga om staden hos dei som nyttar, høyrer eller les namnet. Denne førestillinga kan variere frå person til person, og kan ha i seg både eit mentalt bilete av staden, og slik eg ser det, også historier knytt til staden og ei haldning til det språklege uttrykket. Det at stadnamn har fleire ulike funksjonar, kan ein òg sjå som argument for at fleire tydingslag er knytt til stadnamna. John R. Searle (1969:172) skriv at ”namn er knaggar vi heng skildringar på”, eg vil uttrykke det litt annleis og seie at stadnamna er knaggar vi heng *historier* på.

³² Sjå figur i vedlegg 2.

³³ Sjå figur i vedlegg 2.

7.4 Forskjellige kontekstar

Stadnamn består ofte av fleire ord, ein kan som sagt sjå på det som ein komprimert tekst som ofte fortel noko om staden. Kanskje er ein måte å sjå på tydinga til stadnamn, at ein kan skilje mellom ulike kontekstar stadnamna inngår i. I vanleg språkbruk, når ein skal tale om kvar ein har vore eller kor ein skal, er det kanskje hovudtydinga til stadnamna, det å vere namn på ein stad, som er viktigast. I andre samanhenger spelar truleg andre aspekt ved namna òg inn. Spesielt om det er stader som er viktige for ein person eller ei gruppe, vil ein truleg bry seg meir med kva stadnamna tyder. Det blir tydeleg når ein ser at interessa for lokale stadnamn er størst i dei lokalsamfunna der stadnamna finst. Ofte blir det skrive om stadnamn og tydinga til stadnamna i bygdebøker og lokalhistorieverk. Historier knytt til namn er gjerne viktigast for folk som bur på ein stad, men det er òg noko som kan gje ein stad særpreg til dømes i forhold til turistar. Når stadnamna blir brukte i litteraturen, og spesielt i poesien, er det òg andre aspekt som kjem inn i biletet enn berre å vere ein merkelapp på ein bestemt stad. Leksikonartiklar om stadnamn kan fortelje om nokre av konnotasjonane vi har til stadnamnet, i form av historier om stader, og kva slags stad det er snakk om. Men slike leksikonartiklar kan ikkje vere uttømmende for kva einskildpersonar kan knyte til staden.

Ein kan tenke seg at mange som høyrer til same kulturkrets kan dele mange av dei same konnotasjonane, og likeins at mange som høyrer til same gruppe i eit nærmiljø, kan dele mange av dei same konnotasjonane til stadnamn. Dei kan vere forma av bruken av stadene og av samtalen om stadene, kanskje historier om namna og ei felles haldning til kva namn som er pene og liknande. Her kan ein også bringe inn omgrepet "det mentale onomastikonet" som blei omtala i kap. 5.4 (Akselberg 2005: 69). Her kan det vere forskjell på kva ordforråd av stadnamn som høyrer til den lokale sfæren eller den nasjonale, for å nemne to døme.

8. Tydinga stadnamn har i diktning

I det førre kapitlet skreiv eg om kva tyding stadnamn har i dagleglivet og i namneforskinga, og at det ikkje er konsensus mellom stadnamnforskarar, lingvistar og filosofar om kva tyding stadnamn og andre namn har. Nokre meiner tydinga berre er å referere til eit denotatum, til ein stad eller ein person. Men i litteraturen, og spesielt i poesien, blir det sjølv sagt annleis. I kapitlet om stadnamn og identitet var det eit viktig poeng at menneska knyter historier og minne til stader og stadnamn. Menneska bryr seg om stader, og stadnamn og stader tyder noko for oss, vi knyter historier til stadnamna. Når namna får historier knytt til seg, er det ein måte å skilje stader frå kvarandre og skape meining i tilveret. Namn har fleire tydingslag også i dagleglivet, noko denne gåtevitsen faktisk kan vere med å illustrere:

Spørsmålet: "How can I get to Carnegie Hall?"

Svaret: "Practice!"

Denne vitsen skjøner ein først om ein har kjennskap til staden utover kvar han er å finne på kartet. Vitsen er at ein ventar eit svar som skal vere ei skildring av korleis ein fysisk skal kunne dra til Carnegie Hall, ei forklaring om kva veg ein skal ta og kva slags transportmiddel ein må nytte. I staden handlar svaret om korleis ein kan *kvalifisera seg til å spele* i Carnegie Hall, og for å skjøne vitsen, må ein altså vite minst to ting om staden: At Carnegie Hall er ein konsertsal, og at det berre er dei flinkaste musikarane som får spele her, det er med andre ord ein eksklusiv stad å få lov å spele. Denne vitsen spelar altså på at stadnamn har fleire funksjonar enn ein adressefunksjon, eller lokalisierende funksjon.

I poesien vil ein nettopp leggje meir vekt på alle tydingslaga eit stadnamn har, anten desse tydingane er nært eller laust knytt til stadnamna. Barthes uttrykker det slik i artikkelen "Proust og navnene":

Sagt på en annen måte: Dersom Navnet (som heretter betyr egennavnet) er et tegn, er det et volumniøst sådant, et tegn som alltid er tykt av lag med tettskrevet mening og som ingen form for bruk kan redusere og forflate, i motsetning til fellesnavnet, som aldri gir mer enn en betydning for hvert syntagma. Det proustianske Navn er i seg selv og i hvert tilfelle ekvivalent med en hel leksikonkolonne: Navnet Guermantes dekker umiddelbart alt hva minnet, anvendelsen og kulturen kan legge i det; det har ingen selektiv restriksjon, syntagmet det er plassert i er det komplett likegyldig; det er på sett og vis et semantisk monstrum[...] Med sin semantiske tykkelse (man fristes å si "lagdannelse") åpner det

proustianske Navn for en fullverdig semantisk analyse, som forfatteren selv ikke unnlater hverken å postulere eller å skissere[...] (Barthes 1994: 66).

Denne skildringa av eigennamnet er sjølv sagt inspirert av at Proust sjølv legg så mykje vekt på namna som berar av minne i sitt verk *På sporet av den tapte tid*. Proust skriv sjølv om kva tyding ein kan finne i eit namn: ”Men senere finner jeg, for dette ene og samme navnets nærvær i min bevissthet, syv eller åtte forskjellige åsyn.”³⁴

Men har det noko å seie kva stadnamn som blir valt av diktaren? Det er ikkje sikkert at det alltid vil ha så mykje å seie kva namn ein vel i eit dikt, men ulike namn kan gjeve forskjellige konnotasjonar, som vi snart skal komme nærmare inn på. Og nokre stadnamn vil passe betre inn i ein samanheng enn andre. Det er derfor ikkje fullt så enkelt som Michael Riffaterre (1973) får det til å høyrast ut, når han snakkar om kva namn ein kan velje i poesien:

In fact any name will do as a place name, so long as the grammar introduces it as such and it is italicized. Put dots or an X after a preposition like *at* or before a noun like Valley, and you have conventionally but irrefutably localized your story within a setting (Riffaterre 1973: 232).

I utgangspunktet vil ein kunne velje mellom mange stadnamn når ein skriv ein poetisk tekst, men kva namn ein vel vil kunne ha mykje å seie for korleis diktet blir lesen.

8.1 Stadnamn som metonymi?

Viss ein skal bruke omgrep frå retorikken, kan ein kanskje seie at stadnamn i dikt kan fungere som synekdoke eller metonymi. Synekdoke og metonymi er beslekta omgrep, og fleire teoretikarar skil ikkje mellom dei to (Janss og Refsum 2003: 106). David Chandler skriv dette om metonymi i boka *Semiotics, The basics* (2002):

While metaphor is based on apparent unrelatedness, metonymy is a function which involves using one signified to stand for another signified which is *directly related* to it or *closely associated* with it in some way. Metonyms are based on various indexical relationships between signifieds, notably the substitution of effect for cause.

[...]

Metonymy includes the substitution of:

- effect for cause (“Don’t get hot under the collar!” for “Don’t get angry!”);
- object for user (or associated institution) (“the Crown” for the monarchy, “the stage” for the theater and “the press” for journalists);

³⁴ Frå *På sporet av den tapte tid*, bd. V, s. 9 (sitert etter Barthes 1994: 168).

- place for event ("Chernobyl changed attitudes to nuclear power");
- place for person ("No. 10" for the British prime minister);
- place for institution ("Whitehall isn't saying anything");
- institution for people ("The government is not backing down").

Ein ser her at fleire av døma på metonymi inkluderar bruk av *stadnamn*, og i *Lyrikkens liv* (2003) bruker dei òg eit døme på personnamn som metonymi:

Å lese Vergil vil si at man leser i Vergils skrifter, og da har man angitt opphavsmannen istedenfor verket. [...] Mens synekdoke er basert på et tilhørighetsforhold, er metonymien basert på nærhet. [...] Tropen blir i begge tilfeller et tegn, et vink i retning av det som den tilhører eller står i et forhold til (Janss og Refsum 2003: 107).

Chandler (2002) skriv at definisjonen av synekdoke varierar mellom ulike teoretikarar, det vanlegaste er å bruke synekdoke der ein del står for ein heilskap. Nokre bruker synekdoke der ein del står for heilskapen, men ikkje heilskapen for del, og nokre bruker synekdoke der eit element er fysisk del av noko anna (Chandler 2002: 132). Men det er som sagt omdiskutert om ein i det heile skal skilje mellom metonymi og synekdoke, og kor dette skiljet går. Eg vel derfor her å bruke omgrepet *metonymi*, og ikkje skilje mellom dei to omgrepa. Lingvisten Roman Jakobson har i fleire samanhengar samanlikna metonymi og metafor, her sitert etter Chandler (2002):

Jakobson argues that whereas a *metaphorical* term is connected with that for which it is substituted on the basis of *similarity*, *metonymy* is based on *contiguity* or closeness (Jakobson and Halle 1956, 91, 95). The indexicality of metonyms also tends to suggest that they are "directly connected to" reality in contrast to the mere *iconicity* or *symbolism* of metaphor. Metonyms seem to be more obviously "grounded in our experience" than metaphors since they usually involve direct associations (Lakoff and Johnson 1980, 39) (Chandler 2002: 131).

Metaforen har gjerne vore den føretrekte tropen innanfor poesien, og dette at metonymiar verkar meir naturlege kan kanskje vere ei forklaring på at stadnamn som metonymi til dels har vore oversedd i poesien. Stadnamna i seg sjølve verkar dessutan å vere svært daglegdagse.

Viss stadnamnet er ein metonymi, kan ein kanskje seie det slik at stadnamnet er ein del som står for heilskapen, for dei ulike aspekta ved staden. Stadnamnet står for alle konnotasjonar og historiske hendingar som er knytt til stadnamnet, og i nokre tilfelle som eit "abstrakt" omgrep for det konkrete. Til dømes kan namnet på staden stå for alle som bur der. Eit anna omgrep ein kanskje kan nytte om stadnamnet i nokre samanhengar, er *indeks-teiknet*, om ein skal bruke semiotikken sin terminologi. Eit

indeks-teikn er òg eit teikn som peiker mot noko anna, til dømes er eit skilt og eit fotspor indeksteikn (Sebeok 1994: 31).³⁵

J. Hillis Miller snakkar i boka *Topographies* (1995) om at eit miljø eller omgjevnader kan vere ein metonymi for personar og livet som går føre seg på ein ein stad i litteraturen:

The story traces out diachronically the movement of the characters from house to house and from time to time, as the crisscross of their relationship gradually creates an imaginary space. This space is based on the real landscape, charged now with the subjective meaning of the story that has been enacted within it. The houses, roads, paths, and walls stand not so much for the individual characters as for the dynamic field of relations among them. This is a complex form of the metonymy whereby environments may be a figure for what it environs, in this case the agents who move, act, and interact within the scene (Miller 1995: 20).

Men Miller snakkar ikkje her om bruken av stadnamn, og stadnamn har heller ikkje ein spesielt stor plass i boka hans. Likevel må ein kunne seie at den metonymien han her talar om ikkje minst må gjelde for stadnamna i litteraturen og i poesien.

Når Humphrey Bogart i filmen *Casablanca* seier til Ingrid Bergman: "We'll always have Paris", kva meiner han da? Han meiner sjølvsagt ikkje at dei konkret *har* byen. Han meiner at dei alltid kan minnast *den tida dei hadde i lag* i Paris. Stadnamnet står altså som eit symbol for deira felles opplevingar og kjærleik i Paris. Dette blir forsterka ved at Paris gjerne blir oppfatta som ein romantisk by. Og når *Paris* blir brukt på denne måten forsterkar det òg vår oppfatning, og våre konnotasjonar til Paris som ein romantisk by. Ein kan kanskje uttrykke det slik at Paris i denne samanhengen er ein metonymi eller eit indeksteikn for tida og kjærleiksforholdet i Paris.

Ein tilsvarande bruk av stadnamn som metonymi kan ein òg tenke seg i dagleglivet eller i andre tekstar, til dømes om to som tidlegare har vore på ferie saman snakkar om reise, og seier: "Det er fint på Kreta." Da meiner personen som seier dette ikkje berre at det er fint på Kreta, men han meiner òg at det var ein fin tur, og ei fin tid vi hadde på Kreta i fjor. Om ein har vore ein plass fleire gonger må ein kanskje leggje årstall til stadnamnet ved denne metonymiske bruken av namnet. Men ei slik bruk av

³⁵ Forslaget om å kalle stadnamnet eit indeks-teikn må stå heilt og fullt for mi eiga rekning. Det er mogleg andre òg har føreslått ein slik bruk, men det har ikkje vore nemnt i den litteraturen eg har lese. Namn har innanfor teminologien til Peirce fått ein eigen kategori (Seboek 1994: 37), men eg meiner ein bør kunne snakke om namn og stadnamn på lik linje med andre teikn, sjølv om dei er monoreferensielle.

stadnamn, som ein berre bruker av og til i dagleglivet, vil ein lettare kunne tolke inn i eit dikt, der kvart ord får større tyngde.

8.2 Funksjonar stadnamna kan ha i poesien

I stadnamnforskinga snakkar ein om at stadnamn har ulike funksjonar, og nokre av desse ulike funksjonane vil ein også finne att i diktinga (jf. kap. 3.2). I poesien vil stadnamna òg ha nokre andre funksjonar enn i dagleglivet. Ein kan kanskje argumentere mot ei slik klassifisering, eller inndeling i funksjonar, og seie at ein ikkje treng ei slik liste for å seie noko meningsfullt om stadnamna i eit dikt. Det er sjølvstøtt rett, men ei slik liste over funksjonar er først og fremst meint som eit hjelpemiddel. Det er ein måte å få oversikt over dei ulike tydingane stadnamna kan ha og måtane dei kan verka på i litteraturen.

Ei slik inndeling i funksjonar kan kanskje minne om arbeidsmåten til strukturalistane.³⁶ I ettertida har det ikkje vore like populært å finne fram til slike strukturar i diktinga, sidan det kan ta vekk merksemda frå det som er spesielt ved den einskilde teksten. Eg vil derfor poengtere at å lage ei slik liste over funksjonar ikkje er eit forsøk på å setje stadnamn i diktinga i bås på enkelt vis. Meiniga er ikkje å dele ut funksjonar, og ferdig med det. Mange av funksjonane er ofte til stades samstundes, og dei er på ingen måte gjensidig ekskluderande. Namneforskarer W. F. H. Nicolaisen har åtvare mot å leggje for mykje vekt på slike inndelingar:

Our expectations have to be less timid, our challenges more demanding, our horizons wider. Less emphasis will have to be placed on taxonomics, categories and lists, and more attention paid to the ways in which authors speak to their readers through names (Nicolaisen 1995: 567).

Likevel har eg med slike inndelingar og lister i denne avhandlinga, fordi det er vanskeleg å ha noko samanlikningsgrunnlag for analysen av stadnamna i einskilde dikt, viss ein ikkje kjenner til korleis stadnamn kan verke i ulike dikt. Eg trur det kan vere nyttig å setje opp slike lister, men ein bør sjølvstøtt ikkje må bli for opptatt av å kategorisere stadnamna i dikta. Karina van Dalen-Oskam (2005) har eit håp om at ein framtidig felles inndelingsmåte vil kunne bli brukt til å plassere namn og verk elektronisk i databaser, og at ein slik skal kunne samanlikne namnemateriale i ulike

³⁶ Eit døme er den inndelinga Vladimir Propp gjorde av ulike aktantar i eventyra, sjølv om Propp riktignok var ein formalist (Linneberg 1991a: 14).

periodar og verk (van Dalen-Oskam 2005: 405). Men å skulle bruke ei inndeling på denne måten, er eg skeptisk til, for problemet er nettopp at ikkje alle lesarar vil sjå dei same tydingane i namna. Slik vil ulike lesarar og forskarar kunne kategorisere stadnamna i dikt ulikt. Resultatet vil òg kunne bli forskjellig om ein vel å ta med ein tenkt eller kjent forfattarintensjon, eller ikkje. Viss ein skal klassifisere namna i litteraturen må ein i alle høve kunne klassifisere namna med fleire funksjonar, og vere klar over at det ikkje nødvendigvis er noko endeleg inndeling.

Tidlegare er det laga fleire slike lister over funksjonar i diktinga, og det er på dette grunnlaget Nicolaisen etterlyser eit vidare perspektiv. Liljana Dimitrova-Todorova reknar med 9 slike funksjonar i den bulgarske litterære onomastikken, og desse er:

1. Die lokalisierende Funktion (lokaliserande funksjon)
2. Die soziologische Funktion (sosiologisk funksjon)
3. Die informatorische Funktion (infofunksjon)
4. Die assoziative (allusive) Funktion (assosiativ funksjon)
5. Die inhaltliche (semantische) Funktion (semantisk funksjon)
6. Die expressive Funktion (ekspressiv funksjon)
7. Die ästhetische Funktion (estetisk funksjon)
8. Die ideologische Funktion (ideologisk funksjon)
9. Die klassifizierende Funktion (klassifiserande funksjon)

(Dimitrova-Todorova 2005: 424).

Funksjonane til litterære namn er hos Friedhelm Debus litt færre. Han opererar med 5 funksjonar, og to av desse er dobbelfunksjonar: *Identifizierung*, *Fiktionalisierung*, *Illusionierung*, *Charakterisierung*, *Mythisierung*, *Akzentuierung* – *Anonymisierung* (Debus 2005: 407). I ”karakteriseringsfunksjonen” plasserar han mykje forskjellig: mellom anna etymologi, assisiasjonsmoglegheiter og klanglege moglegheiter. Spesielt Debus si liste er lite spesifikk, slik at fleire ting går under dei einskilte funksjonane. Inspirert av desse listene, og dessutan listene over kva funksjonar stadnamna kan ha i dagleglivet, har eg òg laga ei slik liste over funksjonar som stadnamna kan ha i litteraturen, og da spesielt i poesien.

Nokre funksjonar stadnamna kan ha poesien er:

- a. Lokaliseringsfunksjon
- b. Konkretiserande, røyndomsskapande funksjon
- c. Identitetsskapande funksjon
- d. Minnefunksjon
- e. Historisk- og kulturhistorisk funksjon
- f. Assosiativ funksjon
- g. Ideologisk funksjon
- h. Intertekstuell funksjon
- i. Ekspressiv funksjon
- j. Musikalsk/estetisk funksjon

Fleire av desse funksjonane vil vere til stades i større eller mindre grad i *alle* dikt (og annan litteratur), det gjeld *den lokalisierende funksjonen, den røyndomsskapande funksjonen, identitetsfunksjonen og den musikalsk/estetiske funksjonen*. Å setje desse opp som funksjonar blir altså ein måte å seie noko om kva som er felles for bruken av stadnamn i diktinga, sjølv om ein kan diskutere kor stor rolle dei ulike funksjonane spelar i ulike dikt. Men ein bør som sagt ikkje bli for opptatt av slike lister, det viktigaste er uansett å tolke kva dei einskilde stadnamna tyder i sjølve teksten.

8.3 Lister over tydinga og forma til stadnamna i poesien

Alternativt til ei slik liste over funksjonar, og ved sidan av ei slik liste, har eg sett opp ei liste over fleire konnotasjonar stadnamna kan gjeve, noko av tydinga stadnamna kan ha i dikt. Eg har òg sett opp ei kortare liste over korleis stadnamn kan fungere som formskapande element i diktinga (mellom anna rim og gjentaking).

Tydinga, eller konnotasjonane om ein vil, vil som oftast bli skapt i høve til den *konteksten* stadnamnet står i diktet, og ein kan altså ikkje snakke om kva tyding namna har utan å snakke om konteksten og samanhengen i diktet. Nokre av tydingane finn ein også igjen i lista over funksjonar, og dette blir altså ein alternativ måte å systematisere tydinga til stadnamna i dikt, der det blir meir tydeleg at det ikkje er snakk om noka endeleg liste. Som for lista over funksjonar gjeld det at mange av desse tydingane eller konnotasjonane vil vere til stades samstundes, og fleire av dei er

også tett bundne saman. Det er heller ikkje sikkert at alle lesarar vil tolke det same inn i dikta.

Både lista over funksjonar, denne lista og den mindre lista over korleis stadnamn er med på å skape form i diktet, er laga med utgangspunkt i arbeidet med Tor Jonsson sine dikt, og dessutan lesinga av ei rekke andre dikt med stadnamn eg har lese i samband med arbeidet med denne avhandlinga.

Konnotasjonar og tyding til stadnamna i ulike dikt (ofte sett i høve til resten av konteksten i diktet):

- a. Reise
- b. Hyllest
- c. Lokalisering til ein bestemt stad
- d. Det konkrete, eit samband med den verkelege verda
- e. Identitet knytt til staden
- f. Minne og forteljingar knytt til staden
- g. Kulturhistorie
- h. Historie
- i. Mytiske og religiøse tekster (intertekstuell funksjon)
- j. Allusjon til andre tekstar (intertekstuell funksjon)
- k. Ideologi og religiøs tru (t.d. marxisme, sosialisme i arbeidarlitteratur)
- l. Kjensler (ekspressiv funksjon)
- m. Skildring av staden
- n. Gjeve eit tidsperspektiv, konnotere noko gammalt
- o. Avstand, skape eit inntrykk av avstander eller utstrekning
- p. Lesaren sine personlege assosiasjonar

Stadnamn som formskapande verkemiddel:

- a. Allitterasjon, assonans, rim osv.
- b. Rytme
- c. Gjentakning
- d. Musikalitet (ein kan få inn ord som er spesielt musikalske)

e. Nonsensord (namn som tilsynelatande ikkje tyder noko, kanskje mystiske, rare, spanande namn)

Listene over funksjonar, konnotasjonar og verkemåtar er som sagt meint som eit hjelpemiddel for å setje ord på kva rolle stadnamna spelar i poesien, og å skape litt oversikt. Det er eit hjelpemiddel for å vise at stadnamna kan seie mykje, og dei kan vere sterke bilete, sjølv om dei har vore oversedd i mange samanhengar.

Korleis desse bileta verkar vil som sagt vere litt forskjellig frå lesar til lesar – som for andre poetiske bilete. Men for stadnamna sin del vil det kunne vere mange konnotasjonar som spelar inn, som nokre lesarar kan ha, medan andre kan mangle. Om lesaren manglar konnotasjonar til namn i teksten, kan det godt hende at ho er merksam på det sjølv. Til dømes om det er eit stadnamn frå gresk dikting, så kan ein kanskje kjenne det att som dét, og tenke at ”her burde eg sikkert kunne noko om dette namnet, her er det sikkert ei historie om gresk mytologi”. I alle høve vil namnet konnotere noko framandarta, og kanskje noko gamalt. Dei fleste er merksame på at namn, og spesielt gamle namn ber med seg historie.

Men eit stadnamn skal helst kunne fungere i samanhengen også utan at lesaren har så mykje kjennskap til namnet, og så blir heller kjennskapen til namnet ein bonus. Men når det gjeld spesielt kjende namn, vil nok dikteren gå ut ifrå at lesaren kjenner til og har høyrte noko om namnet. Til dømes vil det gjelde kjende namn på større byar og land. Kanskje kunne det ha vore eit poeng å ha med forklaringar til stadnamn i diktsamlingar, spesielt for lite kjende namn, slik at fleire lesarar kan skjønne kva det er tale om, slik vi så døme på i diktet ”The Waste Land”. Men i nokre dikt er det kanskje heller ikkje nødvendigvis noko poeng at lesaren skal vite noko om kva stad namnet nemnar, poenget er kanskje nettopp at det skal vere litt mystisk og berre hinte om ei historie.

9. Stadnamn som poetisk verkemiddel og biletskapande ord

Med utgangspunkt i listene i kapitlet over, skal eg i dette kapitlet skrive nærmare om kva tyding og funksjon stadnamna kan ha i poesien.

9.1 Lokalisering ein bestemt stad i verda

Lokalisering av staden blir gjerne rekna som den viktigaste funksjonen til stadnamn i dagleglivet. Stadnamna er reint praktisk eit kommunikasjonsmiddel, som gjer at vi kan fortelje andre kor vi finst i verda, eller kor vi har vore. Denne funksjonen har sjølvsagt stadnamna òg i litteraturen, og spesielt vil denne funksjonen vere tydeleg i romanar, der menneske flyttar seg mellom stader i romanen eller oppheld seg på ein bestemt stad. I poesi blir det litt annleis, og her vil ofte denne funksjonen tre meir i bakgrunnen. Men spesielt i samband med reise, vandring og transport vil stadnamnet ha eit kommunikasjonsaspekt, ved å signalisere at ein er på reise. Reise har eg likevel sett opp som eit eige punkt, sidan reise er noko som inneber mykje meir enn berre lokalisering til stader.

Ein må vel også kunne seie at denne funksjonen òg spelar inn når diktaren vil hylle heimstaden, for da er det i dei fleste tilfella ikkje tilfeldig kva stadnamn han nyttar. Samstundes vil stadnamna kunne gjeve mange andre konnotasjonar.

I poesien har ein oftast ikkje eigentleg bruk for stadnamn for å skilje staden ein skildrar frå andre stader. Eit enkelt dikt finn som oftast stad berre på ein stad, ein slags idealisert, eller allmenn stad, og det er i prinsippet nok å bruke appellativ som elva, fjellet, berget, stupet osv. I svært mange dikt finn ein heller ikkje stadnamn, sjølv om diktaren kan ha sett for seg ein bestemt stad da diktet blei skriven. Nokre gonger kjenner også lesaren til kva slags stader og landskap diktaren skreiv ut ifrå, og kan sjå desse for seg, sjølv om ingen stadnamn er nemnde. Men dette føreset at lesaren kjennar til noko om diktaren sin biografi. Men på trass av at stadnamna i dei fleste dikt ikkje er nødvendige, bruker diktarar likevel stadnamn i overraskande mange dikt.

Det er ikkje dermed sagt at ikkje landskapet som skildrast i dikt også kan vere allment sjølv om ein bruker stadnamn. Dei fleste har kjennskap til stadnamn frå eiga heimstad/bustad, og kan dermed identifisere seg med bruken av stadnamn, sjølv om det ikkje er sine eigne namn som blir nytta. Likefullt: eit dikt som bruker stadnamn, og særlig reelle stadnamn, vil på ein eller annan måte stadfeste diktet i verda, enn eit dikt som ikkje gjer det.

9.2 Konkretiserande, røyndomsskapande

Stadnamna er med på å skape ei eiga verd i diktinga, sidan stadnamn er noko som peiker på konkrete stader i vår eiga daglegdagse verd. Den røyndomsskapande funksjonen kan ein kanskje seie finst i større eller mindre grad i samband med alle namn i poesien (og litteraturen). At forfattaren (eller dikt-eget) namngjev ein bestemt stad, i motsetning til å omtale ein ikkje namngjeven stad, gjer kanskje at diktinga oppfattast som mindre abstrakt? Bruken av stadnamn gjer kanskje slik at lesaren ser for seg ein konkret, bestemt stad i verda, sjølv om namnet kanskje er fiktivt. Men dei fleste lesarar vil likevel vere klar over at staden som blir omtala i diktet, er ein annan enn den som finst i det verkelege liv. Iser (1998) skriv om korleis det blir ei vekselverknad mellom den litterære og fiktive teksten, og gjenstandar i teksten som er henta frå den verkelege verda. Gjenstandene (eller i vårt tilfelle stadene) skaper eit skin av røyndommen, og av levd liv, samstundes som vi veit (viss vi reflekterar over det) at stadene er fiktive, eller at dei både er i verda og i teksten samstundes.

Undoubtedly, the literary text is permeated by a vast range of identifiable items selected from social and other extratextual realities. [...] Therefore each text makes inroads into extratextual fields of reference and, by disrupting them, creates an eventful disorder. In consequence, both structure and semantics of these fields are subject to certain deformations. Each one is reshuffled in the text and takes on a new form, a form that nevertheless includes, and indeed depends on, the very function this field has within the structure of the given world. This function now becomes virtual and provides the background against which the operation of restructuring may stand out in relief, featuring the intention underlying the apparent deformation. Furthermore, the ensuing tension indicates that the referential world which has been overstepped is still present in the text (Iser 1998: 7).

Men kanskje er det likevel lettare å oppfatte stadane som fiktive (og samstundes reelle) i ein roman enn i eit dikt? Lesarar, og kanskje spesielt uerfarne diktlesarar, vil kanskje lese inn forfattaren, og hennar historie, i større grad, i nokre av dei dikta det brukast stadnamn? Dette er ikkje noko eg kjenner til har vore forska på, så det må i tilfelle bli undersøkt grundigare før ein kan konkludere noko om saka.

9.3 Reise

I dikt som omhandlar reise vil det kanskje vere eit reelt behov for å vise at det lyriske ”eg-et” eller ”nokon” (den eller dei personane som diktet omhandlar) flyttar seg

mellom stader. Det vil også vere eit behov for å vise at diktet omhandlar reising eller vandring, og stadnamn vil vere ein peikepinn på det. Spesielt framandarta stadnamn vil kunne symbolisere/konnotere ei reise til andre land. Fleire stadnamn kan vise at ein flyttar seg mellom stader. Ved ”reise-dikt” er ofte det eksotiske, det som er annleis viktig. Opplevinga av å ta del i ei anna verd, og oppleve noko nytt er viktige konnotasjonar ved stadnamna i reisedikta. Historier og hendingar kan òg vere viktig i samband med reise, slik at minnefunksjonen ofte vil spele inn i tillegg. Stadnamn kan vere med på å forsterke tematikken reise i eit dikt, og samstundes kan stadnamna i seg sjølve skape bilete av fjerne reisemål, spesielt om reisemåla og namna er kjende. Nokre døme på bruk av stadnamn i reisedikt er ”Ein kveld i Verona”, av Tarjei Vesaas, ”Firenze” av Olaf Bull og ”Rimbrev, til fru Heiberg” av Henrik Ibsen. Åse-Marie Nesse har fleire døme på bruk av stadnamn i samband med reisedikt, med namn frå Italia, Mexico og frå Russland.

Men sjølv om det blir brukt utanlandske og framandarta stadnamn i eit dikt, treng det ikkje vere snakk om eit reisetema i diktet. Kjende byar har vi gjerne sett bilete av og høyrte om, om vi ikkje har vore der sjølve. Ofte har vi sett desse byane på film og tv. Vi kan derfor mange gonger sjå for oss staden, kjende byggverk og stader i byen, og kanskje storleiken på byen når eit slikt kjend stadnamn blir nemnt i eit dikt. Kanskje skal eit namn som *New York* eller *Hong Kong* få oss til å tenkje på skyskraparar, masse menneske. Eller rett og slett stå som symbol på den menneskelige sivilisasjon.

I alle dikt, ikkje berre dikt med reisetema, kan ein også rekne med at stadnamn kan skape eit bilete av utstrekning og ei romkjensle. Det treng ikkje vere snakk om ei konkret reise, men det kan òg vere at dikt-eget reiser i tankane. Til dømes viss ein nemner fleire byar, så skapar det ei utstrekning i rommet, eit nettverk mellom desse byane. Ein diktar kan til dømes nemne fleire store verdsbyar, og slik uttrykke ”verda” på ein meir biletleig måte enn å seie verda. Fleire stadnamn kan altså skape kjensla av eit større område eller ei kjensle av utstrekning i rommet. Dette skriv også Henning Wærp om i samband med Hans Børli si dikting: ”Stedsnavnene blir en type kognitive orienteringspunkter: ”Han *kjente* på avstanden med tankene. Mobekkberget... Laulia...

Bokkebråtabakka... Nei det nyttet ikke å tenke på det, det var så ubegripelig langt heim” (Børli 1998: 41).³⁷

9.4 Identitet

Stadnamn er det språklege symbolet for ein stad, og til ei viss grad vil lesaren kunne lese inn eit tilhør mellom dikt-eget og staden som blir omtala.³⁸ Sjølv sagt vil det ha noko å seie korleis namnet blir brukt i teksten. Ved at dikt-eget nemnar konkrete stadnamn i teksten, viser ho ein kjennskap til staden, og det kan bli hinta om at dikt-eget har historie knytt til staden. Når dikt-eget nemnar stadnamn har ho nærmare kjennskap til staden, ho er truleg kjend på staden, og ho plasserer seg sjølv på ein bestemt stad i verda. Men kva samanheng stadnamnet står i, i sjølv diktet, påverkar òg i kor stor grad identitetsfunksjonen ved stadnamna vil vere til stades. Punktet om identitet er òg nært knytt saman med punktlet om stadnamn som ord som har knytt *minne* til seg, for som vi så i kapitlet om stadnamn og identitet, så har minne og forteljingar i høve til stad samband med identitet og stad. I dikt som fortel om minne knytt til ein bestemt stad er det ikkje uvanleg å treffe på stadnamn. Dette ser ein til dømes tydeleg i dikt av Delia McDonald, som er ein ”Afro-Costa Rican”:

The poetic voice charts her position in the geography of Costa Rica, launched from the memory of her family’s arrival to San José and her effort to claim place. [...] The poet narrator begins the reconstruction of this memory by creating a map and then plotting the details. [...] The subject, through this very personal memory, shares the collective experience of Blacks in San José who are noted for their racially-marked bodies in the heart of the dominant culture and are not fully embraced as ”true” Costa Ricans (Mosby 2004: 21).

Viss lesaren sjølv har ei personleg tilknytning til stadnamn som blir nemnt i diktet, vil kanskje kjensla av identitet i høve til staden kunne blir styrkt, fordi bruken av stadnamna kan gjeve lesaren assosiasjonar til hennar egne erfaringar med staden.

I tillegg kan identitet vere knytt til stadnamna, ved at dei blir markør for eit land, ei folkegruppe eller ein region. Viss lesaren skal oppfatte at stadnamnet har noko med ei slik gruppeidentitet å gjere, må ho sjølv sagt vite at stadnamnet høyrer til ei bestemt gruppe, eit bestemt språkområde eller ein bestemt nasjonalitet.

³⁷ Wærp 2002: 247. Hans Børli-samlinga det referast til her er *Med øks og lyre. Blar av en tømmerhuggers dagbok*.

³⁸ Identitet har eg skrive ein del om frå før, i kapittel 5, Stadnamn og identitet, og det som blei omtala der viser eg til i denne samanhengen òg.

Maria Sibínska (2002) skriv om stadnamn i høve til regional nordnorsk dikting: ”Generaliserende kan man si at tematisering av stedet uttrykker ønsket om å vektlegge tilhørighet, både på det individuelle og kollektive plan. Stedsfokusering ved hjelp av toponymier er ikke uvanlig i regional dikting” (2002: 75). Ho nemnar mellom anna bruken av stadnamna hos Arvid Hanssen:

Steds- og personnavnene viser ikke bestandig til offisielt fungerende navn, så deres referensielle verdi er diskutabel, og i beste fall vilkårlig. Deres funksjon kan ofte heller være å konnotere nærmiljøet og antyde at det finnes en intim og nær forbindelse mellom det skrivende jeg og leserne [...]. Hos Hanssen antyder bruken av steds- og personnavn det lokale og stedsbundete perspektivet, noe som ytterligere bekreftes gjennom bruken av Senja-dialekt.

Men ein slik identitetsfunksjon ved stadnamna er sjølvstykkt ikkje avgrensa til regional dikting, sjølv om det kanskje er meir nærliggjande å tilskrive lokal identitet til bruken av stadnamn i det ein oppfattar som regional dikting.

9.5 Hyllest

Mange dikt med stadnamn er ein hyllest til ein bestemt stad, det er ei feiring av det lokale, det regionale eller det nasjonale. Og mange dikt som er ein hyllest til ein bestemt stad har med stadnamn i diktet. Nicholas Horsfall seier det slik: ”*So toponymy is revealed as a powerful mechanism for communicating poetic love of country without falling too far into the tired conventionalities of chauvenist rhetoric*” (Horsfall 2002: 308). Hyllestdikt kan tenkast både med og utan stadnamn, men kanskje oftast med. Hyllestdikta er eit meir eksplisitt uttrykk for identitet i høve til stadnamna, enn til dømes dikt med minne knytt til staden. Men hyllestdikt kan sjølvstykkt òg innehalde minne knytt til staden. Forskjellen frå ”minne-dikta”, er at hyllestdikta har eit ”utropsteikn”. Dei har ikkje nødvendigvis verkelege utropsteikn, men teksten ropar ut at staden er ein bra stad. Hyllestdikt har gjerne med positive skildringar av staden, spesielt av naturen eller det fysiske landskapet, men kanskje òg av menneska på staden.

9.6 Minne

Stadnamna vil ofte kunne bere på minne, og ein lesar vil kunne vere medvite eller umedvite klar over at stadnamn ofte har knytt minne til seg, både personlege minne og ei gruppe eller eit lokalsamfunns minne om hendingar på staden. Denne samanhengen blir meir eksplisitt i dikt som handlar om minne knytt til ein stad. Det kan til dømes vere barndomsminne som dikt-eget hugsar i møtet med staden, men òg andre minne om hendingar på ein stad.

Denne tydinga til stadnamna er i høgste grad bunden saman med den identitetsskapande funksjonen til stadnamna. Psykologar har komme fram til at historier (narrativ) er viktige for identiteten vår (jf. kapitlet om stadnamn og identitet). Våre opplevingar er som oftast bunde til ein stad, enten det er ei eineståande hending, som til dømes ein ferietur eller eit spesielt møte, eller om det er noko som har gjenteke seg fleire gonger på den same staden. Det siste kan vere at ein fleire gonger har gått den same turen i skogen eller reist same turen til jobb kvar vekedag i årevis. Viss ein reiser bort frå ein stad nokre år, og så kjem tilbake, kan gjensynet med staden derfor få ein til å hugse hendingar som er knytt til staden. Det er vel noko av det same som skjer når ein bestemt song minner oss om ei hending eller ei bestemt tid, eller når gamle ting, gjenstandar, i ei eske frå loftet kan få oss til å hugse fortida (nostalgi). Felles for alle desse tinga er at dei har tydd eller tyder noko for oss, vi har knyte staden, songen og skriveboka frå 3. klassa til oss. Tinga er knytt til forteljingar om oss sjølve. Nokre gonger kan det vere forteljingar vi har gløymt, som kan komme fram igjen når ein besøker ein stad. Andre gonger er det historier som er så viktige for oss at vi stadig hugsar på både staden og historiene knytt til staden.

Henning Wærp skriv om bruken av stadnamn i Hans Børli si diktning:

I diktet ”Minns du det, bror min? - til Ole Børli” knyttes namnene til *erindring*, i namnene ligger både kollektiv historie og personlege minner. [...] Fortiden er fremdeles til stede gjennom namnene; landskapet er historie som stiger til overflaten ved benevning av stedsnavnet. Om det årsaksmessig er slik at det er fortellingene som er knyttet til gitte steder, oppleves det like gjerne som om det er stedsnamnene som innehar fortellingene (Wærp 1997: 325).

Første strofe av diktet ”Gjensyn” av Åse-Marie Nesse kan òg brukast til å illustrere minnefunksjonen til stadnamn, eller at stadnamn inngår i ein samanheng der dikt-eget minnest staden:

Alt er som før –
de samme bøketrær står grønne
og vifter velkommen i Kleppe-lunden
den samme syrlige smak i bladene
de samme hemmelige forbokstavene
risset inn i den ene stammen
(Nesse 1999: 448)

Boka *Landscape narratives*, som egentleg er skriven for arkitektar og landskapsarkitektar, seier det slik:

Narratives are also there in landscapes. They intersect with sites, accumulate as layers of history, organize sequences, and inhere in the materials and processes of the landscape. In various ways, stories "take place". The term *landscape narrative* designates the interplay and mutual relationship that develops between landscape and narrative. To begin with, places configure narratives. Landscape not only locates or serves as background setting for stories, but is itself a changing, eventful figure and process that engenders stories. [...] In turn, every narrative, even the most abstract, allegorical, or personal, plays a critical role in making places. It is through narrative that we interpret the processes and events of place. We come to know a place because we know its stories (Potteiger/Purinton 1998: 5).

Eg har her tala om at narrativ kan vere nært knytt til staden, men nokre gonger er det kanskje ikkje heilt bestemte historier vi kan peike på som er knytt til stader. Nokre antropologar meiner òg at i tillegg til narrativ, så er òg praksis viktig i høve til stad og identitet. Det kan vere arbeidet ein gjer på ein bestemt plass, eller den gjentekne bruken av ein stad, som gjer at staden får ei større tyding og bli ein del av "eg-et". Men òg det som gjentar seg, og som er hendingar av praktisk art, kan ein gjere om til historier om kva eg eller vi bruker å gjere.

9.7 Kulturhistorie og historie

I tillegg må vi imidlertid ta i betraktning en fjerde, helt essensiell dimensjon, nemlig den som berører det *temporære* – altså selve tidsdimensjonen ved et sted. Det sentrale ved denne betraktningmåten er hvordan en gitt fysisk lokalitet, *i seg selv*, er en enhet som forbinder nåtida med fortida. Stedet representerer med andre ord en form for kontinuitet; en erfaringsramme og referanseramme som vi deler med fortida. [...] Stedet vil på den måten kunne sies å representere historien, kontinuiteten, og slik blir stedet en slags forvalter av *tradisjonen* (Mæhlum 1999: 16).

Stadnamn kan ofte konnotere eller hinte om personlige minne og historier, som nemnt i avsnittet over. Men mange stadnamn kan dessutan vere knytt til lokalsamfunnet eller storsamfunnet sitt felles minne, altså til lokal kulturhistorie og til den nasjonale Historia. Ein kan sjølv sagt seie at stadnamn som er knytt til

kulturhistorie, òg vil vere knytt til minne til den einskilde, slik at ein ikkje nødvendigvis kan trekke noko skarpt skilje her. Men det er likevel eit poeng å nyansere forskjellen mellom meir personlege minne og konnotasjonar til staden som fleire deler. Derfor har eg også ført opp minnefunksjonen og den kulturhistoriske/historiske funksjonen som to forskjellige funksjonar, sjølv om dei to må seiast å vere nært knytt saman.

Men der stadnamna peiker på historiske hendingar er det ofte spesielle hendingar det er snakk om. Namnet *Stiklestad* får stå som symbol eller som namn på det viktige historiske slaget som hendte der, namnet blir ein metonymi for den historiske hendinga, som eg har vore inne på i kapitlet om stadnamn som metonymi.

Filosofen Anniken Greve skriv om sambandet mellom historiske hendingar og stad i avhandlinga *Her, Et bidrag til stedets filosofi*:

Det er altså en sammenheng mellom hendelse og sted, selv om denne sammenhengen ikke har kausal karakter. [...] Stedet blir dette bestemte stedet, dette *partikulære* stedet, i kraft av denne hendelsen. Når vi minnes hendelser ved å gjennomføre seremonier, reise minnesteiner, oppføre historiske spill etc. på steder hvor viktige hendelser har funnet sted, er det fordi vi gjør regning med en slik forbindelse mellom hendelse og sted. Dette er en praksis som hviler på forestillingen om at stedet har en evne til å lagre fortidige hendelser (Greve 1998: 113).

9.8 Intertekstualitet

Litterære stadnamn, eller stadnamn brukt i andre tekstar påkallar ei rekke assosiasjonar hos lesaren. Slike namn kan få lesaren til å sjå for seg andre bøker, og i nokre tilfelle kan det vere eit stort dokumentkompleks av fleire tekstar.³⁹ Bruker ein namn frå *Odysseen* i et dikt, vil lesaren kanskje sjå for seg handlinga i *Odysseen*, såframt lesaren kjenner til dette verket. I sin artikkel om namn i engelsk litteratur (ikkje om poesi) trekk namneforskarer Nicolaisen fram fleire døme på intertekstualitet i namnebruken i romanar, og på at ein må sjå utover tydinga til namna i sjølve verket:

The need, indeed the demand, for a wider vision is further emphasised by certain other works, some of them already cited, like Angela Thirkell's 1930s version of Trollope's Barsetshire or William Golding's naming of his boy protagonists in *The Lord of the Flies*

³⁹ Her låner eg dokumentomgrepet frå dokumentasjonsvitskapen. Omgrepet dokument brukast om ei rekke ulike tekstar, og er beslekta med omgrepet tekst, når det blir brukt i utvida tyding. Eit dokumentkompleks er fleire dokument som er knytt saman vha intertekstualitet.

in conscious copying of the boys' names of R. M. Ballantyne's *Coral Island* (Nicolaisen 1995: 566).

I poesi kan ein ofte finne intertekstualitet i høve til mytologiske og religiøse tekstar. Bibelske stadnamn har vore mykje brukt i litteratur og i poesi, spesielt tidlegare. *Golgata* kan til dømes få stå som symbol eller metonymi for heile historia om Jesus som døydde på korset. Ved bruk av slike bibelske namn er det (og ikkje minst var det) frå forfattaren si side underforstått at lesaren kjenner si bibelhistorie godt. I dag er det ikkje lenger like sjølvklart at alle tar alle allusjonane til Bibelen i dikt og andre tekstar. Gresk mytologi, eller kanskje vel så mykje gresk og antikk litteratur (som dømet over med *Odysseen*) har vore populært å alludere til, og skrive om i modernistisk poesi. Norrøn mytologi var det vanleg å alludere til tidlegare i norsk poesi, spesielt i den nasjonalromantiske perioden, men det har nok blitt mindre vanleg i dag.⁴⁰

Ein kan òg finne intertekstualitet i poesien forhold til film, tv-seriar eller andre medium. Namnet *Manhattan* eller *New York* i eit dikt kan like gjerne få ein lesar til å sjå for seg flotte svart-kvitt bilete og tenkje på Woody Allan-filmar, som å tenke på sjølve byen. Kva ein tolkar inn i stadnamna vil sjølvstundt avhenge av konteksten. Men om stadnamna ikkje står i nokon spesiell kontekst, men berre blir "name droppa" i eit dikt, så vil det kanskje vere mykje opp til lesaren kva han vil assosiere med det.

9.9 Skildring av staden

Stadnamn, og spesielt gjennomsiktige namn, inneheld ofte landskapsskilrande appellativ som kan fortelje om kva type lokalitet det er snakk om. Nokre stadnamn kan òg fortelje om storleik og farge og andre eigenskapar ved staden. Andre substantiv eller adjektiv i namnet kan òg vere med på å karakterisere staden som diktet handlar om: mellom anna kva arbeid som har vore utført der, eller karakterisere staden positivt eller negativt. Stadnamn som er vanskelege å tyde vil ein kanskje tenke på som gamle.

⁴⁰ Den norrøne mytologien har dessverre fått nokre andre assosiasjonar som kan spele inn i ein poetisk samanheng, sidan denne mytologien blei mykje brukt av nazistane, og har seinare vore brukt av nynazistar, og ikkje minst i tekstane til black metal band.

9.10 Språk

Viss stadnamna er utanlandske, og verkar framandarta, vil lesaren truleg leggje merke til det. I norsk litteratur vil ein nok leggje mest merke til det om stadnamna ikkje er norske. Er det til dømes eit italiensk eller spansk namn, kan det vere skriva i ein reise-kontekst. Men det kan sjølvsagt òg vere eit heimleg dikt, om det er skriva av ein italiengar. Samiske namn i eit dikt vil truleg bli lesne forskjellig av ein same og ein nordmann. Er ein nordmann, vil det sjølvsagt spele inn kva kjennskap og kva haldningar ein har til det samiske. Kva språk eit namn har, vil òg vere viktig i høve til den identitetsskapande funksjonen.

Ei viktig problemstilling i høve til omsett litteratur kjem inn her: Skal ein setje om stadnamn og slik skape ei kjensle av at det heile skjer ein eller annan stad enn i Noreg? I dei fleste tilfelle vil nok den beste strategien vere å ikkje omsetje stadnamn, så får ein heller ha ei fotnote eller liknande for å forklare kva namnet tyder på norsk. Litt annleis blir det med barnelitteratur der namna i utgangspunktet er fiktive, slik som i Harry Potter-bøkene. Her har den norske oversettaren gjort ein god jobb med å finne fram til namn som er sett saman av ordformer som høyrer litt norske ut, og som gjev assosiasjonar for ein nordmann.⁴¹ Språkhaldningar i høve til stadnamn kjem òg inn under denne funksjonen, altså kva namn ein synest er fine. Meiner ein til dømes at namna er finast i ubestemt form? Og kva etymologi kan ein lese inn i namnet?

9.11 Namn som formmessig verkemiddel

Ved å nytte stadnamn kan ein få til eit lydleg og visuelt bilete som ein elles ikkje vilja fått. Diktaren kan rett og slett velje eit stadnamn som passar inn lydleg og visuelt i teksten. Mange stadnamn er òg gamle, og tyder ikkje noko spesielt for oss i dag, men da kan ein leggje inn kva tyding ein vil i namnet. Ein kan da tolke namnet som gammalt, og historisk. Reelle stadnamn kan vere nedslitne og endra til det ugjenkjennelege etter mange hundre års bruk. Nokre stadnamn kan òg vere fleire tusen år gamle.

⁴¹ Det er gjort ei undersøking om Harry Potter-namna i omsette utgåver, men den norske utgåva er ikkje medteken her (Krüger 2005: 474).

I boka *Soundtracks, Popular Music, Identity and Place* skriv forfattarane om at namn i songtekstar kan bli valt ut pga. rytmen og ”musikaliteten” i namnet:

Vast numbers of songs (and band names) refer to place, and tempt geographical analysis, yet the sounds and rythms of names, rather than the ”reality” of place, have often exerted a major role in the choice of location. Carolina and Georgia were more likely to be on the mind than Rhode Island and Connecticut, irrespective of any particular merits, while Tupelo, Pasadena, El Paso. Amarillo (on Route 66) and San Antonio (San Antone) sounded much more glamorous and exciting than Detroit or Pittsburgh: much better to be twenty-four hours from Tulsa than stuck outside Leeds. (...) The resonance and timbre of the words were at least as important as the character and location of the places; onomatopoeia thus contributes to new musical geographies, and states such as Georgia benefited from their disproportionate presence in the lyrics of popular music (Connell 2003: 72).

Det same vil ein kanskje kunne leggje merke til i dikt som ikkje er songtekstar, sjølv om det kanskje spelar enno større rolle i ein song at stadnamnet passar inn lydmessig, og at det er songbart. Men i dette sitatet trekk forfattarene òg inn konnotasjonane til namna, og kanskje til ei viss grad personlege oppfatningar, når dei skriv at nokre namn ”sounded much more glamorous and exciting”.

9.12 Oppsummering

Som i den verkelege verda kan bestemte stader for enkeltmenneske bli knytt til bestemte hendingar. Om staden blir opplevd som bra eller dårleg vil da avhenge om ein knyter positive eller negative hendingar til staden.

Men også eit heilt lokalsamfunn kan dele dei same konnotasjonane til ein stad, eller knyte den same hendinga til ein stad. Da er det som oftast snakk om spesielle hendingar som dei fleste kjenner til, kanskje ei ulykke eller at ein plass blei brukt til noko spesielt. Ofte vil namnet bere preg av historier som er knytt til staden, det gjer det også enklare for folk å hugse hendinga. Det er nettopp fordi så mykje lokal historie og informasjon om lokale tilhøve kan hentast ut av stadnamna, at desse er så viktige som berarar av kulturhistorie.

Sjølvsagt kan stader vere tydeleg til stades i dikt utan at diktaren har tatt med stadnamn. Mange gonger vil ein likevel sjå for seg kva slags stad det er, om det er i bymiljø eller i naturen, og kva slags natur det er. Om ein veit noko om diktaren, til dømes kor ho var oppvaksten eller kor ho bur eller budde, vil det kanskje òg vere til hjelp i å sjå for seg stadene i dikta.

Stadnamn plasserer dikta meir tydeleg på ein bestemt stad. Og stadnamna har i seg sjølve mange gonger symbolsk tyding. Dei gjev kanskje lesaren assosiasjonar til stader ho sjølv kjenner til. Eller dei kan, ut ifrå samanhengen, forsterke kjensla av minne, tilknyting til ein stad og barndom.

DEL 3: Tor Jonsson og stadnamn

10. Om diktaren og ein biografisk lese måte

10.1 Kort biografi

Tor Jonsson voks opp i små kår i Lom. Faren heitte Johannes Johnsen, mora Torø Johnsen, og han hadde to storesyster, Tora og Inga. Familien budde først på ein husmannsplass under prestegarden, Prestkroken, ein fin liten gard med ei flott utsikt over dalen. Faren hadde von om å få kjøpt den vesle garden, som han hadde skrivne festekontrakt for. Men gamlepresten hadde ikkje sendt inn denne kontrakten, og da sonen til han som hadde vore husmann på garden før, kom heim frå Amerika, skar det seg. Far til Tor Jonsson blei ikkje trudd på at han hadde festekontrakt, han hadde ikkje kopi eller bevis. Familien måtte derfor flytte frå garden da Tor Jonsson var åtte år, og dei fekk sett opp ei lita stove på garden til nokre slektningar. Faren måtte no arbeide hardt som lausarbeidar, og bruke av det han hadde oppspart av pengar. Medan han heldt fram med å kjempe for å få husmannsplassen dei hadde flytta ifrå, døydde han. Mora var mykje sjuk, men arbeidde likevel hardt for at dei skulle ha pengar til det mest naudsynte.

Det einaste gode som kom ut av dette for Tor Jonsson, var at han fekk mykje tid til å lese, sidan dei ikkje hadde nokon gard lenger som han måtte hjelpe til med arbeidet på. Det kan derfor vere pga. denne traumatiske hendinga at Tor Jonsson blei diktar. Det at han og familien blei kasta ut av heimen da han var barn, var nok med på å forme han på fleire måtar, både forholdet hans til heimbygda, og ei sterk kjensle av alt det som er urett i verda.

10.2 Ein biografisk lese måte av diktarens liv og død

Sjølv om eg har valt å ta med litt om biografien til Tor Jonsson i denne oppgåva, ønskjer eg ikkje å ha ei rein biografisk lesing av dikta. Men sidan mykje av biografien er kjend for mange, og ein vil ta det med seg i lesinga av dikta, er det relevant å ta med noko av biografien. Mange av dikta til Tor Jonsson peiker dessutan på ei

historisk røynd, dei skildrar verda og bygda frå ein bestemt ståstad, frå husmannsplassen og smågardane til dei fattige på bygda. Det er naudsynt, slik eg ser det, å trekkje inn kva posisjon Tor Jonsson skreiv desse dikta i, og kva diskurs dei inngikk i samtida. Mange av dikta kan ein òg lese politisk, for Tor Jonsson hadde gjort seg opp politiske standpunkt i mange saker. Han var pasifist, og han skildra gjerne livet frå synstaden til dei fattige. Samstundes ville han nå ut over standen sin, og vere noko meir enn ein husmannsgut eller ein bonde. Han ville vere poet, trass i bakgrunnen som husmannsgut.

Berre kjærleik og død

I 1999 kom ein omfattande og populær biografi om Tor Jonsson, *Berre Kjærleik og død*, av Ingar Sletten Kolloen. Og også før denne biografien kom, har det vore skrive mykje om Tor Jonssons liv og død. Det kom mellom anna ut ei bok om han i 1984, *En bok om Tor Jonsson*, av Inger Heiberg, dotter av presten Smith i heimbygda til Tor Jonsson. Nettopp fordi han tok livet sitt berre 35 år gamal, har nok han meir enn andre diktarar blitt lesen biografisk. Men med den nye biografien har den biografiske samanhengen blitt kjend for lesarane i enda større grad enn tidlegare.

Talande nok startar heile biografien med å fortelje om den dagen han døde, og biografien har på mange måtar som utgangspunkt å freiste å forklare kvifor Tor Jonssen tok livet av seg, nett da han verkeleg byrja å selje bøker og bli ein kjend forfattar. Det er det som skapar spenninga i biografien, sjølv om ein veit korleis det endar. For kvifor tok han livet sitt? Det er kanskje naturleg at biografien valte denne vinklinga, og mange av kjeldene til biografien er naturleg nok opptatt av det same spørsmålet. Mange av tolkingane av dikta hans eg har lese, er òg særst opptatt av at han tok livet sitt, og det blir peikt på at han skriv om døden i fleire dikt. Biografien *Berre Kjærleik og død* har ikkje med diktanalysar, for litterær analyse har biografien definert ut av biografien. Men dikt brukast likevel i biografien, og da får dei oppgåva å illustrere Tor Jonsson sine kjensler, og vise kva han tenkte.

Det er nok vanskeleg å ikkje vurdere dikta ut ifrå at dikteren tok livet sitt, spesielt når den siste diktsamlinga handlar så mykje om det. I nokre av dei tidlegare dikta blei det òg hinta om sjølv-mord, eller ein kan lesesjølv-mordtankar inn i dikta. Likevel kan det ikkje vere rett å leggje alt for mykje vekt på dette, og lese alle dikta ut ifrå lagnaden til dikteren. Det reduserar diktinga hans til dagboksnotat, og sjølv om

tittelen til siste diktsamlinga er *Ei dagbok for mitt hjarte*, så bør ein ikkje alltid stole på kva ein diktar seier i diktinga si. Denne tittelen kan i tillegg vere sett etter at han hadde bestemt seg for å ta livet sitt. Og sjølv om han kanskje tenkte på sjølv mord før, så har han truleg ikkje hatt denne tanken heile tida, og vi kan heller ikkje vite om han i eit tidlegare dikt skreiv noko om død fordi han vurderte sjølv mord på det tidspunktet. Døden er ein av realiteta i livet for alle menneske, og det er ikkje sjeldsynt at lyrikarar skriv om døden.

Det er heller ikkje så sjeldsynt at diktarar tek livet av seg eller døy unge. Dei litterære førelegga og den litterære konteksten kan òg vere sær s viktige for at Tor Jonsson faktisk valte å ta livet av seg, og spelar med saman med andre grunnar. Det var nok neppe utan tyding for Tor Jonsson at han fekk ta del i ein eksklusiv fellesskap av andre unge døde poetar: Han fekk døy som poet, han som berre var ein husmannsgut! Som hovudpersonen i filmen *Sideways* uttalar: "I'm so insignificant I can't even kill myself. [...] You know. Hemingway, Sexton, Plath, Woolf. You can't kill yourself before you're even published" (han slit med å få utgjeve boka si.) Kanskje var det nettopp fordi han selde bøker at Tor Jonsson kunne ta livet av seg.

Dette med litterære førelegg for sjølv mord skriv Lisa Lieberman om i boka *Leaving you*. Spesielt i den romantiske litterære tradisjonen var det vanleg at både fiktive personar og forfattarar tok livet av seg. (Lieberman 2003: 95). (Men ein finn sjølv sakt døme på at forfattarar innan andre litterære retningar òg har tatt livet av seg.) Dette er også ein viktig parallell til at dikteren sitt litterære verk bør lesast innanfor den litterære konteksten. Ein diktars verk er vel så mykje ein del av ein litterær tradisjon, som at det har utgangspunkt i dikteren sitt eige liv.

Furthermore, we must not forget that the artist may "experience" life differently in terms of his art: actual experiences are seen with a view to their use in literature and come to him already partially shaped by artistic traditions and preconceptions (Wellek og Warren 1993: 78).

Men ein skal sjølv sakt ikkje underkjenne andre årsaker for at han gjorde valet sitt. Ei av dei var òg at han hadde tatt eit endeleg farvel med bygda, som han trass alt var glad i. Og byen fann han seg ikkje riktig heime i. Tilhør til stad var såleis viktig, men òg andre grunnar: som at mora nettopp hadde døydd, kjærasten hadde slått opp, han sov lite, åt lite, var deprimert og misbrakte medikament og alkohol. Men at dikteren tok livet av sitt skal ikkje spele ei viktig rolle i den vidare lesinga av stadnamna i dikta til Tor Jonsson.

Bygdabøygen

Tor Jonsson er spesielt kjend for å vere kritisk til bygda og ukulturen der, og han har med diktet "Bygdabøygen" gjeve opphav til uttrykket bygdabøygen. Kanskje kan ein også knyte uttrykket *bygdedyret* til dette diktet. I Wikipedia finn ein følgjande sitat:

Senere har det kommet frem at Jonsson selvmedisinerte seg selv ved hjelp av alkohol og andre medisinske medikamenter - i hovedsak for å komme vekk fra den trangsynte mentaliteten i Gudbrandsdalen på hans tid. [...] Mange av diktene hans konsentrerer seg om to hovedlinjer. Den ene handler om spenningen mellom individet og fellesskapet, spesielt bygdesamfunnet, et miljø han kunne oppleve som knugende. Derfor rettet han ofte skarp kritikk mot sosiale forhold (wikipedia.org 30.04.07).⁴²

Fordi samfunnsforholda er så nært knytt til Tor Jonsson, også slik mange lesarar ser det, les eg derfor dikta og stadnamna i dikta til ein viss grad inn i ein historisk og samfunnsmessig kontekst. Vi som les dette i dag, legg merke til at den sosiale situasjonen som mange gonger blir skildra i dikta, ikkje er den same som i dagens Noreg. Tor Jonsson hadde truleg blitt glad om han hadde fått oppleve at den husmannsnauda han sjølv voks opp med, ikkje lenger finst i Noreg. Men det er viktig å ikkje gløyme at dikta hans faktisk framleis talar til oss i dag, og han var sjølv opptatt av at han ikkje skreiv spesifikt om bygda, men om menneska og om allmenne spørsmål. Tor Jonsson ønskte ikkje å råke heimbygda si, eller berre bli lesen som ein kritikarar av heimbygda, slik han svært ofte blir. Han meinte at menneska var like ille overalt, og ville brukte sine egne opplevingar til å uttrykke noko allment (Kolloen 2001: 255). Ofte er det spørsmål om liv og død, einsemd og kjærleik, slitet for å skaffe den daglege føda, og minne knytt til spesielle stader han skriv om.

Eksistensielle spørsmål balar vi med i dag òg, vi skal alle døy og kjærleiken er ikkje alltid like lett å finne no heller, sjølv om vi har fått Internett. Andre stader i verda er det folk som svelt og som må slite for føda, slik som menneska i Noreg måtte før. Og det er slett ikkje alle i Noreg som har det like bra heller. Verda er minst like "gal" i dag som ho var på 50-talet - det er framleis krigar i verda, og menneska er vel knapt nærmare å leve i nokon idyll.

⁴² Wikipedia skal ein sjølv sagt vere forsiktig med å sitere, men her er det nettopp eit poeng å vise kva oppfatningar som er vanlege om Tor Jonsson. Wikipedia kan endre seg, om nokon finn grunn til å rette opp det som står der (folk flest kan i prinsippet vere med på å skrive om på artiklar på wikipedia).

Ein lesar som les Tor Jonsson i dag kan nesten ikkje unngå å ha nyare, og meir modernistiske dikt som referanse. Tor Jonsson blir ikkje berre lest i forhold til det som gjekk forut av dikting og si samtid, men òg i forhold til seinare dikting. Her passar det å enda ein gong referer eg til kva wikipedia har å seie om Tor Jonsson som diktar:

Han blir ofte beskrevet som en brukslyriker, for det er ikke abstrakt lek med språkbilder og utprøvning av avanserte virkemidler Jonsson driver med i diktene sine. Jonssons særpreg som lyriker er evnen til å konkretisere følelser. De blir gjerne fremstilt i et synsbilde, skarpt i konturene og uttrykt i rytmesikre vers, med overveldende intensitet (wikipedia.org 30.04.07.).

Så kan ein sjølv sagt spørje seg om kva som ligg i ordet brukslyrikar, er det positivt eller negativt? Tyder det at han blir mykje brukt og lesen, fordi han skriv på ein ”enkel” måte. Det kan vere positivt, men samstundes kan det vel også oppfattast nedsetjande at diktinga hans blir karakterisert med det han vantar i dikta sine.

10.3 Tor Jonsson og stadnamn

Tor Jonsson voks opp i det gamle bondesamfunnet, der folk utnytja utmarka til for til dyra og hausta sopp og bær til seg sjølve, og dei hadde dyra på seteren om sumaren. Det vil seie at ting var eigentleg i endring allereie på hans tid, men naturen og utmarka vart framleis i stort monn nytta slik den hadde vore brukt i fleire hundre år, og ei rekke av stadnamn var framleis i bruk. Stadnamn fanst det da overalt, fordi ein hadde bruk for å omtale ei rekke både små og store stader. Tor Jonsson hadde truleg eit svært stort ordforråd av namn på stader i lokalmiljøet, og han lærte heilt sikkert i oppveksten å gje stader namn.

At namn var noko som tydde mykje for Tor Jonsson, og noko han brukte aktivt, det kan ein også lese seg til ut ifrå brev han skreiv og det andre har skrive om han. Han gav gjerne og ofte kallenamn til folk og stader. Ein ven av Tor Jonsson, Sparre Olsen, skriv om dette i *Tor Jonsson-minne*: ”Presten var ein svært kunnig og interessert hagemann, og Tor lærte ikkje så lite om hagebruk av han. Tor likte å kalle Peter Lorenz Smith for Per Hågå” (Olsen 1968: 21). Han brukte tilnamn òg når han omtala andre personar, som ikkje var uvanleg i bygda. Her er eit døme på kva rolle stadnamn spelar i kommunikasjon mellom menneske, her i eit brev frå Tor Jonsson til Sparre Olsen:

Jørgen Fiskar har eg tala ved nyleg, og gav han ei lakseflue eg fekk av deg i Olden og han lova at du skulle få vera med han på fising til sumaren. Eg var med Godal til Røisheim nyleg og sprøyte han Ola for jurbetendelse. [...] Nori Bråtå var det fullt av gamle hus som kunne bli hytte. [...] I Skårvangen er det forresten mange som trur på tuftkallen og dei underbuandes. Her er det beintela jord og pent gravølsver. Eg kan fortelje at eg ikkje har fått klypt håret enno, eg vil no søkje OKB om fri reise til hårskjeraren på Otta. Det er visstnok eitkvart eg har gløymt, men no må eg slutte og gå på posten. Så får de tenkje dykk at eg står ved døra på Leitom og takkar for alt.” Bak på konvoluttan sto det: ”Frå Per Myrslappstrond, Trollkjerringtorget 2, Fossbergom (Olsen 1968: 73).

I eit anna brev skriv han:

Myrslappstronde, Lom, desember 1949

Det er neiggu ikkje lett å samle energi til brevskrivning her på Myrslappstrond. [...] På ein gard i Skjåk har ei daud kjerring vist seg mange gonger og ungdjerringa har rømt frå garden. Og på ein gard i Andvordgrenda ruslar ein daud mann ikring og skræmer vetet av folk. I sumar var det to karar som såg ein haugkall i Høydalen, det var ein liten blåkledd kar (Olsen 1968: 76).

Sparre Olsen nemner at Tor Jonsson hadde fleire namn på heimen sin i Lom: ”Tor hadde mange rare namn på heimen sin oppe i Lom. Nokre av dei var Stusslegstugu, Raudbrendbakken, Myrslappstronde og Åkerkvea” (Olsen 1968: 79).

10.4 Nasjonalromantikken

Men Tor Jonsson var svært kritisk til hyllinga av heimbygda Lom som det norskaste norske. I ”Å vera verda, Maibrev frå Mysusetar”, som er trykt i *Nesler I*, skriv han:

Eg tek ikkje av meg hatten korkje for Stor-Ronden eller Smiubelgen. Eg dyrkar ikkje stein. –Ein gong sleiva Vinje ikring her og nasegret når han såg fjella. Kanskje rann dei første ungdomsåra fram i minnet, så han atter hugga seg med solegladssorg frå det tunglyndte møtet mellom ungdom og natur. Kanskje – Forresten er det gagnlaust å tøyve med teoriar kring Vinje, det blir berre som vindjaga skoddedottar kring Rondetoppene. –Men som kjent var Vinje litt lauskjefta og han kunne heller ikkje teia når han stod ved Rondane. Han song. Og så mykje sit det att av leseboklærdomen i dei fleste at dei kan rope gid og gud for sol og snø og stein. Ja, kvar ein stein dei som ein kjenning finner, for slik var den dei pugga om som born. Finn dei så fram ei gamal grammofonplate og set Erling Krogh til å syngje om desse fjell og dalar, blir dei så fulle av natursjel at ein Vinje ville gløymt Rondane og gapskratta (Jonsson 1960: 77).

Sparre Olsen kommenterar dette i tekststykket i minneboka si om Tor Jonsson, og poengterar at dette er rein satire, for Tor Jonsson var sjølv temmeleg glad i fjellet:

For oss som kjende Tor Jonsson er det greitt at dette er respektlaus satire frå hans side. Som få andre i norsk bokheim har han gjeve uttrykk for kva fjellet, høgfjellet, har hatt å seia for han. Jau, Tor Jonsson har sanneleg tatt av seg hatten, i dikt og i prosa, både for Stor-

Ronden og Smiubelgen, for ikkje å nemne Lomsegga! Men han har fortalt meg at der han sat i solveggen ved hytta, vart han irriterande forstyrre av fjollete gid-og-gud-fjellprat av byungdom frå hyttene i nærleiken. Og fæle, klisne grammofonplater som lét ut over seterstulen gjorde det ikkje betre (Olsen 1968: 30).

Også når ein les dikta hans skjønner ein at fjella er viktige for han, for fjell og berg er med i mange dikt.

Boka *Fåkjeldland*, skriven av ein sambygding av Tor Jonsson, Marit Berge Sundli, er på mange måtar eit langt forsvarsskrift for heimlassen – fordi Tor Jonsson har gjeve eit negativt inntrykk av Lom gjennom diktinga. Mange lurte på om det verkeleg var slik i Lom, som han hadde omtala staden. Dei skjønnte ikkje at diktinga ikkje nødvendigvis gjer eit nyansert og sannast mogleg bilete av ein stad, eller tenkte nok ikkje på at det kan vere fleire sanningar eller bilete av ein stad, jf. Rodmans omgrep *multilocality*. Det var nettopp det oppstasa og altfor positive bilete av staden som andre hadde gjeve gjennom diktinga og måleri, Tor Jonsson reagerte på. Mellom anna Aukrust hadde framstilt staden nesten udelt positivt, og frå dei store gardane sin synsvinkel. Andre hadde òg framstilt Lom og Gudbrandsdalen svært einsidig positivt i dikting og malekunst, som idyllar, og som døme på det norskaste norske. Dette reagerte Tor Jonsson på, oppvaksen i små kår som han var, så han så altfor tydeleg fattigdomen og slitet som låg bak.

10.5 Biografisk lesing av stadnamna i dikta?

I tolkinga av kva stadnamna kan tyde i dikta, tar eg først og fremst utgangspunkt i den konteksten dei inngår i dikta. Som før nemnt baserar eg meg også til dels på ein biografisk lese måte, sidan eg les dikta i lys av det som er kjent frå brev og andre kjelder om Tor Jonssons forhold til heimstaden Lom, og til naturen. Men mykje av dette finn ein igjen i diktinga, sidan dikta for ein stor del finn stad i eit heimleg miljø. Ein må vel i alle høve kunne seie at dikt-eget oppheld seg i omgjevnader som liknar svært på Tor Jonsson sitt heimemiljø. Men det er viktig å ha med seg at det ikkje er noko ein-til-ein forhold her: Stadene Tor Jonsson skildrar treng ikkje å vere akkurat dei same som bygda Lom og naturen der. Tor Jonsson tok utgangspunkt i dei stadene han kjende, og laga ei diktverd ut ifrå det. Han skapte på sett og vis ei parallell diktverd i poesien sin, den verda som blir skildra liknar på fleire måtar på Lom, men

det er ikkje den same staden. Mellom anna skriv han stadig om *Grågrenda* eller den grå grenda.

Tor Jonsson ville skrive noko allment ut ifrå egne erfaringar. Det rådande diktidealet både på Tor Jonsson si tid, tidlegare og no er at dikt skal vere allmenne, sjølv om dei tar utgangspunkt i det individuelle. Theodor W. Adorno uttalar det slik i ”Tale om lyrikk og samfunn”:

For gehalten i et dikt er ikke bare uttrykk for individuelle stemninger og erfaringer. Disse blir overhodet ikke til kunst før de via sin spesifikt estetiske utforming får andel i det allmenne. Ikke slik å forstå at det lyriske diktet umiddelbart skulle uttrykke det alle opplever. Det allmenne i diktet uttrykker ikke allmennviljen, kommuniserer ikke rett og slett det de andre ikke er i stand til å kommunisere. Tvert imot løfter diktet seg opp til det allmenne ved å senke seg ned i det individuerte og framvise det som ikke er fordreid, ikke fastlagt, noe ennå ikke subsumert (Adorno 1991: 395).⁴³

Arild Linneberg tolkar Adornos budskap slik, i ei setning: ”Den gode lyrikar er den som ved å senke seg ned i sitt eige indre, talar på vegne av oss alle og skaper et subjektivt uttrykk som samtidig er ”allment menneskelig” (Linneberg 1991b: 163).

Truleg er det fordi han ikkje har villa vere for lokal, og slett ingen heimstaddiktar, at han i svært liten grad har brukt reelle, eksisterande stadnamn. Sidan Tor Jonsson var så medveten at dikta skulle vere allmenne, blei han også så skuffa da kritikarane la altfor mykje (etter hans syn) vekt på det personlege opprøret dei las inn i dikta, mot storbønder og prest og negative forhold i heimbygda Lom:

Det kritikarane trur er viktigast, er å stikke nasen bort i lomsmiljøet og bruke lortteven her som grunnlag for vurderinga. [...] Når kritikarane ikkje kan finne noko anna i boka enn hogg etter siste restane etter bondeukulturen, da må dei vera nokre fordømte fjottar, som ikkje slaktar meg [...] (Kolloen 2003: 255).

Og vidare i brevet til venen Paul Breiehagen skriv han:

Kva har Lom med dikta mine å gjera? Miljøet her har forma meg. Men om eg hadde vore fødd under same kår i Aker, så hadde eg utvikla meg i same leid. Lomværar har eg råka alle stader, ikkje er dei vonde og ikkje er dei gode, dei er berre halvdaingar som går og gøymer på vondt og godt (Kolloen 2003: 255).

Kritikarane bruker her i stor stor grad ein biografisk lese måte, sikkert fordi miljøet som bli skildra i stor grad avviker frå deira eige. Hadde han faktisk vore fødd i Aker, eller i byen, og helst ha vore frå middelklassa, hadde han kanskje blitt lesen meir

⁴³ Talen blei halden første gong i 1957 i Berlin.

allment enn han blei. Men at han ville ha skrive dei same dikta om han hadde vore fødd i Aker, det trur eg nok ikkje.

Til ein viss grad les eg bruken av stadnamna ut ifrå kva forfattaren har tenkt, eller kva vi trur han hadde tenkt. Kvifor er akkurat *dei* stadnamna valt, som står i dikta. Men eg vil samstundes freiste å tenke meg korleis ulike lesarar vil lese dikta hans, og da spesielt stadnamna i dikta, i dag. Oppfattar dagens lesarar stadnamna på same vis som Tor Jonsson skreiv det, eller har ikkje folk dei same konnotasjonane til stadnamna som før? Har det at mange i dag veks opp i ei anna namneverd enn før, noko å seie for korleis vi les stadnamna i dikta til Tor Jonsson? Fordi stadnamna kan vere berarar av mange ulike konnotasjonar, kan det vere interessant å diskutere dikta og stadnamna ut ifrå tenkte kontekstar til forskjellige lesarar. I denne oppgåva kunne det faktisk ha vore interessant å intervjuje ulike menneske om korleis dei les dikta, men det har omfanget av oppgåva sjølv sagt ikkje rom for. I denne lesinga må eg først og fremst ta utgangspunkt i meg sjølv og mi eiga lesing, sidan eg ikkje eigentleg kan vite noko om korleis andre vil lese dikta. Det er sjølv sagt heller ikkje like mange lesingar som det er lesarar. I første rekke blir stadnamna lesne ut ifrå den samanhengen stadnamna står i diktet, som eg har vore inne på tidlegare.

11. Tor Jonsson si dikting

Ein finn igjen mykje av den same tematikken i alle diktsamlingane til Tor Jonsson: Han skriv mykje om einsemd, liv, død og kjærleik. Men det handlar meir om einsemd enn om kjærleik. Stader er også viktig i diktinga til Tor Jonsson, og stadene er ofte knytt til minne, til dømes om barndommen og ungdomstida. Opplevinga av naturen er òg viktig i mange dikt, sjølv om naturen òg kan inngå som symbol på dikt-egets kjensleliv.

Bygda spelar òg ein svært viktig rolle i mange dikt, og blir oftast framstilt negativt eller ambivalent. Bygda blir eit bilete på det som er galt i verda. Men i mange dikt er det òg eit lite håp om at bygda, og altså menneska og verda skal blir betre. I mange dikt skriv han om slitet til fattige folk, korleis husmenn og småbønder slit med å skaffe seg mat på bordet. Det urettvise i verda er noko som engasjerer Tor Jonsson, som er son av ein husmann og lausarbeidar. Som biografien *Berre kjærleik og død* påpeiker, så opplevde han at det var forskjell på folk i barndommen, mellom

anna da han gjekk på skole saman med dei som kom frå større gardar. At familien brått miste husmannsplassen, som faren hadde arbeidd så hardt for å forbetre, gjorde nok sitt til at Tor Jonsson tidleg opplevde verda som urettvis. Han fekk personleg erfare at fattigfolk ikkje har så mange rettar i samfunnet.

Fargepaletten i diktinga til Tor Jonsson var ikkje særskilt variert: Han nytta mest grått, blått, svart og kvitt. Nokre få gonger brukte han ein gyllen farge, og berre ein eller to gonger nytta han raudt, grønt og gult. I diktet ”No vil eg vera alle”, skriv han sjølv at han ønskjer å ta i bruk alle fargane.⁴⁴

11.1 Litterær tradisjon og inspirasjon

Einkvar diktar vil inngå i ein litterær tradisjon. Ingen diktar skriv i ei eige litterære boble, utan å forholde seg til sine forgjengarar og sine samtidige diktarar. Diktaren T.S. Eliot uttrykte det slik:

No poet, no artist of any art, has his complete meaning alone. His significance, his appreciation is the appreciation of his relation to the dead poets and artists. You cannot value him alone; you must set him, for contrast and comparison, among the dead. [...] The necessity that he shall conform, that he shall cohere, is not onesided; what happens when a new work of art is created is something that happens simultaneously to all the works of art which preceded it (Eliot 2001: 115).⁴⁵

Ein lesar vil altså alltid lese eit litterært verk i høve til andre verk, anten ho seier det eksplisitt eller ikkje. Eg har ikkje den fulle oversikta over kva Tor Jonsson hadde lest av poesi, og ei slik fullstendig oversikt veit eg heller ikkje om finst. Ein kunne nok finne fram til ein god del ved å lese ulike kjelder, mellom anna avisspalta han hadde som heitte ”Lyrikk for livet”.⁴⁶ Biografien nemner da også døme på nokre av lyrikarane han bruker i denne spalta: Elling M. Solheim, Louis Kvalstad, Hans E. Kinck, Olav Aukrust, Axel Lundegaard, Arne Paasche Aasen, Herman Wildenvey, Bjørnstjerne Bjørnson og Arnulf Øverland (Kolloen 2003: 190). Men dette blir berre nokre få døme, og ein må nesten gå ut ifrå at han hadde lese dei mest kjende norske

⁴⁴ Dette er eit laust dikt, og står ikkje i dei opphavlege diktsamlingane. Diktet er med som vedlegg til denne oppgåva.

⁴⁵ Utdraget er henta frå T.S. Eliot, *Selected essays 1917-1932*, først utgjeve i 1932.

⁴⁶ Det er ein svært morsom anekdote knytta til denne diktspalten: Det var nemlig eit blad på Sørlandet som ”lånte” denne spalten hos Dølabladet, heilt ordrett, med vignetten inkludert, noko som irriterte Tor Jonsson. Ein dag skreiv dei ”Lyrikk for liket” i staden for ”Lyrikk for livet”. Dette likte Tor Jonsson, og han klipte ut diktet i sørlandsbladet og la ved eit brev til redaktøren, der han gratulerte med ein så gløgg prentesvart. Etter det slutta sørlandsbladet å låne spalten hans (Kolloen 2003: 190).

forfattarane og lyrikarane, for det er kjent at han hadde lese mykje. Ein kan til dømes gå ut frå at han hadde lese Welhaven, Henrik Wergeland, Arne Garborg og Olav Nygard, for å nemne nokre. Det blir i biografien nemnt at han hadde vore kritisk til den modernistiske diktinga, og gjort narr av kor enkelt det var å smøre saman modernistisk poesi. Men ein bør nok ikkje leggje for mykje vekt på slike einskilde utsegn, for samstundes las han òg modernistisk lyrikk som han likte, og Gunvor Hofmo var ein av dikterkollegaene sine han snakka varmest om (Kolloen 2001: 291). Den modernistiske diktinga kom jo forseinka til Noreg av fleire grunner. Sidan vi nyleg hadde blitt eit eige land, og det var ei generell stemning i landet for å trekke fram og hylle det norske, blei det skrive nasjonalromantiske dikt i Noreg seinare enn i mange andre land, og spesielt innanfor den nynorske diktinga kom nasjonalromantikken seint:

Nynorsk lyrikk har på mange vis eit etterslep. Etter Wergeland og Welhavens romantiske dikt, kjem Aasen og Vinje med Goethe-prega klassisisme. Den nynorske nasjonalromantikken kunne av gode grunnar ikkje utfalda seg i 1840-åra, men den kom istaden på 1910- og 1920-talet, med Aukrust som ein "Wergeland som voksen", med Alf Larsens uttrykk (Sørbo 2004: 111).

Modernismen blei også forseinka på grunn av 2. verdskrig. I diktinga til Tor Jonsson ser ein påverknad frå den diktinga som har vore skrive før, mellom anna ein romantisk, og ein nasjonalromantisk tradisjon. Nasjonalromantikken har dei seinaste åra fått litt "dårleg rykte" på seg, og Tor Jonsson var sjølv blant dei første som kritiserte eit av trekka ved nasjonalromantikken, den ukritiske hyllinga av det opphavlege norske, og spesielt bonderomantikken. Slik blir nasjonalromantikken skildra i *Lyrikkboken*, i avsnittet om diktaren Welhaven:

For diktningen valgte man gjerne norsk natur, folkeliv og historie som emne. [...] En sterk impuls utgikk fra folkediktingen, som virkelig ble oppdaget i denne tiden, og mye av lyrikken forsøker å gjengi stemningen i folkevisene eller å dikte på samme måte som de (Havnevik 1971: 52).

I folkediktinga, og i balladane, finn ein òg ofte stadnamn, og sjølv sagt personnamn. Ofte kan det vere namn som *Dyre Vaa*, *Dyre fra Vaa*, som Welhaven skriv om, eller som hos Tor Jonsson om *Vill-Guri* eller om *Tufse-Per* i "Vås-Pervisa". Men slike namn kjem òg frå ein levande tradisjon med å gje folk tilnamn i bygda, som i alle fall fanst på Tor Jonsson si tid.

Men sjølv om ein hos Tor Jonsson kan finne slike romantiske, og til dels nasjonalromantiske trekk, så kan ein likevel ikkje karakterisere Tor Jonsson sine dikt som nasjonalromantiske. Tor Jonsson er som sagt sjølv tidleg kritisk til denne tradisjonen, der ein skal hylle norsk natur og norske bønder utan å sjå folks fattigslege kvardag. Tor Jonsson ønskte i staden å framstille fattigfolks kår meir ”realistisk” i diktinga si. Her har han nok òg henta inspirasjon frå ein diktar som Rudolf Nilsen, og kanskje andre arbeidardiktarar som tok utgangspunkt i ein reell kvardag, utan å idyllisere for mykje. Etter kvart endrar også diktinga hans seg til å blir meir modernistisk, sjølv om han aldri gjev heilt slepp på rima i dikta sine. Jan Inge Sørbø kommenterar fellestrekk med ein diktar som Olav Aukrust i dei første dikta til Tor Jonsson, og skriv om korleis lyrikken hans etter kvart endrar seg:

Seinare blir Jonssons stil langt strengare; han vil heller bruka eitt døme enn to, og setningane skal bli hardhogne og knappe, ikkje ordrike og repeterande. Også i det versifikatoriske går Jonsson etter kvart bort frå sambygdingen sin. Han dyrkar heller korte og knappe strofer enn dei lange og rapsodiske. Og han blir sparsom med rima, og kjem til tider heilt nær den frie, urima strofa (Sørbø 2004: 110).

Olav Aukrust var heilt klart ein som hadde inspirert Tor Jonsson, samstundes som han også var ein det var svært viktig for Jonsson å skape avstand til i diktinga, ikkje minst fordi Olav Aukrust var ein stor ”diktarhøvdning”, som han ofte har blitt kalla, i heimbygda.⁴⁷ Arnulf Øverland var ein annan dikter som inspirerte Tor Jonsson, og ein kan sikkert peike på fleire som hadde inspirert han. Eg veit ikkje om Tor Jonsson hadde lese Olav Nygard, men eit av dikta til Olav Nygard har i alle fall liknande ordval som Tor Jonsson bruker nokre av sine dikt:

Eg byggjer i tru
ei skjelvande sjulita verbogebru
fraa trongrømde tune i dalskuggen graa
til himelen høge og heilage blaa

Eg byggjer i von
at bruka skal berge fraa trolldag og tjon;
fyr dalen kann strype og svæve ei sjæl,
men aldri i æve han gjorde ho sæl

Dei ventar seg gjest
i blaahimelslotte, til storsigerfest.
No høyrer eg songen som ingen veit raad

⁴⁷ Tor Jonsson hadde blitt kalla for Vetl-Aukrust, og det likte han ikkje.

aa syngje med ord ifraa dalen den graa⁴⁸.

Her skriv Olav Nygard om den tronge dalen, og bruker òg ordet grå og skugge til å karakterisere staden. Kanskje har Jonsson, medvite eller umedvite, blitt påverka av dette diktet da han skreiv om Grågrenda eller Trongdalslendet?⁴⁹ Eller kanskje er det også meir tilfeldig, for dei kom begge frå tronge dalar, og grå var trass alt den fargen som var på husa, og på steinrøysene rundt. Dei har begge skrive dikta ut ifrå mykje den same topografien. Og ord som trong, grå og skugge har vore brukt av fleire diktarar til å karakterisere ein stad, Garborg skriv til dømes om *Skugge-land* i *Haugtussa*. Det som er spesielt hos Tor Jonsson, er at dette ordvalet i skildringa av staden går igjen gjennom heile forfatterskapen, og at det inngår i stadnamn i diktinga.

Å nytte stadnamn i poesi var som sagt heller ikkje uvanleg i diktinga som gjekk forut for Tor Jonsson, og spesielt kunne ein ofte finne dei brukte i titlar. Det er til dømes titlar som "Firenze" av Olaf Bull, og "Døingbukten" av Alf Larsen. Hyllestdikt til stader var òg vanlege. Eit anna dikt som Tor Jonsson godt kan ha lese er av Sigrid Undset og heiter "Steensgaten". Det er eit barndomsminne knytt til stad, og som lesar legg ein i alle fall merke til at tematikken er noko av den same som hos Tor Jonsson, berre det at hennar stad er i byen:

Og jeg har denne gaten kjær,
slik som den ligger, styg og graa,
for jeg har lært å langes her
mot alt, jeg ikke kunde faa⁵⁰.

11.2 Naturen si rolle i diktinga

Naturen og naturelement blir ofte brukte for å tale om noko anna, det får i mange dikt symbolisere kjensler i dikt-eget sjølv. Likefullt kan ein samstundes lese sterke naturopplevingar ut av dikta. Naturen er viktig, både i seg sjølv, og som symbol på noko anna. Otto Hageberg skriv i sin hovudoppgåve om Tor Jonssons dikting:

Tor Jonsson er ikkje først og fremst naturlyrikar, men mykje – ja, faktisk det meste – av biletstoffet hans kjem frå naturen. Men naturbileta er så visst ikkje alltid plastisk klåre, og det er heller sjeldan dei skaper verkeleg naturillusjon. Det er såleis nokså tydeleg at dikteren ikkje legg vinn på å gje att det vakre – eller det stygge – i naturen. Ein kan nok

⁴⁸ Gjengjeven etter *Olav Nygard, Dikter og mystiker* (Greiff 1959: 5).

⁴⁹ Desse namna skal eg komme nærmare inn på seinare i oppgåva.

⁵⁰ Diktstrofa frå Sigrid Undsets dikt er sitert etter antologien *De 100 beste dikt* (Magnus 1950: 153).

jamvel hevda at han i det heile ikkje er interessert å fortelja noko om dei ytre tinga han har omkring seg (Hageberg 1965: 8).

Hageberg meiner at naturen stort sett berre der for å symbolisere aspekter ved dikt-egets eige kjensleliv. At han overhovudet ikkje er interessert i å fortelje noko om ytre ting, og om naturen i seg sjølv, er eg ueinig i. Det kan godt vere eit både òg: Naturskildringane kan godt lesast som naturskildringar òg, som ei oppleving av staden, og samstundes symbolisere andre ting, mellom anna kjenslelivet til dikt-eget. Hos Tor Jonsson er dikt-eget svært ofte tydeleg plassert på ein stad, sjølv om diktet som regel handlar om andre ting òg. Reine naturidyllar og reine naturskildringar, der han berre vil vise fram det vakre i naturen, er uvanleg hos Tor Jonsson. Fagerhaug er vel eit av dei dikta som kjem nærmast, men sjølv dette diktet er ei ambivalent hylling av ein vakker stad. Fleire av Tor Jonsson sine dikt uttrykker at staden er ein berar av minne, minne om barndom og ungdom, eller andre spesielle hendingar, blir knytt til bestemte stader. Hageberg er også inne på dette i sin hovudoppgåve:

Det er svært ofte slik at subjektpersonen minnest og/eller reflekterer over ting og hendingar i sitt liv. Naturelementa står då gjerne i eit nært samband med dette minne- og refleksjonslivet (Hageberg 1965: 11).

Kanskje er det også fordi han ofte skriv om bestemte stader, som er knytt til bestemte minne, at han har med stadnamn i fleire dikt.

11.3 Grågrenda sin plass i diktinga

I den litteraturen eg har lese om Tor Jonssons dikting, har eg ikkje funne noko om bruken av stadnamn, men det kjem fram at han var nært knytt til heimstaden Lom, spesielt kjem biografien om han, *Berre kjærleik og død*, av Kolloen, stadig inn på dette. Tor Jonsson var nært knytt til naturen og til heimstaden, men han tok også ofte avstand til heimbygda i det han skreiv. Det var altså eit ambivalent forhold han hadde til heimbygda. Dei aller fleste av dikta til Tor Jonsson er også situert til stader på heimplassen, eller i alle fall stader som kan likne på stader på heimplassen til diktaren. Men i sjeldan grad er det hendingar og aktivitet som blir skildra i dikta. Ofte handlar dikta om eit diktar-eg som *er i* eller *vandrar* i naturen og hugsar noko frå fortida. Eller det er eit dikter-eg som talar om naturen eller bygda, *Grågrenda*, som han gjerne kallar ho.

Grågrenda eller den gråe grenda går igjen i fleire dikt. I andre dikt talar han berre om ”bygda”, utan at det er noko stadnamn. Det er mykje negativt bygda får skulda for i dikta hans. Men det er viktig å ha i minne at Tor Jonsson sjølv meinte at ein fann det same overalt der det er menneske. Hans framstilling av bygda, enten ho er basert på Lom, eller ikkje, er også meint å skulle vere ein representant for menneskesamfunnet, og alt det gale som finst i samfunnet.

11.4 Reelle eller fiktive namn i dikta?

Eg har søkt etter namna Tor Jonsson bruker i Statens kartverk sin namnedatabase *Sentralt stedsnavnregister* (SSR). Der fann eg ikkje så mange av namna i Lom, noko som er ein sterk indikasjon på at namna Tor Jonsson i all hovudsak bruker i dikta sine er fiktive. Det er òg andre ting som kan tyde på at namna er fiktive, noko eg vil komme nærmare inn på under lesinga av dei ulike namna. Men fleire av namna finst likefullt andre stader i landet, eller element frå namna finst i fleire namn rundt om i landet. Namna er altså for det meste realistiske, og ein kan gå ut ifrå at dei er henta frå namneforrådet til forfattaren, at dette var sannsynlege namn ut ifrå dei namna forfattaren kjende til. Da eg søkte i namnedatabasen til Kartverket på landsbasis fekk eg opp følgjande tall for nokre av namneledda og namna Tor Jonsson bruker:

Fager* 2786
Fagerhaug* 99
Sorg* 43
Skrikar* 17
Grå* 3415 (-Gråta* 61)
*ekra 183
Trong* 689
Skugge* 238
Svart* 15.018 ⁵¹

Når eg søkte med stjerne (*) fekk eg opp alle stadnamna som hadde til dømes namneleddet fager* som førsteledd. Men eg må poengtere at i desse tala er det nokre namn som står oppført fleire gonger, fordi dei namna som står på forskjellige kart blir rekna fleire gonger. Da eg søkte på sorg* fekk eg òg opp namnet *Sorgenfri* (26 gonger), og det var altså berre 17 namn som hadde med Sorg. Men eg fann faktisk ein

⁵¹ Eg har søkt etter Tor Jonsson sine stadnamn i Statens kartverk sin nasjonale namnedatabase *Sentralt stedsnavnregister* (SSR).

Sorgliholtet på Sørlandet, så forma Sorgli er altså ikkje heilt umogleg, sjølv om ho er uvanleg.

Karl Gutschmidt reknar med 4 forskjellige moglegheiter for å kategorisere namn som fiktive eller ikkje:

1. Namn og namneberar er identiske
2. Namn og namneberar er fiktive
3. Namnet er autentisk, namneberaren er fiktiv
4. Namnet er fiktivt, namneberaren er autentisk
(Gutschmidt 1978: 492)⁵²

Men dette blir likevel litt for enkelt, for kva med namn som er fiktive, og der staden er fiktiv, men likevel har lånt trekk frå reelle stader? Og viss ikkje lesaren veit at staden er fiktiv, har det kanskje ikkje så mykje å seie om namnet er fiktivt eller ikkje?

Modellen blir litt for enkel, fordi han ikkje tar med i beregninga at det ikkje er noko enkelt, og lett avgrensa forhold mellom dei autentiske stadene og stadene i diktinga.

12. Mogning i mørkret (1943)

12.1 Vårsorg

Å, under, under når våren vaknar
og vert til medvit i mannahug.
På nytt ligg jorda her ung og naken
og gjer meg bljug –
Det dryp og klunkar i løynde årar,
det sildrar sylv i dei svarte sva.
Kvar natt kjem dvergar og hamrar sylvet
på alle bergom til blanke blad.

Da vert det strev i den gråe grenda.
Det eimar mold og det angar brom.
Og så ein morgon kan jorda te fram
sin heilagdom:
Ei kvitkledd symre i silkekåpe
ber bod til hjarta, at enn ein gong
er våren komen med veldig vilje
og fyller verda med sol og song.

⁵² Dette er mi oversetting av den tyske originalen: ”1. Name und Namenträger sind identisch, 2. Namen und Namenträger sind fiktiv, 3. Der Name ist authentisch, die Figur fiktiv, 4. Der Name ist fiktiv, der Namenträger authentisch.”

Sjå strålar strilar igjennom himet
som einkvan hengde på himmelkvelv.
Og bekken veks-opp så vill og vaken
og vert til elv.
Dei unge gjenter i kvite kjolar
eig heile våren og meire til.
Den stride vårbekken stilnar tagal
når vakkerdjenta seg spegle vil.

Det står ei bjørk bort-i Blåbjøllbakken
I fjorhaust fekk ho eit øksehogg.
Der vårast kring ho. Or såret dryp det
så blank ei dogg –
Eg er som bjørka: Eg kjenner sevja
frå jordlivs grunn når det lid mot vår,
og ber mitt minne frå livsens haustdag –
No dryp det blod or kvart hjartesår.

Diktet ”Vårsorg” har eit stadnamn, Blåbjøllbakken. Diktet har 4 strofer, kvar med 8 vers, og det er rim på 2. og 4. verselinje og på 6. og 8. verselinje. I nokre strofer rimar enda fleire vers. Stadnamnet står i den første verselinja i den 4. og siste strofa: ”Det står ei bjørk bort-i Blåbjøllbakken”. Stadnamnet står heilt til slutt i verset, og rimar ikkje med andre vers.

Temaet i diktet er vår og depresjon om våren, vårsorg, på trass av, eller kanskje på grunn av at livet vaknar til igjen, medan dikt-eget ikkje klarer heilt å vere med på gleda. T.S. Eliot skreiv også i ”The Waste Land”: ”April is the cruellest month”, og dette er ikkje eit heilt ukjend tema i diktinga. For å uttrykke denne kjensla bruker Tor Jonsson naturen, og han skildrar først korleis nytt liv vaks fram overalt, og alt og alle vaknar frå vinterdvalen. Dette kontrasterar han mot si eiga kjensle, som han uttrykker gjennom eit kraftfullt og tydeleg bilete: Han sjølv er som ei bjørk som har fått øksehogg om hausten, og no vårast det kring han. Og det er i denne samanhengen stadnamnet kjem inn, for denne bjørka står bort-i *Blåbjøllbakken*.

I første strofe er naturen nærmast besjela: ”Naturen vaknar”, og det blir framheva at det er eit under, eit mirakel at det kjem nytt liv. Det er ei oppstemt stemning, ei hylling av det mirakuløse livet. Samstundes understrekar diktaren at det er mennesket som oppfattar dette i naturen, det er naturen sett gjennom menneskeauge: våren vaknar, og ”vert til medvit i mannahug”. I 3. linje ligg jorda ung og naken, og ein får assosiasjonar til noko feminint, at jorda er som ei ung jente, spesielt sidan jorda gjer dikt-eget bljug. Jorda er eigentleg gamal, men kvar vår blir

jorda ung igjen, i den forstand at nytt liv startar å gro på nytt kvar vår. Men den første strofa er ikkje udelt lys og positiv: Siste del av den første strofa har ein mørk palett, og lyder *Det dryp og klunkar i løynde årar,/ det sildrar sylv i dei svarte sva./ Kvar natt kjem dvergar og hamrar sylvet/ på alle bergom til blanke blad.* Det mørke og natta er altså til stades også her. Men ved å nemne dvergar blir våren dessutan til noko magisk, til eit eventyr.

I den andre strofa kjem det menneskelege samfunnet, og *arbeidet* som våren krev inn, med linja: ”Da vert det strev i den gråe grenda.” I denne strofa viser jorda fram sin heilagdom, og igjen blir det understreka at våren og det nye livet er noko heilagt og opphøgd (jamfør bruken av ”Å, under” i første strofe). Denne heilagdommen er ei kvitkledd symre i silkekåpe, som får stå som eit symbol, eller ein metonymi for alt livet som veks fram. Igjen er naturen framstilt som noko kvinneleg, symra som er kledd i ei silkekåpe. Ved dette ordvalet blir kvitsymra menneskeleggjort, og enda meir tydeleg blir det i dei fire siste linjene i 3. strofe, der det talast om ”Dei unge jenter i kvite kjolar”, og det såleis blir ei gjentakning og utvikling frå 2. til 3. strofe. Det blir ei samanlikning mellom blomane og jentene, der begge låner trekk til kvarandre, blomane blir jentebloomar, og jentene blir blomejenter. I slutten av 2. strofe fyller våren verda med sol og song, og kvitsymra kjem med dagen, medan det i 1. strofe var natt og mørkt. I 3. strofa *veks* bekken opp, *så vill og vaken/ og vert til elv.* Her er det ei utvikling frå 1. strofa, der vatnet ”dryp og klunkar i løynde årar”. Samstundes er dette eit bilete på å vekse opp, og ein kan lese inn ein personifikasjon av elva. I siste delen av denne strofa kjem som nemnt dei unge jentene inn, og det er dei som ifølgje dikt-eget eig våren: *Den stride vårbekken stilnar tagal når vakkerjenta seg spegle vil.* Av flokken av jenter skil dikt-eget ut ei jente, rett nok utan å nemne namn. Her blir det enda meir tydeleg at bekken kan vere ein personifikasjon, og at det kanskje er dikt-eget som stilnar når han ser vakkerjenta. Dessutan kan ein lese det slik at det er jentene som beherskar våren og livet.

Så langt har diktet vore prega av meir generelle skildringar av våren, utan at det har vore plassert ein spesiell plass, anna enn at han talar om den gråe grenda. Det har i stor grad vore ei skildring utanfrå, og ei positiv skildring av våren. I 1. strofe bruker dikt-eget ordet ”meg” ein gong, men vidare i diktet er det skildringar ”utanfrå”, heilt til 4. og siste strofa. Her kjem stadnamnet inn: *Det står ei bjørk bort-i Blåbjøllbakken.* Med stadnamnet blir den spesielle staden trukke fram, og den personlege opplevinga. Spesielt blir det tydeleg når vi får vite at bjørka i denne bakken er eit bilete på dikt-

eget. I denne strofa kjem dikt-*eget* inn for fullt. Diktet handlar ikkje lenger om eit generelt og meir ubestemt landskap, som kan vere nesten kor som helst. Stadnamnet og den bestemte staden, blir i motsetning til det store eposet om våren som vaknar, noko daglegdags og konkretiserande.

Denne siste strofa skil seg frå resten av diktet på fleire måtar. Denne strofa handlar om eit kraftfullt bilete på dikt-eget, som ei bjørk som har fått øksehogg. Den opphøgde skildringa av våren som noko magisk og fantastisk blir her broten. Dikt-eget står i alt dette fantastiske livet som gror fram, med eit sår som ikkje vil gro, eit ”minne frå livsens haustdag”. I denne siste strofa er det også eit tidsaspekt, ved at bjørka fekk øksehogget om hausten, og no er det vår, men eit slikt sår forsvinn ikkje utan vidare. At det er tale om kjærleikssorg kan ein kanskje lese ut av at våren tidlegare i diktet har vore skildra som noko feminint, alle jentene som eig våren i 3. strofe, og ikkje minst vakkerjenta som fekk bekken til å stilne. Siste linje er òg ”no dryp det blod or kvart hjartesår”, og dette blir ein parallell til, og ei gjentakning av at det dryp så blank ei dogg frå øksehogget til bjørka. Men her blir det gjort klart at det er kjensler det er snakk om. Her i slutten peiker diktaren på at han ikkje er aleine i å føle det slik om våren. Å ha kjærleikssorg, og vere aleine, er dess verre om våren, i den tida livet vaknar og gror.

I prinsippet kunne Tor Jonsson ha valt kva stadnamn som helst i diktet, for det er ingen rim i den linja der stadnamnet står, og det er heller ikkje rim med den første linja i dei andre strofene. Men det stadnamnet han har valt passar svært godt inn i samanhengen. Det er mykje allitterasjon, med **bjørk bort-i Blåbjøllbakken**, både i sjølve stadnamnet og i linja elles. Stadnamnet er samansett av 2 ord med b, blåbjølle og bakke, i tillegg består blåbjølle av to ord med b, slik at stadnamnet har heile 3 b-ar. Men vel så viktig som allitterasjon, er assonans, i høve til namneleddet ”blå” har ein orda står, -hogg, dogg, vårast, vår, frå og hjartesår. I høve til namneleddet ”bjøll” har ein orda bjørk, øksehogg og bjørka.

Ein kan også seie noko om namnesymbolikk i dette diktet. Fargen blå var for Tor Jonsson ein positiv farge, og han koplar denne fargen til himmelen og til vatnet og havet. Han har også det blå lyset over fjella, mot det grå og det svarte. Ein lesar i dag vil kanskje kople fargen til melankolien, fordi dei fleste kjenner til uttrykk som ”I feel so blue” og ”I’ve got the blues”. I dette diktet passar det òg godt å kople det til melankoli, sidan temaet er depresjon og hjertesorg. Namneleddet –bjøll kan ein kanskje knyte til kyrkjeklokker, viss ein vil vere litt dramatisk, og knyte dikt-eget sin

sorg til dauden, i motsetnad til livet rundt han. I det andre diktet Tor Jonsson bruker namnet *Blåbjøllbakken*, ”I Blåbjøllbakken”, gjer Tor Jonsson denne symbolikken eksplisitt, ved at kyrkjeklokker blir nemnt i diktet: *Men verda ringjer med alle klokkom,/ ringjer til gravferd.*

Det at bjørka står i ein bakke, kan ein kanskje i denne samanhengen tolke inn ”livets strev”, men noko stort poeng treng ein ikkje gjere av dette, for bakke er eit svært vanleg appellativ i stadnamn. Og bakkar har vi nok av i Noreg.

Blåklokke er ikkje ein vårblome, og det kan nok òg vere tilsikta. Når dikt-eget er ute av ”sync” med våren, ikkje i takt med våren, ville er det kanskje like greitt at han at han ikkje står i ein vårblomebakke. Hans tur til å blomstre er ikkje komen enno, den kjem kanskje seinare, om det ikkje er å strekke blomesymbolikken i diktet for langt. I alle høve seier det noko om at staden ikkje har det namnet fordi det er blommar der no, men av di det plar vere blåklokker der når desse blomane blomstrar. Stadnamn bruker vere fast gjennom heile året, og namnet kan vere gjeven ut ifrå ei skildring av staden i den augneblinken staden fekk namn, kanskje det blei gjeven på den tida kjærleiksmøtet fann stad.

Stadnamnet verkar truverdige i diktet, men det er ikkje eit spesielt vanleg namn. Viss dikteren har tenkt på ein bestemt stad der det står ei bjørk med øksehogg, er det ikkje sikkert det er akkurat i Blåbjøllbakken. Og det er heller ikkje sikkert at *Blåbjøllbakken* er eit reelt stadnamn. Det finst argument for at namnet både kan vere fiktivt og reelt. Eit viktig argument for at det kan vere fiktivt, er at det passar så godt inn i dei lydlege omgjevnadane i diktet. Eit anna argument er at det ikkje er vanleg med blomster, som ikkje samstundes er nyttevekstar, i stadnamna. Dette kan ein sjå i fleire namnesamlingar, at når plantelivet var nemnt i stadnamna, så var det nesten berre nyttevekstar som var brukt i stadnamna. Blomar som berre er fine å sjå til får sjeldsynt plass i tradisjonelle stadnamn, i alle høve ikkje stadnamn som er nedskrivne. Men dette argumentet kan ein sjølvsagt også problematisere, og peike på at under innsamlingane av namn så har ein sjeldan spurt alle folka i eit lokalsamfunn, eller på ein gard. Kanskje kan det vere sannsynleg som eit smånamn i tilknytning til garden eller stua, som ville vere for uvesentleg til at informantar tenkte på å fortelje om det til innsamlaren?

Eit namn som Blåbjøllbakken kunne kanskje òg vere eit meir personleg namn, som Tor Jonsson brukte når han tenkte på ein bestemt stad, ein liten bakke som ikkje hadde noko namn blant folk flest. Ein kan kanskje tenke seg at dette var eit namn på

ein bakke i nærleiken av heimen, ein bakke der Tor Jonsson lekte som barn, der det vaks blåklokker. Ein annan grunn til å tenke at det kan vere eit namn frå barndomen, er at blåklokker er ein blome det er tradisjon får å bruke i barneleik. Ein slik barneleik er å prøve å vrenge blomen utan at han går sund (Høeg 1976: 266). I diktet ”I Blåbjøllbakken” skriv han også: *Eg finn att min barndoms bakke/ og legg meg under det same djupet.*

Liknande namn som *Blåbjøllbakken* kunne vere *Ryllikbakken* eller *Geitramsbakken* om bakkar der det veks slike blomster. Slike namn ville kanskje ikkje bli oppfatta som riktige namn av alle, eller bli hugsa på i ein innsamlingssituasjon. Akkurat som Elva og Skogen ikkje vil bli oppfatta som stadnamn av alle, sjølv om dei blir brukte som stadnamn. Om Blåbjøllbakken var eit reelt namn for Jonsson, er det sjølv sagt ikkje sikkert det var så mange andre som brukte dette stadnamnet enn Tor Jonsson.

Men om namnet ikkje er reelt, så kan det likevel vere eit ”pseudonym” Jonsson har laga for ein stad, som har tydd mykje for han. Namnet Blåbjøllbakken bruker som sagt Jonsson også i eit anna dikt, i diktet ”I Blåbjøllbakken”, og han bruker òg ordet blåbjøllbakkar i ein av prosatekstane sine, ”Heimferd frå heime”.⁵³ Kanskje likte Tor Jonsson dette ordet godt, eller kanskje han berre hadde ein spesiell blåbjøllbakke i tankane. Tor Jonsson var ifølgje Marit Berge Sundli allereie frå barndomen glad i blomar, ei interesse han tok med seg vidare i livet.⁵⁴

Men om det er eit reelt namn eller ikkje, har likevel ikkje så mykje å seie. Det som er viktig er at det er eit reelt namn i diktet for dikt-eget. Stadnamnet sin funksjon i diktet er først og fremst at det knyter erfaringa tettare til verda, og til ein bestemt stad. Det plasserer opplevinga på ein konkret stad, og dikt-eget høyrer såleis til på ein stad. Den konkretiserande funksjonen ved namnet blir viktig. Stadnamnet får kanskje lesaren til å sjå for seg staden: Ein bakke med blåklokker, eller ein bakke der det bruker vere blåklokker.

Blåbjøllbakken har ikkje nokon lokalisierende funksjon i særleg stor grad, i så fall berre ein tilsynelatande lokalisierende funksjon. Langt viktigare viser bruken av stadnamnet at diktar-eget har kjennskap til stadnamn og tilhøyring til staden. Å bruke eit stadnamn er meir biletskapande, og seier kanskje meir enn å skrive ”bjørk bort-i

⁵³ Jonsson 1960: 82.

⁵⁴ Sundli 1991: 16, Olsen 1968: 51, Kolloen 2003, 113.

bakken der blåbjøller veks”. Det er også meir kortfatta enn å skrive det nemnde uttrykket. Stadnamnet skaper og ein kontrast. ”Det står ei bjørk bort-i Blåbjøllbakken”, er på sett og vis ei svært dagligdags utsegn. Men å samanlikne seg sjølv med ei bjørk med øksehogg om våren er vel ikkje spesielt dagligdags, og er et kraftfullt og brutalt bilete på depresjon.

I diktet finn ein fleire motsetnader eller kontrastar: det er *liv* og *død*, og *kultur* og *natur*. Men det er ingen eigentleg kontrast mellom kultur og natur, for det er kulturen sitt syn på våren som kjem fram i diktet. Det blir meir som ein ironi over biletet av ein ideal og opphøgd vår, og så kjem øksehogget og øydelegg dette. Staden der han står, eller bjørka står, er full av vår og liv, og det veks vårblomar rundt han, sjølv om dikt-eget sjølv ikkje klarer å ta del i dette. Det at diktet har så mange parallellismar, der både det mørke og lyse inngår, peiker også mot at kontrastane ikkje er så klare motsetnadar som ein kanskje kan tru.

Blåbjøllbakken er eit spesielt poetisk stadnamn, og ikkje eit heilt ordinært stadnamn, og det understrekar samstundes at det er eit fiktivt namn og ein fiktiv stad i eit dikt. Men i dag vil vel dei færreste reagere på at dette ikkje skulle kunne vere eit reelt stadnamn. Det finst mange Blåklokkevegar og Ryllikvegar rundt i dette landet, for ikkje å snakke om vegar med andre stjerner og planetar, eller gamle gubbar.

12.2 Fagerhaug

Der bjørkeskogen svagar
så lauvslada skimrar,
der sol på sumardagar
skin bjart så blomen svimrar,
der engespretta gnikar
sin sofallsslått,
der tusen blad og bekar
angar så godt –
der dagen stig or natta som gjenta or laug,
der kjenner eg meg atter.
Det heiter Fagerhaug.

Og huset det er grått, sa´n,
av solsteik og elde,
men himlen skin så blått, sa´n,
med solbrann i ei kjelde.
Og hegg og hageprimmel
står nattfødd og ny
med dåm av helg og himmel,
soldag og sky –

Og skuggen stig og solelden rømer til fjells.
Da kjem ei kvitkledd kvinne
og ropar heim til kvelds.

Diktet har eit stadnamn, *Fagerhaug* som blir nytta 2 gonger, først i tittelen, og så ein gong til i den siste verselinja til 1. strofa. "Det heiter Fagerhaug", heiter den verselinja. Diktet har to strofer, kvar med 11 vers. Diktet har rim, slik dikta bruker ha hos Tor Jonsson.

Tema for dette diktet er minne om ein kjent stad, og diktet er ein hyllest til ein stad. Det handlar om det vakre i naturen, om "heimkjenning" (dikt-eget kjem att) og om drømmen om heimen. Staden i diktet heiter Fagerhaug, og dette er truleg ikkje eit reelt namn, og ein reell stad diktaren skriv om. Det vil seie: namnet finst i Noreg, og det finst også ei rekke bruksnamn med namneleddet fager. Men i Lom finst det i alle fall ikkje bruksnamn som har forleddet *Fager-*.

Stadnamnet skildrar staden som ein vakker stad, og namnet er av typen som gjerne var og er populære namn på eigedomar, og spesielt bruksnamn, fordi ein nettopp ønskjer å bu på ein vakker stad. Ein ønskjer at namnet på staden der ein bur, skal skildre staden som noko positivt. Derfor har til dømes *Solbakken* og *Solheim* vore svært populære bruksnamn, og Solheim er i dag eit relativt vanleg etternamn. Det er ganske mykje sol i diktet frå før, slik at det ville kanskje ha vore mykje å kalle staden noko med sol, til dømes Solheim. Og Solbakken hadde, og har allereie sterke litterære konnotasjonar til Bjørnson si forteljing.

Ein kallar slike namn litt nedlatande for motenamn, men truleg har det til alle tider vore nokre namn som har vore meir populære enn andre. På Tor Jonsson si tid oppfatta dei sikkert dette som eit enda penare namn den gangen, enn no. Sidan stadnamnet omtalar staden som vakker, får stadnamnet i diktet ein ekspressiv funksjon.

Namnet står truleg i ubestemt form både sidan det skal rime, og sidan det skal vere eit bruksnamn. Eg oppfattar i alle høve namnet som namn på ein liten gard eller husmannsplass. Det har vore vanleg både før og no at bruksnamn står i ubunden form, mykje på grunn av den skriftlege tradisjonen frå tidlegare tider. Og på Tor Jonsson si tid var det enda meir vanleg at bruksnamn og grendenamn sto skrivne i ubunden form enn i dag, sidan ein for mange namn etter kvart har endra skrivemåten av stadnamna,

slik at den har blitt nærare talemålet.⁵⁵ Ein annan grunn til at stadnamnet står i ubunden form er at det kanskje har vore oppfatta som finare av mange, og det heng saman med den førre forklaringa.

Stadnamnet er i dette diktet svært sentralt, sidan diktet handlar om å hugse/minnast ein stad, *Fagerhaug*. Staden blir i diktet nettopp skildra som ein vakker stad. I første strofe blir naturen på staden skildra, og skildringa avsluttes med dei to linjene: ”der kjenner eg meg atter./ Det heiter Fagerhaug.” Begge desse linjene er sterke markørar for minne.

Å bruke eit stadnamn i diktet forsterkar diktet sin tematikk, som er minne, *erindring* av ein stad. Stadnamnet konnoterar her både minne og tilhøyring. At stadnamnet inneheld ordet *fager* forsterkar dessutan skildringa av staden som vakker, som noko positivt. Det er tydeleg at staden blir sett på avstand, av ein som kjenner staden godt, og er knytt til staden, men som ikkje lenger oppheld seg der daglig. Staden er sett med minne-briller på. Diktet ”Fagerhaug” har i liten grad med det meir negative synet på bygda som spelar med i svært mange av Tor Jonsson sine dikt.

Men eit av dei bilda som går igjen i Tor Jonssons dikting, den grå grenda, er med. Rett nok er ikkje hele den grå grenda med her, det heiter at huset er grått: *Og huset er grått, sa’n/av solsteik og elde*. Slik startar 2. strofe. Her bringar diktaren mennesket inn på banen, med ein ukjent, ein nokon, som omtalar huset. Staden, naturen rundt garden, er altså vakker, men menneskebustaden er ikkje det heilt store. Men diktet får ein positiv slutt, også med ein menneskelig figur, kvinna: *Da kjem ei kvitkledd kvinne/og ropar heim til kvelds*. Ein ser for seg at dette er noko kvinna gjer kvar dag, dagane går og staden held fram med å vere den same. Kvinna roper inn til kvelds, slik kvinnene tenkeleg ropte inn til kvelds da dikt-eget var yngre. Ei kvitkledd kvinne blir ein positiv figur, kanskje ein slags Kristus-figur. Og når arbeidsdagen er over får endeleg arbeidsfolket kvile. I slutten får diktet allitterasjon med orda *kvitkledd, kvinne, kvelds*. Diktaren har også fått inn ordet ”heim” til slutt i diktet, som ytterlegare strekar under at det er et dikt som viser fram eit erindringbilete av heimlege traktar.

Kvifor er akkurat *Fagerhaug* valt? Kva assosiasjonar gjev dette svært gjennomslitige, og på eit vis enkle stadnamnet? Ein kan ikkje vite sikkert kvifor det er valt, men det går i alle fall an å seie noko om korleis ein kan tolke namnet.

⁵⁵ Eg skriv meir om bunden og ubunden form i bustadnamn i avsnittet ”3.3 Språkhaldningar til namn, pene og mindre pene namn” (s. 27).

Appellativet *haug* i namnet er truleg valt for å rime på laug i vers 9. Og *Fager* er truleg valt for å forsterke det positive ved staden og diktet, og det blir som sagt eit ekspressivt stadnamn. Men namnet er sikkert også valt fordi det var og er vanleg med slike positive gards- og plassnamn. Fordi Fager-, og liknande positive forledd er så vanlege å bruke i gardsnamn, så blir også garden meir allmenn, det blir på ein måte ein gjennomsnittsgard.

Tor Jonsson har valt eit fiktivt namn i diktet fordi han ikkje har ønskt at ein skulle kople skildringa med ein bestemt gard eller stad. Diktet er ikkje meint som uttrykk for hans eigen biografi, men han har tatt utgangspunkt i sine egne erfaringar for å prøve å uttrykke noko allment. For oss i dag kan kanskje framstå Fagerhaug som eit litt kjedeleg namn i eit dikt, sidan namn med fager er såpass vanlege. Namnet verkar heller ikkje vere spesielt gamalt, sidan det er gjennomsiktig.

Fager er ikkje brukt særskilt ironisk i diktet, anna enn at det kanskje er litt ironisk at alle slike små plassar har ønskt å bruke slike positive namn. At sjølv huset er grått og gamalt kjem fram i diktet: *Og huset det er grått, sa'n,/ av solsteik og elde,/ men himlen skin så blått, sa'n,/ med solbrann i ei kjelde.* Her ser vi eit døme på at fargen blå ofte er positiv for diktaren. Det er først og fremst naturen på staden som blir omtala som vakker. Sjølv bustaden er ikkje mykje, det er ingen stor materiell rikdom, men sola og himmelen er for alle. Naturen er for alle. Ein kan kanskje tolke det slik at lykkja er å finne i naturen, og i ei kvinne. Men diktet talar i grunn ikkje med så store ord. Diktet er først og fremst ein hyllest til staden, til naturen. Men det hadde ikkje vore Tor Jonsson utan ein konflikt, med linja: ”Og huset det er grått, sa'n ...”. Dette er likefullt eit svært positivt og håpefullt dikt. Tor Jonsson malar fram eit fagert bilete av staden i diktet.

12.3 Stuslegstugu

Det grønkast på glenner i granskogen stinn,
der vårsola vermer, og kveldkalde vind
susar i storskog og snære.
Skuggane kryp-fram frå buskar og tre
og gløyper ei gamal og mosegrodd kve
og nedrotna grind og gjerde.

I murane, bygde av menneskehend´,
der blømer det ugras; sjå brennheto renn
årviss og veks og vert herre.
Storåker´n er som den stinnaste skog.
På fjosmuren ligg det eit skjer av ein plog,
på røysa ei kavrotten kjerre.

Men enno så lever i bygdomb her ord
om dei som har bygt her og brote opp jord,
vatna med tårer og sveitte.
Namnet på stugu kan vitne om sut.
Og vinden og skogen har kviskra det ut,
det som ho ein gong heitte.

Diktet har to stadnamn, *Stuslegstugu* i tittelen og *Storåker´n* i linje 4, strofe 2 (av 6). Namnet *Stuslegstugu* kan vere eit reelt stadnamn, men heilt sikre kjelder for det har eg ikkje funne. Det som er sikkert er at Tor Jonsson brukte dette namnet om sin eigen heim, medan det *i diktet* er namn på ei gamal fråflytta og forfallen stove. I biografien *Berre kjærleik og død* står denne teksten under eit bilete av heimen til Tor Jonsson:

Stuslegstugu: Tor Jonsson brukte sjeldan dette namnet på heimen sin. Neppe fordi han ikkje hadde lyst, men fordi mora vart så lei seg da nokon trudde at sonen deira skreiv om heimen deira og ikkje ein nedrotna husmannsplass lenger inne i Bøverdalen i diktet "Stuslegstugu" (Kolloen 2001: 407).

No trur eg nok ikkje formuleringa om at han sjeldan brukte namnet er heilt rett, for i boka *Tor Jonsson-minne* kjem det fram at han i alle fall brukte namnet mykje i forhold til venen Sparre Olsen. Sparre Olsen bruker også dette namnet i teksten under to bilete i boka: "Torø Johnsen utanfor Stusslegstugu" og "Tor Jonsson utanfor Stusslegstugu, gravferdsdagen til mor hans" (Olsen 1968: 91, 93).⁵⁶ Kanskje brukte han namnet, som eg vil tru er mest av alt eit sjølvvironisk tilnamn, om heimen sin mest

⁵⁶ Mor til Tor Jonsson heitte Torø Johnsen, Tor Jonsson endra etternamnet sitt frå Johnsen til Jonsson.

når han tala med nære vener. I samtale med andre var han kanskje meir forsiktig med å bruke namnet.

Temaet i diktet er *minne* knytt til ein stad, og om stader som endrar seg. I diktet er det ei skildring av ein stad som har sett sine betre dagar. Diktet viser fram eit hus som er forfalle, med forfalne og tilgrodde omgjevnader. Det blir hinta til, eller kanskje gått ut ifrå at lesaren skal skjøne at den vesle garden eller husmannsgarden har sett betre tider. At det ein gong har budd og arbeidd menneske her kjem fram gjennom linjene

I murane, bygde av menneskehend´ i 2. strofe og i siste strofe Men enno så lever i bygdom her ord/ om dei som har bygt her og brote opp jord vatna med tårer og sveitte. Diktet kan kanskje også bli lese som eit bilete på ei hel bygd eller et helt samfunn. Spesielt i våre dagar, med fråflytting på dei fleste mindre stader.

Det er ikkje tilfeldig at diktet ”Stuslegstugu” kjem rett etter diktet ”Fagerhaug” i diktsamlinga. Begge viser eit møte med ein kjend stad, men der det førre diktet i samlinga, ”Fagerhaug”, viser ein kontinuitet på staden, viser dette diktet korleis stader kan endre seg. Det blir såleis ei motsetning og ein samanheng mellom dei to dikta.

Siste strofe i diktet handlar om stadnamn, og korleis namn blir gløynde og går ut av bruk. Det handlar om stader og stadnamn i endring. *Storåker´n er som den stinneste skog.* Å bruke stadnamn her, i staden for å berre si ”åker´n” gjer at ein opplever forfallet sterkare. Stadnamnet skaper eit tilhør og ei kjensle av historie. Nokon som sto og sleit på åkeren ein gong, har kalla denne åkeren for *Storåker´n*, men no blir den dyrka marka til utmark, den går tilbake frå å vere kulturlandskap til å bli *natur*. Med stadnamnet får han også sagt at det er den *største* åkeren på garden som ikkje lenger i bruk, og forfallet blir dess større. Å bruke stadnamnet *Storåker´n* skaper dessutan ein betre klang, ved at det blir allitterasjon med stinneste skog.

Dei gamle øydelagde gjenstandane dikt-eget viser oss vitnar om at det har budd folk i Stuslegstugu, det har vore levd liv på staden. 3. strofe seier eksplisitt at det framleis finst dei som minnest dei som har budd på staden, eller det står at ”*det lever ord*”: det finst historier om staden slik den eingong var, og om folka som levde der. Siste strofe seier nokså eksplisitt at namnet på stova, altså *Stuslegstugu* (som finst i tittelen) kan fortelje, eller ”vitne” om sut og fattigdom. Men siste strofe seier òg noko som kan tyde på at det namnet stua tidlegare hadde, no er gløymt, og at staden blir tatt over av naturen, for: ”*vinden og skogen har kviskra det ut,/ det som ho ein gong heitte.*” Stadnamnet i tittelen, tilnamnet til staden, har også den funksjonen at det

plasserar dikt-eget til staden før diktet byrjar. Namneleddet *-stugu* fortel oss at det handlar om ein menneskebusad, og *Stusleg-* fortel oss at diktet skal handle om ein stad som er, ja nokså stusleg.

12.4 Nordved Sjong

Eg går her og vinglar og vimar
på strendom ein stad nordved Sjong.
For minnet krev sine timar –
og helst vil det ha ein song.

Eg set meg varleg og ventar
til tida går att og bak.
Og kvelden kjem att og hentar
eit gloande månevrak.

Kveldsvinden hyllar ein springar.
Og kvelden gøymer ei natt.
På vatnet gjer fisken ringar,
dei kverv og kjem aldri att –

Da klårnar det opp eit minne
på strendom ein stad nordved Sjong:
Ein kveld eg møtte ei kvinne
for fyrste og siste gong.

Og augo dei smilte: Tak meg.
Men tanken kalla det svik:
Brenn ikkje bruene bak deg.
Slikt er for den som er rik.

Men sumaren vart til ein domar:
Syt 'kje for lekam og sjel.
I bergom står tusen blomar
og blømer seg beint i hel.

- - -

Bårene bevrar kring osen,
og månen sår sylv over sjo.
Og dagen legg atter kosen
mot vest og vert borte i blod.

Men ingen, nei ingen skal finne
mitt far i fjellom ved Sjong.
Eg ber på ei sorg: Eit minne
om fyrste og siste gong.

Diktet "Nordved Sjong" har eit stadnamn; *Sjong*, som blir gjenteken fire gonger i diktet. Først i tittelen, deretter i 1. strofe, 4. strofe og til slutt i 8. strofe. Diktet har 8 strofer, kvar med 4 verselinjer. Kvar gong kjem stadnamnet til sist i 2. verselinje, og det rimar med siste verselinje i strofa. I tillegg til stadnamnet bruker han ordet *nordved* i tittelen, som signaliserar at det er snakk om eit stadnamn. I 1. og 4. strofe bruker han uttrykket *på strendom ein stad nordved Sjong*, slik at staden blir nærmare bestemt, sjølv om staden ikkje er heilt nøyaktig bestemt. Dette uttrykket gjer òg at det kjem heilt klart fram at det er snakk om eit stadnamn. I siste strofe er staden som blir omtala ein litt annan, sjølv om *Sjong* framleis er med, no er det "*mitt far i fjellom ved Sjong*".

Temaet i diktet er minnet om ei hending, nærmare bestemt om eit kjærleiksmøte og om ei kvinne han har elska. Ein kan kanskje òg seie at temaet er melankoli, eller kjærleikssorg. Ordet "*nordved*" passar kanskje betre inn i denne tematikken enn "*sørved*" ville ha gjort. Men melankolien er ikkje heilt abstrakt, dikt-eget opplever denne melankolien, og minna, på *ein stad*, på strendene ein stad nordved Sjong. Dikt-eget vandrar i naturen, og det er settinga for diktet. Det er noko melankolsk over å vandre aleine på ei strand, for det står i motsetning til det romantiske biletet av *to* som vandrar saman på ei strand.

Det er eit *no* i diktet, det er presensforma som blir brukt om dikt-eget i diktet, i motsetning til hans skildring av kjærleiksmøtet, minnet om det som skjedde før ein gong. Det kjem ikkje heilt klart fram i diktet om kjærleiksmøtet med kvinna også fann stad på strendom ein stad nordved Sjong. Fjerde strofe er litt tvityding, det står:

Da klårnar det opp eit minne
på strendom ein stad nordved Sjong:
Ein kveld eg/ møtte ei kvinne
for fyrste og siste gong.

Det er kanskje mest nærliggjande å tolke det slik det er minnet som klarer opp på strendom, men ein kan kanskje samstundes lese det slik at han møtte kvinna på *strendom*.

Stadnamnet og stadplasseringa spelar ei viktig rolle i dette diktet, for å gje diktet form og samanheng. Ved at stadnamnet blir gjenteken gjennom heile diktet blir det skapt ein heilskap og einskap i diktet. Å repetere stadnamnet på denne måten er dessutan ein måte å mane hendinga fram. Eit anna uttrykk blir òg gjenteken to gonger i diktet, i same strofe som *Sjong*, det er uttrykket *fyrste og siste gong* som rimar på

Sjong, i 4. og 8. strofe. Ein slik måte å bruke stadnamn på i dikt, som eit repeterande element, er ikkje uvanleg, og det same kan ein finne hos andre diktarar. Samstundes kjem det eit brot til slutt i diktet, der uttrykket med stadnamnet blir endra. Til slutt i diktet kan ein lese inn eit sjølvmondsønske hos dikt-eget: ”*Men ingen, nei ingen skal finne/mitt far i fjellom ved Sjong*”. Stadnamnet rimar først med *song*, og som tidlegare sagt med *gong* to gonger. Rimskjemaet i diktet er *abab*, annankvar linje rimar. Det er ikkje utenkjeleg at nettopp dette stadnamnet er valt fordi det rimar på desse orda. Allitterasjon finn ein òg i noko grad i diktet, i første strofa har ein *Sjong* og *song*, i 4. strofe *Sjong* og *siste*, og i siste strofe *Sjong*, *sorg* og *siste*.

Ein annan mogleg grunn til at namnet er valt, er at det kan minne om ordet *sjangle*, som ikkje er så ulikt ”*vinglar og vimar*” i 1. verset i tyding. *Sjong* har til liks med *vinglar* ein ”ng”-lyd, noko som gjer at *vinglar* og *Sjong* passar godt saman lydleg. Kanskje kan ein tolke inn ein alkoholrus i desse to orda, men det treng det sjølv sagt ikkje vere. Det kan òg vere at dikt-eget *vinglar* og *vimar* fordi han går og tenkar for seg sjølv, og ikkje har noko mål og meining med turen, eller livet.

Stadnamnet er eit reelt namn på ein større stad, men ikkje i heimbygda til Tor Jonsson. Nordmenn og andre som er kjende med norsk geografi kan kanskje gjenkjenne namnet som eit reelt stadnamn. Men om forfattaren har tatt utgangspunkt i liknande opplevingar er det ikkje så sannsynleg at dei hendte akkurat her, sidan stadnamnet passar så godt inn i rimskjemaet. I så fall må han ha vore heldig med valet av plassen for mimringa, at namnet passa så godt inn i diktet. Men det har i alle fall ikkje så mykje å seie, for ein må gå ut ifrå at det er snakk om eit dikt-eg som opplever dette, sjølv om dikt-eget godt kan ha trekk til felles med dikteren.

Ved å bruke stadnamn og stadplassering fleire stader i diktet ser ein tydeleg for seg *Staden* som arena for hendingane i diktet, det er ikkje tilfeldig kor dikt-eget er når han mimrar. Minne knytt til stad er også viktig i diktet, sjølv om det ikkje kjem heilt tydeleg fram om staden han er på er meir tilfeldig, eller om staden er knytt til minna hans. Som det har vore nemnt tidlegare i avhandlinga blir både lokalhistoriske, og ikkje minst personlege hendingar ofte knytt til stadnamn.

12.5 Svart minne

Det lever eit minne i bygda –
- namnet vil ingen ta i sin munn.
Men minnet er gøymt i så djup ein grunn.

Ein hestleitar gjekk nord i liom
og leita i krok og krik.
Løynt under Svartbergsidom
fann han eit jentelik.

Han stokk så stygt at han rauk i koll.
Liket ropa sitt tagale rop:
Det hekk ein mann i ei toll.

Og dei som hugsar frå gamal tid,
nemner at lika var tri.

- - -

Og bygda snur seg i svevnen
og ottast sitt eige blod.
Ho hugsar det svarte minnet
som aldri gjev ro:

Det køyrde til grava ei einsleg kiste.
Tri korpar fylgde på himlen.
Det var det styggaste nokon visste.

Det er eit stadnamn i diktet, *Svartbergsidom*, eller eigentleg namnet *Svartberg*, som er sett saman med sidom. I staden for å bruke eit stadnamn kan ein sjå for seg at han kunne ha brukt ordet *fjellsidom*. *Svartberg* er eit ganske vanleg namn, som står godt til tematikken i diktet. Diktet handlar om at nokon har døydd ute i naturen, ved fjellområdet *Svartbergsidom*. Dette er eit *svart og stygt minne* for bygda. Kanskje er tematikken i diktet enda meir alvorleg enn eit dødsfall, kanskje er det noko så tabu som overgrep og drap av jenter? Det står ikkje noko eksplisitt om dette i diktet, men det står at det blir funne eit jentelik. Og dette liket ropar: *Det hekk ein mann i ei toll*. Altså noko slikt som: ”Det hang ein mann i ei fure.” Kan det ha vært ein mann som sto og venta på å overfalle ho? Fleire formuleringar tyder på at det har skjedd noko fælt. Diktet byrjar med: *Det lever eit minne i bygda/ - namnet vil ingen ta i sin munn*. Denne linja kan òg tyda på at det som har hendt, er tabu. Men er det namnet på staden folk ikkje vil ta i sin munn (truleg eit anna enn Svartberg), eller er det namnet på den som har døydd? Ein stad kan få fleire ulike namn, slik at det kan vere eit bestemt namn folk ikkje vil bruke, som er knytt til hendinga.

Det er mange som har mista livet i fjellet, enten ved å ta sitt eige liv eller ved ulykke. Historier om dei som har mista livet i fjellet lever ofte i folkeminnet, og fjell og andre naturformasjonar kan få namn etter dei som har mista livet der. Viss det verkeleg er snakk om eit overgrep ville vel ikkje staden få namn etter jenta, sidan det ville vere tabu. Ein kunne vel òg tenke seg ei historie om sjølv mord, der det i forkant har skjedd noko fælt. For at det er noko fælt som har hendt kan det ikkje vere tvil om, som det står i 5. og nest siste strofe:

Og bygda snur seg i svevnen
og ottast sitt eige blod.
Ho hugsar det svarte minnet
som aldri gjev ro

Dessutan står det i diktet ”*Og dei som hugsar frå gamal tid,/ nemner at lika var tri.*” Det er altså snakk om at det kan ha vore fleire som har døydd. Her blir det igjen poengtert at det er snakk om eit minne i bygda, eit felles minne. Og her kjem det fram at denne hendinga har hendt for lenge sidan, for det er ikkje alle som hugsar at det er tre lik, berre dei som hugsar frå gamal tid. Men var det verkeleg tre lik, eller er det så lenge sidan det hendte, at folk ikkje er einig i detaljane? Til slutt i diktet er det berre ei kiste, og tre korpar, tre ravner på himmelen, men er dette den same hendinga? Diktet er litt forvirrande, fordi det gjev motstridande og manglande opplysningar. Det vanskeleg å skjøne heilt kva som har hendt i bygda. Men slik er det kanskje med slike felles minne i ei bygd, at detaljane om kva som har hendt kan vere forskjellige.

Det blir i alle fall ein samanheng i diktet med dei tre lika, som det kanskje var, og tre korpar til slutt i diktet. Tre korpar blei vel sett på som å vere eit svært dårleg teikn, eit ulykkesteikn.

Det er ikkje nokon tydeleg eg-person i diktet, og det brukast ikkje noko eg-form i diktet. Dikt-eget er meir ein slags forteljar som fortel om denne fæle hendinga og dette grusomme minnet i bygda. Dikt-eget er ute etter å sjukkere oss, og kanskje forvirre oss. Eller anten er forteljaren allvitande og vil forvirre oss, eller så er forteljaren sjølv usikker på kva som hendte. Denne forteljaren vil heller ikkje fortelje alt som det hendte, alle detaljane, men hintar berre om at det var noko fælt. Det er vel gjerne slik, at det som er tabu skal ein ikkje seie eksplisitt.

Diktaren har nok synest at namnet *Svartberg* står bra til tematikken i diktet. Svart er i mange samanhenger døden sin farge, i alle fall i vestlig tradisjon.

Svartbergsidom står også godt til tittelen ”Svart minne”, det blir ein repetisjon av svart, som for å understreke det dystre og døden. Svart er òg oftast ein farge med negative assosiasjonar, i alle høve blir fargen negativt brukt i mange dikt, og spesielt i lys av tematikken i diktet. Grunnen til at det er brukt *Svartbergsidom* og ikkje *Svartberg* eller *Svartberget*, er truleg at -sidom skal rime på liom. I Lom kommune finst det ingen *Svartberg* i Kartverkets database SSR, og det nærmaste ein kjem er namnet *Svartlii*. Men stadnamn med namneleddet *svart* er ikkje uvanlege å treffe på.

Å ha med eit stadnamn i eit dikt som handlar om bygda sitt felles minne, høver bra. Men diktet seier jo òg at namnet som er knytt til minne vil ingen ta i sin munn, så det er gjerne snakk om eit anna namn, som ikkje blir sagt i diktet. Her snakkar diktaren om korleis minne, både positive og negative, kan blir knytt til eit stadnamn og ein stad. I dette diktet er det sjølv sagt snakk om negative minne som blir knytt til eit namn.

12.6 Skrikarberg (Eit dikt om ein draum)

Om hausten kom og jaga
all venleik or mi verd.
Eg vakna før det daga,
og budde meg til ferd.

Av livet sumt eg lærte,
men vart 'kje klok nok til å snu.
Og gråe dagar tærde
og gløypte av mi tru.

Eg kom til bergeknausen
- eg hugsar ikkje namnet meir, -
det tydde *hovudhausen*.
Der var det kome fleir.

Sjå rettaren med sverdet,
- det skimrar blankt som morgondogg.
Han lyftar det i vêret
og bur seg brått til hogg.

Den daudedømde knelar
for bøn og prestesong.
Han høyrer fuglen spelar
i li for siste gong –

Det var nok just på tide:
Eg jagar fram min kvite hest

og slengjer hardt til side
bå' herk og hyklarprest.

Så lyftar eg i salen
den lagnadsslegne træl
og sprengjer utor dalen
med solsong i mi sjel.

Dette diktet har stadnamn i tittelen, men ikkje i sjølve diktet. Det er eit dikt om ein draum, som det også står i undertittelen. Tittelen gjev oss altså to kontekstar for diktet, det er plassert til staden *Skrikarberget*, og det går føre seg i ein draum. At det er eit stadnamn skjøner vi, fordi endinga *-berget* er svært vanleg i stadnamn. I sjølve diktet kjem det fram kva *Skrikarberget* er, det er ein rettarstad. Handlinga i diktet er at ein dødsdømt person skal avrettast. Men handlinga er ikkje heilt realistisk, det er meir mytologisk, for bøddelen har sverd, og han sjølv, altså dikt-eget kjem ridande med sverd i handa som ein riddar. Diktet er da også i tittelen kalla ein draum.

I overført tyding, og i lys av Jonsson i øvrige dikting, mellom anna i diktet "Bygdabøygen", som også har med stadnamnet *Skrikarberget*, kan den historia som blir fortalt i diktet, stå for noko anna: Diktet blir eit allegori på at bygd og prest dømer og "avrettar" einskilte personar, ikkje med sverd, men med ord og gjerningar. Denne lesinga av diktet kjem òg fram gjennom strofe 2: *Av livet sumt eg lærte,/ men vart 'kje klok nok til å snu./ Og gråe dagar tærde/ og gløypte av mi tru.* Det er eit negativt bilete på bygda som kjem fram i diktet, og *Skrikarberget* er også eit negativt ladd stadnamn. Dikt-eget er ein positiv karakter, ein helt og ein individualist, som berger han, "trælen" som er dødsdømd. Kanskje kan ein lese det slik at dikt-eget vil redde seg sjølv, som træl, ved å ri ut av dalen. Berre ein rir ut av dalen, bort frå denne staden, *Bygda*, blir det bra. Da kjem det "solsong i mi sjel", som det står til slutt i diktet. Ein kan altså lese inn noko av den same tematikken som i "Bygdabøygen", som kjem i neste diktsamling *Berg ved blått vatn*, sjølv om det i dette diktet er mindre eksplisitt kva det handlar om. Men dette diktet sluttar før "Bygdebøygen", det sluttar i det han kjem seg ut av dalen, i gleda over å vere komme seg unna. Diktet seier ingenting om kva som kjem vidare, og diktet har såleis ein noko optimistisk og positiv slutt.

Namnet på rettarstaden er *Skrikarberget*, ifølgje tittelen. Men i sjølve diktet veit ikkje dikt-eget kva staden heiter. Tredje strofe lyder: *Eg kom til bergeknausen,/ – eg*

hugsar ikkje namnet meir, –/ det tydde hovudhausen. Dikt-eget hugsar altså ikkje kva staden heiter, men han hugsar kva namnet tyder. Dette er derfor truleg snakk om eit anna namn staden har, kanskje eit meir opphavleg namn ein Skrikarberget? Ordet *haus* kan tyde fleire ting iflg. *Nynorskordboka*, både:

1. hjerneskele, hovudskele, skalle, skolt
2. hovud (4), hovudstykke på ymse ting
3. hjulnav
4. liten bergknatt
5. tjukk og mørk sky⁵⁷

Her er det vel spesielt dobbeltydinga med ”liten bergknatt” og ”hovudskele” som er spesielt interessant, namnet tyder altså både hovudknatten og hovudskallen, på denne staden som hovudskallane har rulla, og skal rulle. Eit slikt namn er eit passande namn på ein offerstad. I tillegg kan ein kanskje òg tolke inn noko slikt som at staden tydde det viktigaste hovudet, altså presten. Den siste tolkinga ville vel ikkje vere særleg plausibel i røynda, men i draumen og i diktet, kan ei slik tolking vere eit alternativ.

Avrettingsstader fekk ofte spesielle namn i bygdene, og i byar òg for den saks skuld. Eit kjend døme er *Montmartre* i Paris. Tydinga til *Montmartre*, lidingsfjellet, er i slekt med namnet *Skrikarberget*. Om det var ein slik avrettingsstad i Tor Jonsson si heimbygd, og om det heitte Skrikarberget eller noko anna som tydde *hovudhausen*, det kjenner eg ikkje til.⁵⁸ Tor Jonsson kan også ha lese om slike rettarstader i historiebøker og i romanar.

12.7 Ved Wergelandsgrava (Våren 1943)

Sjå våren! Han er Noregs vakt:
Ein vilje under visne blad,
ein doggvåt dag bak soleglad,
ein draum, ei skaparmakt –

Ja, våren signar med si prakt
den svævde lund, sjå knuppar svell,
der sola sprenar gull mot kveld.
Og vinden spelar spakt.

Ein gud gjekk føre så eg fann
til denne grav or gråe grend.
Kom heile Noreg! Høyr og kjenn
ein vår så norsk som han:

⁵⁷ Frå *Nynorskordboka* på nettstaden: http://www.dokpro.uio.no/ordboksoek_nynorsk.html

⁵⁸ Det er ikkje noko namnesamling for Lom tilgjengeleg for publikum per i dag.

Så norsk som fjell, som Falketind
med vengeslag av Vinjeånd,
som attersyn av heimestrønd –
Så norsk som nordavind.

Å høyr det veks i tagal lund:
Ditt liv er evig som ein vår.
Og Du går atter ut og sår
ditt frø i hjartegrunn.

Dette diktet er eit hyllingsdikt til Wergeland og til Noreg, og samstundes er det eit dikt om våren. Diktet er både stadfesta og tidsfesta i tittelen, dikt-eget ”står” ved Wergelandsgrava våren 1943. Det er altså komme til under krigen, og det er nok årsaka til at dette er eit av dei mest nasjonalromantiske dikta til Tor Jonsson. Dei tre stadnamna som blir brukt i diktet er *Wergelandsgrava*, *Noreg* og *Falketind*, og dei er alle tre reelle stadnamn, som gjev assosiasjonar til det nasjonale. Ved å bruke ordet *Vinjeånd* i samband med *Falketind*, trekk dikteren enda meir inn assosiasjonar til norske fjell og norsk natur.

At våren spelar ein så viktig rolle i diktet er nok både fordi Henrik Wergeland skreiv dikt om våren, mellom anna det kjende diktet ”Til Foraaret”, som han skreiv på dødsleiet. Men ein kan nok gjerne tolke inn eit håp om at ein vår i fridom ville komme til Noreg snart, sidan diktsamlinga kom ut under krigen, i 1943. Vel så mykje som eit dikt om Wergeland, ja kanskje meir, er dette eit dikt om Noreg. Men ved å skrive det som ein hyllest til ein diktar var det kanskje lettare å få det gjennom sensuren, om dei da var så nøye på lese sensur av diktsamlingar, eller klarte å lese mellom linjene. I uttrykket ”så norsk som nordavind” kan ein godt lese inn at det norske folk var vant til dårlig vær, og at folket nok ville ”stå han av” (med eit nordnorsk uttrykk) gjennom den tyske okkupasjonen òg.

Det er ikkje tilfeldig at han har valt å skrive eit nasjonalt oppbyggande dikt under krigen frå *Wergelandgrava*, eller valt å bruke nettopp Wergeland som dekke for å skrive eit patriotisk dikt: Wergeland ivra for feiring av 17. mai og det norske, og han gikk inn for fornorsking av det danske språket. Wergeland arbeidde òg for at jødane skulle få tilgjenge til Noreg, og sendte inn forslag om at lova om at dei var utestengde

blei opphevd.⁵⁹ Wergeland har også skrive dikt som ”Ode til Norges Frihed”, ”Til Norges trefarvede Flag”, ”Det gamle og nye Norge” og ”Norsk Krigssang”, og disse dikta var det truleg fleire som kjende til da Tor Jonsson var ung enn det er i dag.⁶⁰

12.8 Heimkjenning

Det er dei same fjell som før,
det er den same sol som blør
på tind og nut.
Og dei eg vende odd imot
er runne av den same rot,
med same sut.

Her dryp det dogg i Trongdalsnatt
og logar over løynde skatt
i Skuggeli.
Ein dom er over livet sagd:
Du skaper brød, du skaper bragd
i dagsens strid.

Den same nakne kvasse egg
med ørnereir i bergevegg
høgg skyer sund.
Og same skyming sviper inn
ei sumarnatt når dalen min
sig stilt i blund.

Det bevrar sol i blanke sva,
det susar vind i tusen blad
med stråleblenk.
Og sola gyller tind og glar,
ho seglar fram att i eit skard
med siste skjenk.

Sjå elvestilla fær sin eld
av soleglad imellom fjell.
Den gråe grend
ligg glødd som tind i morgongry
av strålestriling gjennom sky.
Og hjarta brenn –

Diktet ”Heimkjenning” har to stadnamn: *Trongdalsnatt*, dvs. eit samansett ord med stadnamnet *Trongdal*, og *Skuggeli*. *Trongdalen* er eit reelt namn i Lom, slik at diktet blir knytt direkte til heimplassen. Namneleddet ”skugge” finst i namnet *Skuggevatnet*

⁵⁹Opplslningar om Wergeland og det nasjonale er henta frå Store norske leksikon (2006) og <http://www.wikipedia.org>.

⁶⁰Frå Henrik Wergelands *Skrifter i Udvalg* (1897).

i Lom. Namnet *Skuggeli* veit eg ikkje om var reelt, det kan sjølvsagt ha vore i bruk eit slikt namn også, men det er ikkje registrert på kartblad, så vidt eg kjenner til.⁶¹ Men om det ikkje fanst eit namn *Skuggelia*, har Jonsson truleg laga det med *Skuggevatnet* som mal.

Ein kan sjå for seg fleire grunner til at grunnordet ”li” er valt i staden for ”vatn”:
For det første høver det betre inn i den topografiske samanhengen, med dal og li, enn med dal og vatn. Li peiker mot fjella og fortel om ulendt terreng, som var det viktigaste biletet i den første strofa. Men ikkje minst rytmemessig passar det betre inn, og han kan med dette stadnamnet nytte preposisjonen i, som han allereie har nytta i høve til *Trongdalsnatt*, og som kjem igjen til slutt i strofa: ”i dagsens strid”. ”Li” gjev òg allitterasjon med strid. I dei øvrige strofene har han rim mellom 3. og 6. linje (i siste strofa blir det rim om ein uttaler grend uten d til slutt).

Men sjølv om det eine stadnamnet er reelt, og det andre er inspirert av eit reelt stadnamn, er truleg akkurat desse stadnamna valt, for å karakterisere forhold ved heimlassen i diktet, eller kjenslene til dikt-eget i høve til heimlassen. Begge stadnamna er ekspressive stadnamn, som uttrykker kjensler hos dikt-eget, samstundes som dei seier noko om topografiske tilhøve.

Dei to orda *Trongdalsnatt* og *Skuggeli* kunne like godt ha vore skriven uten stor forbokstav. *Trongdalsnatt* skulle strengt tatt ikkje ha vore skriven med stor forbokstav etter rettskrivingsreglane. Hadde desse orda vore skrivne med små bokstaver ville kanskje ikkje orda ha blitt oppfatta som stadnamn av alle. Ved å gje dei stor forbokstav har han kanskje ville understreka at det var stadnamn, og dessutan den tydinga desse stadnamna ber på.

Trongdalsnatt er i aller høgste grad eit komprimert bilete, ein komprimert tekst. I staden for å skrive det som eit stadnamn, kunne han ha skrive: ”Natta i den tronge dalen”. I staden lagar han eit samansett ord med ordet natt og eit stadnamn, som skal karakterisere staden, slik dikt-eget (eller han sjølve) opplever det. Også i diktet ”Festtale i eit julelag (Av ein som ikkje var med)” finn ein namnet *Trongdalen*, i det samansette namnet eller tilnamnet *Trongdalsbygda*. ”Heimkjenning” er det siste diktet i samlinga, men ein samanheng til den neste diktsamlinga blir det ved at første dikt i neste diktsamling òg har med namnet *Trongdalen*, i ordet *Trongdalslende*.

⁶¹ Eg har berre funne namnet *Skuggevatnet* med namneleddet ”skugge” i namnebasen SSR (Sentralt stedsnavnregister).

13. Berg ved blått vatn (1946)

13.1 Lengsla bygde katedralar

Dagar draup med sol i soge
Andre kveikte lidings loge,
brende tempel, tvinga ordet
inn i togn bak daudingskoret.

I vårt eige Trongdalslende
bygde livet. Døden brende
dine tempel. Sterke hender
kveikte eld på dine strender.

Ingen talde døde blomar.
Ingen talde ord som omar
i si grav. Den gode grøde
gror det tagalt liv laut bløde.

Lengsla bygde katedralar.
Bøker brenn og toгна talar
om eit gotisk liv i lengsle
bakom tiders liv i trengsle.

Altarljosa skin der inne.
Kjærleikslengt i mann og kvinne
byggjer enno på det brende
i sitt eige Trongdalslende.

Lengsla bygde katedralar.
Kom og stig inn! Æva talar
ord frå ætter sin gar tagna.
Ordet lyser i vår lagnad.

Dette er det første diktet i diktsamlinga *Berg ved blått vatn*. Diktet har eit stadnamn, eller ein må nesten seie eit nesten-stadnamn, det er eit samansett ord med stadnamn: *Trongdalslende*. På samme måte som i diktet "Heimkjenning" i førre diktsamlinga nyttar han det reelle stadnamnet *Trongdalen* frå heimbygda i eit samansett ord. Som for ordet Trongdalsnatt frå "Heimkjenning" gjeld at Trongdalslende egentlig skulle ha vore skriven med liten forbokstav etter rettskrivinga. Men da hadde kanskje ikkje namnet så lett blitt lest som eit stadnamn, men hadde kanskje blitt tolka som eit vanleg ord. I daglegdags språkbruk er det ikkje vanleg å nytte eit ord som trongdalen, ein ville ha sagt den tronge dalen. Men i stadnamna er det vanleg med slike samansetningar, og i poesien kan ein også finne slike samansetningar godt gå an, for

poeten kan danne nye ord av dei gamle. Tor Jonsson lagde mange slike samansette ord, både som ein kan lese som stadnamn, og ord som ikkje er stadnamn. I tillegg til å markere ordet som stadnamn, er det å setje stor forbokstav dessutan ein måte å leggje trykk på dette ordet.

Trongdalslende er brukt 2 gonger i diktet. Det inngår i samanhengen *I vårt eige Trongdalslende/ bygde Livet. Døden brende* i byrjinga av 2 strofe og *Kjærleikslengt i mann og kvinne/ byggjer enno på det brende/ i sitt eige Trongdalslende*. I begge strofene finn ein *Trongdalslende*, verbet å byggja og brende. Det er altså ei gjentakning her. Men i den 2. strofa kan *Trongdalslende* tyde ein konkret stad; vår eigne tronge stad, medan det i 5. strofe meir tyder ein mental tilstand. Stadnamnet eller skildringa av staden (vi hugsar frå tidlegare i oppgåva at stadnamna ofte blir gjevne nettopp for å skildre ein stad) blir altså overført frå den konkrete verda til kjensleverda, til den sjelelege verda.

Trongdalslende skapar òg ei slags motsetning med katedral: for ein katedral ser ein for seg som ei stor kyrkje, gjerne som eit stort høgt kyrkjerom. Katedralen symboliserar gud og det sjelelege, medan *Trongdalslendet* er staden der vi er bunden til jorda. Katedral tyder eigentleg den kirka der biskopen har sitt sete, det vi i Noreg kallar domkyrkjer. Men med katedral tenkjer ein nok helst på dei verkeleg store steinkyrkjene ein finn rundt i Europa. I Noreg vil ein kanskje tenke på Nidarosdomen i Trondheim. Store katedralar er kyrkjer ein oftast må ut av bygda for å sjå, og gjerne ut i verda.

Samstundes som det er ei motsetning, kan òg sjå ein viss likskap mellom dei to, den tronge dalen og katedralen: Ein trong dal og ein katedral er kanskje ikkje heilt ulike likevel, for dei har begge høge "veggar", og ein høg himmel over seg.

13.2 Gråekra

Gløymd er Gråekra. Berre namnet
er enno att.
Eit einsleg ord fløyter minnet fram att
om dei som gjekk her ein heilag haustdag
og skar det fagraste foll og batt,
til kvelden kom att med store skuggar
og vart til natt.

Fattig fjell kastar skuggetunger
frå nakne horn.
Og lang er solsvelta her i lia.

Men jorda gøymer i bratte bakkar
ein dâm av mor mellom magre born.
Og like grøn er den harde einen
med klumsekorn.

Dagen doggflyg og sola rodar
dei fjerre fjell.
Og jorda teier. Ho ligg og tilgjev
kvar ugjord gjerning. For ho er mora.
I klungerbuskane brenn det eld –
Den gløynde Gråekra ligg og høyrer
til landet lell.

Diktet har eit stadnamn, *Gråekra*, som blir brukt 3 gonger. Namnet blir brukt i tittelen og i 2 av 3 strofer, i 1. vers i den første strofa og i det 6. og nest siste verset i den siste strofa. Repetisjonen av stadnamnet i diktet skapar ein heilskap i diktet, men det strekar også under at namnet er viktig i diktet. Spesielt det at diktet både byrjar og sluttar med stadnamnet peikar på at namnet er viktig.

Temaet i diktet er minne, gløymsle og historie. Diktet handlar om menneske som har levd på ein stad, om deira triste lagnader, som no er gløynd, fordi namnet er gløynd. Diktet handlar òg om kva eit namn og ein stad er.

1. strofe startar med *Gløynd er Gråekra. Berre namnet/ er enno att./ Eit einsleg ord fløyter minnet fram att/om dei som gjekk her ein heilag haustdag.*

Her er tematikken namn, og strofa seier dette om namn: Stader går ut av bruk, men namna kan bli hugsa også etter at staden ikkje lenger er i bruk, dei lever vidare i minnet, i alle fall ei stund. Stadnamna ber med seg historier om folk som har brukt staden, menneska og stadene høyrer saman. Også i siste strofa er Gråekra gløynd, men *Den gløynde Gråekra ligg og høyrer/ til landet lell.* Men sjølv om namnet blir gløynd ligg staden der framleis. Og førebels er ikkje namnet og staden heilt gløynd, for dikt-eget hugsar enno namnet. Diktet fortel historia om korleis mange smånamn i bygda før var knytt til menneska, og korleis namna forsvinn og samtidig tar med seg historiene om menneska som levde og arbeidde på staden. Det er historier om ei anna livsform, om eit meir strevsamt og fattigsleg liv.

13.3 I Sorgli

I Sorgli er tonane såre

når haustvinden vaknar i fjell.
Her draup det så mang ei tåre,
her slokna ein eld –

I bakkane her fekk hugen
det evige bodet om vår.
Eg gøymde meg bort i skogen
med saknad og sår.

Og her skal eg bera mi grøde
til løa i underleg ro.
Og skogen og eg skal bløde
og blande vårt blod.

Mot kvelden vert himmelen naken.
Det susar av minne i skog.
Det sloknar eit ljøs i staken.
Det rustar ein plog –

I Sorgli er fargane klåre
når haustsola glar imot kveld.
Da gyller ho vårt og våre.
Og kveikjer ein eld –

I diktet ”Sorgli” blir stadnamnet *Sorgli* brukt 3 gonger, og går igjen gjennom heile diktet. Det blir brukt ein gong i tittelen, ein gong i byrjinga av 1. strofe og i byrjinga av 5. og siste strofe. Preposisjonen *i* er kvar gong med, og står framfor stadnamnet. Bruken av preposisjonen poengterar at det er snakk om eit stadnamn, og at man er på ein bestemt stad (i ein stad). I dette diktet får stadnamnet noko av den same funksjonen som i diktet ”Nordved Sjong”, gjentakinga av stadnamnet er med på å binde diktet saman til ein heilskap. Stadnamnet står som sagt to gonger i diktet, som har 5 strofer, i den første strofa står det: *I Sorgli er tonane såre/ når haustvinden vaknar i fjell*. I den siste strofa er det ei liknande formulering, og det er ikkje berre gjentakning av stadnamnet: *I Sorgli er fargane klåre/ når haustsola glar imot kveld*. Linjene har det til felles at dei startar med stadnamnet, deretter er det noko som *er* på staden, ei skildring av staden, *når* noko bestemt skjer. Altså etter oppskrifta: preposisjon, stadnamn, er ..., når

Desse strofene er altså bunden saman på fleire måtar enn at dei begge inneheld eit stadnamn. I den første strofa er tonane såre, og den siste er fargane klåre. Han nemnar både musikk (rett nok naturen sin musikk) og fargane i naturen, både høyrsla og det visuelle. Sansane er til stades i dette diktet, og dikt der fleire sanseintrykk

inngår har òg vore mykje brukt av andre diktarar, mellom anna av symbolistane. Ordet *haust* går igjen i begge dei to strofene, begge gonger i samansette ord. *Haupt* og *seinhaust* var ord Tor Jonsson brukte mykje i diktinga si. Tematikken i diktet er sorg og saknad hos eit menneske knytt både til staden, som man bur og arbeidar på, og knytt til tida som går. Diktet startar med at det *slokna ein eld* i første strofe, men diktet endar optimistisk, med at sola *tenner ein eld* i siste vers. At dikt-eget og staden er knytt saman kjem tydeleg fram i strofe 3:

Og her skal eg bera mi grøde
til løa i underleg ro.
Og skogen og eg skal bløde
og blande vårt blod.

At det er minne knytt til staden kjem godt fram i 4. strofe:

Mot kvelden vert himmelen naken.
Det susar av minne i skog.
Det sloknar eit ljøs i staken.
Det rustar ein plog –

Uttrykket *i Sorgli* står ikkje til slutt verselinjene, så det er ikkje noko openbar grunn til at akkurat denne namneforma er valt, for det er ikkje noko anna ord som skal rime på dette namnet. Men spesielt i den første linja er det mykje assonans med *i*. Eg les dette stadnamnet som eit bruksnamn, eller gardsnamn, både sidan det står i ubestemt form, og fordi det i sjølve diktet kan verke som det handlar om livet på ein gard.

Kanskje kan ein oppfatte tittelen og stadnamnet ”I Sorgli” som litt for eksplisitt i forhold til tematikken. Men her kan man med fordel sjå diktet i samband med dei mange hyllingsdikta om stader som er skriven. Dette er eit anti-hyllingsdikt, eller i alle fall eit ambivalent hyllingsdikt. Og det er ikkje skriven til ein bestemt stad, men til ein tenkt stad: *Sorgli*. Dette namnet er det ikkje sannsynleg at er brukt om ein stad diktaren kjende til. Det er tydeleg at dette namnet må vere eit fiktivt namn, danna for å passe inn i tematikken. Namnet er danna som eit bruksnamn, i ubestemt form, som var nesten einerådande i stadnamna på den tida. Det høyrer ikkje ut som eit verkeleg stadnamn, for det er alt for negativt til at nokon ville ha ønskt det som namn på garden sin. Når ein leiter etter namnet i databasen til Statens kartverks *Sentralt Stedsnavnregister* finn ein heller ikkje så mange namn med namneleddet *Sorg-*, det er 43 førekomstar med *Sorg**, men dei fleste er *Sorgenfri* (26 stk.), så da gjenstår det

berre 17 førekomstar av namn i heile Noreg med Sorg*. Eg fann berre eit Sorgliholtet i databasen, men det var på Sørlandet.

Namnet Sorgli ber med seg konnotasjonar til alle dei små husmannsplassane, der folk strevde og jobba for føda. *Sorgli* må òg sjåast i samband med ein namnetradisjon der ein oppfatta at namnet si tyding hadde samband med staden. Men namnet Sorgli er òg ironisk, i og med at eit slikt namn ikkje blei brukt. Derimot hadde dei små husmannsplassane som regel positive namn, som til dømes *Solbakken*. Dette diktet kan ein gjerne òg sjå i samband med diktet "Fagerhaug", som har eit mykje meir positivt innhald, og som er mykje nærmare hyllingsdiktet. *Sorgenfri*, som er brukt som stadnamn fleire stader i landet, og *Sorgli* minner litt om kvarandre, dei liknar visuelt og ortografisk på kvarandre, dei har dei fleste bokstavane felles, og dei endar og sluttar på same bokstav. Men eigentleg er dei eit motsetningspar, og det er denne motsetnaden mellom kva staden burde heite, og kva han heiter i diktet, eg trur dikteren spelar på.

Ein kan kanskje lure på om dei to dikta "Fagerhaug" og "I Sorgli" ville ha blitt betre om dei hadde fått andre stadnamn, som ikkje hadde noko med temaet i diktet? Dei ville i alle høve blitt annleis, og kanskje lettare å lese for dagens lesarar. For dikta krev helst at lesaren les inn litt ironi, og denne ironien er ikkje nødvendigvis så lett å ta for ein moderne lesar. Om stadnamna var meir tradisjonelle ville dei i alle fall ha kunne gjeve andre assosiasjonar, og ha vore meir open for ulike assosiasjonar.

Viss ein berre oppfattar stadnamnet som svært eksplisitt i forhold til temaet, blir det kanskje ikkje rekna å vere eit spesielt godt val? For i eit dikt kan det bli mykje å seie noko to gonger, ved eksplisitt å bruke orda sorg og fager i stadnamna. Det er gjerne ikkje dei beste dikta dei som gjer mest tydeleg informasjon i diktekunsten, i alle fall har det ikkje vore idealet under modernismen. No må det i denne samanhengen seiast at Jonsson ofte har ganske konkrete skildrande titlar på dikta, som gjerne seier noko om innhaldet og tematikken i diktet.

Når ein les desse dikta bør ein ha i tankane kva utgangspunkt Tor Jonsson kanskje hadde for å gje dikta desse namna. Ein kan sjølvsagt ikkje vite sikkert kvifor han valte desse namna, men det er nokre grunnar som meldar seg:

1. Han ønskte ikkje å bruke reelle stadnamn som han kjende til frå bygda. Han ville ikkje skrive spesifikt om spesielle stader i bygda, og han ville at dikta skulle bli oppfatta allment.

2. Han var van med at stadnamn gjerne får namn som karakteriserer staden på noko vis. Han var sikkert kjend med at bustadnamn ofte kunne få ekspressive namn som *Solbakken*, *Fagerli* o.l. I dikta sine vel han derfor slike ekspressive namn, som òg tilfeldigvis passar med det han ønskjer å uttrykke i dikta.
3. *Sorgli* var for han kanskje eit ironisk namn, sidan eit slikt namn ikkje var vanleg å gje. Vanlegvis ville ein gje garden eit positivt namn, og heller *Sorgenfri* enn noko slikt som *Sorgli*. Men det finst også døme på at nokre plassnamn er ironiske, men *Sorgli* er nok litt for tragisk til at det kunne brukast.

Ordet *sorg* i eit stadnamn og i tittel finn ein også i eit anna dikt av Tor Jonsson, i ”Voggesong i Sorghuset” i samlinga *Jarnnetter*. No kan ein sjølv sagt diskutere om *Sorghuset* er eit stadnamn, sidan det står med berre store bokstavar i tittelen, men det er i alle fall i slekt med namnet *Sorgli*. I dette diktet er det mykje ironi, og her kjem det mykje meir tydeleg fram at det er snakk om ironi, spesielt i sjølv diktet, men også i tittelen. For voggesongar skal vere hyggelege tulatesongar for born, og handle om hyggelege ting. Men voggesongar syng ein også i hus med sorg. Og i diktet skal det vise seg at voggesongen handlar om Sorghuset.⁶²

13.4 Til Grågrenda

Ei gåve gav du meg, grend av det gråe:
 Viljen til strid,
 striden for meg
 og dei andre småe,
 - for alt det som lid.

Min ungdoms solhug og opprør er gåva,
 grenda meg gav.
 Mørkaste natt,
 du har lova livet
 ein glans over grav.

Eg ventar. Ventar til vardane vitrar
 gjennom vår natt,
 tusenårsnatt –
 I det gråe glitrar
 vår dyraste skatt –

⁶² Meir om dette diktet kjem seinare i avhandlninga, under avsnittet om diktsamlinga *Jarnnetter*.

Dette er eit kort dikt, dedikert til Grågrenda. Å skrive dikt til ein stad er ikkje uvanleg, og var kanskje meir vanlig før enn no. Dette diktet kan ein og gjerne lese som eit ambivalent hyllingsdikt til ei grend med det fiktive namnet Grågrenda. Dette namnet *Grågrenda*, eller uttrykket den grå grenda, går igjen i fleire av dikta til Tor Jonsson. Viss ein har lese ein del dikt av Tor Jonsson, kan ein nesten ikkje unngå å leggje merke til dette namnet eller uttrykket. Dette er eit konkret skildrande namn, sidan alle husa var grå i heimbygda til Tor Jonsson, og mange liknande bygder. Men fargen grå gjev òg assosiasjonar til noko litt kjedeleg, traurig eller gledeslaust.

Tor Jonsson har som tidlegare nemnt ikkje noko uttrykt ønske om at Lom skulle bli kopla til dikta hans. Han ønskte å skrive ut ifrå sin stad på ein allmenn måte, slik at folk skulle kunne gjenkjenne seg i dikta. Det må han vel òg ha klart, trass at mange kritikarar snakka om ”oppgjeret hans med heimbygda”. For Tor Jonsson har blitt lese av mange.⁶³ Namnet *Grågrenda* kan ein lett assosiere til sin eigen heim plass, i motsetnad til om han hadde brukt eit konkret stadnamn. Grågrenda fungerer derfor meir allment enn eit reelt stadnamn, men samstundes fungerer det også i teksten som eit stadnamn.

13.5 Under Kristusbiletet

Du sit under Kristusbiletet
ein kveld på ein liten kafé.
Du er ikkje blyg som ei ungmøy.
Du slær ikkje augo ned.

Eg kjenner deg att om eg aldri,
aldri møtte deg før.
Eg sit her og spør:
Kvifor er det eit lagnadsrøyne
å opne ei dør?

Eg ser på din fattige ham, –
han set sine spor.
Du er frå Grågata bortanfor brua.
Eg er frå Grågrenda langt i nord.
– Så teier vi tusen ord –

Eg søkk inn i draum. Om eit moge talent.
Om haustsol og udyrka jord.

⁶³ Forfattaren Arthur Arntzen er ein av dei som ved fleire høve har tala om at Tor Jonsson er ein av hans yndlingsdiktarar.

Du græt i fylla.
Du drikk på nytt og siterer gud:
Du skal ikkje drive hor.

Eg sit under Kristusbiletet.
Ein einsleg mann
bed til eit avgudsbilete
og gløymer sitt fedreland.

Heilage møy under krossen!
Gråt ikkje meir, du er mor
til det venaste vene eg ber i mitt hjarta:
Mi levande lengsle mot jord –

Dette diktet har 6 strofer, og to stadnamn i den 3 strofa; *Grågrenda* og *Grågata*. Diktet har ein tradisjonell tematikk med kvinna som ein hore/madonna-skikkelse. Diktet handlar om eit møte mellom dikt-eget og ei fattig bykvinne, truleg ei prostituert på ein kafè. Diktet er såleis eit av dei få dikta til Tor Jonsson som går føre seg i byen. Om dette møtet har sitt opphav i personlege opplevingar hos forfattaren kan ein jo berre spekulere i, og det er heller ikkje så viktig. Eit liknande møte mellom eit dikt-eg og ein prostituert kan ein finne hos andre forfattarar, mellom anna i Sigbjørn Obstfelders "Navnløs", så det var ikkje noko nytt å skrive om prostituerte, eller skjøger, om ein heller vil bruke eit meir poetisk ord.

I Jonssons dikt blir den prostituerte samanlikna med den *heilage møy under krossen* (Madonnaen), og det blir nemnt både i første strofe, ved at ho (eit du i diktet) konkret sit under Kristusbiletet, og i siste strofe ved utbrotet *Heilage møy under krossen!* I nest siste strofe sit dessutan dikt-eget sjølv under Kristusbiletet, utan at det er like positivt at han sit der. No kan ein sjølv sagt gjerne problematisere at dikt-eget opphøyer sin eigen kåtskap til "*Mi levande lengsle mot jord*", og at det skulle vere noko trøst for den prostituerte at ho er mor for slike kjensler hos dikt-eget, det kan ein jo lure på. Men diktet er skriven lenge før kvinnefrigjeringa kom til Noreg for fullt, og det er òg skriven innanfor ein litterær tradisjon der kvinna ofte fekk framstå både som hore og madonna. På nokre område kan ein ikkje unngå at eit dikt blir datert, og at vanlege oppfatningar frå tida diktet er skriven i skin igjennom.

Det som er interessant i høve til tematikken i denne oppgåva, er korleis diktaren på ein elegant måte bruker stadnamn til å seie noko om tilhør, likskap og forskjellar mellom dei to dikt-personane, du-et og eg-et. Jonsson skriv i 3. strofe: *Du er frå Grågata bortanfor brua./ Eg er frå Grågrenda langt i nord*. På to linjer får han sagt

mykje om kor dei er ifrå, og kven dei er. Ho er frå byen, frå Grågata bortanfor brua. Ein kan sjå for seg at ho er frå den andre sidan av *Akerselva*, på *Austkanten*, sidan det er kjend at Jonsson budde i Oslo, og ikkje i nokre andre byar. Dikt-eget sjølv er frå *Grågrenda*, langt borte frå byen, i nord. Dei to stadnamna sett opp mot kvarandre blir som ein antitese, to motsetningar. Ho er frå byen, han er frå landet. Men ved at begge stadnamna har forleddet ”grå”, blir det likevel ikkje nokon klar antitese, motsetninga blir broten opp og problematisert. For ved denne forstavinga, som framstår som ei karakterisering av staden dei er ifrå, blir dei to likevel like. Stadnamna blir òg like ved at det er allitterasjon, med dei to namna *Grågrenda* og *Grågata* blir det til saman 4 g-ar.

Dei to stadnamna er samstundes ei motsetning og ei samanlikning. Dei kjem begge frå det ”grå”, og i det kan ein tolke at dei kjem begge frå små, usle, fattigslege kår. Ho, fattigjente og prostituert, han einsam mann frå bygda, dei er litt like trass alt. Men dei ”teier tusen ord”, som det står i siste linje i den same strofa. Dei kunne kanskje ha sagt tusen ord, om dei hadde tala, men dei teier i staden.

Ved å skrive *Grågata* og *Grågrenda* får Tor Jonsson sagt mykje meir enn berre å skrive byen og bygda. Og sjølv om namna er ganske allmenne nemningar, ved at det ikkje er reelle stadnamn, og det er òg ganske openbart at dei ikkje er reelle stadnamn, så har dei skin av å vere namn på konkrete stader. Namna konnoterar såleis tilknytning til bestemte stader. Det blir forsterka ved at han har med ytterlegare peikarar til kva stad det er snakk om: ”bortanfor brua” og bygda ”i nord”.

13.6 Daudmannhaugen

Eg drøymde om å byggje
i fred eit fattig hus,
eit lite bu i bakken
med tre i stein og grus.

Kring stova skulle vakse
av vår og vilje fram
dei tunge aks med brødkorn
og blom ved dørtram.

Men det var mange vegar.
Eg måtte velja ein.
Og ingen kom og bygde
og braut opp rot og stein.

*

Eg går til Daudmannhaugen
og gjer eit jonsokblot,
der mine draumars hage
ligg trødd av fenadfot.

Eg hugsar: Det er mange
som står på jonsokjord
og brenner i sitt hjarta
kvart sagt og usagt ord.

Kvart dikt er gøymde gneistar
frå større jonsokeld
enn den som eg kan kveikje
ein heilag jonsokkveld.

Eg orkar ikkje ofre,
fær heller leggje bot.
Min drøymde heim ligg open
for folk og fenadfot.

Eg veksla aldri, aldri
mitt draumegull i smått.
Og difor fekk eg lov til
å byggje meg eit slott.

Her vil eg bu så lenge
som skogen held seg grøn.
Men hausten gjev meg ein gong
si nådelause løn:

For ein gong skal han slokne,
min lengsels lyrebrann.
Og ein gong brotnar huset
eg bygde meg på sand.

I diktet "Daudmannhaugen" blir stadnamnet *Daudmannhaugen* nytta to gonger, ein gong i tittelen og ein gong i sjølve diktet. Diktet handlar om ei lengsle etter å byggje seg ein heim, men for dikt-eget blei denne lengsla aldri meir enn ein draum. Diktet er òg mykje eit metadikt om å dikte: *Kvart dikt er gøymde gneistar/ frå større jonsokeld.* At det ikkje blei noko meir enn draumen for dikt-eget er ikkje berre negativt, for som det står i strofe 6: *Eg veksla aldri, aldri/ mitt draumegull i smått./ Og difor fekk eg lov til/ å byggje meg eit slott.* Nettopp fordi han ikkje fekk oppfylt den vesle draumen om ein heim, har han kunne drømme større draumar: han har dikta draumar, og i diktinga skal han bu. Men noko tru på at det går an å bu i ei slik fiktiv diktarverd i lengda, det

har han ikkje, som han avsluttar diktet med: *For ein gong skal han slokne,/ min lengsels lyrebrann./ Og ein gong brotnar huset/ eg bygde meg på sand.*

At det ikkje er noko spesielt lukkeleg tilvere å vere diktar utan ein heim kan vel stadnamnet *Daudmannhaugen* signalisere. Ved å bruke eit stadnamn plasserar han òg dikt-eget konkret ein stad i verda, og tankane til dikt-eget finst ein bestemt plass i rommet og på ei bestemt tid, ved jonsoktida. I diktet er det ei erindring knytt til staden, og dikt-eget står på ein stad i verda. Men denne staden er død, det er ikkje noko rikt liv han har. *Daudmannhaugen* passar dessutan godt inn med assonans med draum, i namnet er diftongen ”au” med to gonger. Ein kan vel tolke inn ein symbolikk at dikt-eget får bu saman med dei døde i haugen, saman med diktinga si. Som diktar gjev ein avkall på levd liv.

13.7 Bygdabøygen

Han går på to og fire
og mange, mange føter.
Han har så underleg lange
og løynde røter.
Han hugsar så langt attende
til ei gamal tid,
da folk vart brende
på Skrikarberget
i bygda mi.
Eg kjenner deg slik
som du er og var:
Prest og proletar,
herre og træl,
- eit lik med sjel.
Eg kjenner din bustad, *bygda*,
med gufs frå ei gamletid
og store stabbur til å samle i,
med makk og møtt
i husmannshytter og gråe slott.⁶⁴

Diktet ”Bygdabøygen har fire stadnamn”: *Skrikarberget, Maihaug, Maihaugen og Noregs land*. Dessutan har diktet òg med to personnamn: *Bonde Verskjegg* og *Bygda-Frek*, som står for karikerte typar. *Skrikarberget* har vi støtt på før i Tor Jonsson sitt

⁶⁴ Dette er berre første strofe av diktet, resten av diktet står i vedlegg 1, sidan det er for langt til å stå her i sin heilskap.

diktunivers, og det er ikkje nokon positiv karakteristik av staden som kjem fram gjennom å nytte dette namnet. Den identitetsskapande funksjonen som eit namn ofte kan ha, blir svært svekka ved å velje eit slikt namn, og ikkje minst på grunn av konteksten. Dette er eit emotivt namn, som skal skape ein bestemt kjenslemessig effekt. *Maihaugen* er vel noko positivt for dei fleste, men her blir det brukt for å vise forskjellen mellom idyllen, av det fiktive og oppkonstruerte biletet av Noreg som ein bondeidyll, og av det verkelege bygde-Noreg. *Maihaugen* står for nasjonalromantikken, og det er ikkje tilfeldig at *Noregs land* er med i diktet heller.

At det einaste ”lokale” stadnamnet er *Skrikarberget* gjer at det ikkje skapast nokon særleg identitetskjenle til bestemte stader. Diktet seier gjennom stadnamna (og resten av samanhengen), at det biletet av Noreg som ein idyll, som ein Maihaug er feil; skrik og jammer kan betre karakterisere bygda enn ein vakker dag i mai.

Det er ganske andre tonar i diktet ”Prost P. L. Smith (In memoriam)”. Dette diktet er eit høvesdikt i samband med at presten døydde, og her uttrykker Tor Jonsson eit langt meir konvensjonelt syn på Noreg, og han legg her utelukkande vekt på den positive tilknytninga til staden.

I andre delen av diktet ”Bygdabøygen” kjem dikt-eget til byen, og treivst heller ikkje der. Og der i byen, borte frå bygda, finn dikt-eget bygda att. Så på trass av den krasse skildringa av bygda i diktet, så er diktet likevel ikkje utelukkande negativ mot bygda.

13.8 På heimveg

Eg åtte ord
som nækte alt.
Eg åtte jord,
men sat og svalt
ved framandt bord
og sleikte salt.

Eg åtte tid:
Kvar dag er enn
eit skip i strid
på hav som brenn.
Det søkk dei i
eit skip i senn.

Og eg som stod
ein sumarkveld
og gret og lo

mot fagre fjell.
No brenn i blod
ein avdagseld.

Eg var så kåt
og kry ein kar.
Eg drøymde gråt
for det som var.
Du gjorde åt
og gav meg svar.

Ei uro kom
og jaga meg
frå dalen som
har nok med seg.
Da fann eg Lom
på leitarveg.

Min eigen hug
er skuggestengd
av fjell og skog
og istidssprengd
av tankars tog
og minnemengd.

Men dalen min,
eg ser han no:
Han speglar tind
i stille sjo.
Og fegen finn
eg barndoms ro:

Eg fylgjer mor
til Fåkjeldland.
Da er eg stor,
da er eg mann.
Ho seier: Tor,
ver tru og sann.

Diktet ”På heimveg” har to stadnamn: *Lom* og *Fåkjeldland*. Begge desse stadnamna må seiast å vere reelle stadnamn frå heimstaden til Jonsson, skjønt *Fåkjeldland* er moglegvis laga ut ifrå det reelle stadnamnet *Fåkjelda*, som er namn på ei elv. *Lom* er som tidlegare nemnt namnet på bygda Tor Jonsson kom ifrå. Om namnet *Fåkjeldland* skriv Marit Berge Sundli:

Fåkjeldland er eit namn som vil vera vanskeleg å forstå for mange, men vi som voks opp saman med han i den solfylte grenda under bjørkeliene nedst i Bøverdalen, veit at det er eit bilete frå vårt barndomsland. På Nordigard Andvord, grannegarden til heimen hans Tor, der dei har det vakraste gardstunet i Oppland fylke, strøymde Fåkjelda fram nedst i jordet,

ikkje langt frå elvekanten. [...] Namnet fortel at dei fådde lin her i tidlegare tider. Å få tyder å røyte og bleike, så det har vore liv og arbeid kring kjelda i den tida dei dreiv med dyrking og tilverking av lin (Sundli 1991: 8).

Eit viktig tema i diktet er heimstad, minne og tilknytning til ein stad. Men der andre diktarar kanskje ville ha vore udelt positiv, er det hos Tor Jonsson eit ambivalent forhold til heimlassen som kjem fram. Eit meir spesifikt tema i diktet, eller kanskje man kan kalle det eit budskap, er at man kan oppleve sterkare tilknytning til heimstaden, når man reiser ifrå han: *Da fann eg Lom/ på leitarveg* står det til slutt i 5. strofe.

Motivet i diktet er å vere på veg heim, etter å ha vore borte. Denne settinga blir først og fremst lagt av tittelen til diktet: "På heimveg". Det meste av diktet er dikt-eget sine egne minne; tankar omkring seg sjølv og forholdet til staden. Det er inga ytre handling i diktet, heile diktet er meir som ei fortald livsoge knytt til staden. I dette diktet får ein kjensla av at dikt-eget ligg spesielt nært forfattaren. At han her tydeleg bruker reelle stadnamn medverkar òg til å skape dette bilete, og at han i tillegg har med sitt eige personnamn til slutt i diktet. Ei biografisk lesing av dette diktet blir derfor meir nærliggjande her enn i andre dikt. Ein kan lese inn ei del av livssoga til Tor Jonsson i diktet.

I byrjinga av diktet får vi vite korleis dikt-eget hadde hatt ein svært kritisk stemme: *Eg åtte ord/ som nækte alt*. I dette vil det nok lesaren gjerne tolke inn at han var kritisk til mykje i grenda, slik det har komme til uttrykk gjennom mykje av det Tor Jonsson har skrive. Men linja *Eg åtte jord* som følgjer etter, viser samstundes at diktet likevel ikkje er det same som levd liv, og dikt-eget er ikkje identisk med diktaren. For særskilt mykje jord eigde ikkje Jonsson og familien hans, og denne linja må ein vel nærmast lese ironisk, eller som eit uttrykk for ei ønskt parallell røynd, der familien eigde jord på heimstaden. Men mest av alt bruker han kanskje jord her, fordi det rimar på ord, og kan stå som symbol på ein heim. Poenget i strofa er at han valte å sitje hos framande å svelte og "sleike salt" når han hadde ein heim, der han kunne få mat. I strofe 6 gjev dikt-eget uttrykk for sine egne kjensler i høve til det å vende heim. Tankane og minna som dukkar opp i møte med heimstaden er mange:

Min eigen hug
er skuggestengd
av fjell og skog
og istidssprengd
av tankars tog

og minnemengd.

Men dalen min,
eg ser han no:
Han speglar tind
i stille sjo.
Og fegen finn
eg barndoms ro

Dette diktet er kanskje det diktet hos Tor Jonsson som viser best den ambivalensen han har til heimstaden. Det er kanskje òg det mest personlege diktet han har skrivne om heimstaden, og i dette diktet er også mora med til slutt i diktet, i samband med eit barndomsminne. Det er ein passende tittel at diktet heiter ”På heimveg”. Men trass i ambivalensen i diktet, sit ein til slutt igjen med eit positivt inntrykk av heimbygda. Diktet har ein positivt slutt, og det kjem fram at diktar-eget trass alt er glad i heimbygda, og at det er positive minne knytt til heimbygda.

Eg fylgjer mor
til Fåkjeldland.
Da er eg stor,
da er eg mann.
Ho seier: Tor,
ver tru og sann.

I siste strofa blir det lokale, reelle stadnamnet knytt til eit sterkt minnebilet hos diktar-eget. Identitetsfunksjonen til stadnamna står sterkt i dette diktet, og likeins blir stadnamna sterkt knytt til minne hos dikt-eget, ikkje minst gjeld det Fåkjeldland. Strofa er skriven i presensforma, men vi skjønner at det er eit minnebilet fordi han fylgjer mor, og gjennom linjene *Da er eg stor./ da er eg mann*, ja gjennom heile innhaldet i strofa. Ved å bruke presensforma blir det tydeleg at dette minnebiletet er sterkt til stades hos dikt-eget.

Ved at namnet er autentisk og ikkje så gjennomsiktig (ikkje så lett å forstå) verkar også stadnamnet å vere eldre enn mange av dei andre stadnamna Tor Jonsson bruker i diktinga si. Riktignok har han omgjort det lokale stadnamnet Fåkjelda til Fåkjeldland slik at det betre passar inn i diktet, og rimar med mann. Ved at det heiter *Fåkjeldland* kan ein kanskje òg få assosiasjonar til ordet *barndomsland*. Fåkjeldland får eit spanande skriftbilet, ved at l og d, som –kjeld sluter på, blir gjenteke i land. Det er også allitterasjon med ordet *fylgjer* i verselinja over. Den riktige tolkinga av Fåkjelda har eg nemnt, med sambygdingen Marit Berge Sundli sine ord. Men viss ein ikkje kjenner denne tolkinga, vil orda namnet er sett saman med likevel gjeve

assosiasjonar. Namneleddet ”kjeld” kan ein kanskje kople til ordet *kjelde*, altså til noko positivt, noko som gjev liv. Namneelementet ”få” kan ein lese meir ambivalent, både med tydinga ”å få noko” og ”få”, som i tydinga ”ikkje så mange”. Også gjennom stadnamnet kjem altså det ambivalente fram, men i all hovudsak er namnet positivt. Det bringar òg ei spenning inn i strofa, ved at det ikkje så lett lar seg tolke. Stadnamnet Fåkjeldland er samstundes det ukjende, og det kjende og nære for dikt-eget.

13.9 Syndflod og Sinai

I desse to dikta nyttar han intertekstuelle og litterære stadnamn, noko Tor Jonsson elles ikkje gjorde i særleg stor grad.⁶⁵ I ”Syndflod” nyttar han dei to namna *Olympos* og *Ararat*. Olympos er eit fjell i Hellas, og i gresk mytologi er det staden der gudane bur. Ararat er eit fjell i Kaukasus, det blir sagt at det var der Noas Ark fann land. Tittelen ”Syndflod” heng saman med av namnet Ararat i diktet, og diktet har òg ordet ”flaumelva” og ”syndfloda” i sjølve diktet.

I diktet ”Sinai” er det berre stadnamn i sjølve tittelen, og denne tittelen plasserar diktet i ein bibelsk kontekst. Sinai var i Bibelen fjellet der Moses fekk dei 10 bud. Det er interessant at det er nettopp *fjellnamn* Tor Jonsson vel å bruke, når han skal alludere til kjende religiøse og mytologiske tekstar, Bibelen og gresk mytologi.

⁶⁵ Sjå dikt i vedlegg 1.

14 Lause dikt

14.1 In memoriam

Prost P. L. Smith

(In memoriam)

Du skulle fylgt oss inn i freden
og vore med og bøtt att det som brast. –
Men enno er'kje dag og time komen,
og han med ljåen hogg så hardt og kvasst.
Det fell så tungt at du fekk avferdsbod
no Sumar-Noreg syng sitt Solarljod.
Men klaga ikkje det som kjem og kom.
Eg syng om sorg – som bjørkelunden oppi Lom.

Det blømer lengsle i vår lagnad,
ei lengsle imot barndoms gråe fjell
til lunden mellom berg og bratte lier
med folkefest ein helgdæmd olsokkveld.
Det regnemusla, - snart vert dagen dim,
og sola spinn ein gullstreng nordpå Skim.
Du tala nordmanns ord til dal og døyl.
Du song ein fjellnorsk song – så fjellnorsk som du sjøl!

Men bygda søkk i natt – det sukka
ein vind frå fjell igjennom blakreblad.
Da vart du Olsok-Noregs tolk og tung
med bod om sigeren på Stiklestad –
ein sanningssiger etter strid og fall.
Eg stod der ung og kjende krav og kall.
Eg ville fylgje, - men eg ville sjå –
Så bleiknar minnet bort, for no skal slaget stå.

Eg bitt ein sorgmodkrans av blommar
eg sank inn med solhug i ei tid
da Noregs hjarta bankar i vår bringe
og vitrar oss at Noreg, det er vi.
- No ser eg kyrkja, ho du hadde kjær,
og bakanfor kjem bygda atter nær,
så nær at eg kan høyre vinden som
syng olsoksongar mellom liene i Lom.

p.t. Næroset, 22. juni 1944
Tor Jonsson⁶⁶

⁶⁶ Gjengjeven etter Olsen 1968: 25.

Dette er eit minnedikt over presten Lorenz Peter de Ferry Smith, som var prest i Lom. Det er eit høvesdikt, og det er vel ikkje av Tor Jonssons aller beste dikt. Det har heller ikkje vore utgjeve i nokon diktsamling. Diktet verkar nok å vere litt formularisk. Eigentleg hadde Jonsson eit litt ambivalent forhold til presten Smith, sidan det var han som var skuld i at faren ikkje fekk husmannsplassen under prestegarden. Men den beiske tonen som Tor Jonsson vanlegvis nyttar finn ein ikkje her, i eit dikt til ein død mann. Dei fleste kjenner til at ved slike høve er ikkje kvaliteten alltid det viktigaste, og ironi og satire passar seg ikkje i eit dikt som er skriven til ei gravferd.

Ein kan leggje merke til at det er brukt fleire stadnamn i diktet, og sjølve *Lom* er nytta to gonger. Namnet *Skim* er namn på eit vatn, ein innsjø i Lom. Andre stadnamn som blir brukt i diktet er *Sumar-Noreg*, *Olsok-Noreg*, *Noregs hjarta*, *Noreg* og *Stiklestad*. Diktet handlar mykje om Lom, der presten har hatt sitt virke, og det handlar mykje om Noreg. Jonsson startar med å beklage at presten ikkje fekk vere med å oppleve freden, og freden har enno ikkje komme til Noreg. Det er kanskje på den bakgrunnen at han talar så mykje om Noreg i diktet, at han nyttar høvet til å vere patriotisk. Dette diktet må også vere eit av dei få dikta av Tor Jonsson som nyttar ordet *sumar*, elles bruker han mest årstida *haust*, og aller mest *seinthausten*. Men i dette diktet som er ein hyllest til ein som er falt frå, vel han altså heller å bruke *sumar*, og det er også datert til slutten av juni.

Stadnamnet *Lom* har absolutt ein identitetsskapande funksjon i diktet, og det blir framheva av den samanhengen stadnamnet står i, som eit hyllingsdikt til ein kjend mann i bygda som nettopp har dødd. Diktet blir avslutta med linjene:

- No ser eg kyrkja, ho du hadde kjær,
og bakanfor kjem bygda atter nær,
så nær at eg kan høyre vinden som
syng olsoksongar mellom liene i Lom.

Det er interessant at han i ei slik samanheng vel å la det inngå fleire reelle stadnamn frå Lom, og at det såleis i diktet blir viktig å vise den tilknytninga den døde, og diktaren sjølv, har hatt til staden.

14.2 Pompeij

Sjå deg attende, menneske!
Det finst ikkje far der du går.

Notidsriket er kome,
det er berre stunda som rår.
Strid stig or dagane kring deg,
stig imot himlen og brest.
Det finst ikkje far etter folk her,
berre ein skugge som fylgjer
der dagane dreg mot vest.

Stakkars du ånd som overlever
døden og ein gong skal grava fram
alle dei døde byar
og sjå våre dagars skam.
Grava i stille gater
der døden og dagane reid,
finne den døde hunger
i hagane her i Pompeij.⁶⁷

I diktet "Pompeij" kjem samfunnsrefsaren og den samfunnsengasjerte Tor Jonsson tydeleg fram. Tor Jonsson som ein pessimist på verda sine vegne kjem òg fram i dette diktet. "Pompeij" handlar eigentleg om vår tid. Tor Jonsson skreiv det om si tid, men vi kan i dag like gjerne tolke det inn i vår eiga tid, for diktet har ikkje blitt uaktuelt med åra. Diktet er ein kritikk av vår verden, og denne verda har ikkje blitt særleg betre sidan Tor Jonsson si tid, snarare tvert i mot. Noreg har blitt eit velstandsland sidan 50-talet, men elles i verda er det like mykje krig og galskap som før.

Diktet er relativt langt, med 7 strofer, og kvar strofe har 8 eller 9 vers. Stadnamnet Pompeij finst 2 gonger i diktet, i tittelen og i siste verselinje i 2. strofe. Namnet kjem altså to gonger tidleg i diktet, slik at lesaren med ein gong skal kople innhaldet i diktet til det som hende i Pompeij. Diktet startar med utropet: *Sjå deg attende, menneske!* Diktet er ein apostrofe, skrive til eit "du", eit tenkt menneske, som skal gå og grave i ruinane etter fortidas menneske. Dikt-eget stammar sjølv frå ruinane etter ei død verd, og talar til dikt-duet, framtidias menneske, om kva han eller ho vil finne. Men den første linja i diktet kan òg bli lest som ein advarsel til menneska i dag, til lesaren, om å tenke seg om før det går så lille som i diktet.

Det viktigaste biletet i diktet er biletet av Pompeij. Dikt-duet skal få gå å grave i oska i Pompeij, og finne ei død verd, men det er tydeleg at det heile tida er vår eiga tid og vår eiga verd det er snakk om. Dikt-duet er ein stakkars einsleg vandrar, som må leve att, etter at verda har kollapsa.

⁶⁷ Dette er dei første to strofene i diktet, resten av diktet står i vedlegg 1.

I dette diktet bruker altså Tor Jonsson eit namn som er svært kjend frå historia, eit historisk namn, og dette namnet spelar ei viktig rolle i diktet. Dei fleste kjenner til at *Pompeij* var ein romersk by som blei dekt av fleire meters lag med oske frå eit vulkanutbrot. Dette skjedde i løpet av 2 dagar i år 79 e.Kr. I byen Pompeij blei menneska fanga i oska medan dei sov og gjorde forskjellige gjeremål, og dei blei gøymt og gløymt av verda i fleire hundre år, før byen blei gjenoppdaga i 1748. Etter dette har denne byen vore utgraven av arkeologar, og vi har fått inngåande kjennskap om korleis menneska i Pompeij levde. I dag er Pompeij eit populært turistmål. Kjennskapen til kva stad Pompeij er, treng ein når ein les diktet. Ein bør i alle høve vite at det er ein by som blei tildekt av oske frå ein vulkan, som har blitt utgravd seinare. Om ein ikkje kjenner til kva slags stad Pompeij er, vil ein nok gå glipp av noko av symbolikken i diktet, og diktet vil verke meir uforståeleg.

Bodskapen i diktet er: Menneska er på god veg til å skape ei aude og død verd rundt oss. Det finst ikkje eit blomefrø, berre døde menneske, beingrinder som sit og et. Det Pompeij notidsmenneska har funne og grave fram, blir i diktet eit bilete på menneska i dag. I framtida vil vi også etterlate oss ei død verd, trass vår visdom og våre mektige ord. Det blir hinta om at dette vil bli framtida vår om vi held fram som i dag. Dette er kanskje enda meir aktuelt i dag, enn da Tor Jonsson skreiv det, for i dag har vi enno meir vitskap og teknologi, men vi er nærmare ei menneskeskapt katastrofe enn nokon gong. I dag ventar Pompeij på oss rett rundt hjørnet, i form av ei klimakrise som vi ikkje heilt veit konsekvensane av, og som vi enno ikkje heilt klarer å opne augo for. Å samanlikne menneskeskapte kriser med kva som hende i byen Pompeij blir sjølvstundt ikkje heilt rett, for dei menneskeskapte krisane har vi i prinsippet moglegheit til å gjere noko med. Men kanskje må vi sjå vulkanutbrotet komme før vi skjønner alvoret.

Stakkars du einslege leitar
som ein gong skal grava her
og finne i aur og oske
vår eiga døde verd,
finne dei store rike,
vår visdom, vårt mektige ord,
men ikkje eit einaste menneskefar
og ikkje eit frø som gror.

15 Jarnnetter og Dagbok for mitt hjarte

I dei to siste diktsamlingane bruker ikkje Tor Jonsson stadnamn i like stor grad som tidlegare, det er nesten ingen stadnamn med i desse samlingane. I staden bruker han fleire samansette substantiv, gjerne appellativ sett saman med adjektiv. Dette er stadnemningar som nokre gonger kan minne om stadnamn. Ein kan spørje seg kvifor Tor Jonsson etter kvart nesten går bort ifrå å bruke stadnamn i diktinga. Det må sjølvsagt til ein viss grad bli gjetting, men nokre moglege svar kan vere:

- Han vil skrive på ein annan måte enn tidlegare, skape eit nytt uttrykk.
- Han vil medvite eller umedvite vise avstand til bygda han har forlate.
- Han vil skrive meir allment.
- Modernismen kjem etter kvart til Noreg, og dei samtidige diktarkollegaene bruker stadnamn i mindre grad. Til dømes Gunvor Hofmo, som i 1946 debuterte med diktsamlinga *Jeg vil hjem til menneskene*, er ein diktar som i liten grad har brukt stadnamn. Eit av dikta i den første samlinga heiter karakteristisk: ”Det er ingen hverdag mer”.

Spørsmålet er om lesaren tolkar stadnamna slik dikteren har tenkt seg det? Kanskje var det det Tor Jonsson opplevde, at bruken av stadnamna i dikta ikkje blei lesne slik han ønskte? Vi veit i alle fall at han var misnøgd med måten han blei lesen på av kritikarane (sjå. kap. 10.5). Men det kan også vere at han blei influert av modernismen, og at stadnamn blei mindre brukt av mange lyrikarar i Noreg.

15.1 Jarnnetter

I *Jarnnetter* bruker Tor Jonsson framleis nokre få stadnamn, medan det i *Ei dagbok for mitt hjarte* er vanskeleg å finne døme på stadnamn i det heile. Døme på stadnamn i *Jarnnetter* er *Dansarsletta* (Jonsson 1956: 123) og *Svartdalskjerringa* (ibid.: 126).

I *Jarnnetter* bruker Tor Jonsson dessutan ganske ofte samansette appellativ, og samansette stad-ord, stadnemningar. Om desse orda er stadnamn eller ikkje kan ein gjerne diskutere. Døme på dette er *Tæringsgarden* (ibid.: 125), og i titlar ”Frostkorngrenda”, ”I Frostlendet” og ”Voggesong i Sorghuset”. I sistnemnde dikt har ein òg ordet *gråtarhuset*: *gikk or gråtarhuset her i grannelaget*. Titlane står med store

bokstavar, slik at det ikkje blir markert tydeleg frå forfattaren si side om dei skal vere stadnamn. Slike ord er ikkje vanlege ordboksort, og ein talar ikkje vanlegvis slik i dagleglivet. Men i poesien står diktaren fritt til å lage slike samansette ord, og det gjorde Jonsson ofte i diktinga si. Men spesielt Sorghuset/sorghuset i ”Voggesong i Sorghuset” vil eg tolke som eit stadnamn, sjølv om det ikkje er meint som eit konkret og reelt stadnamn, men som skildring av heimen til barnet/barna: eit hus med sorg.⁶⁸ Det minner òg om bruken av stadnamnet ”Sorgli”.

I ”Voggesong i Sorghuset” gjev orda *Voggesong* og *Sorghuset* ein fin klang saman, det er assonans med o, og g går igjen i begge orda. Desse to orda skapar også eit sterkt bilete av nokon som syng ei voggevisse i eit hus med sorg, det gjev mange assosiasjonar og tankar: Er det nokon som er død, og ein tenker med ein gong på noko konkret, ein konkret situasjon. I sjølve diktet kjem så voggesongen, som minner om kjende voggesongar, mellom anna med linja *Ute blæs ein her i horn*, som er 2. vers i 2. strofe. Men denne voggesongen handlar om livets harde realitetar, 2. vers byrjar med *Stille, stille farlausborn*. Og held fram med *Far er boren ut på bår./Mor har gråte mange år./gråte for oss alle*. Det er ingen verkeleg voggesong, det er ein ironisk voggesong for vaksne. For mora som skal trøyste barnet, ho græt. Og far som skal blåse i horn, han er død. Først i siste strofe, i dei to siste linjene kjem barnet inn, eller rettare borna inn. Og *Born skal bera dagen inn./inn til alle, alle* –. Det er med andre ord eit visst håp i voggesongen òg. Sagt meir prosaisk seier verselinja: Borna er framtida, og borna er morgondagen. Sjølv i sorga, og sjølv i Sorghuset, går livet vidare. For dei som kjenner litt til biografien til Tor Jonsson, som mange etter kvart gjer, så kan ein òg på eit vis tolke forfattaren si livssoge inn i diktet. Forfattaren miste sjølv faren sin tidleg i livet, sjølv om han ikkje mista han medan han var baby eller smågut.

15.2 Dagbok for mitt hjarte

I *Ei dagbok for mitt hjarte* finn ein òg døme på slike samansette stadnemningar som i samlinga *Jarnnetter*: mellom anna *ungdomsli* (Jonsson 1956: 178) og *gråe barndomshø* (ibid. 181). Tittelen ”Oppi Tindom” er nesten som eit stadnamn. Likeins er ordet *seinhaustkirka* i diktet ”I seinhaustkyrkja” òg nesten som eit stadnamn å

⁶⁸ Diktet ”Voggesong i Sorghuset” står i vedlegg 1.

rekne, det er i alle fall i slekt med ordlaginga i stadnamn. Men i sjølve diktet skriv han dette ordet *seinhaustkyrkja* med liten bokstav.

I "Folkevisen på Kyrkjegarden" kan ein finne namnet *Himmerik*, og det har stor forbokstav.⁶⁹ Eg vil også tolke *Kyrkjegarden* i "Folkevisen på Kyrkjegarden" som eit stadnamn, men sidan tittelen står med store bokstavar er det ikkje gjeve noko hint om dette frå forfattaren. Ord som dette, som gjerne kan bli brukte både som vanlege ord og som eit stadnamn, ei nemning av stad, kan sjølvstundt bli tolka begge vegar, og det vil avhenge av konteksten. Når det gjeld slike ord kan ein bruke definisjonen til Tehri Ainiala om stadnamnet (sjå kap. 3.1, s. 23). Viss "avsendar" og "mottakar" begge oppfattar det som eit stadnamn, og meiner det skal vere stadnamn, så er det det. Men i lesinga av ein litterær tekst er det kanskje nok at lesaren meiner det er eit stadnamn. Eg vel å tolke dette som eit stadnamn, mellom anna fordi det ikkje var uvanleg med stadnamn i folkevisene, der det kunne vere stadnamn i tittelen. Tor Jonsson har òg valt å skrive det i bunden form, og ikkje som "Folkevisen på ein kyrkjegard". Så veldig stor forskjell gjer det nok ikkje om ein oppfattar det som eit stadnamn eller ikkje. Andre lesarar vil sjølvstundt kunne oppfatte det som ei generell nemning, utan stor forbokstav, utan at tydinga til diktet blir endra i større grad.

Dette er elles eit svært ironisk dikt, fullt av svart humor, og det viser at Tor Jonsson ikkje heilt hadde mista den humoristiske sansen på slutten. Diktet "Religion" viser òg at Tor Jonsson framleis var skeptisk til kristendommen, og at han ikkje heilt hadde overttydd seg sjølve om at døden gav ein lukkeleg slutt. Men diktet "Folkevisen på Kyrkjegarden" er ikkje berre eit uttrykk for svart humor, men òg eit teikn på at han tenkte mykje på døden, når ein les det inn i konteksten av kva som hende etterpå. Mange av dei andre dikta i denne siste samlinga handlar òg om døden.

Men sjølv om stadnamn nesten ikkje blir brukte i dei to siste samlingane, så er *Staden* og stader likefullt framleis til stades i dikta. Det brukast ofte ord som: grend, land, jord og strand, og ein finn dei ofte i samansette ord, som i *dei store tankars steppeland* (Jonsson 1956: 165). Eit ord som kjem sterkare inn enn tidlegare er *verda*: *Mitt rike er av denne verda, / alle er vi jord* (ibid.: 169). Bruken av slike vidtfamnande ord for stad finn ein i stort omfang både i *Jarnetter* og *Ei dagbok for mitt hjarte*. Spesielt ei utstrakt bruk av ordet *verd* kan vitne om at det som skjer ute i verda er blitt enda viktigare for diktaren.

⁶⁹ Diktet "Folkevisen på Kyrkjegarden" står i vedlegg 1.

16. Om bruken av stadnamn i dikta

Mange av stadnamna Tor Jonsson bruker i diktinga er fiktive stadnamn, og ekspressive stadnamn går igjen. Dei fleste namna er gjennomsluktige, dvs. at orda namnet er sett saman av er forståelege for lesaren. Det er som regel stadnamn som er sett saman av ord som uttrykker ei kjensle, eller noko positivt eller negativt. Namna kan ofte karakterisere stadene, og/eller dikt-eget. Dei kan også vere med på å seie noko om tematikken i dikta, eller dikt-eget. Nokre av dei same namna går igjen i to eller fleire dikt, tildømes *Grågrenda*, *Trongdalen*, *Skrikarberget* og *Blåbjøllbakken*. Han skaper såleis eit eige univers i diktinga si, der ein kjem tilbake til fleire av dei same stadene.

Mange av namna er fiktive, eller ein må i alle fall gå ut ifrå at dei er fiktive, av fleire årsaker. Få av namna finst i heimbygda Lom eller traktene rundt, og namna passar dessutan svært godt inn i tematikken til dikta, og dei passar godt inn lydleg sett. Dei fleste namna er likevel ikkje usannsynlege som norske namn, det er for det meste namn som finst fleire stader i Noreg, eller delar av namnet førekjem i alle fall som namneledd. Men namna finst i alle høve ikkje i heimbygda til Tor Jonsson. Det ser ut som dei fleste namna er namn han har funne på, eller kjent til frå andre stader. Argument for at dei ikkje er namn diktaren har eit personleg forhold til, men fiktive namn, er dessutan at namna passar så godt inn i omgjevnadene i dikta, dei er ofte valt for å passe inn med allitterasjon, assonans, tema og rimmønster. Sidan namna heller ikkje finst på stader der eg kjenner til diktaren har vært, så går eg ut ifrå at namna er fiktive, namn som Tor Jonsson har dikta til diktverda si.

Men han bruker også reelle namn i diktinga: *Lom* bruker han to gonger, og *Trongdalen*, *Sjong*, *Fåkjeldland* og *Stuslegstugu* er også reelle namn. I "Bygdabøygen" bruker han namnet *Maihaugen* to gonger, og *Noregs land* ein gong. *Fåkjeldland* er avleia av namnet på ei elv Fåkjelda, slik at det likevel blir hans eiga namnevariant. *Stuslegstugu* er meir som eit tilnamn å rekne. Han bruker ikkje gardsnamn eller namn på andre større kjende lokalitetar, som skal gjere det mogleg å stad-feste dikta til det verkelege Lom. *Trongdalen* og *Stuslegstugu* er til liks med mange av dei fiktive namna ekspressive stadnamn.

Nokre av dei andre namna er kanskje eksisterande namn – andre stader i Noreg, men utan at diktaren nødvendigvis har kjent stader med desse namna. Ein kan seie det slik, at dei godt kan vere namn på lokalitetar i røynda òg, og slik sett er dei sannsynlege stadnamn. Det gjelder til dømes *Fagerli* og *Gråekra*. Men ikkje alle namna verkar like sannsynlege, *Sorgli* er til dømes ikkje eit så veldig sannsynleg namn, sjølv om det finst nokre få namn med *Sorg-* som forledd i Noreg. *Skuggeli* er sikkert heller ikkje så utbreidd i røynda. Og sjølv om det finst mange stadnamn med namneleddet *Grå-*, trur eg ikkje det er noko bygd som heiter *Grågrenda* i røynda.

Namnet *Blåbjøllbakken* skil seg ut, ved å vere eit blomsternamn. Om dette er eit reelt namn er ikkje så lett å finne ut av, for det vil i såfall vere eit personleg stadnamn. I nokre få dikt bruker han internasjonalt kjende stadnamn, litterære stadnamn, eller historiske stadnamn, knytt til kjende hendingar. Det er namna *Sinai* (frå Bibelen), *Ararat*, *Olympos* og *Pompeij*.

Årsaka til at Tor Jonsson har valt mange fiktive stadnamn til dikta sine, meiner eg må botne i at han ikkje vilja at dikta skulle lesast som ei skildring av heimstaden, eller i alle høve ikkje *berre* som ei skildring av heimstaden. Han ville at dikta og stadene i dikta skulle bli lest allment. Som eg tidlegare skreiv, så blei han svært skuffa over at kritikarane i så stor grad las diktsamlingane som uttrykk for eit opprør mot heimbygda.

Ved at han ikkje har med namn som har gamle og vanskelege ordformer, verkar kanskje ikkje namna å vere så gamle. Om han hadde valt namn som hadde vore meir utydelege ville lesaren kanskje ha fått meir ei kjensle av noko gammalt. Da hadde kanskje også lesaren i dag fått kjensle av noko meir genuint. Som eg har vore inne på blir det mindre redundans når stadnamna uttrykker det same om staden som dikta, og kanskje hadde nokre av dikta vore lettare å forholde seg til, om dei hadde vore meir uforståelege og mystiske.

For kva skjer når lesaren ikkje deler dei same kunnskapane om stadnamn, og om namngjeving, som diktaren. Eg vil tru at ein del av dagens ungdom som er oppvaksen i byen, viss dei ikkje har kjennskap til kor rik det gamle bondesamfunnet (og ”feskarsamfunnet”) var på stadnamn, vil gå glipp av nokre av dei konnotasjonane som ligg i bruken av stadnamn hos Tor Jonsson. Mange manglar kanskje noko av konteksten for å oppfatte bruken av stadnamna i dikta, slik det var tenkt hos forfattaren. Kanskje vil dei fleste av dagens lesarar lese *Fagerhaug* som eit reelt

stadnamn frå dikteren sin heimstad. Men det er det kanskje mange som har gjort tidlegare òg. Ei grunn til det, er kanskje også at vi ikkje er så van med å tenke at stadnamn i dikt kan vere fiktive.

Når det gjeld Tor Jonsson si dikting meiner eg det har noko å seie at ein veit noko om namngjeving, i alle fall i nokre av dikta. Ein vil i alle fall lettare skjøne at namn som *Fagerhaug* og *Sorgli* ikkje nødvendigvis er reelle namn, men at dei truleg er fiktive. Korleis lesarane i dag faktisk les dikta og stadnamna, i forhold til korleis dei tidlegare las dikta, er sjølvstundt vanskeleg å finne ut av. Men korleis lesarar vil lese desse dikta med stadnamn i dag, ville ein kunne finne noko ut om viss ein laga ei større undersøking om dette.

17. Stadnamn og identitet hos Tor Jonsson

Når stadnamna for ein stor del er fiktive, kan ein da likevel seie at dei har noko med identitet å gjere? Før ein svarar på dette, må ein først skilje mellom ein identitetsskapande funksjon i høve til lesaren, og kva samband namna eventuelt har i høve til forfattaren. Sjølv om namna er fiktive, kan dei sjølvstundt ha ein identitetsskapande funksjon. Dei kan skape eit inntrykk av at dikt-eget høyrer til på ein stad, fordi stadnamna er nemnde. Dikt-eget nemner bestemte stader, og desse stadene kjem det fram av diktet at dikt-eget er knytt til. Det ser ein til dømes i dikta ”Fagerhaug” og ”Gråekra”. At desse namna ikkje er reelle namn for forfattaren har ikkje nødvendigvis så mykje å seie for lesaren. Truleg vil ikkje dei fleste lesarar oppfatta at det er fiktive namn, og ikkje reelle namn.

Når det gjeld om ein kan lese inn ein stad-identitet hos forfattaren gjennom desse namna, så meiner eg at det kan ein. At dikteren har valt å bruke så mykje stadnamn i diktinga si, sjølv om han har funne på fiktive namn, meiner eg har samanheng med at han trass alt var svært knytt til heimstaden sin og til naturen der. Det skriv han da òg om både i fleire dikt og i andre tekstar, mellom anna i ”Bygdabøyggen”, ”Heimkjenning” og ”Heimferd”. I *Nesler I* skriv han:

Mange rømer bort frå armod og ættesur individualisme til by, fjord og flatland. Men mange orkar ikkje røme. Det er noko som bitt, trass i alt. Noko bygdefolk ikkje tør tala om, ei

bjørkeli, ei orerust, ein glytt mot fjellet, røyser og røllik-rabbar – eller kanskje ei gamal mor (Jonsson 1960: 85).⁷⁰

Nokre av dikta hans er ambivalente hyllingar av staden, som eg tidlegare har vore inne på. Men det at han trass alt har valt fiktive namn, er òg eit uttrykk for at han ikkje ønskte at dikta skulle bli lesne for sjølvbiografisk. Kanskje kan ein òg sjå det som eit uttrykk for at han var såpass ambivalent i forhold til heimstaden: Han søkte ut og bort, og inn til byen, men det var likevel i heimbygda og i heimetraktene han kjende seg mest heime. *Borte fann eg bygda att*, skriv han i ”Bygdabøygen”. Så eit av hans krassaste dikt endar faktisk litt forsonande eller tvitydig: Sjølv om han ser mykje negativt i bygda og bygdekulturen, så var det trass alt der han kjende seg heime. Dei fiktive namna kan òg vere valde fordi Jonsson ville skilje seg åt frå sambygdingen Olav Aukrust, som har med fleire reelle stadnamn frå Lom i diktinga si. Eller det er valt fiktive namn fordi Jonsson ikkje ønskte å nødvendigvis hengje ut heimstaden eller bestemte stader i bygda, sidan dikta hans ikkje er reine hyllingar av staden. Han var nok sjølv klar over at det han skreiv var dikting, og ikkje alltid direkte levd liv, sjølv om mange lesarar syntest å tru det. Mange dikt er og skriven inn i ein historisk kontekst, slik at dei sosiale tilhøva i dikta kanskje er verre enn dei var i Lom på hans tid. Dessutan blir det sjeldan god dikting om ein skal gjere alle til lags (for å seie det med Ivar Aasen), og skildre ein slags felles multiplum. Og det er, som antropologar har vist, ikkje slik at alle har akkurat den same oppfatninga av staden.

I den litteraturen eg har lese om Tor Jonssons dikting, har eg ikkje funne noko om bruken av stadnamn, men det kjem fram at han var nært knytt til heimbygda, spesielt kjem biografien om han, *Berre kjærleik og død*, av Kolloen, stadig inn på dette. Tor Jonsson var nært knytt til naturen og til heimbygda, men han tok også ofte avstand til heimbygda i det han skreiv. Det var altså eit ambivalent forhold han hadde til heimbygda. Tor Jonsson reagerte på at heimbygda Lom og områda rundt, ofte blei framstilt så positivt, og hylla som det norskaste norske. Tor Jonsson reagerte på at dei fattige husmenna og bøndene ikkje fekk nokon plass i dette offisielle glansbiletet av staden. Dette, saman med hans eigne negative erfaringar knytt til staden, er viktige grunnar til at Tor Jonsson uttrykte ambivalens til staden i diktinga si. Men berre negative erfaringar knytt til heimstaden hadde han ikkje, og spesielt kjem det fram i

⁷⁰ Også sitert i Skaranger 1956: 121, og Kolloen 2001: 305.

det som er skrive om Tor Jonsson at han var glad i naturen. Sjølv om han rømte frå bygda til byen, trivst han ikkje noko betre når han kom til byen.

Dei aller fleste av dikta til Tor Jonsson finn også stad i eit landskap som liknar på heimlassen, sjølv om det i sjeldan grad er konkrete hendingar som blir skildra. Ofte handlar dikta om eit diktar-eg som er i eller vandrar i naturen og hugsar noko frå fortida. Eller det er eit dikter-eg som talar om naturen eller heimbygda, Grågrenda, som ho heiter i diktinga. Det er eit viktig poeng at heimbygda heiter Grågrenda, og sjeldan Lom, i diktinga hans. For det er ikkje nødvendigvis Lom han skriv om, sjølv om Lom har inspirert det han skriv.

Naturen, naturelement og stadnamn kan bli brukt for å tale om noko anna i dikta, desse elementa kan bli symbol på noko anna, ofte kjensler i dikteren sjølv. Men like mykje er skildringane av stad uttrykk for naturopplevingar hos dikt-eget. Dikt-eget er som oftast konkret til stades i naturen, og på bestemte stader. Naturen og stadene er viktig i diktinga, både i seg sjølv, og som symbol på noko anna.

18. Konklusjon

I denne oppgåva har eg freista å vise korleis stadnamn kan ha ulik tyding i ulike dikt og i forskjellige kontekstar. Del 2 av avhandlinga handla om kva eit stadnamn er, og kva tyding stadnamn kan ha, både i dagleglivet og i poesien. Her har eg komme med eit forslag til kva slags funksjonar stadnamna kan ha i dikting, inspirert av andre slike lister. Først og fremst har stadnamna ein lokalisierende funksjon i dagleglivet, vi bruker stadnamna til å snakka om kor vi skal og kor vi har vore. Vi har bruk for namn på dei stadene som er viktige for oss i dagleg kommunikasjon, og det er hovudgrunnen til at stader får namn. Men stadnamna har også andre funksjonar, og to viktige funksjonar er den identitetsskapande funksjonen og den kulturhistoriske funksjonen. Det har lenge vore ein diskusjon om stadnamn har tyding utover å peike ut staden, eller ikkje. Nokre namneforskarar og filosofar meiner at stadnamn manglar tyding utover å peike på staden dei er namn på. Men dette synspunktet gjev ikkje mykje mening når det er snakk om namn i dikt, for her blir merksemda til lesaren heilt klart styrt mot det språklege uttrykket stadnamnet har, både tydinga til orda namnet består av, og det musikalske.

Og som vi har sett i denne avhandlinga, peiker ikkje stadnamna berre mot ein stad på eit kart, men òg til alle dei minna menneska har knytt til staden, til hendingar og kjensler. Minne og forteljingar knytt til stadnamnet og staden blir derfor ein viktig del av tydinga til stadnamna. Det kan vere både personlege historier, og felles forteljingar (historie) i eit mindre eller større samfunn, som blir knytt til staden. Nettopp denne evna stadnamna har til å bere med seg mykje meining, gjer at stadnamna kan endre tydinga til eit dikt, og stadnamna kan også fungere på forskjellige måtar i poesien. Viss namna hadde vore utan tyding, ville det ikkje har vore noko poeng å bruke dei i poesi. Men kva tyding eit bestemt stadnamn har, kan vere vanskeleg å bli einig om, sidan stadnamn ikkje har ei ordbokstyding, ein fast denotasjon. Nokre opplysningar om ein stad, kan ein kanskje bli meir eller mindre einige om, og nokre konnotasjonar vil vere felles for fleire menneske. Slike opplysningar om staden vil ein kunne finne i eit leksikon, til dømes. Men ein vil ikkje kunne finne opplysningar om at nokon i familien var på ferie i Paris i fjor, og kva dei gjorde der. Ein kan kanskje snakke med eit 100-tals menneske, og få vidt forskjellige historier om staden, viss folk er villige til å opne seg og fortelje livssoga si. Noko informasjon om dei felles historiene som finst om stader, kan ein kanskje finne i lokalhistoriske bøker eller bygdebøker. Slike bøker er ein måte ein kan ta vare på felles historier om stad på.

Likevel vil dei fleste kunne få nokre av dei same konnotasjonane til eit stadnamn i ein litterær tekst – på eit meir generelt grunnlag. Og lesarar kan godt klare å relatere seg til dikt som er skrivne til stader ein sjølv ikkje har besøkt. Vi vil møte eit stadnamn i ein tekst med dei erfaringane vi sjølv har om stadnamn i dagleglivet. Når eit stadnamn blir nemnt i poesi, kan lesaren til dømes tenke seg at ein person høyrer til på den staden, og at det er levd liv knytt til den staden.

I poesien blir den lokalisierende funksjonen mindre viktig enn i dagleglivet og i annan litteratur. Det er sjeldan ein treng å nemne eit bestemt stadnamn i poesi, ein kan i staden bruke nemningar som *fjellet*, *bygda* og *vegen*. Mest naudsynt er det å bruke stadnamn i den poesien som handlar om å reise, eller i dikt som er ein hyllest til ein bestemt stad, for å vere sikker på at lesaren får med seg kva for stad det er snakk om. Men også i slike dikt er andre enn den lokalisierende funksjonen viktig. Stadnamna kan mellom anna konnotere det framande og eksotiske i reisedikt, og trekke inn lesaren sine erfaringar med, eller konnotasjonar til stadene som er nemnde som reisemål i diktet. I hyllestdikt vil dikteren kanskje kommunisere til lesaren konkret om

kva stad ein skriv om. Men stadnamna konnoterar samstundes kjennskap til og identitet knytt til staden. For dei lesarane som kjenner staden, kan stadnamna bringe inn eigne minne og kjensler knytte til staden.

Bruk av stadnamn i poesien knyter på eit vis dikta nærmare til ei opplevd røynd, fordi dei er ein viktig del av den konkrete og erfarte røynda. Stadnamna er menneska sine namn på det miljøet og landskapet som omgjev oss. Inntrykket mitt er at stadnamna har vore brukte mindre i den modernistiske poesien enn innanfor andre poesitradisjonar, sidan eg har funne færre stadnamn i den modernistiske diktinga. Dette gjev også George Monteiro uttrykk for i innleiinga til ein artikkel om dikteren Robert Frost:

At the outset of his career, in an effort to universalize his poetry, T.S. Eliot stripped away the place names that tied individual poems to his personal experience. [...] In the late poems collected as "The Four Quartets", while still attempting to achieve an overarching universality of spirit, Eliot returned to the facts of biography and heredity and forcefully named his poems after sites saturated with personal meaning – Burnt Norton, Little Giddings, and East Coker. In "Directive", which can be read as a response to the major currents of Eliot's poetry, as epitomized in "The Waste Land" and in "The Four Quartets", Robert Frost adopts the original telltale trait of literary modernism, the suppression of place names (Monteiro 2002: 286).

Kanskje er det fordi modernistane ikkje har vilja knyte dikta så nært til den konkrete røynda, at stadnamna ikkje har vore like mykje brukte innanfor denne tradisjonen? Men som dømet T.S. Eliot og bruken av stadnamn hos dikteren Rolf Jacobsen viser, er det ikkje slik at modernistar ikkje har brukt stadnamn i det heile.

Den identitetsskapande funksjonen er som sagt ofte ein viktig funksjon for bruken av stadnamna i poesien, for stadnamn kan plassere dikt-eget meir konkret i verda, og gjev oss opplysningar om kven dikt-eget er. I fleire av Tor Jonsson sine dikt kjem det tydeleg fram at dikt-eget har eit nært forhold til stader, mellom anna i "Fagerhaug", "I Sorgli", "På heimferd" og fleire andre. Den identitetsskapande funksjonen er absolutt til stades i stadnamna hos Tor Jonsson, men denne identiteten knytt til stad, kjem vel så mykje fram gjennom andre samanhenger i diktet. Men bruken av stadnamn er med på å forsterke kjensla av identitet og tilknytning til staden. Det er vel ikkje tilfeldig at dikta som har med stadnamn, er nokre av dei dikta som mest tydeleg gjev uttrykk for tilknytning til stad og minne knytt til stad, også i tematikken.

Men Tor Jonsson har ikkje vilja skrive seg for tett opp til sin eigen biografi med bruken av stadnamna, og han har derfor valt å bruke mange fiktive namn i dikta sine.

Dette poenget, at stadnamna faktisk ikkje er henta frå Lom i særleg stor grad, verkar det som mange av lesarane og kritikarane til Tor Jonsson ikkje har fått med seg, eller i alle fall ikkje lagt vekt på. Jonsson reagerte sjølv på at han blei tolka som ein diktar som skreiv om heimbygda. Han ville sjølv skrive meir allment om *menneska*, ikkje spesielt om livet i ei bygd. Om tilknytning til ein bestemt stad har han også skrive meir allment, sjølv om han tok utgangspunkt i sine egne erfaringar.

Han hadde også ein annan viktig grunn til å velje å bruke fiktive namn. Han skreiv ofte svært krasse eller ambivalente dikt, der han kunne setje ting på spissen, og han ønskte nok ikkje i utgangspunktet at lesarane skulle tenke at skildringa berre gjaldt Lom. Når Tor Jonsson laga fiktive namn, valte han å la dei karakterisere stadene i dikta, eller vere med på å forsterke ei kjensle hos dikt-eget i diktet. Han lar stadnamna i stor grad inngå som ord i dikta, samstundes som dei fungerer som stadnamn. Ut ifrå det som er skrive om Tor Jonsson, verkar det som han var van med å gje stader namn, og ein vanleg strategi ved namngjeving er at ein karakteriserar staden.

Ein kan også tolke inn at stadene blir eit uttrykk for dikt-eget, at namn og stader blir besjela. Men i realiteten (i røynda) speglar alltid staden dei menneska som bur, eller oftare, *har budd* på ein stad. Dei kan fortelje om menneska sitt syn på staden, si *førestilling* om staden (på det tidspunktet stadene fekk namn). Stadnamna fortel om menneske og menneska si historie, om liv og arbeid, viss namna er mogleg å tolke. Og om vi ikkje kan tolke namna, veit vi i alle fall at det ligg historier bak namnet, sjølv om namnet er så gammalt at vi ikkje skjønner kva det tyder. Om ein stad er namnlaus blir staden meir anonym, og han går i eitt med eit større landskap. Når stadene får namn, blir dei *kjende* stader.

Det kan godt vere at Tor Jonsson etter kvart gjekk bort frå å bruke stadnamn i diktinga fordi han opplevde at dikta framleis blei lesne som om dei berre handla om Lom og hans eige liv. Strategien med å bruke fiktive namn verka openbart ikkje. Men det kan òg vere andre grunnar til at han gjekk bort frå bruk av stadnamn, til dømes at han har blei influert av andre diktarar, eller av modernismen.

Men sjølv om stadnamna Tor Jonsson bruker, for ein stor del er fiktive, så har namna likevel ein *identitetsskapande* funksjon. Fleire av dikta hans handlar om minne knytt til stad, og om tilknytning til stad. Gjennom desse dikta og stadnamna der, får ein inntrykk av at dikt-eget er knytt til stader. Dessutan er stadnamna i dikta med på å

skape ei identitet til bygda i fleire av dikta, ved at stadnamn oftast er noko ein delar med andre.

Gjennom dikta gjev Tor Jonsson uttrykk for at han òg var nært knytt til heimstaden og landskapet der. Jonsson prøvde å ta farvel med bygda og busette seg i Oslo, men der treivst han dårleg. Dei få dikta som finn stad i byen (eller til dels i byen), ”Blind by”, ”Under Kristusbiletet” og ”Bygdabøygen”, framstiller heller ikkje byen i særleg positivt lys. No er det sjølvstilt ingen grunn til å male alt rosenraudt i forhold til heimstaden, for han skriv òg mykje negativt om bygda, om *Grågrenda*, og livet og menneska der. Framstillinga av staden er ambivalent, og i mange dikt kan Tor Jonsson portrettere eit dikt-eg som både er knytt til staden – og som samstundes ønskjer seg bort. Han sjølv har fleire gonger uttrykt denne ambivalensen til staden på ein treffande måte, både i diktet ”Bygdabøygen”, og som i dette utrykte prosastykket:

Det er vondt å vere bymann for den som er født til noko betre. Tru meg, eg vil ikkje tale vondt om byen, berre for det grisen trivst best der han er alen. Og eg vil ikkje lovprise den beiske bygdesuppa eg eingong spytt i. Men det er ikkje greitt å vera ein annan enn den en er. I denne verda av stein og asfalt, mellom desse hoggande beine linene, kan det kome som kasta over ein at ein må kjenne fjell ikring seg.⁷¹

Det er nok derfor ikkje berre dei rådande diktkonvensjonane som gjorde at Tor Jonsson vende tilbake til å skrive om heimstaden, og om dei fjella han vaks opp med i dikta sine.

Stadnamn er brukt mykje i både prosa og poesi, men det er førebels ikkje forska så mykje på stadnamna i litteraturen. Det er mange spørsmål i høve til stadnamn i poesien som det kunne vere interessant å arbeide vidare med innanfor fagfeltet stadnamn og litteratur. Til dømes:

- I kva grad blir stadnamn brukt hos ulike lyrikarar?
- Kva avgjer om ein diktar nyttar stadnamn eller ikkje?
- Har det mest samband med kva tradisjon ein skriv innanfor kor mykje stadnamn og namn ein diktar bruker, eller spelar det inn kor nært knytt forfattaren er til stader og stadnamn, og kor medviten forfattaren er om bruken av stadnamn?
- Har stadnamn verkeleg vore brukt mindre innanfor den modernistiske diktinga enn innanfor annan dikting?

⁷¹ Frå ”Haustblodut tuve”, utrykt prosastykke blant hans etterlatne papir, gjengjeven etter Skaranger 1954.

- Kan det tenkast at det i Noreg har vore ein tendens til at diktarar har vore forsiktige med å bruke lokale stadnamn, sidan dei da kanskje kunne risikere å bli stempla som heimstaddiktarar?
- Blir lokale stadnamn nytta meir i regional dikting enn i anna dikting?

Det hadde til dømes vore interessant å samanlikne Tor Jonsson sin bruk av stadnamn med yngre diktarar sin bruk av stadnamn. Kanskje vil ein finne at stadnamn frå byen blir brukte i større grad i dag enn tidlegare, sidan langt fleire menneske i dag er urbane. Kanskje er reisedikt meir utbreidde enn tidlegare? Tor Jonsson skreiv ikkje så mange reisedikt, i alle fall ikkje reisedikt om reiser utanfor Noregs grenser.

I dag er det også mindre strenge reglar for kva ein kan skrive dikt om, og dei fleste tema er egna for lyrikken. Kanskje vil samtidas og framtidias diktarar i større grad finne på å nytte andre namn, mellom anna namn frå filmar, tv, internett og annan populærkultur. Eit døme på det siste kan vere tittelen til diktsamlinga *Solaris* *korrigert* av Øyvind Rimberreid.

In short, paradoxically, onomastics is still an exotic *terra incognita* for literary research. This must change: when proper names – along with other terms of reference and address – are considered not as isolated or symbolic entities only but also as essential socio-psychological building blocks; when names are considered within their systems of co-occurrence along with other linguistic markers such as honorifics and pronouns of address (“tu” and “vous” in French); then it may be seen that the proper domain of onomastics is not proper names but proper naming – i.e., proper names and their placeholders as central objects in the functioning of language, mind, and culture (Grimaud 1989: 33).

Det gjenstår mykje forskning innom fagfeltet namn i litteraturen, og sitatet til Grimaud frå 1989 om at onomastikken er en *terra incognita* er framleis høgst aktuelt.

Eg starta denne avhandlinga med ord av Tor Jonsson, så da passar det sikkert å avslutte med nokre av verselinjene hans òg:

Her dryp det dogg i Trongdalsnatt
 og logar over løynde skatt
 i Skuggeli.
 Ein dom er over livet sagt:
 Du skaper brød, du skaper bragd
 i dagsens strid.

Den same nakne kvasse egg
 med ørnereir i bergevegg
 høgg skyer sund.

Og same skyming sviper inn
ei sumarnatt når dalen min
sig stilt i blund.⁷²

*

Lengta har eg lange dagar
bort frå fjord og flatt.
Livet unders lagnad lagar:
Borte fann eg bygda att.⁷³

⁷² Frå "Heimkjenning".

⁷³ Frå "Bygdabøygen".

19. Litteratur

Diktsamlingar og annan litteratur med stadnamn

- Aligheri, Dante 2000: *Den guddommelege komedie*, omsett av Magnus Ulleland, Gyldendal Klassiker, Gyldendal.
- Cohen, J. M. (ed.) 1965: *The Penguin Book of Spanish Verse*, Penguin.
- Fløgstad, Kjartan 2000: *Dalen Portland*, Det norske samlaget.
- Helseth, Sigurd og Johannesen, Terje (red.) 1979: *Glødetråder – Poesiantologi 1970-1978*, Pax forlag, Oslo.
- Holmås, Stig (red.) 1975: *Norsk arbeiderlyrikk, fra Per Sivle til Alf T. Larsen*, Lanternebok, Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Haarberg, Jon og Skei, Hans H. 2002: *Dikt fra antikken til vår tid – Vestens lyrikk gjennom 2700 år*, Gyldendal Akademisk.
- Jonsson, Tor 1956: *Dikt i samling*, Noregs boklag.
- Jonsson, Tor 1960: *Prosa i samling*, Noregs boklag.
- Magnus, Peter 1950: *De 100 beste dikt*, Gyldendal norsk forlag, Oslo.
- Nesse, Åse-Marie 1999: *Dikt i samling*, Det norske samlaget.
- Nilsen, Tove 2003: *Kretadøgn*, forlaget Oktober.
- Vange, Arild 2007: *Fjordarbeid*, Aschehoug.
- Wergeland, Henrik 1897: *Skrifter i Udvalg, Fjerde bind: Lyriske Digte*, Kristiania: Olaf Husebys Forlag.
- Waage, Gry (red.) 1993: *Norge rundt på verseføtter*, antologi, De norske bokklubbene.

Sekundærlitteratur

- Adorno, Theodor W. 1991: "Tale om lyrikk og samfunn", *Moderne litteraturteori En antologi*, Atle Kittang, Arild Linneberg, Arne Melberg, Hans H. Skei (red.), Oslo: Universitetsforlaget.
- Ainiala, Terhi 1997: "On change in place-names", *Namn og bygd – Tidskrift för*

- nordisk ortnamnsforskning*, Lars Hellberg o.fl. (red.), årg. 85, Uppsala: Swedish Science Press, p. 43-47.
- Ainiala, Terhi 1998: "On defining the proper name and the place name", W.F.H. Nicolaisen (ed.), *Proceedings of the XIXth international Congress of Onomastic Sciences*, Aberdeen, august 4.-11. 1996, vol. I.
- Ainiala, Terhi 2000: "Ortnamn i förändring", *Namn och bygd*, tidsskrift för nordisk ortnamnsforskning, årg. 88, Kungl. Gustav Adolfs akademien Uppsala, Swedish Science Press, Lund: Bloms i Lund Tryckeri (ha med tryckeri?), s. 25-43.
- Ainiala, Terhi og Ritva Liisa Pitkänen 2003/2004: "Finländsk ortnamnsforskning under 1990-talets sista årtionden", *Namn og nemne – Tidsskrift for norsk nammegransking*, Bergen: Norsk namnelag, s. 7–21.
- Akselberg, Gunnstein 2005: "The structure of the onomasticon and name classification", i Eva Brylla og Mats Wahlberg (red.): *ICOS 2002, Proceedings of the 21st International congress of Onomastic Sciences*, Uppsala: Språk- och folkminneinstitutet.
- Andersen, Per Thomas 2006: *Identitetens geografi – Steder i litteraturen fra Hamsun til Naipaul*, Universitetsforlaget.
- Anderson, John M. 2007: *The Grammar of Names*, Oxford: Oxford University Press.
- Andersson, Thorsten 1994: "Ortnamnens existensielle villkor", *Ortnamn värda att värda, Föredrag från Riksantikvarieämbetets symposium Ortnamnskultur*, Stockholm: Riksantikvarieämbetet, s. 7–21.
- Andersson, Thorsten 1996: "Onomastiska grundfrågor", Den ellefte nordiske navneforskerkongressen, Sundvollen 19.– 23. juni 1994, Kruken, Kristoffer (red.), Uppsala: NORNA-förlaget.
- Bakken, Kristin 2002: "Navnestatus og bestemthetskategorien", Ainiala, Tehri og Peter Slotte (red.), *Avgänsning av namnkategorier*, Rapport från NORNA:s tjugonionde symposium på Svidja 20-22 april 2001.
- Barthes, Roland 1994: *I tegnets tid, Utvalgte artikler og essays*, utvalg, oversettelse og innledning av Knut Stene-Johansen, Oslo: Pax forlag.
- Barthes, Roland 1991: "Tekstteori", Atle Kittang o.fl. (red.), *Moderne litteraturteori – En antologi*, Oslo: Universitetsforlaget, s. 70–86.
- Basso, Keith H. 1996: "Wisdom Sits in Places: Notes on a Western Apache Landscape", Feld, Steven and Keith H. Basso (ed.), *Senses of Place*, Santa Fe, New Mexico: School of American Research Press.

- Brewer, Marilyn B. og Miles Hewstone 2004: *Self and Social Identity*, Blackwell Publishing.
- Chandler, Daniel 2002: *Semiotics: The Basics*, London: Routledge.
- Connell, John and Chris Gibson 2003: *Soundtracks, Popular music, Identity and Place*, Critical Geographies, Routledge.
- Cuba, Lee og David M. Hummon 1993: "A Place to Call Home – Identification With Dwelling, Community and Region", *The Sociological Quarterly*, Vol. 34, 1, s. 111–131, JAI Press.
- Dalberg, Vibeke 2002: "Reflections on some theoretical problems in Scandinavian onomastics", *Onoma, Journal of the International Council of Onomastic Sciences*, 37, Uppsala.
- Debus, Friedhelm 2005: "Literarische Onomastik, Versuch einer Positionsbestimmung im Rahmen der Namenforschung", i Eva Brylla og Mats Wahlberg (red.): *ICOS 2002, Proceedings of the 21st International congress of Onomastic Sciences*, Uppsala: Språk- och folkminneinstitutet, 407- 415.
- Dimitrova-Todorova, Liljana 2005: "Die Eigennamen in der bulgarischen Literatur og Folklore", i Eva Brylla og Mats Wahlberg (red.): *ICOS 2002, Proceedings of the 21st International congress of Onomastic Sciences*, Uppsala: Språk- och folkminneinstitutet, 423- 430.
- Djupedal, Reidar 1986: "Tor Jonsson: mannen som ingen kjende", *Årbok for Gudbrandsdalen*, Lillehammer, s. 3-22.
- Eliot, T. S. 2001: *The Waste Land*, North, Michael (ed.), A Norton Critical Edition, Norton & Company.
- Eskeland, Tuula 2001: "Stedsnavn og identitet", *Nordlit*, Arbeidstidsskrift i litteratur, Det humanistiske fakultet, Universitetet i Tromsø, nr. 10, høst 2001, s. 3-23.
- Fiske, John 2004: *Kommunikasjonsteorier, En introduktion*, Uppsala: Wahlström og Widstrand.
- Greiff, Trygve 1959: *Olav Nygard, Dikter og mystiker*, Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Greve, Anniken 1998: *Her, Et bidrag til stedets filosofi*, Avhandling for Dr. Art.-graden, Det samfunnsvitenskapelige fakultet, Universitetet i Tromsø.
- Grimaud, Michel 1989: "Onomastics and the Study of Literature", *Yearbook of Comparative and General Literature*, no. 38, Indiana University, p. 16-36.
- Gutschmidt, Karl 1978: "Aspekte der poetischen Onomastik", *Proceedings of the*

- Thirteenth International Congress of Onomastic Sciences*, Krakow.
- Hageberg, Otto A. 1965: *Å vera eit eg – Ein studie i Tor Jonssons lyrikk*, Hovudoppgåve i norsk, Universitetet i Oslo.
- Hallaråker, Peter 1997: *Innføring i stadnamn – Innsamling og gransking*, Universitetsforlaget, Oslo.
- Hauan, Anne Marit 1999: "Det arktiske stedet mellom erfaring og ideologi", *Stedet som kulturell konstruksjon*, nr 27, skriftserie fra Historisk institutt, s. 79.
- Hauan, Anne Marit o.fl. (red.) 2003: *Karlsøy og verden utenfor – Kulturhistoriske perspektiver på nordnorske steder*, Festskrift til Håvard Dahl Bratrein på 70-årsdagen, Tromsø museums Skrifter XXX, Tromsø museum, Universitetsmuseet.
- Havnevik, Ivar (red.) 1971: *Lyrikkboken : norske dikt fra Bjerregaard til Mehren*, Stabekk: Den norske bokklubben.
- Helleland, Botolv (red.) 2006: *Nytt om namn – meldingsblad for Norsk namnelag*, nr. 44, Oslo: Institutt for lingvistiske og nordiske studium/Namnegransking, Universitetet i Oslo.
- Helleland, Botolv 2006: "Stadnamn og lokal identitet", *Nytt om namn – meldingsblad for Norsk namnelag*, nr. 44, Oslo: Institutt for lingvistiske og nordiske studium/Namnegransking, Universitetet i Oslo, s. 42-47.
- Heiberg, Inger 1984: *Drøm mot virkelighet – En bok om Tor Jonsson*, Voss: Vestanbok forlag.
- Horsfall, Nicholas 2002: "The Poetics of Toponymy", *Literary Imagination, The Review of the Association of Literary Scholars and Critics*, vol. 4, no. 3, Athens, United States: Association of Literary Scholars and Critics, University of Georgia, p. 305-317.
- Howes, Laura L. 2002: "Narrative Time and Literary Landscapes in Middle English Poetry", *Inventing Medieval Landscapes*, University Press of Florida.
- Huldén, Lars 1994: "Ortnamnets opplevelsesvärde", *Ortnamn värda att värda, Föredrag från Riksantikvarieämbetets symposium Ortnamnskultur*, Stockholm: Riksantikvarieämbetet, s. 32-28.
- Høeg, Ove Arbo 1976: *Planter og tradisjon. Floraen i levende tale og tradisjon i Norge 1925-1973*, Oslo-Bergen-Tromsø: Universitetsforlaget.
- Indrebø, Gustav 1927: *Norsk namneverk*, Oslo: Olaf Norlis forlag.
- Iser, Wolfgang 1998: *Stepping forward: essays, lectures and interviews*, Crescent Moon.

- Janss, Christian og Christian Refsum 2003: *Lyrikkens liv, Innføring i diktlesning*, Oslo: Universitetsforlaget.
- Jespersen, Otto 1924: *The Philosophy of Grammar*, London: George Allan & Unwin (denne boka opptrykt i 1968).
- Johnstad, Gunnar 1983: *Navn i Bibelen*, Det Norske Bibelselskap, utarbeidet av Gunnar Johnstad.
- Johnstone, Barbara 1990: *Stories, community and place – Narratives from Middle America*, Bloomington and Indianapolis: Indiana University Press.
- Joseph, John E. 2004: *Language and Identity– National, Ethnic, Religious*, Palgrave Macmillan.
- Kolloen, Ingar Sletten 2003: *Berre kjærleik og død, Ein biografi om Tor Jonsson*, Det Norske Samlaget, Oslo.
- Krüger, Anne-Dietlind 2005: "Harry Potter's Namenwelt in der Übersetzung" s. 474, i Eva Brylla og Mats Wahlberg (red.): *ICOS 2002, Proceedings of the 21st International congress of Onomastic Sciences*, Uppsala: Språk- och folkminneinstitutet.
- Lieberman, Lisa 2003: *Leaving you, The Cultural Meaning of Suicide*, Chicago: Ivan R. Dee.
- Linneberg, Arild 1991a: "Formalisme og strukturalisme", *Moderne litteraturteori, En innføring*, Atle Kittang, Arild Linneberg, Arne Melberg, Hans H. Skei (red.), Oslo: Universitetsforlaget.
- Linneberg, Arild 1991b: "Historie og samfunn", *Moderne litteraturteori, En innføring*, Atle Kittang, Arild Linneberg, Arne Melberg, Hans H. Skei (red.), Oslo: Universitetsforlaget.
- Lothe, Jakob og Christian Refsum, Unni Solberg 1997: *Litteraturvitenskapelig leksikon*, Kunnskapsforlaget.
- Lov 18. mai 1990 nr, 11 om stadnamn. Revidert 1.8. 2006, Kulturdepartementet, <http://www.lovdatab.no/all/hl-19900518-011.html>.
- Low, Setha M. og Denise Lawrence-Zúniga (ed.), 2001: *The Anthropology of Space and Place, Locating Culture*, Blackwell Publishing.
- Meinhof, Ulrike Hanna og Dariusz Galasinski 2005: *The Language of Belonging*, i serie Language and Globalization, New York: Palgrave Macmillan.
- Miller, Hillis J. 1995: *Topographies*, Stanford, California: Stanford University Press.
- Monteiro, George 2002: "History, legend and regional verse in Frost's "Directive",

- Memoranda and Documents, *The New England Quarterly*, Jun. 2002, 75, 2, Academic Research Library, p. 286-294.
- Mosby, Dorothy 2004: "Identity, Genealogy, and Memory in the Poetry of Delia McDonald", *Afro-Hispanic Review*, Fall 2004, 23, 2, Academic Research Library.
- Mæhlum 2004, sjå Mæhlum o.fl. 2004.
- Mæhlum, Brit, Akselberg, Gunnstein, Røynealand, Unn og Helge Sandøy 2004: *Språkmøte, Innføring i sosiolingvistik*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Mæhlum, Brit o.fl. 1999: *Stedet som kulturell konstruksjon*, no 27 i Skriftserie fra Historisk institutt, Trondheim, NTNU.
- Nilsen, Gørill 2003: "Fortidens spor i landskapet", Thuen, Trond (red.), *Sted og tilhørighet*, Senter for kulturstudier, Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Nicolaisen, Wilhelm F. H. 1995: "Names in English Literature", Eichler, Ernst o.fl. (red.) *Namenforschung, Ein internationales Handbuch zur Onomastik*, 1. Teilband, Berlin/New York: Walter de Gruyter.
- Olsen, Magnus 1939: *Stedsnavn. Nordisk kultur*, Bd. V, Stockholm, Oslo : Bonnier Aschehoug.
- Olsen, Sparre 1968: *Tor Jonsson-minne - tatt vare på av Sparre Olsen*, Oslo: Noregs boklag.
- Pedersen, Aud-Kirsti 2001: "Women and Men in North-Norwegian Place Names", Actas do XX Congresso Internacional de Ciencias Onomásticas, 20.-25. september 1999, Santiago de Compostela: Instituto da Lingua Galega.
- Potteiger, Matthew, Purinton, Jamie 1998: *Landscape Narratives – Design Practices for Telling Stories*, John Wiley and Sons.
- Rasmussen, Kent R. and Shuman R. Baird 2003: *Cyclopedia of Literary Places*, Pasadena, California: Salem Press.
- Riffaterre, Michael 1973: "Interpretation and Descriptive Poetry: A Reading of Wordsworth's "Yew Trees" ", *New Literary History*, Vol. 4. No. 2, On Interpretation: II (Winter, 1973), s. 229-256, henta frå JSTOR.
- Roberts, Gary 2004: *A Poetics of the Proper Name*, A dissertation, The Faculty of the Graduate School of Arts and Sciences, Brandeis University, UMI, Proquest (fulltekst via Universitetsbiblioteket i Tromsø).
- Rodman, C. Margaret 1992: "Empowering Place: Multilocality and Multivocality", *American Anthropologist*, New Series, Vol. 94, No. 3. (Sep., 1992), s. 640-656.
- Røed, Kjetil 2007: "Intimstøy", melding av Arild Vanges diktsamling *Fjorदारbeid* i

- ukesavisa Morgenbladet 20.-26.april 2007.
- Searle, John R. 1969: *Speech Acts – An Essay in the Philosophy of Language*, Oxford: Cambridge University Press.
- Sebeok, Thomas A. 1994: *An Introduction to Semiotics*, London: Pinter Publishers.
- Sibinska, Maria 2002: *Marginalitet og myte i moderne nordnorsk lyrikk*, Gdansk: Uniwersytet Gdanski.
- Skaranger, Helge 1954: *Tor Jonsson*, Hovedoppgave i nordisk, Universitetet i Oslo.
- Skjelbred, Ann Helene Bolstad 2003: "Stedets fortellinger", Hauan, Anne Marit o.fl. (red.), *Karlsøy og verden utenfor – Kulturhistoriske perspektiver på nordnorske steder*, Festskrift til Håvard Dahl Bratrein på 70-årsdagen, Tromsø museums Skrifter XXX, Tromsø museum, Universitetsmuseet.
- Smith, Emil 1941: *Norge i tusen tunger, En analyse av tanker og innhold i norsk litteratur gjennom tidene*, Bind 1, Naturen og livet, Oslo: Johan Grundt Tanums forlag.
- Store norske leksikon* 2006, Oslo: Kunnskapsforlaget, Aschehoug, Gyldendal.
- Stemshaug, Ola 1985: *Namn i Noreg*, Det Norske Samlaget.
- Sundli, Marit Berge 1991: *Fåkjeldland – Minne frå Tor Jonssons heimegrend*, Lom: Steinvarp forlag.
- Sørbo, Jan Inge 2004: *Frå gamle fjell til magma – Linjer i nynorsk lyrikk*, Oslo: Det norske samlaget.
- Thuen, Trond (red.) 2003: *Sted og tilhørighet*, Senter for kulturstudier, Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- van Dalen-Oskam, Karina 2005: "Dutch literary onomastics – Past, present and future", i Eva Brylla og Mats Wahlberg (red.), *ICOS 2002, Proceedings of the 21st International congress of Onomastic Sciences*, Uppsala.
- Yaqub, Nadia Gail 1999: *Drinking From the Well of Poetry: Tradition, Composition, and Identity in the Oral Palestinian Poetry Duel*, University of California, Berkeley, UMI Microform
- Zilliacus, Kurt 2002: *Forska i namn*, Helsingfors: Svenska litteratursällskapet i Finland.
- Windt, Benedicta 1998: *Personnavnene i Sigrid Undsets samtidsromaner, En studie i anvendt onomastikk*, Hovedoppgave ved institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Oslo.
- Windt, Benedicta 2006: "Personnavn i litteraturen, En kort presentasjon av fagfeltet

litterær onomastikk”, Jørgen Magnus Sejersted og Eirik Vassenden (red.), *Norsk litterær årbok*, Samlaget.

Wellek, René og Austin Warren 1993 [1963, 1949]: *Theory of literature – A seminal study of the nature and function of literature in all its contexts*, Penguin Books.

Wærp, Henning Howlid 1997: *Diktet natur – Natur og landskap hos Andreas Munch, Vilhelm Krag og Hans Børli*, Aschehoug.

Wærp, Henning Howlid 2002: ”Stedsnavn og poesi”, *Venneskrift til Gulbrand Alhaug*, Det humanistiske fakultet, Universitetet i Tromsø.

Aadland, Erling 2006: *Farvel til litteraturvitenskapen*, Spartacus forlag.

20 Vedlegg

1. Dikt av Tor Jonsson som er omtala i oppgåva.
2. Teiknmodellar
3. Kommunikasjonsmodell.

Vedlegg 1: Dikt av Tor Jonsson

Festtale i eit julelag

(Av ein som ikkje var med)

Godt folk! Det er juledag.
De er samla de, dei beste.
Du skal i dag med svepeslag
flette lidings purpurfarge
inn i kappa på din neste.
Sjå dei, sjå dei ut i vegen
med si einsemds klungerkrans,
der du sit så ovmodsfegen
på helgedagen Hans.
Prest og dokter, lensmann, klokkar
er samla her til etarfest,
liksom svarte korpeflokkar
på ein sjølvdaud hest.
Over fjella ligg det klåre
drag av dag som er i kjømd.
Gjennom dalen går det såre
sukk frå han som er fordømd –
Det er han i husmannshamen,
han du helst går utanom.
Han gjekk vonlaus framom tramen
da dei mange gjester kom.

Høyr meg, der du står med glas mot munn,
glade borgar, glade bonde.
I din lekams helgestund
høyr på talen til den vond;
Sjå, dei svarte tankefaner,
som slær ut i opprørsvind,
der dei gråe står og glaner,
tenk på landet og på heimen din.

Du står glad i sjølvhugs hygge
bakom livsens lagnadslov.
Dei ber hatet, husmannsstygge.
Du har skapt dei med' du sov.

Du kom frå kristen julefest
i kyrkja midt i dalmotet,
ho som vitnar aller mest
om innestengd draum i treskurdkrotet.
Du er *samlar*, denne sorten
som strir så hardt mot tjuv og rust.
Da du gjekk igjennom porten

kjende du ein motskapt gust
av husmannshytta, husmannslorten.

Dette døyver du med salmar
på ein heilag julekveld,
når katolske klokker jalmar
sløe tonar mellom fjell.

Såg du gravene med bustegraset?
Det har ingen hogge namn i stein.
Har du glytta inn i mørkret bakom glaset
til ein fattigfødd og fredlaus ein?

Stod du ego-tyngd og ikkje kjende
gufsen frå dei tusen vonbrots grav?
Da går vegen din attende
til ditt eige ego-krav.
Såg du ikkje Trongdalsbygda, bjart og blid,
i eit innsyn, gråsteinskald og grå,
men med gode viljars løysekrefter i,
da er du ein træl av moldgrå ættetrå.

Slik tala eg og stengde døra att.
Det gløste rovdyraugo mot meg.
Det var natt.

Bygdabøygen

Han går på to og fire
og mange, mange føter.
Han har så underleg lange
og løynde røter.
Han hugsar så langt attende
til ei gamal tid,
da folk vart brende
på Skrikarberget
i bygda mi.
Eg kjenner deg slik
som du er og var:
Prest og proletar,
herre og træl,
- eit lik med sjel.
Eg kjenner din bustad, *bygda*,
med gufs frå ei gamletid
og store stabbur til å samle i,
med makk og møtt
i husmannshytter og gråe slott.

Eg kjenner deg frå min barndom,
der uskylda leika.
Da sløkte du alle ljosa
med Prekaro-preika:
”Sæle er dei som svelt,
dei skal få mette.
Det er Herren, din Gud som har stelt
med dette.
Sæle er dei som ser.
Dei skal nå langt,
lenger enn langt,
lenger enn dei kan sjå.
Sæle er dei som trur
og ikkje tenkjer.
Sæle er dei som snur
når livet skjenkjer
sin sorgdram ved skjenken
i gledeshus.
Sæle er dei på fattigdomsbenken
i bedehus.”

Bygdabøyggen såg eg sidan
i mang ei form,
god som engel
og sleip som orm:
Stundom einsleg som nasarear,
og brått i flok som ein farisear.
Utanfrå kom han inn og takka
for seinast og sist,
tøyg og turlærd og seminarist.

Stundom bar han ein kross
og stundom sverdet ved sida.
Han song om fagraste framtidslendet
og levde langt inn i gamletida.
Han heiste faner i storm og sol
og ottast fylgjet som bar han fram.
Han nekta etter at hanen gol
og beit av hovudet av spott og skam.
Ein Bonde Verskjegg med visdoms velde
våronngjorde kvar bygderabb
og varde varleg om sopp og elde
og reiva filler på skurv og skabb.
Stundom kom han og var student
og skilde vel mellom heil og halv.
Han sa at skurvet var ovleg vent
og dansa kringom ein krotakalv.

Du Bygdabøygen, du spela springar
om nordavind,
når husmannsungar ha' tent til ringar
på garden din.

*

I ungdomsåra
er alle draumene
brenn' vin-sterke.
Å, herregud, for ein rus av rikdom
og urøynd lagnad
kring ungdomsverket!
Eg har brent meg,
- og det hender fleir.
Det har *hendt* meg
og er'kje meir.
Eg stanga horna mot bygdaberget.
Så datt dei av.
Og sidan gjekk eg og drakk og drøymde
om død og grav.

Eg hugsar våren kor vent han vaska
ein vinter bort.
Eg gjekk til alters med heimbrentflaska
og låg i lort.

Eg vakna opp att i morgonskotet
og spytt: Tvi!
Eg gjev ein blankaste fan med feitt på
i bygda mi.

Ho låg og surra og var så sleip
med bygdaglis og med bygdageip.
Gamle, halvrotne odelsgardar
låg og krakte som lus på lort.
Eg skreik så stygt at det stana bekker:
Eg reiser bort!

*

Eg gjekk i mange bygder.
Da kom eg til ein Maihaug
med gamle, gråe hytter.
Eg tykte alle stod og laug.

Dei sa at lukka levde
ein gong bak grøne, grimme glas.
Eg ropa nei så allting
på Maihaugen gjekk i knas.

Da sto eg brått ved tjørna
og såg ei fager sky som flaut.
Eg sjølv er som ei svarttjørn
som berre speglar folk og naut.

*

Eg gjekk i byen. Einsleg.
Einsleg og sæl.
Her var det fred å finne
for fredlaus sjel.
Leita du etter livet,
fann du det her.
Leita du etter stilla,
var ho deg nær.
Himmelen var her
med glitter i glas.

Og kvelden!
Det var som ei stjerne
brått hadde falle ned
og gått i knas.
Eg undrast og stirer: For augo sviv
liner så beine som skorne med kniv.

Men linene tyr seg til slutt i hop.
Sotrøyk stig opp som eit redslerop.

I steinmuren skin det eit kråksylvkorn.
Det ringjer ei klokke, det gnell i eit horn.

Det strilar og strålar når dagen veks.
Det glitrar i glasom ein himmelrefleks.

*

Så gjekk eg på apotek
ein stad i sta'n.
Da såg eg brått han Bygda-Frek
som likna fan.
"God dag," sa eg og spurde kvar han låg –
Å, jøye meg! Eg spegla meg!
Det var meg sjølv eg såg.

Da gjekk eg *ut* og spegla meg
i glas og stål.
Eg song eit visevers om deg
på bygdamål.
Eg smilte til ei gamal kjerringtøys,

- eg tykte at ho likna mor -
Eg tenkte på kvar bygdarøys.

Eg tenkte på ein vår ein gong
da vatnet rann –
Og alle ungar gjekk og song
om Noregs land –
I barneaugo lyste landet ungt.
Men hjartet mognast mot eit liv
som tyktest meg så tungt.

Og tanken strauk på strake veng
mot nord, mot nord.
Han segla på ein strålestreng
og fann ho mor –
Så brann eg att. Eg brann av svik og svikt
og brende alle orda opp.
Men orda mognast til eit dikt.

*

Heimbygd, heimbygd med di harde
andletsbragd av stein,
vekt har du dei milde, vare
tonar i ein fredlaus ein.

Lengta har eg lange dagar
bort frå fjord og flatt.
Livet unders lagnad lagar:
Borte fann eg bygda att.

Syndflod

Det er den evige diktarlagnad:
Å sitja åleine att
midt i eit storhav av døde ord
på Olympos – ditt Ararat.
Aldri finne i stein og sand
gullkorn og vaske dei ut.
Flaumelva fyller grøderikt land
og løyner ditt jordlivs lut.

Syndfloda stig mot himlen
med livsens svar.
Da fløder opp i mitt hjarta som gråt
synda eg bar:

Gudegåva var ikkje mi.
Eg tek ho lell
og nytta ho ut i min eigen strid
på einsemdfjell.

*

Det er den evige diktarlagnad:
Aldri å verte så stor
at ein med åndsens mynde og makt
kan stille stormar av ord.

Sinai

No brenn det skog og byar. Mannen brenn
I same skiringseld som urtidsmannen
Før han støyptest om til livsens tenar i si grend.
Notidsmannen går den same lengtarveg i sand
mot riket bak den store øydemarka,
mot mjølk- og honningfred i heimeland.
Men ormetann og ormetunge veld så vond ein strid
og ringar deg med bøysleip makt i eg-et inne
og gjer deg til ein træl i all di tid.
Det er så høgt til himmels. Fader vår
ligg blind bak augneblåe himmelaltet.
Vi sleikjer våre sår
og sprengjer hugen ut til ytste grensebrun
i bønner til ein krossfest, død, demonisk
gudeson, du aldri såg i heimetun.
Vi gløynde gudeseonen som vi ber
i kvardagshjarta bak vår lekam-torso,
ein gud som tusen under gjer.

Men løynde gjerningar og tenkte ord
Har aldri samla fylkingar til storm i striden
mot mammutånda på den vide jord.
Og difor høgger dei atter i det harde berg
eit trolltenkt, mystisk teikn, – eit urtidsminne
meisla av ein notidsdverg.

Vi sannar det: Vi fann 'kje lækjedom
Mot ormesår og ætteuro
i kor og kløkkeljom.
Eit høgspent himmelkrav har stengt
oss ute frå vårt sanne fedreland,
som logar raudt i lengt.

Ein mytelagnad og eit magisk ord
har brote ned dei fagre gudehov
som livet bygde opp på heilag jord.

Men mannen trassar vilt det første gudebod
og skapar nye gudar midt i øydemarka:
Ære, Gull og Blod.
Eit gudekaos bryt det siste heilagtemplet ned.
Og kaosguden teier i si ævetogn.
Vi bed om fred.

*

Eg gjekk or striden. Fann ein kvilebrunn
i øydemarka. – ein som fåe såg –
bak lauv i einsemdlund.
Eg drakk or kjelda og eg ropa: Kjenn
den klåre himmelstyrken
som jorda eig i djupna enn!
Eg spegla meg i dette kjeldedjup.
Og himlen sjølv var bakgrunn
Med sitt barneblåe stup.
Da såg eg det eg aldri skjøna før.
Eg tykte gamle, gråe jorda
opna litt ei framtidisdør.
Eg såg det nye fagre mjølk- og honningland.
Da fekk eg kjenning av mi heimegrend,
Der eg var barn og mann.

Der såg eg kvite flagg og tankefaner slo
i ungdoms maivind
om hausten kom med sorg og bragd av blod.
Der song det glede, sola skein
med alle sine strenger
og vermde stein.

Eg såg meg sjølv i denne speglebrunn.
Det jorda kviskra i eit unders syn,
skal atter ropast ut med sanningsmunn:
Min kropp er krasa under harde lagnadshæl
og vart til gromold for den fagre blomen,
dei kallar sjel.

Da såg eg guden, han som rår
for riket bak den store øydemarka,
der træleætta går.
Og ingen trælefot skal trakke ned
den gudegrøda som har mognast stilt
i dagars mørke fred.

Men skodar eg frå blomeberget der eg bur,
attente leitarvegen der eg kom,
og ser ein avgudsdyrkar med sin øydemarksnatur,
da vil eg temje meg og aldri meir
med livsens vreide og den vonde makt,
slå sund dei skøyre runetavlene av leir.
Da vil eg kviskre rytmerik min jordvisjon
i øydemark og urd, så frø og fjom kan høyre
og vakne or sin gråsteinillusjon.

Om ingen høy rer, skal ei såmannssjel
kaste sine framtidsfrø i havet.
Ein allheim vaktar alle frøa vel.

Voggesong i Sorghuset

Dagen er ein vakker blom.
Alle ting har atterljom.
Tida tyngjer. Takk som byd
stjernenatt og morgongry,
morgongry for alle.

Stille, stille, farlausborn.
Ute blæs ein her i horn –
Far er boren ut på bår.
Mor har gråte mange år,
gråte for oss alle.

Her må ingen kaste stein
eller såre seljegrain.
Natta er så stor og blind.
Born skal bera dagen inn,
Inn til alle, alle –

Folkevisen på Kyrkjegarden

I fjor var du slitar med giktkniv i lenda,
i år er du graveigar nede i grenda.

I fjor var du fattig på gods og på grøde,
i år er du rik som den rikaste døde.

I fjor laut du stå opp i utkalde stova,
i år kan du liggje i molda og sova.

I fjor var du vanvyrdd som Kristus av alle,
i år er du kyrkjegardskonge å kalle.

I fjor laut du ottast den mektige domar,
i år er du mold mellom Himmeriks blommar.

Pompeij

Sjå deg attende, menneske!
Det finst ikkje far der du går.
Notidsriket er kome,
det er berre stunda som rår.
Strid stig or dagane kring deg,
stig imot himlen og brest.
Det finst ikkje far etter folk her,
berre ein skugge som fylgjer
der dagane dreg mot vest.

Stakkars du ånd som overlever
døden og ein gong skal grava fram
alle dei døde byar
og sjå våre dagars skam.
Grava i stille gater
der døden og dagane reid,
finne den døde hunger
i hagane her i Pompeij.

Under dei gråe lag
av oske som dagane strøydde,
finn du vår eigen dag
og alle dei døde som døydde.
Tenarar ber fram føde,
og beingrinder sit ved dei duka bord.
Men dødst av alle døde
er alle dei vise menn
som tygg på det tome ord.

Du finn ingen gud blant dei døde,
men berre ein prest som pratar
og menneskeborn som knelar ned
i heilage hus og hatar.
Du finn ingen gud i den gråe grunn,
men berre mødrer som bed
om mette og mat til ein barnemunn
og lov til å leva i fred.

Så grev du i store museum
og leitar etter eit far,

men finn berre torsoklumpar
og rop som aldri fekk svar.
Du finn berre spegelbilete
av sundsprengde hugar og hold.
Du finn ikkje eingong eit blomefrø
djupt i den mørke mold.
Tett i tett på tribunar ropar dei døde menn
og inne på skume kafear
dansar dei døde enn.
I sengene ligg dei og elskar,
elskar seg sjøl i andre –
Stakkars du som skal leva att
og gå på vår grav og vandre.

Stakkars du einslege leitar
som ein gong skal grava her
og finne i aur og oske
vår eiga døde verd,
finne dei store rike,
vår visdom, vårt mektige ord,
men ikkje eit einaste menneskefar
og ikkje eit frø som gror.

No vil eg vera alle!

Det eg har lært om hatet,
lærte eg i mitt eige hjarte.
Regnbogebrukene over mitt rike
var alltid kvite og svarte.

Verda ikring meg
er bomba og brend.
Slik er mitt hjarte.
Slik er mi eiga grend.

Altfor lenge
var eg ein stridsmann i panser av ord.
No er det snart på tide å flengje
brynja frå brystet og bu seg
til onnor gjerning på jord.

Altfor lenge
var eg ein varg mellom vargar.
No må eg sprengje
grensa kring grådagen
finne dei tusen fargar.

No vil eg vera alle,

*leva striden og vera
finnaren mellom det fagre
og under som ingen gud kan gjera.*

I Blåbjøllbakken

Det er lenge sidan eg lengta –
Men ein gong var eg glad.
Da låg eg på ryggen og svimra
under det store djupet.
DA drøymde djupet sin draum i meg.


Sidan drøymde eg sjøl mine draumar,
jorddraum, sansedraum, soldraum.
Så spela Satan til dans i verda,
og mine draumar var med i dansen.

Det er lenge sidan eg lengta.
Det eg trudde var lengt
var berre min eigen draum
om døden.


Eg finn att min barndoms bakke
og legg meg under det same djupet.
Men verda ringjer med alle klokkom,
ringjer til gravferd –
Eg svimrar ikkje som før.
Her må eg liggje ubrukt
og suge inn ange av jord
heilt til døden finn meg att
og fører meg heim til mitt opphavs rike.

Her skal eg eige all jordisk smerte,
for det eg ikkje kan svimre bort
og evig vera den nyfødde
ved barmen til alt som er.


Vedlegg 2: Teiknmodellar




Saussures teiknmodell



Concept and sound pattern




Charles S. Peirces teiknmodell



Teiknmodellen til Ogden og Richards.

Illustrasjonane er henta frå Daniel Chandler 2002: *Semiotics, The Basics* (men nemningane er bytta ut i fleire av modellane).

Vedlegg 3: Kommunikasjonsmodell



Gerbners kommunikationsmodell. Gjengjeven etter John Fiske 2004:

Kommunikationsteorier. En introduktion.